
2020/75634-1
Svein Hågård, Signe
Saksnr: Rauboti, Therese Solbjør
Saksbehandlarar: Wathne, Lisa Marie
Hillestad Ålsberg, Silje
Fondenes Beheim

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		25.11.2020
Hovudutval for næring		25.11.2020
Hovudutval for opplæring og kompetanse		25.11.2020
Hovudutval for samferdsel og mobilitet		25.11.2020
Fylkesutvalet		10.12.2020
Fylkestinget		15.12.2020

Eigarskapsmelding for Vestland fylkeskommune 2020

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget vedtek Eigarskapsmelding 2020, Del I, slik han føreligg.
2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen starte ein prosess for avvikling av fylkeskommunen sin eigarskap i Lutelandet Utvikling AS og HFK Tomt Knarvik AS.
3. Fylkestinget vidarefører fylkeskommunen sin eigarskap i Gulen- og Masfjorden Utvikling AS, men ber fylkeskommunen sin eigarrepresentant be selskapet greie ut moglegitene for samanslåing med andre selskap.
4. Fylkestinget vidarefører fylkeskommunen sin eigarskap i følgjande selskap: Grieghallen IKS, Trivselshagen IKS, Vigo IKS, Kommunekraft AS, Sogn og Fjordane Holding AS, Valen kraftverk AS, Atheno AS, Fjord Invest Såkorn AS, Fjord Norge AS, Framtidsfylket AS, Innovasjon Norge, Kunnskapsparken Vestland AS, Njøs Frukt- og bærssenter AS, Sarsia Development AS, Sogn og Fjordane Fondet AS, Beredt AS, Gløde AS, Hardanger AKS AS, In Via AS, Kveik AS, Opero Holding AS, Origod AS, Sogneprodukt AS, Bybanen AS, E134 Haukelivegen AS, Ferde AS, HFK Bussanlegg AS, Skyttel AS, Sunnhordland Lufthavn AS, Bergen Vitensenter AS, Campus Førde Verftet AS, Opplæringsfartøy AS, Vitensenteret i Sogn og Fjordane AS, Carte Blanche AS, Den Nationale Scene AS, Det Vestnorske Teateret AS, Moster Amfi og kyrkjehistoriske senter AS, Moster 2024 AS, Norsk Fjordhestsenter AS, Teater Vestland AS og Vestnorsk filmsenter AS.
5. Fylkestinget ber fylkesrådmannen seie opp fylkeskommunen sin medlemskap i OKOS SA.
6. Fylkestinget vidarefører fylkeskommunen si deltaking i følgjande interkommunale samarbeid og medlemskap i følgjande samvirkeføretak: Norsk digital læringsarena, Vestlandsrådet, Kommunearkivordninga i Vestland kommunalt oppgåvefellesskap, Kommunearkivinstitusjonenes digitale ressursenter SA, Biblioteksentralen SA og Sinjarheim SA.
7. Fylkestinget ber fylkesrådmannen ta med plan for eigarskapskontroll og plan for forvaltningsrevisjon av selskap i Eigarskapsmeldinga, så snart fylkestinget har vedteke desse.

Samandrag

Del I av eigarskapsmeldinga omhandlar fylkeskommunen sin generelle eigarpolitikk, mellom anna kriterium og mål for fylkeskommunal eigarskap og krav til samfunnsansvar og etikk. Del I inneholder også m.a. reglar, retningsliner, prinsipp og rutinar for eigarskapsutøving.

Del II av eigarskapsmeldinga inneholder ein omtale av kvart selskap som fylkeskommunen har eigarskap, deltaking eller medlemskap i.

Eigarskapsmeldinga er utarbeidd i samsvar med kommunelova 2018 § 26-1 og KS sine tilrådingar for eigarstyring, selskapsleiing og kontroll.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne underskrift

Vedlegg: Utkast til Eigarskapsmelding for Vestland fylkeskommune 2020

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Fylkeskommunen har ansvar for å forvalte verdiane og tenestene som er lagt ut i selskap og liknande på ein god måte. Eigarskapsmeldinga er eit viktig styringsgrunnlag og arbeidsverktøy for å sikre forsvarleg forvalting av eigarskapen. Meldinga dokumenterer at fylkeskommunen tek eigarrolla si på alvor. Meldinga tydeleggjer dei folkevalde sitt ansvar og bidreg til openheit overfor omverda om fylkeskommunen sin eigarskap.

I 2018 vart kravet om å utarbeide eigarskapsmelding lovfesta i kommunelova (koml.) § 26-1:

«Kommuner og fylkeskommuner skal minst én gang i valgperioden utarbeide en eierskapsmelding som skal vedtas av kommunestyret eller fylkestinget selv.

Eierskapsmeldingen skal inneholde

a) kommunens eller fylkeskommunens prinsipper for eierstyring

b) en oversikt over selskaper, kommunale eller fylkeskommunale foretak og andre virksomheter som kommunen eller fylkeskommunen har eierinteresser eller tilsvarende interesser i

c) kommunens eller fylkeskommunens formål med sine eierinteresser eller tilsvarende interesser i virksomhetene nevnt i bokstav b»

KS har tidlegare, og før lovkravet i kommunelova, gjeve 21 tilrådingar om eigarstyring, selskapsleiing og kontroll for kommunal og fylkeskommunal eigarskap. Ifølgje KS bør eigarmeldinga, i tillegg til krava i koml. § 26-1, som eit minimum innehalde:

«...

3. Juridisk styringsgrunnlag knyttet til de ulike selskaps- og samarbeidsformene.

4. Formålsdiskusjon og selskapsstrategi knyttet til de ulike selskapene, herunder styringsdokumentene.

5. Selskapenes samfunnsansvar knyttet til miljø, likesettning, åpenhet, etikk osv.»

Vestland fylkeskommune vedtok si første eigarskapsmelding i desember i fjar. Denne er tilgjengeleg her: <https://www.vestlandfylke.no/globalassets/statistikk-kart-og-analyse/rapportar-og-analysar/rapportar-og-analysar-etter-tema/fylkesadministrasjon-og-okonomi/eigarskapsmelding-2019.pdf>

Vedtakskompetanse

Fylkestinget, jf. koml. § 26-1. Fylkestinget kan ikkje delegera myndet til å vedta eigarskapsmelding.

Vurderingar og verknader

Økonomi: Eit fåtal av fylkeskommunen sine eigarskap er finansielt grunngjevne. Som eigar kan fylkeskommunen med jamne mellomrom bli beden om å bidra økonomisk.

Klima: Som eigar kan fylkeskommunen setje miljøkrav til selskapsdrifta. Dess større eigardel fylkeskommunen har, dess større krav kan fylkeskommunen stille.

Folkehelse: Som eigar kan fylkeskommunen medverke til arbeidet med folkehelse, t.d. som eigar av arbeidsmarknadsbedrifter, eller som eigar av selskap som driv med forsking- og innovasjon.

Regional planstrategi: Nokre av selskapene, t.d. næringsutviklingsselskap og inkubatorar, kan vere viktige reiskap for å nå måla fylkeskommunen har sett seg i utviklingsplan for Vestland 2020-2024.

Kort omtale av endringar i Del I

Det er gjennomført både språklege og materielle endringar i Del I. Dei vedtekne endringane frå fylkestinget si handsaming av førre eigarskapsmelding er innarbeidde.

Den mest sentrale endringa er oppdateringa av føremålskategoriane for fylkeskommunal eigarskap i punkt 1.3. Desse kategoriane er fylkeskommunen sine vedtekne kriterium for fylkeskommunal eigarskap, og er slik viktige for vurderinga om fylkeskommunen skal opprette eller bli medeigar i eit selskap, eller om det er på tide å avvikle eigarskapen.

I punkt 3.3 om opplæring for folkevalde, er det teke inn ei setning om at fylkesutvalet på eige initiativ kan be om at det vert gjeve opplæring i styrearbeid for medlemene i fylkestinget.

Kort omtale av endringar i Del II

Del II inneheld ei komplett oversikt over fylkeskommunen sin eigarskap, ein omtale av kvart selskap og tilråding for om eigarskapen skal vidareførast. Moster 2024 AS er det siste selskapet som er kome med i porteføljen.

I eigarskapsmeldinga 2020 er selskapa delt inn på ny etter oppdaterte føremålskategoriar eller verksemdstypar og lista opp alfabetisk i kvar kategori.

Interesseforeininga IS Fjordvegen Rute 13, som ved ein feil kom med i fjor, er teken ut, sidan foreningsmedlemskap ikkje vert omtalt i eigarskapsmeldinga.

Stiftingane er fjerna frå meldinga. Dette er i samsvar med tilrådinga til lovgjevar (Prop. 46 L, pkt. 26.1.4). Stiftingar er sjølvstendige, kan ikkje underleggast eigarstyring og høyrer såleis ikkje heime i ei eigarskapsmelding. Derimot er samvirkeføretak og kommunale oppgåvefellesskap fortsatt med. Også dette er i tråd med tilrådinga frå lovgjevar.

Konklusjon

Fylkesrådmannen viser til eigarskapsmeldinga for nærmare informasjon og rår fylkestinget til å gjere vedtak i tråd med innstillingane over.

Saksprotokoll i Hovudutval for kultur, idrett og integrering - 25.11.2020

Avrøysting

Fylkesdirektør for kultur, idrett og integrering sitt forslag vart samråystes vedteken som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkestinget vedtek Eigarskapsmelding 2020, Del I, slik han føreligg.
2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen starte ein prosess for avvikling av fylkeskommunen sin eigarskap i Lutelandet Utvikling AS og HFK Tomt Knarvik AS.
3. Fylkestinget vidarefører fylkeskommunen sin eigarskap i Gulen- og Masfjorden Utvikling AS, men ber fylkeskommunen sin eigarrepresentant be selskapet greie ut moglegitene for samanslåing med andre selskap.
4. Fylkestinget vidarefører fylkeskommunen sin eigarskap i følgjande selskap: Grieghallen IKS, Trivselshagen IKS, Vigo IKS, Kommunekraft AS, Sogn og Fjordane Holding AS, Valen kraftverk AS, Atheno AS, Fjord Invest Såkorn AS, Fjord Norge AS, Framtidsfylket AS, Innovasjon Norge, Kunnskapsparken Vestland AS, Njøs Frukt- og bærcenter AS, Sarsia Development AS, Sogn og Fjordane Fondet AS, Beredt AS, Gløde AS, Hardanger AKS AS, In Via AS, Kveik AS, Opero Holding AS, Origod AS, Sogneprodukt AS, Bybanen AS, E134 Haukelivegen AS, Ferde AS, HFK Bussanlegg AS, Skytte AS, Sunnhordland Lufthavn AS, Bergen Vitensenter AS, Campus Førde Verftet AS, Opplæringsfartøy AS, Vitensenteret i Sogn og Fjordane AS, Carte Blanche AS, Den Nationale Scene AS, Det Vestnorske Teateret AS, Moster Amfi og kyrkjehistoriske senter AS, Moster 2024 AS, Norsk Fjordhestcenter AS, Teater Vestland AS og Vestnorsk filmsenter AS.
5. Fylkestinget ber fylkesrådmannen seie opp fylkeskommunen sin medlemskap i OKOS SA.
6. Fylkestinget vidarefører fylkeskommunen si deltaking i følgjande interkommunale samarbeid og medlemskap i følgjande samvirkeføretak: Norsk digital læringsarena, Vestlandsrådet, Kommunearkivordninga i Vestland kommunalt oppgåvefellesskap, Kommunearkivinstitusjonenes digitale ressurssenter SA, Biblioteksentralen SA og Sinjarheim SA.
7. Fylkestinget ber fylkesrådmannen ta med plan for eigarskapskontroll og plan for forvalningsrevisjon av selskap i Eigarskapsmeldinga, så snart fylkestinget har vedteke desse.

Saksprotokoll i Hovudutval for næring - 25.11.2020

Noralf Distad (H) stilte spørsmål kring eiga habilitet da han er styremedlem i Fjord Norge AS og Sogn og Fjordane Holding AS. Distad trådde frå då utvalet vurderte hans habilitet. Utvalet vurderte at i vedtakspunkta som går på vidareføring av eigarskap i selskap og deltaking i interkommunale samarbeid mv., er dette liks med passivitet, og at dette ikkje gjev slike selskap, interkommunale samarbeid mv. partsstatus. Fjord Norge AS og Fjordane Holding AS er altså ikkje part i saka. Utvalet vedtok samrøystes at Distad ikkje er inhabil i saka , jf. forvaltningslova § 6 (1) bokstav e nr. 2.

Kine Bratli Dale (A) stilte spørsmål kring eiga habilitet da hun er styremedlem i Vestnorsk filmsenter AS, Hardanger AKS AS og varastyremedlem i Carte Blanche AS. Dale trådde frå då utvalet vurderte hennar habilitet. Utvalet vurderte at i vedtakspunkta som går på vidareføring av eigarskap i selskap og deltaking i interkommunale samarbeid mv., er dette liks med passivitet, og at dette ikkje gjev slike selskap, interkommunale samarbeid mv. partsstatus. Vestnorsk filmsenter AS, Hardanger AKS AS og Carte Blanche AS er altså ikkje part i saka. Utvalet vedtok samrøystes at Dale ikkje er inhabil i saka , jf. forvaltningslova § 6 (1) bokstav e nr. 2.

Karl Vågstøl (H) stilte spørsmål kring eiga habilitet, då han er styremedlem i Gulen og Masfjorden Utvikling A/S. Vågstøl trådde frå då utvalet vurderte hans habilitet. Utvalet vurderte at Gulen- og Masfjorden Utvikling AS er part i saka. Utvalet vedtok samrøystes at Vågstøl er inhabil i saka, jf. forvaltningslova § 6 (1) bokstav e nr. 2.

Sigrid Brattebø Handegard (Sp) stilte spørsmål kring eiga habilitet, då han er styremedlem i Lutelandet Utvikling AS. Handegard trådde frå då utvalet vurderte hans habilitet. Utvalet vurderte at Lutelandet Utvikling AS er part i saka. Utvalet vedtok samrøystes at Vågstøl er inhabil i saka, jf. forvaltningslova § 6 (1) bokstav e nr. 2.

Vågstøl og Handegard trådde frå under behandling av denne saka

Avrøysting

Det var 13 representantar til stades.

Innstillinga vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling

1. Fylkestinget vedtek Eigarskapsmelding 2020, Del I, slik han føreligg.
2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen starte ein prosess for avvikling av fylkeskommunen sin eigarskap i Lutelandet Utvikling AS og HFK Tomt Knarvik AS.
3. Fylkestinget vidarefører fylkeskommunen sin eigarskap i Gulen- og Masfjorden Utvikling AS, men ber fylkeskommunen sin eigarrepresentant be selskapet greie ut moglegheitene for samanslåing med andre selskap.
4. Fylkestinget vidarefører fylkeskommunen sin eigarskap i følgjande selskap: Grieghallen IKS, Trivselshagen IKS, Vigo IKS, Kommunekraft AS, Sogn og Fjordane Holding AS, Valen kraftverk AS, Atheno AS, Fjord Invest Såkorn AS, Fjord Norge AS, Framtidsfylket AS, Innovasjon Norge, Kunnskapsparken Vestland AS, Njøs Frukt- og bærssenter AS, Sarsia Development AS, Sogn og Fjordane Fondet AS, Beredt AS, Gløde AS, Hardanger AKS AS, In Via AS, Kveik AS, Opero Holding AS, Origod AS, Sogneprodukt AS, Bybanen AS, E134 Haukelivegen AS, Ferde AS, HFK Bussanlegg AS, Skyttel AS, Sunnhordland Lufthavn AS, Bergen Vitensenter AS, Campus Førde Verftet AS, Opplæringsfartøy AS, Vitensenteret i Sogn og Fjordane AS, Carte Blanche AS, Den Nationale Scene AS, Det Vestnorske Teateret AS, Moster Amfi og kyrkjehistoriske senter AS, Moster 2024 AS, Norsk Fjordhestsenter AS, Teater Vestland AS og Vestnorsk filmsenter AS.
5. Fylkestinget ber fylkesrådmannen seie opp fylkeskommunen sin medlemskap i OKOS SA.

6. Fylkestinget vidarefører fylkeskommunen si deltaking i følgjande interkommunale samarbeid og medlemskap i følgjande samvirkeføretak: Norsk digital læringsarena, Vestlandsrådet, Kommunearkivordninga i Vestland kommunalt oppgåvefellesskap, Kommunearkivinstitusjonenes digitale ressurssenter SA, Biblioteksentralen SA og Sinjarheim SA.

7. Fylkestinget ber fylkesrådmannen ta med plan for eigarskapskontroll og plan for forvaltningsrevisjon av selskap i Eigarskapsmeldinga, så snart fylkestinget har vedteke desse.

Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 25.11.2020

Aleksander Fosse Andersen, SP, sette på vegner av SP, A, SV, MDG og KrF fram slikt forslag:

«Utvalet tek saka til vitande.»

Avrøysting

Andersen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.
Det vart ikkje røysta over innstillinga.

Innstilling til fylkesutvalet

Utvalet tek saka til vitande.

Saksprotokoll i hovudutval for samferdsel og mobilitet - 25.11.2020

Arve Helle (A) reiste spørsmål kring eiga habilitet, då han er styremedlem i styremedlem i E134 Haukelivegen A/S og styreleiar i Lutelandet Utvikling A/S.

Silja Ekeland Bjørkly (H) reiste spørsmål kring eiga habilitet, då ho er styremedlem i Bybanen AS.

Hanne Eva Kristensen (H) reiste spørsmål kring eiga habilitet, då ho er styremedlem i Trivselshagen IKS.

Sigbjørn Framnes (Frp) reiste spørsmål kring eiga habilitet, då han er styremedlem i Moster Amfi og kyrkjehistoriske senter AS

Trym Aafløy (FNB) reiste spørsmål kring eiga habilitet, då han er styremedlem Skyttel AS.

Medlemene trådte frå då utvalet behandla spørsmåla om habilitet.

Utvalet vedtok samrøystes at Helle var ugild til å behandle saka, jf. forvaltningslova § 6 første ledd nr. 2 bokstav e, då Lutelandet Utvikling AS er å sjå som part i saka. Helle deltok ikkje i saksbehandlinga.

Utvalet vedtok samrøystes at Bjørkly, Kristensen, Framnes og Aafløy var habile til å behandle saka.

Avrøysting

Det var 14 medlemer til stades.

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkestinget vedtek Eigarskapsmelding 2020, Del I, slik han føreligg.
2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen starte ein prosess for avvikling av fylkeskommunen sin eigarskap i Lutelandet Utvikling AS og HFK Tomt Knarvik AS.
3. Fylkestinget vidarefører fylkeskommunen sin eigarskap i Gulen- og Masfjorden Utvikling AS, men ber fylkeskommunen sin eigarrepresentant be selskapet greie ut moglegitene for samanslåing med andre selskap.
4. Fylkestinget vidarefører fylkeskommunen sin eigarskap i følgjande selskap: Grieghallen IKS, Trivselhagen IKS, Vigo IKS, Kommunekraft AS, Sogn og Fjordane Holding AS, Valen kraftverk AS, Atheno AS, Fjord Invest Såkorn AS, Fjord Norge AS, Framtidsfylket AS, Innovasjon Norge, Kunnskapsparken Vestland AS, Njøs Frukt- og bærssenter AS, Sarsia Development AS, Sogn og Fjordane Fondet AS, Beredt AS, Gløde AS, Hardanger AKS AS, In Via AS, Kveik AS, Opero Holding AS, Origod AS, Sogneprodukt AS, Bybanen AS, E134 Haukelivegen AS, Ferde AS, HFK Bussanlegg AS, Skyttel AS, Sunnhordland Lufthavn AS, Bergen Vitensenter AS, Campus Førde Verftet AS, Opplæringsfartøy AS, Vitensenteret i Sogn og Fjordane AS, Carte Blanche AS, Den Nationale Scene AS, Det Vestnorske Teateret AS, Moster Amfi og kyrkjehistoriske senter AS, Moster 2024 AS, Norsk Fjordhestsenter AS, Teater Vestland AS og Vestnorsk filmsenter AS.
5. Fylkestinget ber fylkesrådmannen seie opp fylkeskommunen sin medlemskap i OKOS SA.
6. Fylkestinget vidarefører fylkeskommunen si deltaking i følgjande interkommunale samarbeid og medlemskap i følgjande samvirkeføretak: Norsk digital læringsarena, Vestlandsrådet, Kommunearkivordninga i Vestland kommunalt oppgåvefellesskap, Kommunearkivinstitusjonenes digitale ressurssenter SA, Biblioteksentralen SA og Sinjarheim SA.
7. Fylkestinget ber fylkesrådmannen ta med plan for eigarskapskontroll og plan for forvaltningsrevisjon av selskap i Eigarskapsmeldinga, så snart fylkestinget har vedteke desse.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 10.12.2020

Arve Helle (A) reiste spørsmål kring eiga habilitet då han er styreleiar i Lutelandet Utvikling AS. Fylkesutvalet vedtok samråystes at Helle var ugild til å behandle del 2 av eigarskapsmeldinga, jf. fvl. § 6 (1) bokstav e) nr. 2. Helle deltok ikkje i saksbehandlinga del 2.

Knut Inge Andersen (FNB) sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen starte ein prosess for avvikling av fylkeskommunen sin eigarskap i Lutelandet Utvikling AS ,HFK Tomt Knarvik AS, Fjord Invest Såkorn AS, Sarsia Development AS og Sogn og Fjordane Fondet AS
3. Fylkestinget ber fylkeskommunen avvikle sin eigarskap i Gulen- og Masfjorden Utvikling AS
4. Fylkestinget vidarefører fylkeskommunen sin eigarskap i følgjande selskap: Grieghallen IKS, Trivselshagen IKS, Vigo IKS, Kommunekraft AS, Sogn og Fjordane Holding AS, Valen kraftverk AS, Atheno AS, Fjord Norge AS, Framtidsfylket AS, Innovasjon Norge, Kunnskapsparken Vestland AS, Njøs Frukt- og bærcenter AS, Beredt AS, Gløde AS, Hardanger AKS AS, In Via AS, Kveik AS, Opero Holding AS, Origod AS, Sogneprodukt AS, Bybanen AS, E134 Haukelivegen AS, Ferde AS, HFK Bussanlegg AS, Skyttel AS, Sunnhordland Lufthavn AS, Bergen Vitensenter AS, Campus Førde Verftet AS, Opplæringsfartøy AS, Vitensenteret i Sogn og Fjordane AS, Carte Blanche AS, Den Nationale Scene AS, Det Vestnorske Teateret AS, Moster Amfi og kyrkjehistoriske senter AS, Moster 2024 AS, Norsk Fjordhestsenter AS, Teater Vestland AS og Vestnorsk filmsenter AS»

Avrøysting

Det var 16 medlemer til stades.

Andersen sitt forslag fekk 1 røyst (FNB) og fall.

Innstillinga punkt 1, 5, 6 og 7 vart samråystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstillinga punkt 2,3 og 4 vart vedteke mot ei røyst (FNB). Under denne voteringsa var det 15 medlemer til stades (Klementsen (UA) var ute av møtet.)

Innstilling til fylkestinget

1. Fylkestinget vedtek Eigarskapsmelding 2020, Del I, slik han føreligg.
2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen starte ein prosess for avvikling av fylkeskommunen sin eigarskap i Lutelandet Utvikling AS og HFK Tomt Knarvik AS.
3. Fylkestinget vidarefører fylkeskommunen sin eigarskap i Gulen- og Masfjorden Utvikling AS, men ber fylkeskommunen sin eigarrepresentant be selskapet greie ut moglegheitene for samanslåing med andre selskap.
4. Fylkestinget vidarefører fylkeskommunen sin eigarskap i følgjande selskap: Grieghallen IKS, Trivselshagen IKS, Vigo IKS, Kommunekraft AS, Sogn og Fjordane Holding AS, Valen kraftverk AS, Atheno AS, Fjord Invest Såkorn AS, Fjord Norge AS, Framtidsfylket AS, Innovasjon Norge, Kunnskapsparken Vestland AS, Njøs Frukt- og bærcenter AS, Sarsia Development AS, Sogn og Fjordane Fondet AS, Beredt AS, Gløde AS, Hardanger AKS AS, In Via AS, Kveik AS, Opero Holding AS, Origod AS, Sogneprodukt AS, Bybanen AS, E134 Haukelivegen AS, Ferde AS, HFK Bussanlegg AS, Skyttel AS, Sunnhordland Lufthavn AS, Bergen Vitensenter AS, Campus Førde Verftet AS, Opplæringsfartøy AS, Vitensenteret i Sogn og Fjordane AS, Carte Blanche AS, Den Nationale Scene AS, Det Vestnorske Teateret AS, Moster Amfi og kyrkjehistoriske senter AS, Moster 2024 AS, Norsk Fjordhestsenter AS, Teater Vestland AS og Vestnorsk filmsenter AS.
5. Fylkestinget ber fylkesrådmannen seie opp fylkeskommunen sin medlemskap i OKOS SA.

6. Fylkestinget vidarefører fylkeskommunen si deltaking i følgjande interkommunale samarbeid og medlemskap i følgjande samvirkeføretak: Norsk digital læringsarena, Vestlandsrådet, Kommunearkivordninga i Vestland kommunalt oppgåvefellesskap, Kommunearkivinstitusjonenes digitale ressurssenter SA, Biblioteksentralen SA og Sinjarheim SA.

7. Fylkestinget ber fylkesrådmannen ta med plan for eigarskapskontroll og plan for forvaltningsrevisjon av selskap i Eigarskapsmeldinga, så snart fylkestinget har vedteke desse.

Saksprotokoll i fylkestinget - 15.12.2020

Arve Helle (A) reiste spørsmål kring eiga habilitet då han er styreleiar i Lutelandet Utvikling AS. Fylkestinget vedtok samrøystes at Helle var ugild til å ta del i saksbehandlinga, jf. forvaltningslova § 6 (1) bokstav e nr. 2. Helle deltok ikkje i saksbehandlinga for den del som gjaldt vedtakspunkt 2.

Sigrid Brattabø Handehard (Sp) reiste spørsmål kring eiga habilitet då ho er styremedlem i Lutelandet Utvikling AS. Fylkestinget vedtok samrøystes at Brattabø Handegard var ugild til å ta del i saksbehandlinga, jf. forvaltningslova § 6 (1) bokstav e nr. 2. Brattabø Handegard deltok ikkje i saksbehandlinga for den del som gjaldt vedtakspunkt 2.

Knut Inge Andersen (FNB) sette fram slikt forslag:

«Alternative punkt:

2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen starte ein prosess for avvikling av fylkeskommunen sin eigarskap i Lutelandet Utvikling AS ,HFK Tomt Knarvik AS, Fjord Invest Såkorn AS, Sarsia Development AS og Sogn og Fjordane Fondet AS

3. Fylkestinget ber fylkeskommunen avvikle sin eigarskap i Gulen- og Masfjorden Utvikling AS

4. Fylkestinget vidarefører fylkeskommunen sin eigarskap i følgjande selskap: Grieghallen IKS, Trivselshagen IKS, Vigo IKS, Kommunekraft AS, Sogn og Fjordane Holding AS, Valen kraftverk AS, Atheno AS, Fjord Norge AS, Framtidsfylket AS, Innovasjon Norge, Kunnskapsparken Vestland AS, Njøs Frukt- og bærcenter AS, Beredt AS, Gløde AS, Hardanger AKS AS, In Via AS, Kveik AS, Opero Holding AS, Origod AS, Sogneprodukt AS, Bybanen AS, E134 Haukelivegen AS, Ferde AS, HFK Bussanlegg AS, Skytte AS, Sunnhordland Lufthavn AS, Bergen Vitensenter AS, Campus Førde Verftet AS, Opplæringsfartøy AS, Vitensenteret i Sogn og Fjordane AS, Carte Blanche AS, Den Nationale Scene AS, Det Vestnorske Teateret AS, Moster Amfi og kyrkjhistoriske senter AS, Moster 2024 AS, Norsk Fjordhestsenter AS, Teater Vestland AS og Vestnorsk filmsenter AS»

Anders Hamre Sveen (R) sette fram slikt forslag:

«Tillegg:

8. Fylkestinget oppmoder alle fylkeskommunen sine eigarrepresentantar om å gå imot ein kvar form for involvering i vindkraftprosjekt.

9. Fylkestinget oppmoder fylkeskommunen sine eigarrepresentanter om å følge opp ILO-konvensjonen 94 ved å etterstrebe at einingar der fylket er eigar, heilt eller delvis, prioritær å gjere forretningar med bedrifter som er omfatta av ein nasjonal tariffavtale, der det er mogleg, for å sikre at fylket ikkje bidreg til sosial dumping av løn- og arbeidsvilkår.

10. Fylkestinget oppmoder fylkeskommunen sin eigarrepresentant i Sunnhordland Lufthavn om å gå inn for at Sunnhordland Lufthavn skal oppmode Luftfartstilsynet om å ikkje la flyselskapet Wizz Air nytte Sunnhordland Lufthavn.»

Avrøysting

Det var 63 medlemer til stades ved behandling av vedtakspunkt 2.

Innstillinga punkt 1 vart samrøystes vedteke.

Andersen sitt forslag punkt 2 med Fjord Invest Såkorn AS, Sarsia Development AS og Sogn og Fjordane Fondet AS fekk 6 røyster (FNB og UA) og fall.

Andersen sitt forslag punkt 3 og 4 fekk 6 røyster (FNB og UA) og fall.

Hamre Sveen sitt forslag fekk 2 røyster (R) og fall.

Innstillinga punkt 2 vart vedteke mot 6 røyster (UA, 2 FNB og 1 R).

Innstillinga punkt 3 og 4 vart vedteke mot 7 røyster (FNB, UA og 1 R).

Innstillinga punkt 5,6 og 7 vart vedteke mot ei røyst (R).

Vedtak

1. Fylkestinget vedtek Eigarskapsmelding 2020, Del I, slik han føreligg.
2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen starte ein prosess for avvikling av fylkeskommunen sin eigarskap i Lutelandet Utvikling AS og HFK Tomt Knarvik AS.
3. Fylkestinget vidarefører fylkeskommunen sin eigarskap i Gulen- og Masfjorden Utvikling AS, men ber fylkeskommunen sin eigarrepresentant be selskapet greie ut mogleighetene for samanslåing med andre selskap.
4. Fylkestinget vidarefører fylkeskommunen sin eigarskap i følgjande selskap: Grieghallen IKS, Trivselshagen IKS, Vigo IKS, Kommunekraft AS, Sogn og Fjordane Holding AS, Valen kraftverk AS, Atheno AS, Fjord Invest Såkorn AS, Fjord Norge AS, Framtidsfylket AS, Innovasjon Norge, Kunnskapsparken Vestland AS, Njøs Frukt- og bærcenter AS, Sarsia Development AS, Sogn og Fjordane Fondet AS, Beredt AS, Gløde AS, Hardanger AKS AS, In Via AS, Kveik AS, Opero Holding AS, Origod AS, Sogneprodukt AS, Bybanen AS, E134 Haukelivegen AS, Ferde AS, HFK Bussanlegg AS, Skyttel AS, Sunnhordland Lufthavn AS, Bergen Vitensenter AS, Campus Førde Verftet AS, Opplæringsfartøy AS, Vitensenteret i Sogn og Fjordane AS, Carte Blanche AS, Den Nationale Scene AS, Det Vestnorske Teateret AS, Moster Amfi og kyrkjehistoriske senter AS, Moster 2024 AS, Norsk Fjordhestsenter AS, Teater Vestland AS og Vestnorsk filmsenter AS.
5. Fylkestinget ber fylkesrådmannen seie opp fylkeskommunen sin medlemskap i OKOS SA.
6. Fylkestinget vidarefører fylkeskommunen si deltaking i følgjande interkommunale samarbeid og medlemskap i følgjande samvirkeføretak: Norsk digital læringsarena, Vestlandsrådet, Kommunearkivordninga i Vestland kommunalt oppgåvefellesskap, Kommunearkivinstitusjonenes digitale ressurssenter SA, Biblioteksentralen SA og Sinjarheim SA.
7. Fylkestinget ber fylkesrådmannen ta med plan for eigarskapskontroll og plan for forvaltningsrevisjon av selskap i Eigarskapsmeldinga, så snart fylkestinget har vedteke desse.

Vedtaks- og endringsprotokoll

Vedteke/endra av	Dato/saksnummer
Fylkestinget	17.12.19 / PS 16/2019
Fylkestinget	15.12.20 / PS

Del I - EIGARPOLITIKK.....	6
Innleiing	6
1. Overordna eigarstrategi og eigarpolitikk	6
1.1 Historikk - Bakgrunn for og føremål med fylkeskommunen sine eigarskap	6
1.2 Fylkeskommunal eigarskap i dag	6
1.3 Kriterium for å gå inn som eigar i selskap	7
1.4 Val av selskapsform.....	8
1.5 Exit-strategi.....	8
1.6 Vurderingar ved vurdert avvikling av engasjement.....	8
1.7 Styringsgrep - eigarstrategi og selskapsstrategi	8
1.7.1 Eigarstrategi for det enkelte selskap	8
1.7.2 Selskapsstrategi	9
1.8 Samfunnsansvar, miljø, etikk og rettslege krav.....	9
1.8.1 Samfunnsansvar, miljø og etikk hjå selskapa	9
1.8.2 Samfunnsansvar og etikk hjå fylkeskommunen og fylkeskommunen sine utsendingar	10
1.8.3 Rettslege rammer for ulike verksemder	11
1.9 Eigarutøving for meldingsåret og etterfølgjande år	11
1.9.1 Generell politikkendring	11
1.9.2 Enkeltsaker sidan førre eigarskapsmelding	11
2. Rammer for eigarstyring – reglar, prinsipp og retningslinjer	17
2.1 Interessekonflikt mellom eigarinteresser, selskapsinteresser og forvaltningsoppgåver - nokre problemstillingar.....	17
2.1.1 Døme på tilfelle der interessekonflikt kan oppstå.....	17
2.2 Reglar om habilitet - folkevalde i ulike roller	17
2.2.1 Generelt	17
2.2.2 Reglane om habilitet Habilitetsreglane i forvaltningslova.....	18
2.3 Reglar om innsyn i eigarskapssaker	19
2.4 Folkevalde som eigarrepresentant	20
2.4.1 Kort om eigarorganet i eit selskap	20
2.4.2 Utpeiking av fylkeskommunen sine eigarrepresentantar	20
2.5 Utpeiking av styrerepresentantar	20
2.5.1 Fylkeskommunen sine krav til eigenskapar, kompetanse og styremedlemene si uavhengige stilling	20
2.5.2 Prosedyrar for val av styremedlemer	21
2.5.3 Reglar om kjønnsbalanse i styra	21
2.5.4 Kort om styret sitt ansvar og arbeid	22
2.6 Retningslinjer for eigarutøving overfor selskapet.....	22
2.6.1 Rammer for eigarutøving	22
2.6.2 Eigardialogen	23
3. Rutinar for fylkeskommunal eigaroppfølging.....	24
3.1 Roller og ansvar.....	24
3.2 Rollefordeling i den fylkeskommunale eigarutøvinga.....	24
3.2.1 Rolla til fylkestinget og fylkesutvalet	24
3.2.2 Fylkesordføraren si rolle.....	25
3.2.3 Den folkevalde si rolle	25
3.2.4 Fylkesrådmannen si rolle	25
3.3 Opplæring av folkevalde	25
3.4 Rutinar for utøving av fylkeskommunal eigarskap	26
3.5 Rutinar for fylkestinget og fylkesutvalet si utøving av eigarstyring.....	26
3.5.1 Generelt	26
3.5.2 Rutinar ved innkalling til møte i eigarorgan	26
3.5.3 Forventningar til selskapa før møte i eigarorgan	27
3.6 Oppmoding til styret i selskapa	27
3.7 Eigarrepresentanten sitt ansvar overfor fylkeskommunen	27
3.8 Tilsyn og kontroll med fylkeskommunen sine interesser i selskapet.....	27
Del II - VERKSEMDSOVERSIKT	29
4. Generelt om del II	29

4.1 Definisjon av nøkkeltal	29
5. Interkommunale selskap (IKS)	29
5.1 Deltaking er avgrensa, men ansvaret er uavgrensa	29
5.2 Eigarskapen vert utøvd gjennom representantskapet.....	30
5.3 Uttreden frå Interkommunale selskap	30
5.4 Fylkeskommunale-/kommunale fellestiltak:	30
Grieghallen IKS.....	30
Trivselshagen IKS.....	32
VIGO IKS	35
6. Aksjeselskap (AS)	38
6.1 Avgrensa ansvar for deltagarane	38
6.2 Eigarskapen vert utøvd gjennom generalforsamlinga.....	38
6.3 Sal av aksjar	38
6.4 Finansielle mål.....	38
Kommunekraft AS.....	38
Sogn og Fjordane Holding AS	41
Valen kraftverk AS	44
6.5 Samfunns- og næringsutvikling	46
Atheno AS.....	46
Fjord Invest Såkorn AS.....	49
Fjord Norge AS	52
Framtidsfylket AS	55
Gulen og Masfjorden Utvikling AS	58
Innovasjon Norge	61
Kunnskapsparken Vestland AS	65
Lutelandet Utvikling AS.....	68
Njøs Frukt - og bærsenter AS	70
Sarsia Development AS.....	73
Sogn og Fjordane Fondet AS	76
6.6 Samfunns- og næringsutvikling - arbeidsmarknad.....	78
Beredt AS.....	78
Gløde AS.....	81
Hardanger AKS AS	84
In Via AS	86
Kveik AS	89
Opero Holding AS	91
Origod AS	94
Sogneprodukt AS	97
6.7 Infrastruktur og kollektivtransport.....	99
Bybanen AS	99
E134 Haukelivegen AS	102
Ferde AS	106
HFK Bussanlegg AS	110
HFK Tomt Knarvik AS	113
Skyttel AS	114
Sunnhordland Lufthamn AS	118
6.8 Opplæring	121
Bergen Vitensenter AS (Vilvite)	121
Campus Førde Verftet AS	124
Opplæringsfartøy AS	126
Vitensenteret i Sogn og Fjordane AS (ViteMeir)	129
6.9 Fylkesomfattande kulturselskap	132
Carte Blanche AS	132
Den Nationale Scene AS (DNS)	135
Det Vestnorske Teateret AS	138
Moster Amfi og kyrkjehistorisk senter AS	141
Moster 2024 AS	144
Norsk Fjordhestsenter AS	146

Teater Vestland AS (tidlegare Sogn og Fjordane Teater LL).....	149
Vestnorsk filmsenter AS.....	153
7. Interkommunale samarbeid	156
7.1 <i>Ulike former for interkommunalt samarbeid</i>	156
7.2 <i>Samarbeid etter kontrakt (formlaust samarbeid)</i>	156
7.3 <i>Vertskommunesamarbeid etter kommunelova</i>	156
7.4 <i>Interkommunale politiske råd og kommunale oppgåvefellesskap (tidlegare interkommunale samarbeid)</i>	156
7.5 Samarbeid fylkeskommunen deltek i	157
Nasjonal Digital Læringsarena (NDLA).....	157
Vestlandsrådet.....	158
Kommunearkivordninga i Vestland kommunalt oppgåvefellesskap.....	159
8. Samvirkeføretak.....	160
8.1 Samvirkeføretak	161
Kommunearkivinstitusjonenes digitale ressurssenter SA (KDRS).....	161
Opplæringskontoret for offentleg sektor i Sogn og Fjordane SA (OKOS SA).....	162
Biblioteksentralen SA.....	164
Sinjarheim SA.....	166
9. Gjensidige selskap	167
<i>Kommunal Landpensjonskasse (KLP)</i>	167
10. Plan for eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon for valperioden.....	168
Vedlegg:	168
Mal for rapport fra eigarrepresentant	168

Del I - EIGARPOLITIKK

Innleiing

Eigarskapsmeldinga er eit overordna politisk styringsdokument. Den skal syne mål og strategiar for den fylkeskommunale eigarskapen, sikre rett samhandling mellom fylkeskommunen og selskapa og gjere informasjon om den fylkeskommunale eigarskapen synleg for ålmenta.

Eigarskapsmeldinga skal:

- Gjere den politiske styringa i eigarsaker tydelegare.
- Medverke til at selskapa kjenner posisjonen og haldningane fylkeskommunen har som eigar.
- Legge grunnlaget for å utvikle konkrete eigarstrategiar og formål for kvart enkelt selskap.
- Bidra til at samansetninga av styra gir riktig kompetanse ut frå dei utfordringar selskapa står overfor.
- Stille konkrete krav til styra og etablere rutinar for å evaluere styra sitt arbeid.

Eigarskapsmeldinga har to deler med fire hovudpunkt:

Del I: 1) Fylkeskommunal eigarpolitikk.

2) Reglar, prinsipp og retningslinjer for fylkeskommunal eigarutøving.

3) Rutinar for fylkeskommunal eigarutøving.

Del II: 4) Omtale av kvar einskild verksemd.

Eigarskapsmeldinga vert oppdatert årleg. Del I vert oppdatert i tråd med fylkestinget sin eigarpolitikk og vil gjelde for det komande meldingsåret. Del II er oppdatert med informasjon frå meldingsåret som selskapa har rapportert om i inneverande år. Viktige hendingar som har skjedd mellom meldingsåret og tidspunktet for utarbeiding av eigarmeldinga, kan òg verte omtala.

I del II er verksemndene organiserte ut frå selskapsform. Under kvar selskapsform er verksemndene organisert ut frå fylkeskommunen sitt føremål med eigarskapen: finansielle mål, samfunns- og næringsutvikling, fylkesomfattande kulturselskap, opplæring og infrastruktur- og kollektivtransport.

1. Overordna eigarstrategi og eigarpolitikk

1.1 Historikk - Bakgrunn for og føremål med fylkeskommunen sine eigarskap

Føremålet med fylkeskommunen sine eigarskap varierer etter kva type aktivitet verksemda har.

Fylkeskommunen har mellom anna blitt eigar i aksjeselskap med føremål om å vere ein vesentleg bidragsyta og regional utviklingsaktør ved etablering av nye selskap.

Eigarskap har også vore motivert av fellestiltak saman med andre kommunar og fylkeskommunar gjennom interkommunale selskap (IKS) og anna interkommunalt samarbeid basert på avtale.

1.2 Fylkeskommunal eigarskap i dag

Fylkeskommunen har per 04.11.20 eigarskap i 40 aksjeselskap, 3 interkommunale selskap, 1 gjensidig selskap (KLP) og 1 særlovsselskap (Innovasjon Norge). Nokre av aksjeselskapa er heileigde av fylkeskommunen, som t.d. Bybanen AS og Valen Kraftverk AS. Dei andre aksjeselskapa er eigde anten i lag med andre kommunar eller private, eller ein kombinasjon av dette.

Fylkeskommunen er også med i 3 interkommunale samarbeid, t.d. organisert som kommunalt oppgåvefellesskap eller interkommunalt råd, og i 4 samvirkeføretak.

1.3 Kriterium for å gå inn som eigar i selskap

Fylkeskommunen sin eigarskap skal oppfylle eitt eller fleire av føremål:

1. **Finansielle mål:**
 - Sikre at investert kapital oppnår god avkastning som samsvarar med den risikoen fylkeskommunen tek ved å ha eigardelar i selskapet.
 - Delta i selskap saman med andre fylkeskommunar og kommunar for å oppnå stordriftsfordeler.
2. **Samfunns- og næringsutvikling:**
 - Delta i selskap som arbeider med fellestiltak for å utvikle næringslivet i fylket.
 - Delta i investeringsselskap som bidreg med kapital i tidleg-fase verksemder i fylket.
 - Delta i selskap der vi opptrer som regional utviklingsaktør og tilfører og/eller får kompetanse.
 - Delta i selskap som har ansvar for å leggje til rette for særlege grupper.
3. **Fylkesomfattande kulturselskap**
 - Delta i kulturselskap, saman med til dømes kommunar, for å vere med på å styre selskapa i ønskja retning, i samsvar med fylkeskommunen sin kulturpolitikk.
4. **Opplæring**
 - Delta i selskap saman med andre kommunar, fylkeskommunar og/eller private for å få utført oppgåver knytt til fylkeskommunen si rolle som opplæringsansvarleg.
5. **Infrastruktur og kollektivtransport:**
 - Delta i selskap for å løyse fylkeskommunale oppgåver innanfor infrastruktur og kollektivtransport.
 - Delta i selskap med infrastrukturutbygging eller finansiering av infrastrukturutbygging som føremål.
 - Delta i selskap som legg til rette for kollektivtrafikk, t.d. gjennom å eige eller drifta anlegg for kollektivtrafikk.

Risiko-, kostnads- og nyttevurdering før kjøp

Før fylkeskommunen går inn som eigar i eit selskap, skal det gjennomførast ei risiko- og kostnad-/nyttevurdering for aktuelle aksjekjøp. Risikovurderinga skal minimum innehalde vurdering av finansiell risiko, risiko for at selskapet ikkje klarar å etterleve offentlege standardar innanfor innkjøpsreglement, habilitet, openheit og etikk, i tillegg til risiko for negativ påverknad på miljø og klima.

I vurderinga av om ein skal gå inn i eit selskap, må fylkeskommunen vurdere om det er aktuelt å stille konkrete klimakrav til selskapet; til dømes krevje at selskapet har retningslinjer, prinsipp, prosedyrar og standardar for korleis verksemda tek omsyn til det ytre miljø ut frå verksemda sin eigenart, marknaden selskapet opererer i og kva miljøteknologi som er tilgjengeleg. Slike krav må vurderast konkret i det enkelte tilfellet. Storleiken på eigardelen fylkeskommunen planlegg å erverve vil spele inn i vurderinga av kva krav som kan stillast. Sjå elles punkt 1.8 Samfunnsansvar, miljø, etikk og rettslege krav.

Ved den årlege oppdateringa vert det vurdert om enkeltengasjement framleis tenar fylkeskommunale mål for eigarskap. Vurderinga kan munne ut i eit vedtak om å starte ein prosess med å avvikle eigarskapen. Det skal i tilfelle opprettast dialog med andre eigarar av selskapet og selskapsleiinga om dette. Vurderinga som vert gjort kvart år tek utgangspunkt i punkta som er lista opp i punkt 1.6 Vurderingar ved avvikling av engasjement.

Sjå nærmare om mynde til å kjøpe/selje aksjar og stifte/seie opp medlemskap i kapittel 3. Rutinar for fylkeskommunal eigaroppfølging.

1.4 Val av selskapsform

Det er viktig at selskapsform passar verksemda sitt føremål, behovet for eigarstyring, marknadsmessige tilhøve og konkuranseregelverket.

Skal selskapet ta risiko og operere i ein konkurranseutsett marknad, bør ein søke å avgrense ansvaret til fylkeskommunen som eigar. Der selskapet skal yte tenester til eigarane i eigenregi, kan både interkommunale selskap og kommunale føretak vere føremålstenlege selskapsformer. Stiftingar er ikkje å anbefale dersom verksemda krev eigarstyring.

1.5 Exit-strategi

Dersom fylkeskommunen går inn som eigar i ei verksemde, bør fylkeskommunen ta stilling til om det på same tidspunkt er føremålstenleg å lage ein exit-strategi. Ein slik strategi skal gje føringar for når fylkeskommunen skal selje seg ut av den aktuelle verksemda, til dømes ved å fastsette ein konkret tidshorisont for eigarskapen. Eit anna døme vil vere å konkretisere føresetnader knytt til det aktuelle selskapet som må realisere seg/ikkje realisere seg, for at fylkeskommunen skal selje seg ut som eigar.

Behovet for, og sjølvé innhaldet i ein slik strategi, må avgjerast etter ei konkret vurdering av selskapet og dei føresetnadane som ligg til grunn for at fylkeskommunen går inn som eigar.

Målet med ein slik strategi er at fylkeskommunen aktivt skal kunne vurdere sin eigarskap i selskapet opp mot strategien. På den måten vert vurderinga om fortsett eigarskap enklare og meir føreseieleg både for fylkeskommunen og for selskapet.

1.6 Vurderingar ved vurdert avvikling av engasjement

I eigarmeldinga del II vert det vurdert om enkeltengasjement i selskap bør avviklast, jf. punkt 1.3 og punkt 1.2 ovanfor.

Fylkeskommunen bør til dømes vurdere å gå ut dersom

- dei opphavlege føresetnadane ikkje lenger er til stades, jf. punkt 1.3
- eit tiltak har utvikla seg så positivt at det er "sjølvgåande" utan fylkeskommunal eigarskap, slik at andre med fordel kan overta eigarskap og ansvar
- kriseramma selskap ikkje lenger har ei framtid
- selskapet opptrer i strid med selskapet sitt føremål
- selskapet opptrer i strid med selskapet sitt samfunnsansvar, og/eller opptrer på ein måte som ikkje er i samsvar med fylkeskommunen sine verdiar
- føresetnader i ein exit-strategi har realisert seg
- det er sannsynleg at andre eigarar er betre eigna til å utvikle selskapet vidare
- selskapet har gjort seg skuldig i straffbare handlingar, til dømes miljøkriminalitet, korруpsjon, brot på menneskerettar eller arbeidstakarrettar

1.7 Styringsgrep - eigarstrategi og selskapsstrategi

1.7.1 Eigarstrategi for det enkelte selskap

I tillegg til å ha ein generell eigarskapspolitikk, er det føremålstenleg at fylkestinget utviklar klare eigarstrategiar for kvart enkelt selskap, slik at selskapa kan utvikle seg slik fylkestinget meiner er riktig, innanfor rammen som føremålet med eigarskapen set. Eigarstrategien må vere i samsvar med føremålet til verksemda. Omfanget av ein slik eigarstrategi er også avhengig av mellom anna selskapet si verksemde, behov for eigarstyring, marknadsmessige tilhøve og konkuranseregelverket.

Eigarstrategi og selskapsstrategi for eit selskap vil tene som grunnlag for ein etterfølgjande selskapskontroll.

Utbytepolitikk

Utbytepolitikk er ein del av eigarpolitikken fylkestinget har overfor nokre aksjeselskap.

Eigar har ansvar for at selskapet sin eigenkapital er på eit forsvarleg nivå, og dette må påverke utbytepolitikken til fylkeskommunen. Det er viktig at eigar vurderer om føremålet til selskapet vil kunne realiserast dersom ein tek ut utbyte frå eit selskap. Som regel vil selskapet ha uttala seg om dette. Denne uttalen bør vere utgangspunktet og rettesnora for vurderinga av om det skal takast ut utbyte og kor stort eit eventuelt utbytte skal vere.

1.7.2 Selskapsstrategi

Fylkestinget stiller krav til at selskapet si verksemnd tydeleg går fram av vedtektenes/selskapsavtalen. Innanfor rammene av vedtektenes/selskapsavtalen bør selskapet ha klare mål og strategiar. Krav til selskapsstrategi gjeld i dei tilfella dette er føremålstenleg ut frå verksemda til selskapet.

1.8 Samfunnsansvar, miljø, etikk og rettslege krav

1.8.1 Samfunnsansvar, miljø og etikk hjå selskapa

Fylkestinget som eigar er oppteken av at selskapa tek samfunnsansvar og driv verksemda si i tråd med kva som er etisk forsvarleg.

Samfunnsansvar handlar om korleis verdiar vert skapte. Det handlar om korleis selskapa påverkar menneske, miljø og samfunn.

Fylkestinget har både generelle og meir spesifikke forventningar til selskapa når det gjeld samfunnsansvar. Dei spesifikke forventningane er knytt til fire tematiske kjerneområde: klima og miljø, menneskerettar, arbeidstakarrettar og antikorrupsjon.

Utgangspunktet til fylkestinget er at det er leiinga i selskapet som best kan vurdere korleis slike forventningar bør følgjast opp. Fylkestinget legg til grunn at auka merksemrd frå styret vil bidra til å betre måten selskapet arbeider med samfunnsansvar på.

Fylkeskommunen forventar at selskapa - i naudsynt grad - synleggjer samfunnsansvar, miljø og etikk gjennom at selskapa

- vert drivne slik at dei i det store og heile gjev eit positivt bidrag til samfunnet
- stiller seg opne til alle som har legitime interesser knytt til verksemda
- sameinar økonomi og etikk i alle delar og ledd av verksemda
- medverkar til ei utvikling som tener eit berekraftig miljø og langsiktige utviklingsinteresser
- opptrer ansvarleg og langsiktig i omstillingss prosessar der ein skal ta omsyn til sårbare lokalsamfunn
- har høgt ambisjonsnivå for satsing på forsking og utvikling
- arbeider systematisk og trygt med helse, miljø og tryggleik
- legg ILO¹ sine åtte kjernekonvensjonar til grunn for si verksemrd
- arbeider aktivt for likestilling i verksemda og i styret
- har ei medviten haldning til rekruttering av personar med minoritetsbakgrunn
- arbeider aktivt med rekruttering ved å ta inn lærlingar
- rapporterer om sitt arbeid med samfunnsansvar, med vekt på vesentlege utfordringar, mål og indikatorar for måloppnåing, (i hovudsak) gjennom årsrapporteringa

Fylkeskommunen forventar at selskapa gjer det klårt kva som er selskapet sitt verdigrunnlag, og i samsvar med dette utarbeider retningslinjer for sitt arbeid med samfunnsansvar. Fylkeskommunen forventar at retningslinene er offentleg tilgjengelege og at selskapa integrerer arbeidet med klima og miljø, menneskerettar, arbeidstakarrettar og arbeid mot korruksjon i desse.

Retningslinene bør mellom anna omhandle

- nøkternt nivå på honorar/godtgjersle, gåver, reiser og liknande til styremedlemer med fleire. Nivået på honoraret skal henge saman med den reelle personlege risikoen kvar einskild har knytt til si rolle i selskapet, og kompetansen den det gjeld tilfører selskapet
- interessekonfliktar
- forholdet til kundar, leverandørar og konkurrentar
- forholdet til medarbeidarane
- rutinar for varsling og reaksjonar/oppfølging av brot på retningslinene
- ansvar for menneske, samfunn og miljø som vert påverka av verksemda

Knytt til dei fire tematiske kjerneområda forventar fylkeskommunen at selskapa

¹ Den internasjonale arbeidsorganisasjonen (ILO) er FNs organisasjon for arbeidslivet

Klima og miljø

- etterlever nasjonale og internasjonale miljøkrav
- gjennomfører grep for å redusere negativ miljøpåverknad
- har kompetanse til å gjennomføre naudsynte endringar i rammevilkår - som følge av klimaendringar, og nasjonale og internasjonale klimatiltak - slik at verdiane i selskapet vert tekne vare på ved omstillingssbehov

Menneskerettar

- respekterer og førebygger brot på menneskerettar i eiga verksemd, og følgjer opp dette overfor sine leverandørar og forretningspartnarar

Arbeidstakarrettar

- respekterer og bidreg til eit forsvarleg arbeidsliv der grunnleggande arbeidsstandardar og -rettar vert tekne vare på, og at arbeidstakarane blir gjeve ei løn dei kan leve av
- legg til grunn dei åtte kjernekonvensjonane til ILO som ein minimumsstandard for si verksemd, samt at desse vert følgde opp i verdikjeda
- opptrer ansvarleg i omstillingssprosesser og gjennomfører desse i dialog med tilsette og lokalsamfunn

Openheit kring økonomiske transaksjonar og arbeid mot korруpsjon

- utviser størst mogleg grad av openheit knytt til pengestraumar, også skatt
- har retningsliner, system og tiltak for å hindre korruksjon, og for å handtere moglege lovbroter eller tvilstilfelle som måtte avdekkast på dette feltet
- følgjer Transparency International Norge (TIN) sine tilrådingar, m.a. TIN sine handbøker i antikorruksjon («Beskytt din virksomhet og «Beskytt din kommune»²)

Oppfølginga av selskapet sitt arbeid med samfunnsansvar skjer gjennom dialog mellom eigar og leiinga i selskapet. Eigar forventar at selskapet rapporterer på viktige saker som gjeld verksemda og saker som gjeld samfunnsansvar.

1.8.2 Samfunnsansvar og etikk hjå fylkeskommunen og fylkeskommunen sine utsendingar

Fylkestinget vedtok i sak 10/2019 dokumentet Folkevalde i Vestland - rettar og plikter, med eit eige kapittel om etiske retningslinjer. Retningslinene ligg på fylkeskommunen sine nettsider³. Dei etiske retningslinene gjeld i alle situasjonar der ein som folkevald opptrer på vegner av fylkeskommunen, også når ein opptrer som eigarrepresentant for fylkeskommunen.

Når ein person er utpeikt av fylkeskommunen til å sitte i eit styre, er det selskapet sine etiske retningslinjer som gjeld for utøvinga av styrevervet. Sjå også kapittel 2.5.1 Fylkeskommunen sine krav til eigenskapar, kompetanse og styremedlemene si uavhengige stilling, kapittel 2.4.1 Krav til fylkeskommunen sin eigarrepresentant, og kapittel 3. Rutinar.

1.8.3 Rettslege rammer for ulike verksemder

Fylkestinget legg til grunn at alle verksemder fylkeskommunen har eigarskap i til ei kvar tid følgjer dei lover og reglar som gjeld for selskapet og verksemda selskapet driv. Fylkestinget har særleg forventning om at leiinga i selskapet syter for ein forsvarleg eigenkapital og økonomiforvaltning, samt at selskapet legg til rette for at aksjeeigarar kan utøve sine rettar på ein god måte.

Forsvarleg eigenkapital

Selskapet bør ha ein eigenkapital som er tilpassa selskapets mål, strategi og risikoprofil. For aksjeselskap legg fylkestinget til grunn at kravet om forsvarleg eigenkapital og likviditet vert etterlevd. Dersom det er grunn til å tru at eigenkapitalen er lågare enn forsvarleg ut frå risikoene ved og omfanget

² http://transparency.no/wp-content/uploads/TI_beskyttedinvirksomhet_2017_web-005.pdf
http://transparency.no/wp-content/uploads/ti_kommunehandboka_2017_web.pdf

³ <https://www.vestlandfylke.no/politikk/for-folkevalde/handboker-og-reglement/etiske-retningslinjer-og-etikkutal/>

av verksemda, forventar fylkestinget at styret innan rimeleg tid kallar inn generalforsamlinga for å gjere greie for den økonomiske stillinga til selskapet og adekvate tiltak for å betre den.

Om fullmakt til å dele ut utbyte

Frå 1. juli 2013 vart det opna for at generalforsamlinga kan gje styret fullmakt til å dele ut utbyte. Fylkestinget meiner at forslag om slik fullmakt bør grunngjenvæst særskilt.

Verken generalforsamlinga, styret eller dagleg leiing i eit aksjeselskap kan ta avgjerd om å gje ein eller nokre aksjeeigarar ein urimeleg fordel som andre aksjeeigarar eller selskapet må bere kostnaden for.

Eigarutøving på representantskapsmøte, føretaksmøte og generalforsamling m.m.

Utgangspunktet er at eigarar utøver sin eigarskap gjennom eigarorganet til selskapet.

Styret bør legge til rette for at flest mogleg aksjeeigarar kan utøve sine rettar ved å delta i generalforsamlinga i selskapet ved mellom anna å sørge for at

- innkalling og saksdokument til generalforsamlinga, inkludert valkomiteen si innstilling, blir gjort tilgjengelege innanfor fristar i mellom anna aksjelova og lov om interkommunale selskap (IKS-lova), eller innanfor dei fristar som er fastsette i vedtektena til selskapet
- saksdokumenta gjev aksjeeigarane reell moglegheit til å ta stilling til alle saker som skal handsamast
- styret, valkomiteen og revisor er til stades i generalforsamling
- møtet vert riktig protokollert og at eigarane får tilgang til protokollen i etterkant av generalforsamlinga

Fylkestinget forventar at verksemder sender innkalling til generalforsamling, representantskapsmøte og føretaksmøte til fylkeskommunen sin eigarrepresentant⁴ og til fylkeskommunen sitt postmottak⁵.

1.9 Eigarutøving for meldingsåret og etterfølgjande år

1.9.1 Generell politikkendring

Fylkeskommunen vil i nokre tilfelle kunne endre eigarpolitikk. Dette kan skje som eit resultat av vedtak i fylkestinget, lovendringar, eller tilråding etter selskapskontroll i fylkeskommunalt eigde selskap. Slike endringar skal takast inn i etterfølgjande eigarskapsmelding.

I dei tilfella fylkeskommunen stiller særskilde forventningar til eit selskap eller fylkestinget ber om særskilt utgreiing av eit selskap, skal dette skje i eit eige vedtakspunkt i vedtaket til det politiske organet.

1.9.2 Enkeltsaker sidan førre eigarskapsmelding

2019

FUV-PS 15/2019 Endring av aksjekapitalen og vedtektena til Skyttel AS og Ferde AS
Vedtak:

1. Fylkesutvalet ber fylkeskommunen sin eigarrepresentant stemme for styret i Ferde AS sitt forslag til endringar i aksjekapital og vedtekter når saka skal handsamast på ekstraordinær generalforsamling i 2020.
2. Fylkesutvalet ber fylkeskommunen sin eigarrepresentant stemme for styret i Skyttel AS sitt forslag til endringar i aksjekapital og vedtekter når saka skal handsamast på ekstraordinær generalforsamling i 2020.
3. Det skal oppnemnast ein eigen valkomite i Ferde/Skyttel. Kvart av eigarfylka oppnemner sin kandidat til valkomiteen.
4. Fylkesutvalet handterer eigarutøvinga dersom det oppstår ein ekstraordinær situasjon som krev rask håndtering.
5. Fylkesutvalet ber eigarutsendingen setje val av styre på dagsorden i ekstraordinær generalforsamling over nytår.

⁴ Fylkesordføraren og fylkesvaraordføraren er fylkeskommunen sine valde eigarrepresentantar.

⁵ Kontaktinformasjon er tilgjengeleg på fylkeskommunen sine nettsider

2020

FT-PS 7/2020 Oppretting av Moster 2024

Vedtak:

1. Det vert oppretta eit aksjeselskap som har som føremål å planleggje og gjennomføre jubileet i 2024.
2. Selskapet skal vere eigd 50/50 av Bømlo kommune og Vestland fylkeskommune, og skal avviklast etter at jubileet er gjennomført og evaluert.
3. Eigarane gjer årlege løvingar til selskapet. Det vert lagt til grunn ei opptrapping fram mot 2024 med årlege avklaringar i kommune og fylkeskommune.
4. Vedtaket forutset likelydande vedtak i Bømlo kommune.
5. Selskapet sitt namn skal være Moster 2024 AS.
6. Bruk av dei resterande midlane etter eingongstilskotet på kr 3.150.000 frå Hordaland fylkeskommune vil fylkestinget koma attende til.

KUV-PS 32/2020 Henvendig frå Hardanger AKS

Vedtak:

1. Kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune tar henvendinga frå Hardanger AKS til orientering.
2. Kontrollutvalet tar saka med seg som eit innspel i risiko- og vesentlegvurderinga som skal ligga til grunn for plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll for perioden 2020 - 2024, som kontrollutvalet no er i gang med.

FUV-PS 38/2020 Endring i selskapsavtale for Trivselshagen IKS - høyringsuttale

Vedtak:

Fylkesutvalet sluttar seg til fylkesrådmannen sine framlegg til endringar i Trivselshagen IKS sitt utkast til revidert selskapsavtale, jf. vedlegg 2.

FT-PS 44/2020 Det Vestnorske Teateret LL. Lånegaranti til nybygg

Vedtak:

1. Vestland fylkeskommune garanterer med sjølvskuldnarkausjon for lån som Det Vestnorske Teateret AS tek opp til nybygg, i samsvar med søknad dagsett 29. april 2020.
2. Garantien gjeld for hovudstol på inntil 70 mill. kr, med tillegg av 10 % av gjeldande hovudstol til dekning av påløpte renter og kostnader. Det maksimale garantibeløpet, 77 mill. kr, vert redusert i takt med nedbetaling av lånet.
3. Garantien gjeld frå vedtakstidspunktet og ut år 2042.
4. Vedtaket må godkjennast av Kommunal- og moderniseringsdepartementet etter kommunelova § 14-19.

FT-PS 103/2020 Moster 2024 AS - Endring av aksjonæravtale

Vedtak:

1. Fylkestinget godkjenner aksjonæravtalen og tilhøyrande dokument til Moster 2024 AS.
2. Fylkestinget vedtek å opprette Moster 2024 AS med tilhøyrande stiftingsdokument, vedtekter, instruks for valkomité og aksjonæravtale.
3. Dette vedtaket erstattar punkt 1 i tidlegare vedtak i fylkestinget 03.03.2020 (FT-PS 07/2020).
4. Vedtaket forutset at Bømlo kommune gjev si tilslutning til grunnlagsdokumenta for stiftinga av selskapet

FT-PS 114/2020 Endring av namn i selskapsavtalen for Grieghallen IKS

Vedtak:

Fylkestinget godkjenner endra selskapsavtale for Grieghallen IKS.

Val- og innstillingssaker til eksterne organ i 2019 og 2020

Det er i 2019 og 2020 gjort ei rekke innstillingar og val til selskapsorgan m.m. Ei oversikt over kven som er valt inn finn ein i valregisteret på fylkeskommunen sine nettsider:
<https://www.vestlandfylke.no/globalassets/politikk/valregister.pdf>.

Eigarskapskontollar, selskapskontollar, mv.:

FT-PS 1/2020 Selskapskontroll av Ferde AS - Revisjonsrapport

Vedtak:

På bakgrunn av gjennomført selskapskontroll av Ferde AS ber fylkestinget Vestland fylkeskommune sin eigarrepresentant bidra til at **eigarane** syter for å:

1. Innføre tiltak for å sikre tilfredsstillande kontinuitet med omsyn til eigarrepresentasjon i generalforsamling og eigarmøte
2. Etablere ein felles eigarstrategi for Ferde AS
3. Etablere ei rutine for jamlege eigarmøte
4. Følgje systematisk opp eigarrapporteringa frå selskapet (dette kan ev. gjerast i eigarmøta)
5. Fylkestinget ber også om at eigarane lagar ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune innan 01.05.2020 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

På bakgrunn av gjennomført selskapskontroll av Ferde AS ber fylkestinget eigarrepresentanten i Vestland fylkeskommune bidra til å be styret syta for at **selskapet**:

1. Fullfører arbeidet med å utarbeide nye arbeidsavtalar for alle tilsette
2. Utarbeider rutinar for bruk av bierverv og for å dokumentere godkjenning av bierverv
3. Retter opp i dei identifiserte manglane i personvernerklæringa
4. Sikrer at protokollen over behandlingar av personopplysningar blir haldt á jour og er komplett
5. Gjennomfører tilstrekkelege risikovurderingar for behandling av personopplysningar, sikre at desse blir gjennomført før behandlinga finn stad, og at dei femner om alle relevante risikoar
6. Etablerer tilstrekkeleg økonomisk internkontroll, mellom anna:
 - a) Fullfør revideringa av fullmaktsmatrisa, og sikre at denne er eintydig, utfyllande og i samsvar med andre rutinar og retningslinjer, samt inkluderer kjøp under kr. 100 000
 - b) Halde fram med det pågående forbettingsarbeidet knytt til styring og kontroll på økonomiområde, inkludert med omsyn til å dokumentere rutinar og prosessar, og med å klargjere ansvar og rollar.
 - c) Sikre at det er samsvar mellom rutinar og praksis knytt til godkjenning av fakturaer
 - d) Utarbeide retningslinjer knytt til bestilling og gjennomføring av reiser for å sikre ein lik praksis for dei tilsette
7. Fullfører etableringa av system og rutinar for gjennomføring av anskaffingar, og sikre at desse blir gjort i samsvar med krav i regelverket, og under dette:
 - a) Konkurranseeksponere anskaffingar i samsvar med krav i regelverket
 - b) Dokumentere innkjøp i samsvar med krav i regelverket
8. Etablerer rutine for å dokumentere relasjonar mellom nærståande og eventuelle transaksjonar mellom desse
9. Sikrer at rutinar for vurdering av uavhengigkeit og habilitet i høve innkjøp er utfyllande
10. Gjennomfører planlagt opplæring av tilsette som gjer innkjøp
11. Fylkestinget ber også om at styret syter for at selskapet lagar ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune innan 01.05.2020 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

KUV-PS 2/2020 Selskapskontroll av Skyttel AS - status i arbeidet med Deloitte

Vedtak:

1. På bakgrunn av det som kom fram i møtet ber kontrollutvalet Deloitte om å levere ein redigert prosjektplan til sekreteriatet innan 24.02.2020.
2. Kontrollutvalet gjev leiar i utvalet, i samråd med sekreteriatet, fullmaktr til å godkjenne den redigerte prosjektplanen.
3. Det er ei målsetting at revisjonsrapporten skal handsamast i møte i kontrollutvalet 11.05.2020 og i fylkestinget i 09.06.2020.

KUV-PS 13/2020 Oppfølging - Selskapskontroll av Grieghallen IKS

Vedtak:

1. Kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune ber om at dagleg leiar i Grieghallen IKS møter i utvalet 16.03.2020 for gjera greie for kvifor det ikkje er komme utfyllande svar på dei 9 punkta som kom fram i selskapskontrollen som ble vedteken i fylkestinget i Hordaland fylkeskommune 12.12.2018.
2. Kontrollutvalet sluttar seg til at det er føremålstenleg at vidare oppfølging av den delen av selskapskontrollen som gjeld fylkesordførar sitt ansvar vert teken med i arbeidet i valnemnda vinter/vår 2020.
3. Tilbakemelding frå fylkesordførar på desse tre punkta vert å levere sekretariatet slik at det kan handsamast i møte i kontrollutvalet 11.05.2020:
4. Følgje opp KS og Vestland fylkeskommune sine tilrådingar for val av styre og styrearbeid:
 - a) grunnleggjering av val av styremedlemmar.
 - b) rutinar for styrearbeid slik som styreevaluering, årsplan, instruksar m.m.
 - c) registrering av styreverv i KS sitt styrevervregister.

KUV-PS 16/2020 Tilleggsbestilling - Selskapskontroll av Ferde AS

Vedtak:

1. Kontrollutvalet ber om at det vert gjennomført tilleggsbestilling til selskapskontroll av Ferde AS i tråd med det som går fram over.
2. Kontrollutvalet ønskjer ikkje å bruke Deloitte eller andre revisjonsselskap som har vore involvert i prosessen med etablering av Ferde AS til dette arbeidet. Rogaland revisjon kan vera ein aktuell aktør å spørje.
3. Det er ei målsetting at forslag til prosjektplan skal godkjennes i neste møte i kontrollutvalet.
4. Det er primært ønskjeleg at tilleggsbestillinga vert gjennomført i samarbeid med kontrollutvala i både Rogaland fylkeskommune og Agder fylkeskommune.

KUV-PS 30/2020 Tilleggsbestilling - Selskapskontroll av Ferde AS

Vedtak:

1. Kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune sluttar seg til at Kontroll - og kvalitetsutvalget i Rogaland fylkeskommune ber Rogaland Revisjon IKS gjennomføre «Tilleggsbestilling - Selskapskontroll av Ferde AS», med utgangspunkt i forslag til prosjektplan.
2. Kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune vil vera med på å dele kostnadene for selskapskontrollen.
3. Det vert akseptert ein samla timeressurs på inntil det timetal som ligg i forslag til prosjektplan, 250 timer.
4. Eventuelle justeringar i problemstillingane skal godkjennast av kontrollutvalet gjennom sekretariatet.
5. Kontrollutvalet kjem tilbake til eventuell bestilling av presentasjon av revisjonsrapporten for kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune og og/eller Vestland fylkesting.
6. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Rogaland Revisjon IKS si side seinast innan 26.08.2020, ferdig verifisert og med selskapet, eigarrepresentant og fylkesrådmannen sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.

KUV-PS 36/2020 Handlingsplan Selskapskontroll av Bybanen AS

Vedtak:

A1. Kontrollutvalet ser positivt på det forbettingsarbeidet fylkesrådmannen har starta opp i samband med selskapskontroll av Bybanen AS.

A2. Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen komme med ny skriftleg status på oppfølging av alle punkta i selskapskontroll slik at det kan handsamast i møte i oktober 2020.

A3. Tilbakemeldinga vert å levere sekretariatet seinast innan 21.09.2020.

B1. Kontrollutvalet ser positivt på det forbettingarbeidet Bybanen AS har gjennomført i samband med selskapskontroll av Bybanen AS.

B2. Kontrollutvalet ber om ny skriftleg status på oppfølging av alle punkta i denne selskapskontrollen til møte i utvalet i oktober 2020.

B3. Tilbakemeldinga må også innehalde skriftleg dokumentasjon på det som er gjort for alle dei gjennomførte forbetringane. B4. Tilbakemeldinga vert å levere sekretariatet seinast innan 21.09.2020.

KUV-PS 54/2020 Handlingsplan - Selskapskontroll av Ferde AS

Vedtak:

1. Kontrollutvalet ber Ferde AS om å koma med ny skriftleg tilbakemelding på status for oppfølging av selskapskontroll av selskapet til møte i utvalet 12.10.2020.
2. Tilbakemeldinga må også innehalde skriftleg dokumentasjon som viser det som er gjort på alle punkta for å få på plass forbetringane.
3. Tilbakemeldinga vert å sende sekretariatet innan 21.09.2020.

KUV-PS 60/2020 Oppfølging - Selskapskontroll av Grieghallen IKS - Selskapet orienterer

Vedtak:

1. Kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune har merka seg at Grieghallen IKS ikkje har følgd opp selskapskontroll av selskapet i tråd med vedtaket i Hordaland fylkeskommune 12.12.2018 på ein tilfredsstillande måte og på ein måte som ivaretok krava i IKS-loven.
2. Kontrollutvalet ber om at Grieghallen IKS kjem med utfyllande svar, og dokumentasjon på kva som er/vil verta gjennomført på dei 9 punkta som kom fram i selskapskontrollen, slik at det kan handsamast i møte i kontrollutvalet 12.10.2020.
 1. Sende innkalling til representantskapsmøta i samsvar med intkomsel. § 8 og selskapsavtalen.
 2. Utarbeide økonomiplan i samsvar med intkomsel. § 20 og selskapsavtalen
 3. Sikre rettidig handsaming av budsjett og rekneskap i samsvar med intkomsel § 18 og forskrift om budsjett, regnskap mm for IKS § 4.
 4. Formalisere rolla som arbeidande styreleiar og kva oppgåver som ligg til denne rolla.
 5. Formalisere avtaleforholdet med innleigd dagleg leiar og kva oppgåver som ligg til denne rolla.
 6. Utarbeide skriftlege rutinar og kontrollar for dei viktigaste arbeidsprosessane i selskapet.
 7. Be om årleg rapportering frå Grieghallen AS om vedlikehald av bygget.
 8. Vurdere om det kan vera føremålstensleg å tinglysa ein uråderett knytt til eigedommen, ettersom det er Musikkelskabet Harmoniens fondsforvaltning som har heimel til tomta.
 9. Vurdere om selskapet treng både dagleg leiar og arbeidande styreleiar.
3. Tilbakemelding vert å sende sekretariatet seinast innan 21.09.2020.

KUV-PS 64/2020 Oppfølging - Selskapskontroll av Grieghallen IKS

Vedtak:

1. Kontrollutvalet ber fylkesordførar om å komme med ny skriftleg status på oppfølging av desse punkta etter selskapskontroll av Grieghallen IKS til møte i kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune 25.11.2020.

Følgje opp KS og Vestland fylkeskommune sine tilrådingar for val av styre og styrearbeid:

- a) grunngjeving av val av styremedlemmar.
- b) rutinar for styrearbeid slik som styreevaluering, årsplan, instruksar m.m.
- c) registrering av styreverv i KS sitt styrevervregister.

2. Tilbakemeldinga vert å sende sekretariatet innan 04.11.2020.
3. Kontrollutvalet føreset at innkallingar til generalforsamling, representantskap og liknande organ vert send utvalet i god tid før aktuell møtedato, jf. kommunelova § 23-6.

FT-PS 95/2020 Selskapskontroll av Skyttel AS - Revisjonsrapport

Vedtak:

På bakgrunn av gjennomført selskapskontroll av Skyttel AS ber fylkestinget Vestland fylkeskommune sin eigarrepresentant bidra til at eigarane syter for å:

1. Vurderer korleis ein kan legge til rette for å sikre tilfredsstillande kontinuitet med omsyn til

- eigarrepresentasjon i generalforsamling og eventuelle eigarmøte.
2. Etablerer ein felles eigarstrategi for Skyttel AS.
Etablerer ein rutine for jamlege eigarmøte.
 3. Fylkestinget ber også om at eigarane lagar ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune innan 01.11.2020 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

På bakgrunn av gjennomført selskapskontroll av Skyttel AS ber fylkestinget eigarrepresentanten i Vestland fylkeskommune bidra til å be styret syta for at selskapet:

1. Utarbeider ein strategi for selskapet.
2. Held fram med forbetningsarbeidet knytt til systematisering og skriftleggjering av styrearbeidet
3. Utarbeider rutinar for å dokumentere godkjenning av bierverv.
4. Etablerer ei føremålstenleg eigarrapportering.
5. Sikrar etterleving av personopplysningsregelverket, inkludert:
 - a) Vurderer formalisering av vurderingane som ligg bak forståinga av at Skyttel i hovudsak er databehandlar av personopplysingar på vegner av andre.
 - b) Utarbeider og inngår databehandlaravtalar med alle selskapet sine databehandlarar.
 - c) Treff tiltak for at det blir inngått databehandlaravtale med alle oppdragsgjevarane Skyttel behandler personopplysningar på vegner av.
 - d) Held protokollen over behandlinger av personopplysningars á jour og komplett.
 - e) Gjennomfører tilstrekkelege risikovurderinger for behandling av personopplysningars.
 - f) Treff tiltak for å sikre at overføring av personopplysningars frå EØS blir gjort i samsvar med krava i regelverket.
6. Etablerer tilstrekkeleg økonomisk internkontroll, mellom anna:
 - a) Sikrar at kvalitetssystemet blir implementert i organisasjonen.
 - b) Tydeleggjer og formaliserer kven som har kva ansvar og rolle på økonomiområdet, t.d. gjennom å etablere ein fullmaksstruktur og å oppdatere relevante stillingsskildringar.
 - c) Utarbeider retningslinjer knytt til bestilling og gjennomføring av reiser for å sikre ein lik praksis for dei tilsette.
7. Sikrar at rutinar og praksis for innkjøp er tilstrekkeleg utfyllande og effektive, inkludert:
 - a) At innkjøpsrutinen femner om relevante innkjøpsfaglege prosessar.
 - b) Sikrar at innkjøp blir konkurransesponert i samsvar med føringar frå styret.
 - c) Sikrar at innkjøp blir tilstrekkeleg dokumenterte for å sikre etterprovbarheit
 - d) Vurderer tiltak for å tydeleggjere kva innkjøpsfagleg rolle den innkjøpsansvarlege skal ha.
8. Fylkestinget ber også om at styret syter for at selskapet lagar ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune innan 01.11.2020 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

2. Rammer for eigarstyring – reglar, prinsipp og retningsliner

2.1 Interessekonflikt mellom eigarinteresser, selskapsinteresser og forvaltningsoppgåver - nokre problemstillingar

Fylkeskommunen opptrer både som offentleg organ som utfører forvaltningsoppgåver, og som eigar med eigarinteresser. Dette kan føre til interessekonfliktar.

Omsynet til at forvaltinga av ressursar skal gagne samfunnet og dei som bur i fylket, kan t.d. verte utfordra av eigarinteressene til fylkeskommunen. Her vil folkevalde og tilsette kunne oppleve lojalitetskonflikt ved utøvinga av dei ulike rollene.

Forbod mot å legge vekt på usaklege omsyn i forvaltningsavgjelder

Forvaltningsavgjelder må takast ut frå saklege og relevante omsyn⁶. Folkevalde og offentlege tenestemenn/-kvinner skal ikkje vektlegge omsyn som spring ut frå private interesser, anten dette gjeld styrearbeid i eit selskap eller anna⁷. Dette vil kunne reknast som usaklege og/eller utanforliggende omsyn.

2.1.1 Døme på tilfelle der interessekonflikt kan oppstå

Eigarskap kan føre til utfordringar i utøvinga av forvaltningsmynde og folkestyre til dømes ved

- utforming av konsesjonsvilkår innan transport og energisektoren
- utøving av fylkeskommunalt reguleringsmynde på andre konkurranseutsette område, i tilfelle fylkeskommunen har eigarskap i selskap som driv verksemد innanfor dette området
- tildeling av konsesjonar innanfor sektorar der fylkeskommunen også utøver næringsverksemد
- anbodskonkurransar
- at fylkeskommunen gjer seg stadig meir økonomisk avhengig av inntekter frå slike selskap

2.2 Reglar om habilitet - folkevalde i ulike roller

2.2.1 Generelt

For best mogleg oversyn over dei folkevalde sine ulike roller, er det viktig at alle registrerer sine verv i KS sitt styrevervregister. Dette vert gjort på www.styrevervregisteret.no/.

Målet med habilitetsreglane er å sikre at berre saklege omsyn vert veklagt ved forvaltninga sine avgjelder, slik at forvaltninga treff materielt korrekte avgjelder, samt å ivareta at folk har tillit til at dette er tilfellet.

For folkevalde i kommunalforvaltninga gjeld reglane om habilitet i forvaltningslova kapittel to og særreglane i kommunelova § 11-10. Fylkestinget legg til grunn at det er viktig med presise habilitetsvurderingar, slik at folkevalde ikkje vert avskorne frå retten og plikta til å delta ved handsaminga av saker i større grad enn lovgjevar har lagt opp til.

For praktisk informasjon om korleis ein som folkevald skal gå fram for å få habiliteten sin vurdert, sjå «Folkevalde i Vestland - rettar og plikter», s. 12.

Det er opp til det folkevalde organet sjølv å avgjere spørsmål om habilitet jf. forvaltningslova § 8 andre ledd.

Ved handsaminga av eigarskapsmeldinga i dei folkevalde organa i fylkeskommunen, bør organet først handsame den generelle delen for seg. Deretter bør organet handsame kvart enkelt selskap i del II, slik at folkevalde som er ugilde overfor eitt selskap, har høve til å ta del i avgjelder som rettar seg mot andre selskap.

2.2.2 Reglane om habilitet

Habilitetsreglane i forvaltningslova

Ein offentleg tenestemann/-kvinnne er uggild til å legge til rette grunnlaget for, eller til å treffe avgjerd, i ei forvaltningssak dersom eitt eller fleire av vilkåra i forvaltningslova (fvl.) § 6 er oppfylte. Reglane gjeld også for folkevalde.

Omgrepet avgjerd skal forståast vidt, og gjelde alle typar forvaltningsverksemد, også privatrettslege avgjelder i til dømes eigarskapssaker. Utanfor fell derfor reine orienteringssaker som ikkje skal munne ut i ei avgjerd.

Automatisk inhabilitet føreligg når ein offentleg tenestemann/folkevald

- sjølv er part i saka
- er i slekt eller svøgerskap med ein part i opp- eller nedstigande line eller i sideline så nær som søsken
- er gift med eller forlova med eller er fosterfar, fostermor eller fosterbarn til ein part

⁶ Jf. den ulovfesta læra om myndemisbruk.

⁷ Eckhoff/Smith, Forvaltningsrett, 8. utgåve, s. 371.

- er verje eller fullmektig for ein part i saka eller har vore det før saka byrja
- er leiar eller har leiane stilling i, eller er medlem av styret eller bedriftsforsamling for anten eit samvirkeføretak, foreining, sparebank eller stifting som er part i saka, eller eit selskap som er part i saka. For sistnemnde (selskap) gjeld det likevel ikkje for ein person som utfører tenester eller arbeid for selskap som er fullt ut offentleg eigd og dette selskapet, åleine eller saman med andre tilsvarande selskap eller det offentlege, fullt ut eig selskapet som er part i saka

Etter siste punkt over vil ein offentleg tenestemann vere automatisk inhabil til å førebu eller ta avgjerd i ei sak, når vedkomande er medlem av styret i eit selskap som er part i saka. At personen vert automatisk inhabil i desse situasjonane, betyr at ein ikkje gjer noko vurdering av situasjonen elles, t.d. om vedkomande har personlege føremoner av vervet.

Eit selskap er part i saka når ei avgjerd er «rettet mot eller ellers direkte gjelder» selskapet, jf. fvl. § 2 første avsnitt bokstav e.

Regelen gjer seg ikkje gjeldande for utsendingar til eigarorgana i selskapa, her generalforsamling, representantskap og føretaksmøte, og omfattar heller ikkje medlemer av andre organ i selskapa enn styre og bedriftsforsamlingar.

Inabilitet etter ei konkret vurdering for andre situasjoner

Det følgjer av andre avsnitt i fvl. § 6 at "andre særegne forhold ... som er egnet til å svekke tilliten til hans upartiskhet", som til dømes personlege føremoner eller ulemper for den folkevalde eller nærmiljøet, vil føre til inhabilitet.

Eit selskap som ikkje har status som part i ei sak som er til handsaming i folkevald organ, kan likevel kunne få fordelar eller ulemper av saksutfallet. Ein folkevald som er leiar eller styremedlem i selskapet vil i slike tilfelle ikkje automatisk bli uggild etter fvl. § 6 første avsnitt bokstav e, men kan bli det etter ei konkret vurdering etter fvl. § 6 andre avsnitt dersom det føreligg særegne forhold som er eigna til å svekke tilliten til at han opptrer upartisk i saka.

Habilitetsreglane i kommunelova

Medlemer av eit fylkeskommunalt folkevald organ har rett til og pliktar å delta i organet sine møte om dei ikkje har gyldig forfall, jf. kommunelova (koml.) § 8-1. Inabilitet kan føre til at denne retten og plikta må vike, og kommunelova har reglar om inhabilitet for folkevalde som kjem i tillegg til reglane i forvaltningslova.

Etter koml. § 11-10 er ein folkevald som har vore med på å førebu eller treffe vedtak i ei sak som tilsett i fylkeskommunen, inhabil til seinare å handsame saka i eit folkevald organ. Regelen gjeld ikkje ved handsaming av årsbudsjett, økonomiplan, kommuneplan, regional planstrategi og regional plan. Sameleis er ein folkevald inhabil når ein klageinstans skal handsame ein klage etter fvl. § 28, som vedkomande har vore med på å førebu eller treffe vedtak om i førsteinstansen.

Ein folkevald er ikkje inhabil ved val av personar til offentlege tillitsverv, eller ved fastsetting av godtgjersle og liknande for slike verv.

Ein folkevald kan, uavhengig av habilitetsspørsmål, søke om å bli friteken frå å delta ved handsaminga av ei sak, dersom personlege grunnar tilseier fritak, jf. koml. § 11-11. Det er organet sjølv som tek stilling til spørsmålet.

Nærare om habilitet i anbodssaker

Fylkestinget legg til grunn at folkevalde som er styremedlemer i selskap som opererer innanfor den marknaden den aktuelle konkurransen gjeld, vil vere inhabile som folkevalde frå og med utarbeiding av konkurransegrunnlaget og fram til endeleg avgjerd om kven som får tildelt kontrakt. Årsaka til dette er at ein ved utforming av konkurransegrunnlaget mellom anna fastset tekniske spesifikasjoner på materiell. Deltek til dømes styremedlemer i selskap innanfor sektoren i arbeidet, eller er med på å godkjenne konkurransegrunnlaget i konkurransen, kan dette utløyse grunngjevne skuldingar om at vedkomande har høve til å medverke til gunstige spesifikasjoner for selskapet vedkomande er styremedlem i.

Fylkestinget meiner nemnde styremedlemer ikkje vil vere inhabile til å delta i alminnelege politiske drøftingar om fylkeskommunal rutetrafikk.

Rettleiar

For meir informasjon om folkevalde sin habilitet, viser fylkestinget til Kommunal- og regionaldepartementet sin rettleiar om temaet frå 2011 (rettleiaren er utarbeidd til kommunelova av 1992)¹¹.

2.3 Reglar om innsyn i eigarskapssaker

Utgangspunktet etter offentleglova (offl.) er at ålmenta skal ha rett til innsyn i forvaltninga sine saksdokument. Unntak må ha heimel i lov eller forskrift.

I eigarskapssaker handsamar både administrasjonen og kollegiale organ saksdokument som fylkeskommunen har fått i eignskap av å vere eigar. Slike dokument kan innehalde opplysningar som det *ska/gjerast* unntak frå innsyn i. Lovheimel for dette følgjer av reglane i offl. § 13, jamfør fvl. § 13 om teiepliktige opplysningar.

I andre tilfelle kan dokument innehalde opplysningar som *kan* unntakast offentlegheit.

Det kan for det første gjerast unntak for dokument som gjeld selskap der fylkeskommunen har eigarinteresser, og som blir handsama av vedkomande organ som eigar, men berre dersom selskapet ikkje er omfatta av verkeområdet til offentleglova, jf. offl. § 23 4. avsnitt. Denne unntaksregelen tek sikte på dokument som til dømes gjeld organiseringa av selskapet, føremål og målsetting for verksemda, økonomiske rammer og budsjett, eller meir konkrete spørsmål om strategi. Unntaket etter offl. § 23 4. avsnitt kan ikkje nyttast når eigarorganet optrer som forvaltningsorgan overfor selskapet.

Vidare kan dokument som omhandlar fylkeskommunen sin forhandlingsposisjon når det kjem til privatøkonomiske interesser, som ved kjøp eller sal av eigardel, unntakast offentleg innsyn etter offl. § 23 1. avsnitt.

Interne og eksterne notat til bruk i den interne saksførebuinga kan også i visse tilfelle unntakast offentleg innsyn etter offl. §§ 14 og 15.

2.4 Folkevalde som eigarrepresentant

2.4.1 Kort om eigarorganet i eit selskap

Eigarorganet er det øvste organet i eit selskap. I aksjeselskap er dette generalforsamlinga, medan det i interkommunale selskap er representantskapet. Eigarorganet har ein alminneleg instruks- og omgjeringsrett overfor styret. Det er såleis gjennom eigarorganet at eigarane har moglegheit til å påverke styringa av selskapet.

Det er ope for at eigarorganet kan ta opp og fatte vedtak i ei kvar sak som gjeld selskapet. For aksjeselskap er det lovbestemt at det skal haldast ordinær generalforsamling kvart år. Generalforsamlinga vel som hovudregel heile styret.

I tillegg til ordinære møte i eigarorganet, kan eigarorganet gjennomføre meir uformelle eigarmøte. På slike eigarmøte kan det ikkje gjerast vedtak.

2.4.2 Utpeiking av fylkeskommunen sine eigarrepresentantar

Fylkestinget har gjennom Reglement for fylkesutvalet⁸ punkt 2.1.5 peikt ut kven som skal sendast ut som eigarrepresentant til møte i eigarorganana til selskapa:

2.1.5 Oppnemning til generalforsamlingar/årsmøte/styrande organ i selskap, stiftingar o.l. Fylkesordførar eller fylkesvaraordførar møter for fylkeskommunen på årsmøte og generalforsamlingar. Fylkesordføraren har likevel mynde til å gi andre fullmakt til å representere fylkeskommunen i generalforsamlingar/årsmøte. Dette gjeld også for aksjeselskap der fylkeskommunen er einaste aksjonær

Samhandling mellom fylkeskommunen sitt eigarorgan og eigarorganet i selskapet er ikkje regulert utover at eigarutøving skal skje på generalforsamlinga/i representantskapet. Det er difor viktig at retningslinene for kommunikasjon mellom eigarrepresentantane og fylkesutvalet, som har delegert fullmakt som eigarorgan frå fylkestinget, vert følgde i forkant av generalforsamling/representantskapsmøte/føretaksmøte, sjá punkt 3. Rutinar.

⁸ I Reglement for folkevalde organ og delegering

Det er også viktig at eigarrepresentanten kjenner til fylkeskommunen sine overordna og spesielle eigarstrategiar, samt føremålet med eigarskapen i det aktuelle selskapet. Det er forventa at eigarrepresentanten utøver rolla si i tråd med dette, og i tråd med det politiske fleirtalet sitt syn. Sjå punkt 3.7 Eigarrepresentanten sitt ansvar overfor fylkeskommunen om rutinar for eigarrepresentanten.

I spesielle saker og for enkelte selskap kan det vere føremålstenleg at ein representant frå administrasjonen er med eigarutsendinga i møte. Elles er det ei føremon å avgrense møtedeltakarane til nødvendige deltakarar.

Eigarrepresentanten møter også på dei meir uformelle eigarmøta. Eventuelt kan ein representant frå administrasjonen møte i tillegg.

2.5 Utpeiking av styrerepresentantar

2.5.1 Fylkeskommunen sine krav til eigenskapar, kompetanse og styremedlemene si uavhengige stilling

Fylkeskommunen har som eigar ansvar for at dei fylkeskommunen peikar ut til å sitje i dei ulike styra har kompetanse til å styre selskapet i samsvar med selskapet si verksamhet, strategi og handlingsplan. På denne måten medverkar fylkeskommunen til at styret som kollegium har god nok breidde og relevant kompetanse for selskapet.

Rolla som styremedlem er forskjellig frå rolla som folkevald sidan styrevervet er eit frivillig og personleg verv. Styremedlemen er personleg ansvarleg for å ivareta selskapet sine interesser til beste for alle eigarane.

Sjå punkt 3.3 Opplæring av folkevalde som skal utøve eigarskap.

2.5.2 Prosedyrar for val av styremedlemer

Styra i selskapa vert valde av eigarorgan, her generalforsamling/representantskap. Mange selskap har ei eiga valnemnd som førebur val av styre. Vedtekten og eventuelle aksjonæravtalar har ofte reglar om utpeiking av styremedlemene.

Avtalefesta prosedyre for val av styre

Når fylkeskommunen vurderer å gå inn som ny eigar i aksjeselskap, bør fylkeskommunen ta opp spørsmålet om å vedtekts- eller avtalefeste prosedyre for val av styre.

Valnemnd i selskapet

Det vil vere ei god løysing at fleire av selskapa etablerer valnemnd som tek seg av arbeidet med å finne kandidatar til styret.

Ordninga med valnemnd bør i så fall vedtektsfestast. Generalforsamlinga bør i tillegg fastsette retningslinjer for valnemnda, velje leiar og medlemer og fastsette eventuell godtgjersle for nemnda.

Det er særskilt viktig at valnemnda, i sitt arbeid med å foreslå kandidatar til styret, har kontakt med aksjonærane, styremedlemane og dagleg leiar. Det er også viktig at nemnda, i innstillinga til generalforsamlinga, grunngjev dei ulike kandidatforsлага og gjer greie for nominasjonsprosessen. Grunngjevinga bør m.a. innehalde informasjon om kandidaten sin kompetanse, kapasitet og uavhengigheit. Ved attval bør grunngjevinga opplyse om kor lenge kandidaten har vore styremedlem og om faktisk deltaking i styremøta.

Valnemnda si samansetjing bør vere slik at aksjonærfellesskapet sine interesser vert ivaretakne. Nemnda bør vere uavhengig av styret og leiande tilsette.

Valnemnda bør også foreslå kandidatar til valnemda og godtgjersle til medlemer av styret og valnemnda.

Der eigarane skal foreslå kandidatar, bør selskapet informere eigarane om kven som er medlem av nemnda og fristar for å foreslå kandidatar.

Styresamansetjing i konsernmodell

Styret i morselskap bør ikke sitte i styret til datterselskap fordi styret i morselskap er generalforsamling i datterselskap. Dette er viktig for å unngå rolleblanding i konsernforhold. Konserndirektøren kan vere representert i styra i datterselskapa. Fylkeskommunen er eigar i nokre selskap med konsernmodell og må vere bevisst denne problemstillinga.

Habilitetsvurdering og politisk representasjon i styra

Fylkeskommunen bør ved utpeiking av styrerepresentantar vurdere om det kan oppstå ikkje-ynskjelge habilitetskonfliktar for den som vert utpekt.

Når det er spørsmål om å velje folkevalde eller tilsette i fylkeskommunen til styremedlemer, bør organet som peikar ut medlemer vurdere kor ofte vedkommande kan verte ugild etter reglane lista opp i kapittel 2.2.2 Reglane om habilitet. Dersom ugildskap ofte vil inntrefte, må organet vurdere om dette vil gjere det lite føremålstenleg å velje den aktuelle personen som styrerepresentant. Dette vil typisk gjelde sentrale folkevalde eller tilsette i leiarstillingar. Organet må sjølv vurdere om ulempene ved å velje slike personar som styrerepresentantar er større enn behovet for å ha den aktuelle personen i styret.

Fylkesordførar og fylkesvaraordførar bør ikke ha styreverv i selskap.

2.5.3 Reglar om kjønnsbalanse i styra

Aksjeselskap der kommunar og fylkeskommunar har eigarmajoritet

Stortinget vedtok våren 2009 krav om representasjon av begge kjønn i styra i kommunalt kontrollerte aksjeselskap. Kravet er lovfesta i kommunelova § 21-1 som syner til aksjelova § 20-6 om kjønnsbalanse i statsaksjeselskap. For at eit aksjeselskap skal reknast for å vere eit kommunalt kontrollert aksjeselskap, må kommunar og fylkeskommunar til saman eige minst to tredelar av aksjane i selskapet.

Aksjelova § 20-6, 1. avsnitt lyder slik:

«I styret i statsaksjeselskap skal begge kjønn være representert på følgende måte:

1. Har styret to eller tre medlemmer, skal hvert kjønn være representert.
2. Har styret fire eller fem medlemmer, skal hvert kjønn være representert med minst to.
3. Har styret seks til åtte medlemmer, skal hvert kjønn være representert med minst tre.
4. Har styret ni medlemmer, skal hvert kjønn være representert med minst fire, og har styret flere medlemmer, skal hvert kjønn være representert med minst 40 prosent.
5. Reglene i nr. 1 til 4 gjelder tilsvarende ved valg av varamedlemmer.»

Interkommunale selskap

For interkommunale selskap er det krav om tilnærma 40 % kjønnsrepresentasjon i styra. Dette følger av IKS-lova § 10, jamfør aksjelova § 20-6.

Andre verksemder

Fylkestinget tilrår at eigarorganet uavhengig av organisasjonsform og lovkrav forsøker å oppnå balansert kjønnsrepresentasjon i styra for å betre utnytte eksisterande kompetanse i regionen.

2.5.4 Kort om styret sitt ansvar og arbeid

Forvaltninga av aksjeselskap og interkommunale selskap (IKS) ligg til styret. Styret har m.a. ansvaret for å organisere verksemda på ein forsvarleg måte, for å fastsette planar og budsjett for verksemda, for å halde seg orientert om selskapet si økonomiske stilling og for at verksemda, formuesforvaltninga og rekneskapa er under kontroll. Styret skal også føre tilsyn med den daglege leiinga og selskapet si verksemde elles. Generalforsamlinga i aksjeselskap og representantskapet i eit IKS er selskapet sitt øvste organ, men dei deltek ikke i den daglege forvaltninga av selskapet.

Styret er ansvarleg for at selskapet vert forvalta lojalt i samsvar med føremålet med selskapet. Styret skal altså sørge for at selskapet realiserer målet som eigarane hadde ved etableringa av selskapet.

Styremedlemer i aksjeselskap der fylkeskommunen eig minimum 50 % av aksjane, er forsikra i KLP Skadeforsikring. Forsikringssummen er 50 mill. kr per skadetilfelle.

2.5.5 Fylkeskommunen sine forventningar til styre i selskap

Styret bør fastsetje instruks for seg sjølv og for den daglege leiinga, særleg med tanke på klar intern ansvars- og oppgåvefordeling. Styret bør evaluere arbeidet og kompetansen sin årleg.

Styret skal sjå til at selskapet har god internkontroll og føremålstenlege system for risikostyring. Internkontrollen og systema bør også omfatte selskapet sine retningsliner for korleis omsyn til omverda er integrert i verdiskapinga.

2.6 Retningsliner for eigarutøving overfor selskapet

2.6.1 Rammer for eigarutøving

Utgangspunktet i selskapslovgjevinga er at aksjonærar utøver eigarskap gjennom generalforsamlinga eller representantskap. Som utgangpunkt må instruksjon av styret eller enkelte styremedlemer skje gjennom fleirtalsvedtak i eigarorganet.

Generalforsamlinga kan treffe vedtak i alle saker som gjeld selskapet, med mindre lova legg mynde til å fatte avgjerd til andre organ (t.d. bedriftsforsamlinga i selskap som har slik).

Som selskapet sitt øvste organ, kan generalforsamlinga instruere andre selskapsorgan, gjere om deira avgjerder eller direkte treffe vedtak i sakene til andre selskapsorgan, med mindre lova eksplisitt tek frå generalforsamlinga dette myndet.

Fylkeskommunen understrekar at samspelet mellom eigar, styre og dagleg leiing i eit selskap er viktig. Dersom desse ikkje er samde om retninga verksemda skal velje, og heller ikkje om kva forventningar partane har til resultat, kan dette stille selskapet i ein uheldig posisjon.

Det er difor nærliggjande å ha dialog med selskapa også utanfor generalforsamlinga. I punktet nedanfor har fylkeskommunen sett opp eigne retningsliner for korleis eigardialog skal gjennomførast. Retningslinene gjeld både i og utanfor generalforsamlinga. I eigardialogen utanfor generalforsamlinga, vert det særleg stilt krav til at prinsippa bak retningslinene vert følgde.

2.6.2 Eigardialogen

Eigar *utøving* skal som nemnt skje på generalforsamlinga.

Fylkeskommunen oppmodar selskap vi er aksjonærar i til å fastsette retningsliner for kontakt selskapet har med aksjeeigarar utanfor generalforsamlinga, i samsvar med anbefalingane til NUES⁹. Dersom eit styre har vedteke eigne retningsliner for slik kommunikasjon, vil fylkeskommunen som eigar ta omsyn til desse ved utøving av eigarrolla. Fylkeskommunen kan også sjølv fastsette retningsliner for dette, t.d. i samband med utarbeiding av eigarstrategi for enkelte selskap.

Fylkeskommunen brukar kvartalsresultat, årsrekneskap og årsmeldingar, anna offentleg tilgjengeleg informasjon, og informasjon tilknytt generalforsamlingar for å få relevant informasjon om selskapet.

Fylkeskommunen kan utover dette, og innanfor selskapslovgjevinga, ha møte/kontakt med selskapet si leiing og styre som ein del av eigaroppfølginga. I desse møta kan fylkeskommunen, som andre aksjeeigarar, ta opp forhold som selskapa bør vurdere i tilknyting til si verksemeld og utvikling. Kontakten kan dreie seg om problemstillingar knytt til samfunnsansvar, forventa utbyte, konkrete krav om tiltak for å betre lønsemd, sosiale tilhøve, kompetanse, konkurranse, kapitalbehov og selskapet sine eigne moglegheiter for å hente kapital, m.m. Her vil utgangspunktet naturleg vere måla til eigarane med eigarskapen og forventningar til selskapet. Eigar må vidare kunne følgje opp om leiinga i selskapet handlar i tråd med deira interesser. Eigar kan krevje at selskapet rapporterer på forhold som er tekne opp med selskapet og om korleis selskapet vert styrt.

Det kan vere føremålstenleg at eigar går i dialog med styret for å formulere eit tydeleg eigarmål for eigarskapen i selskapet. Her kan det stillast klare krav til selskapet, ut frå selskapet sin eigenart, marknad og risiko. Behovet for slik dialog må avgjera konkret for kvart enkelt selskap. Dialog med styret må handterast innanfor dei rammene som følger av selskapslovgjevinga, og i tråd med omsynet til likehandsaming av aksjeeigarar.

Fylkestinget legg til grunn at styret har ansvaret for å følgje opp fylkeskommunen sine forventningar. Fylkeskommunen legg til grunn at selskapa rapporterer om vesentlege tilhøve og hendingar. Dersom selskapa avvik frå fylkeskommunen sine forventningar, noko det kan vere gode grunnar for å gjere, forventar fylkestinget at selskapa forklarer dette («følg eller forklar»-prinsippet).

⁹ <https://nues.no/eierstyring-og-selskapsledelse/>

Særleg om omsynet til likehandsaming av aksjonærar

I selskap der fylkeskommunen er aksjonær saman med andre, bør fylkeskommunen legge vekt på å opptre slik at selskapet ikkje forskjellsbehandlar aksjonærane. For private aksjonærar har det mykje å seie at fylkeskommunen, som i enkelte selskap er dominerande eigar, ikkje utøver eigarskapen sin slik at andre aksjonærar sine rettar eller økonomiske interesser vert påverka negativt.

Dette prinsippet bør likevel ikkje vere til hinder for at fylkeskommunen, som andre eigarar, kommuniserer sine synspunkt om utviklingsretning for selskapet. Dette er tvert i mot ei viktig eigaroppgåve; å vere ein tydeleg eigar som set selskapet si verdiskaping i fokus.

Dialog og rapportering om samfunnsansvar, inkludert miljø og klima

I utgangspunktet skal selskapet rapportere om ikkje-finansielle tema som verksemda sin klima- og miljøpåverknad. Oppfølging av samfunnsansvar bør følgje retningslinene for eigardialog som er lista opp ovanfor. Fylkeskommunen kan i tillegg vurdere å be enkelte selskap rapportere om miljø og klima utover det som følgjer av rekneskapslova på bakgrunn av verksemda sin eigenart og marknaden den opererer i. Ei slik rapportering vil måtte ta utgangspunkt i forventninga om mål og strategiar for selskapet. Som eigar må fylkeskommunen kunne gjere kjent sine synspunkt om samfunnsansvaret til selskapet. Fylkeskommunen forventar at ei eventuell rapportering vil følgje «følg, eller forklar»-prinsippet.

Fylkeskommunen er oppteken av at selskapet gjer greie for dei viktigaste tilhøva når det gjeld samfunnsansvar. Dette vil kunne variere ut frå verksemda til selskapet og forventningane til fylkeskommunen på området. Fylkeskommunen meiner det er selskapet som er nærmast til å gjere desse vurderingane, men fylkeskommunen kan òg ta opp tilhøve ved behov.

3. Rutinar for fylkeskommunal eigaroppfølging

For å få eigarutøvinga til å vere effektiv og i tråd med politiske vedtak, er det naudsint med gode rutinar. Føremålet med rutinane er å sikre god informasjonsflyt og kontakt mellom partane.

3.1 Roller og ansvar

Kommunelova regulerer kva funksjon, rolle og ansvar fylkestinget, som øvste organ i fylkeskommunen, har.

Kva mynde fylkestinget har delegert til fylkesutvalet eller andre organ, går fram av delegeringsreglementet.

3.2 Rollefordeling i den fylkeskommunale eigarutøvinga

3.2.1 Rolla til fylkestinget og fylkesutvalet

Fylkesutvalet utøver eigarskapen på vegner av fylkestinget i dei fleste sakene om fylkeskommunal eigarskap, slik det følgjer av Reglement for fylkesutvalet, innleiinga, kulepunkt 4. Fylkesutvalet er såleis eigarorganet til fylkeskommunen.

Fylkestinget vedtek den årlege eigarskapsmeldinga til fylkeskommunen.

Utpiking av styremedlemer

Når det gjeld utpeiking av styremedlemer til selskap, er hovudregelen at dette er fylkestinget si oppgåve, sjá Reglement for fylkestinget punkt 2.4.6 :

Fylkestinget gjer mellom anna vedtak i saker om:

[...]

Val av representantar til styrande organ i selskap, stiftingar, institusjonar o.l., jf.. likevel reglement for fylkesutvalet pkt. 2.1.5.

I Reglement for fylkesutvalet punkt 2.1.5 er det presisert at:

Fylkesutvalet har mynde til å nemne opp representantar til styrande organ i selskap, stiftingar o.l. når avgjerdar ikkje kan vente til fylkestinget er samla.

For ei oversikt over gjennomførte val og utpeikingar så langt i år, sjå fylkeskommunen sitt valregister:
<https://www.vestlandfylke.no/globalassets/politikk/valregister.pdf>

Val av eigarrepresentant

Det går fram av Reglement for fylkesutvalet punkt 2.1.5 at fylkesordførar eller fylkesvaraordførar skal møte i eigarorgana til selskapa:

2.1.5 Oppnemning til generalforsamlingar/årsmøte/styrande organ i selskap, stiftingar o.l. Fylkesordførar eller fylkesvaraordførar møter for fylkeskommunen på årsmøte og generalforsamlingar. Fylkesordføraren har likevel mynde til å gi andre fullmakt til å representere fylkeskommunen i generalforsamlingar/årsmøte. Dette gjeld også for aksjeselskap der fylkeskommunen er einaste aksjonær

Det følgjer av IKS-lova § 6 og kommunelova § 19-3 at myndet til å velje representantar til representantskap i interkommunale selskap og kommunale oppgåvefellesskap ligg til fylkestinget sjølv. Ei oversikt over valde representantar er tilgjengeleg i fylkeskommunen sitt valregister:
<https://www.vestlandfylke.no/globalassets/politikk/valregister.pdf>

Kjøp og sal av eigapost i selskap m.m.

Fylkesutvalet tek avgjerd i saker om sal og kjøp av aksjar innanfor ei ramme på 2 mill. kr, jf. Reglement for fylkesutvalet punkt 2.1.1.

3.2.2 Fylkesordføraren si rolle

Fylkesordføraren har inga formell lovpålagnad rolle når det gjeld eigarskapen til fylkeskommunen, med mindre fylkestinget har gjort særskilde vedtak om obligatoriske oppgåver. Fylkestinget har gjort slikt vedtak gjennom Reglement for fylkesutvalet punkt 2.1.5:

Fylkesordførar eller fylkesvaraordførar møter for fylkeskommunen på årsmøte og generalforsamlingar. Fylkesordføraren har likevel mynde til å gi andre fullmakt til å representere fylkeskommunen i generalforsamlingar/årsmøte.

Når fylkesordføraren deltek på eigarmøte som eigarrepresentant, representerer han eller ho det politiske fleirtalet.

3.2.3 Den folkevalde si rolle

Den folkevalde har ei eigarrolle som medlem av fylkestinget. Den enkelte folkevalde har såleis inga eigarrolle som enkeltperson.

3.2.4 Fylkesrådmannen si rolle

Fylkesrådmannen har etter kommunelova ansvar for at alle saker som vert fremja til politisk handsaming skal vere forvarleg utgreidde. Fylkesrådmannen følgjer opp at fylkestinget sine uttrykte mål i eigarskapsmeldinga vert realiserte.

Representantar for administrasjonen møter i eigarorgan saman med eigarrepresentanten dersom det er ønskjeleg.

3.3 Opplæring av folkevalde

Plan

Innan seks månader etter fylkestingsvalet skal dei folkevalde få informasjon om selskapa sin status og opplæring i eigarrolla og rutinar for fylkeskommunal eigaroppfølging. Etter to år skal dei få eit oppfriskingsseminar. Fylkesutvalet må ta stilling til om det er ønskjeleg med ytterlegare opplæring utover dette.

Innhald

Det er viktig at dei folkevalde har kompetanse knytt til regelverket for eigarstyring og styringsrammer for selskapa. Dei folkevalde må få kunnskap om ulike roller som folkevald, styremedlem og representant i eigarorganet til selskapet. Det er behov for at dei folkevalde er merksame på dei ulike rollene, styringslinene og ansvarsfordelinga mellom dei ulike organa for å kunne utøve best mogleg aktiv eigarskap. Opplæringa vil klargjere korleis eigarkommunikasjon til eigarorganet i selskapet skal skje.

Kort om opplæring av styremedlemer

Fylkestinget si oppfatning er at kvart enkelt selskap har sjølvstendig ansvar for opplæring av sine styremedlemar i rettslege rammer for selskapet og kunnskap om selskapets føremål, verksemd, vedtekter, organisasjon og historie. Som eigar gjev fylkeskommunen styremedlemene selskapsinformasjon i Del II - VERKSEMDSOVERSIKT, mellom anna om dei ulike selskapa sine føremål og fylkeskommunen sine føremål med eigarskapen.

Fylkesutvalet kan på eige initiativ be om at det vert gjeve opplæring i styrearbeid for medlemene i fylkestinget.

3.4 Rutinar for utøving av fylkeskommunal eigarskap

Dialog mellom fylkesutvalet og eigarrepresentanten

Det er fylkesutvalet som fortløpende utover eigarrolla på vegner av fylkestinget, jf. Reglement for fylkesutvalet, innleiinga, kulepunkt fire. Fylkeskommunen sin eigarskap i selskapet vert utøvd gjennom eigarrepresentanten, som normalt er fylkesordføraren eller fylkesvaraordføraren. Ved behov drøftar fylkesutvalet eigarskapen til fylkeskommunen i dei ulike selskapa med eigarrepresentanten, og då særlig om den er i samsvar med eigarskapsføremålet, kva forventningar fylkeskommunen har til selskapet og om det er føremålstenleg å halde fram med eigarskapen. Rutinar for dette går fram av punkt 3.5 Rutinar for fylkestinget og fylkesutvalet si utøving av eigarstyring. God eigarskapsstyring er mellom anna å gje klare signal til eigarrepresentantane om fylkestingets mål og strategi med eigarskapen i det enkelte selskapet.

Eigarrepresentanten skal utøve fylkeskommunen sine interesser i selskapet, slik desse er komne til uttrykk hjå fleirtalet i fylkesutvalet. For aktiv eigarstyring er det difor viktig med dialog mellom fylkesutvalet og eigarrepresentanten før generalforsamlinga eller møte i representantskapet. Dette er nærmere omtala under kapittel 3.7 Eigarrepresentanten sitt ansvar overfor fylkeskommunen.

Ved eigarskapsutøving i aksjeselskap og interkommunale selskap skal fylkesutvalet særlig sikre at representantane i eigarorgana utover eigarinteressene til fylkeskommunen i samsvar med fylkesutvalet sitt syn og selskapslovgivinga.

Ei oversikt over kva forventningar fylkestinget har til dei ulike selskapa går fram av del II i eigarmeldinga. Rutinar for aktiv eigarskap går elles fram av 3.5 Rutinar for fylkestinget og fylkesutvalet si utøving av eigarstyring.

3.5 Rutinar for fylkestinget og fylkesutvalet si utøving av eigarstyring

3.5.1 Generelt

Eigarrepresentantane, eller den som møter med fullmakt, drøfter saker om og eigarpolitikken for kvart enkelt selskap med fylkesutvalet ved behov. Slike saker skal meldast inn til fylkesordføraren før møtet. Fylkesutvalet kan også be ein eigarrepresentant om å møte i utvalet.

3.5.2 Rutinar ved innkalling til møte i eigarorgan

Når eigarrepresentanten har motteke innkalling og sakliste til generalforsamling eller representantskapsmøte i selskapet, har ho eller han høve til å ta opp spesielle saker med fylkesutvalet. Eigarrepresentanten vil då få høve til å drøfte saka med utvalet, for å få styringssignal om eigarutøving for komande generalforsamling/representantskapsmøte.

Eigarrepresentanten møter på generalforsamling/representantskap. Her opptrer eigarrepresentanten i tråd med styringsinstruksane ho eller han eventuelt har fått av det politiske fleirtalet i fylkesutvalet.

Etter ordinær generalforsamling/representantskapsmøte utarbeider eigarrepresentanten ein skriftleg rapport til fylkesutvalet. Rapporteringsfristen er 31. juli. Rapporten skal omhandle hovudtrekka i årsrekneskapen, årsrapporten og andre viktige saker. Ein mal for denne rapporteringa følgjer som vedlegg til eigarskapsmeldinga. Eigarrepresentanten skal ved innsending av rapporten legge ved innkalling til generalforsamlinga, årsmelding,¹⁰ årsrekneskap, andre vedlegg til saklista og protokoll frå generalforsamlinga.

¹⁰ I 2017 vart rekneskapslova endra slik at plikta til å utarbeide årsmelding ikkje lenger gjeld for små føretak, sjå lov 15. desember 2017 nr. 105 om endringar i rekneskapslova mv. (forenklingar). Dersom det er usikkerheit om fortsett drift, må føretaka opplyse om dette i notane i rekneskapen.

Rapportane frå utsendingane tener som grunnlag for den årlege eigarmeldinga del II.

Kvar år vert oppdatert eigarskapsmelding lagt fram for fylkestinget. Her skal tinget ta stilling til om det er særskilde forventningar til dei einiske selskapa framover, og om fylkeskommunen skal vidareføre eigarskapen i dei enkelte selskapa.

3.5.3 Forventningar til selskapa før møte i elgarorgan

Fylkeskommunen oppfordrar årleg alle selskapa om å varsle både elgarrepresentanten og fylkeskommunen om generalforsamling eller representantskapsmøte i god tid. Oppmodinga vert sendt ut saman med den årlege eigarskapsmeldinga. Møtetidspunktet bør fastsetjast så tidleg som mogleg, medan saksliste og sakspapir kan sendast ut i samsvar med frist fastsett i lov eller vedtekter. Dersom selskapet planlegg t.d. vedtektsendring, ønsker fylkeskommunen å få informasjon om dette så tidleg som mogleg. I brevet oppmodar fylkeskommunen om at selskapa sender innkalling til generalforsamling, årsrekneskap, årsmelding og seinare protokoll frå møtet både til fylkeskommunen sitt postmottak og til elgarrepresentanten. Selskapa får tilsendt kontaktinformasjon til fylkeskommunen og elgarrepresentanten.

3.6 Oppmoding til styret i selskapa

Det er ønskeleg å sikre god kommunikasjon mellom elgar og selskapet. Fylkestinget oppmodar difor styret om å syte for at styresaker som er av ein slik karakter at dei bør løftast opp til elgar, vert løfta opp til elgarorganet.

3.7 Elgarrepresentanten sitt ansvar overfor fylkeskommunen

Elgarrepresentanten er den som opptrer på fylkeskommunen sine vegner overfor selskapet. Det er elgarrepresentanten si oppgåve å utøve fylkeskommunen sine interesser i selskapa. Elgarstyringa skal gje uttrykk for synet til fleirtalet i fylkesutvalet.

Elgarrepresentanten deltek i møte med fylkesutvalet, som fylkeskommunalt elgarorgan, når det er behov for det. Elgarrepresentanten rapporterer attende til fylkeskommunen etter generalforsamling/representantskapsmøte.

3.8 Tilsyn og kontroll med fylkeskommunen sine interesser i selskapet

Kontrollutvalet skal på vegner av fylkestinget sjå til at det vert utført forvalningsrevisjon eller eigarskapskontroll av selskap fylkeskommunen har elgarinteresser i, jf. kommunelova § 23-2 første ledd bokstav c og d¹¹.

I ein eigarskapskontroll vert det kontrollert om den som utøver fylkeskommunen sine elgarinteresser, gjer dette i samsvar med lover og forskrifter, fylkestinget sine vedtak og anerkjende prinsipp for elgarstyring. I ein forvalningsrevisjon vert det gjort systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, regeletterleving, måloppnåing og verknader ut frå fylkestinget sine vedtak.

Kontrollutvalet kan krevje dei opplysningane som er nødvendige for å gjennomføre kontroll frå interkommunale selskap (IKS), interkommunale politiske råd, kommunale oppgåvafellesskap og aksjeselskap der fylkeskommunen åleine eller saman med andre kommunar, fylkeskommunar eller IKS direkte eller indirekte eig alle aksjane, jf. kommunelova § 23-6. Utvalet skal vidare varslast om og har rett til å vere til stades i møte i generalforsamling, representantskap og tilsvarande organ. Utvalet kan også gjennomføre undersøkingar i verksemda dersom det er nødvendig.

Retten til innsyn og undersøking gjeld også tilsvarande overfor andre verksemder som utfører oppgåver på vegner av fylkeskommunen, såframt det er nødvendig for å undersøke om kontrakten vert oppfylt.

¹¹ Ny kommunelov skil mellom forvalningsrevisjon av selskap som inngår i ordinær forvalningsrevisjon, og eigarskapskontroll. I ein eigarskapskontroll ser ein på korleis fylkeskommunen forvaltar eigarskapa sine, anten enkeltvis eller som portefølje. Det vert mellom anna gjort vurderinger opp mot regelverk knytt til ulike typer selskap (til dømes kommunelov, aksjelov, lov om interkommunale selskap), KS sine retningslinjer for communal elgarstyring, eigarskapsmeldingar/elgarstrategiar og andre mål, vedtak og retningsliner. I ein forvalningsrevisjon av selskap ser ein på sjølv selskapet, og revisjonen vil t.d. omhandle om selskapet driv i samsvar med fylkestinget sine vedtak og føresetnader, og om det driv i samsvar med lover og reglar og på ein økonomisk forvarleg måte.

Kontrollutvalet skal minst éin gong i valperioden, og senast innan utgangen av året etter at fylkestinget er konstituert, utarbeide éin plan for kva eigarskapskontollar som skal gjennomførast og éin plan som viser på kva område det skal gjennomførast forvaltningsrevisjonar. Kontroll og revisjon skal gjennomførast der det er størst behov for det, ut frå ei vurdering av kvar det er risiko for vesentlege avvik, og kor alvorlege konsekvensar avvika vil kunne få. Fylkestinget skal vedta planane, men kan delegera oppgåva med å gjere endringar i planane til kontrollutvalet.

I sak PS 3/2019 vedtok fylkestinget Reglement for kontrollutvalet. Av punkt 2 i reglementet følgjer det m.a. at kontrollutvalet skal:

- *sjå til at det vert utført forvaltningsrevisjon av fylkeskommunen si verksemd, og av selskap fylkeskommunen har eigarinteresser i, herunder utarbeide plan innan første heile år av valperioden som viser område der det bør gjennomførast forvaltningsrevisjon.*
- *sjå til at det vert ført kontroll med forvaltninga av fylkeskommunen sine eigarinteresser i selskap mv. (eigarskapskontroll), herunder utarbeide plan innan første heile år av valperioden som viser område der det bør gjennomførast eigarskapskontollar.*

Kontrollutvalet rapporterer direkte til fylkestinget, og innstiller m.a. i desse sakene:

- *plan for forvaltningsrevisjon*
- *plan for eigarskapskontroll*
- *forvaltningsrevisionsrapportar*
- *rapporatar innan eigarskapskontroll*

Plan for eigarskapskontroll og plan for forvaltningsrevisjon (av selskap) for perioden 2020-2024 vert teke inn i eigarskapsmeldinga punkt 11, så snart planane er vedtekne.

Del II - VERKSEMDSOVERSIKT

4. Generelt om del II

Meldinga er skriven for det meste med grunnlag i verksemde sine årsrekneskap og årsmeldingar for 2019, protokollar, og eigarrepresentantane sine rapportar frå generalforsamling/representantskapsmøte i 2020, selskapsavtalar og vedtekter.

Meldinga omhandlar alle dei selskapa fylkeskommunen har eigarskap i og dei samvirkeføretaka fylkeskommunen er medlem i.

Verksemde er delt inn i grupper etter type selskapsform: interkommunale selskap, aksjeselskap inkl. særlovselskap, interkommunale samarbeid, samvirkeføretak og gjensidige selskap.

Aksjeselskapa er også delt inn i grupper etter eigarskapsføremål eller type verksem:

- Finansielle mål
- Samfunns- og næringsutvikling
- Fylkesomfattande kulturselskap
- Opplæring
- Infrastruktur- og kollektivtransport

4.1 Definisjon av nøkkeltal

I vurderinga av selskapet si økonomiske utvikling har vi brukta fire nøkkeltal som seier noko om utvikling i a) lønsemd, b) evne til å betene langsiktig gjeld, c) likviditet og d) soliditet.

Nedanfor følgjer definisjonen av nøkkelta:

a) *Totalrentabilitet*: (resultat før skatt + finanskostnader) / gjennomsnittleg totalkapital

Totalrentabiliteten syner avkastninga på totalkapitalen (lønsemda) i det enkelte selskap i det enkelte år. Kravet til avkastning bør reflektere normal forretningsmessig risiko. Avkastningskravet varierer mellom anna ut frå type bransje.

b) *Sjølvfinansiering i % av langsiktig gjeld*: (resultat før skatt + avskrivningar) / langsiktig gjeld
Sjølvfinansieringsgraden viser selskapet si evne til å betene langsiktig gjeld gjennom eigeninntening. Eit absolutt minstekrav er at sjølvfinansieringsevna dekker avdrag på lån. Kravet vil avhenge av bransje, anleggs- og kapitalstruktur.

c) *Arbeidskapital i % av driftsinntekter*: (omløpsmidlar - kortsiktig gjeld) / driftsinntekter
Arbeidskapital i % av driftsinntekter seier noko om selskapet sin likviditet. Ei normal sunn bedrift bør ha ein arbeidskapital som overstig 6-12% av omsetninga. Også her vil det vere bransjemessige skilnader med tanke på kva som er tilfredsstillande for den enkelte bedrift.

d) *Eigenkapitalprosent*: Eigenkapital / totalkapital

Eigenkapitalprosenten viser selskapet sin soliditet. Kravet til eigenkapitalprosent er avhengig av kor kapitalintensiv bedifta og den forretningsmessige risikoen er.

5. Interkommunale selskap (IKS)

5.1 Deltaking er avgrensa, men ansvaret er uavgrensa

Interkommunale selskap (IKS) etter IKS-lova er sjølvstendige rettssubjekt som rettsleg og økonomisk er skilde frå deltar-kommunane. Det må vere fleire deltarar i selskapet, og berre kommunar, fylkeskommunar eller andre interkommunale selskap kan delta. Kvar av deltararane har eit uavgrensa ansvar for ein del av selskapet sine samla forpliktingar. Samla sett skal deltararane sin ansvarsdel utgjere selskapet sine samla forpliktingar.

5.2 Eigarskapen vert utøvd gjennom representantskapet

Det øvste organet i selskapet er representantskapet. Forvaltning av selskapet ligg til styret og dagleg leiing. Deltararane utøver eigarskap gjennom medlemer dei har valt inn i representantskapet. Etter

IKS-lova § 6 ligg det til fylkestinget å velje representantar til representantskapet. Valretten kan ikkje delegerast. Med unntak av dei tilsettevalde styrrepresentantane, blir styret valt av representantskapet. Styret har forvaltningsmyndet, og må utøve det innanfor ramma av selskapets føremål, selskapsavtalen og selskapet sitt årsbudsjett som blir vedteke av representantskapet.

5.3 Utreden frå Interkommunale selskap

Deltaking i interkommunale selskap kan ikkje overdragast til andre. Deltakarane kan seie opp deltakinga si med eitt års varsel. Når ein trer ut av selskapet, er hovudregelen at deltakaren får utbetalt ein utløysingssum som er lik nettoverdien av andelen.

5.4 Fylkeskommunale-/kommunale fellestiltak:

Grieghallen IKS

Føremål	Selskapet sitt føremål er å erverve, eige og leige ut Grieghallen, gnr. 164, bnr. 926 med festerett i Bergen. Selskapet har ikkje ervervsmessige føremål. Selskapet står for finansiering av Grieghallen sitt fornyingsprosjekt.
Etablert	21.06.2013
Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel	Den totale aksjekapitalen er 1 mill. kr. Fylkeskommunen eig 50 % av aksjane og Bergen kommune eig dei resterande 50 % av aksjane.
Forretningskontor	Bergen kommune
Rettslege rammer	Aksjelova, offentleglova og regelverket om offentleg innkjøp.
Rammer	Vedtekter, sist endra 21.06.2013.
Samfunnsansvar og etikk	
Representantskap	Fylkestinget i Vestland og bystyret i Bergen vel kvar sin medlem og varamedlem. Valperioden følgjer kommunevalperioden. Fylkestinget har valt Marthe Hammer (SV) som medlem og Karstein Birkeland (Pp) som varamedlem. Karstein Birkeland møtte på representantskapsmøtet 25.05.20 (fysisk). I møtet etterspurde Birkeland om det føreligg ei tydleg ansvarsfordeling mellom Grieghallen IKS og Grieghallen AS ved t.d. ikkje ønskjelege hendingar eller ulykker som heilt eller delvis kunne vore førebygde og om det elles føreligg anna risiko IKSet bør førebygge. Eigarrepresentanten fekk til svar frå leiinga at denne typen ansvar er plassert hjå leigetakar og at det ikkje føreligg anna risiko selskapet bør førebygge. Ut frå svaret tilrår eigarrepresentanten at fylkeskommunen følgjer opp dette spørsmålet i framtidige møte med Grieghallen IKS.
Val av styre	Styret skal ha tre medlemer. Medlemene vert valde for fire år. Styremedlemene har - og har hatt - økonomisk bakgrunn på grunn av dei finansielle aspekta ved selskapsforvaltninga. Dette er ikkje skriftleggjort som prinsipp for styrevalet, men er ein føresetnad som har lege til grunn mellom eigarane.
Styresamansetning	Styremedlemer: Knut Sundt Rosenlund (leiar) Kristin Ulvang

	Nils Egil Vetlesand		
Styregodtgjersle og løn til dagleg leiar	<p>Arbeidande styreleiar fekk godtgjersle på til saman 75 000 kr for styreleiarvervet og for tilleggsarbeid 2019.</p> <p>Selskapet kjøper administrative tenester frå konsulentfirmaet J.O. Evjen. Jan Otto Evjen er gjennom denne ordninga innleidd som dagleg leiar i selskapet.</p> <p>Samla utbetaling til dagleg leiar og til styret for 2019 er 226 500 kr.</p>		
Fylkeskommunalt lån	Etter selskapsavtalen hefter fylkeskommunen for 50 % av selskapet sine plikter. Selskapet si øvre låneramme er 340 mill. kr.		
Revisor	Deloitte AS		
Adresse	Magistratbygningen Rådstuplassen 5, 5017 Bergen		
Telefon			
E-post	Jan-Otto.Evjen@bergen.kommune.no		
Nettadresse			
Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:			
(1000 kr)	2017	2018	2019
Sum driftsinntekter	17 772	16 573	17 555
Driftsresultat	5 550	4 448	5 418
Resultat etter skatt	83	-50	-26
Totalkapitalrentabilitet	2 %	2 %	2 %
Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld	4 %	4 %	4 %
Arbeidskapital i % av driftsinntekter	-0 %	1 %	1 %
Eigenkapitalprosent	1 %	1 %	1 %
Økonomisk utvikling i tekst	<p>Driftsinntektene i 2019 består av 7 mill. kr i leigeinntekter frå Grieghallen AS, og 10,5 mill. kr i samla overføringer frå Kulturdepartementet, Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune. Hordaland fylkeskommune overførte 3,3 mill. kr. Desse overføringane skal dekke renter og avdrag på lånet for fornyinga av Grieghallen. Rekneskapen syner eit underskot på 26 486 kr som blir ført mot eigenkapitalen.</p> <p>Dei økonomiske nøkkeltala er svake og på nivå med fjaråret.</p>		
Viktige hendingar	<p>Den 29.09.20 godkjente fylkestinget endra selskapsavtale. Endringa gjekk ut på å oppdatere fylkeskommunen sitt namn i selskapsavtalen til Vestland.</p> <p>Kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune har i 2020 halde fram med oppfølginga av ein selskapskontroll, sett i gang av kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune. Endeleg rapport førelåg i september 2018 og fylkestinget i Hordaland vedtok ei rekke oppfølgingspunkt for</p>		

	fylkesordføraren og selskapet i desember same år (PS 107/2018). Kort oppsummert etterlyste Hordaland fylkesting ei meir formell arbeidsdeling mellom dagleg leiar og arbeidande styreleiar og skriftleggjering av ulike arbeidsprosessar i selskapet.
Viktige planar/utsikter for dei komande åra	<p>I brev til fylkeskommunen 27.05.20, varsla Grieghallen IKS om moglege økonomiske problem for selskapet. Brevet vart lagt fram for fylkesutvalet som referatsak den 29.09.20. Grieghallen AS har lidd store økonomiske tap i samband med nedstenginga av samfunnet på grunn av Covid-19 pandemien, og har informert Grieghallen IKS om at dei vil ha problem med å betale leige for 2020. Leigeinntektene utgjer vanlegvis om lag 7 mill kr. årleg.</p> <p>IKSet har 17.10.20 søkt fylkeskommunen om 3,1 mill. kr til å dekke selskapet sine forpliktingar. Selskapet opplyser at Bergen kommune har løyvd 3,1 mill. kr og at kommunen legg til grunn at fylkeskommunen gjer det same. Fylkeskommunen har i skrivande stund ikkje teke stilling til søknaden.</p> <p>Leigeavtalen med Grieghallen AS gjeld fram til 2043. Leigetakar har opsjon på å få overta bygget for 16,3 mill. kr (skattemessig bokført verdi) når leigeavtalen går ut.</p>
Mål med eigarskapen	Grieghallen IKS vart oppretta i 2013, sjå fylkestingssak 34/13 (HFK), for å finansiere fornyinga av Grieghallen. Det overordna føremålet med eigarskapen er å sikre drift av den fylkes- og landsomfattande kulturinstitusjonen Grieghallen, saman med Bergen kommune.
Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstenleg?	Bakgrunnen for fylkeskommunen sin eigarskap i selskapet er behovet for ei føremålstenleg finansiering av fornyinga av Grieghallen. Det interkommunale selskapet Grieghallen IKS har oppnådd betre lånevilkår enn Grieghallen AS ville fått. Leigeavtalen med Grieghallen AS gjeld fram til 2043, og leigetakar har etter dette rett på å få kjøpe bygget.
Tilråding	Vidareføre eigarskapen

Trivselshagen IKS

Føremål	Selskapet sitt føremål er å planleggje, byggje, eige og drive felles bygningsanlegg til undervisningsareal for Firda vidaregåande skule, og å skaffe skulane og lokalsamfunnet i Gloppen kultursal, symjehall, idrettshall med vidare i samsvar med vedteken funksjonsplan.
Etablert	07.03.2007.
Deltakarar	Fylkeskommunen og Gloppen kommune.
Forretningskontor	Gloppen kommune.
Rettslege rammer	Lov av 29.01.1999 nr. 6 om interkommunale selskap. Offentleglova. Regelverket om offentlege innkjøp.
Rammer	Selskapsavtale av 07.03.2007, revidert 6.11.12 og 27.04.17.
Samfunnsansvar og etikk	
Representantskap	Etter selskapsavtalen skal kvar eigar ha to representantar i representantskapet. Valet følgjer den kommunale valperioden. Representantskapet vel sjølv leiar og nestleiar.

	<p>Fylkestinget har valt Jenny Følling (Sp) og Noralv Distad (H) som medlemer av representantskapet. Åsmund Berthelsen (SV) er vara for Følling, og Rita Navarsete (Frp) er vara for Distad.</p> <p>Jenny Følling og Noralv Distad deltok på representantskapsmøtet og eigarmøtet i selskapet 05.06.20 (fysisk). Jenny Følling vart valt som leiar av representantskapet, med Per Jarle Myklebust som nestleiar.</p> <p>Det var nytt representantskaps- og eigarmøte 12.10.20 (fysisk). Jenny Følling møtte for fylkeskommunen. Noralv Distad hadde forfall. Distad sin varamedlem møtte ikkje.</p>		
Val av styre	Representantskapet vel styremedlemer, og leiar og nestleiar av styret, for to år av gongen. Styret skal ha fire medlemer, med personleg vara. Dagleg leiar eller representantskapsmedlemer kan ikkje vere medlemer i styret.		
Styresamansetning	<p>Representantskapet valde nytt styre i dei to nemnde møta:</p> <p>Styreleiar: Trond Ueland. Vara: Birte Kjørvik Fossheim. Styremedlem: Synne Marie Oppheim. Vara: Kjell Petter Solhaug Styremedlem: Ola Sundt Ravnestad. Vara: Remi Lone Nilsen Styremedlem: Sigurd Reksnes. Vara: Gunn Merethe Paulsen. Styremedlem: Hanne Husebø Kristensen. Vara: Frank Willy Djuvik.</p> <p>Styret har no altså fem medlemer. Dette er tråd med selskapsavtalen eigarane får til godkjenning i desember, men ikkje i tråd med selskapsavtalen som galdt på tidspunkta vala vart føretekne.</p>		
Styregodtgjersle og løn til dagleg leiar	<p>Styreleiar: 60 000 kr per år utanom reisekostnader. Det skal ikkje gjevast godtgjersle når styreleiar er tilsett hjå ein av eigarane.</p> <p>Det er utbetalt til saman 60 000 kr i styregodtgjersle og 10 578 kr i anna godtgjersle for 2019.</p> <p>I 2019 fekk dagleg leiar kr 767 108 kr i løn og 16 710 kr i anna godtgjersle.</p>		
Eigar- og ansvarsdel	<p>Eigardel: 50 % (47,1 mill. kr), sjå FT-sak 31/08 (SFFK).</p> <p>Fylkeskommunen eig selskapet saman med Gloppen kommune.</p> <p>Kvar deltarar er ansvarleg for halvparten av selskapet si samla gjeld.</p>		
Fylkeskommunalt lån	Fylkeskommunen hefter for halvparten av selskapet sine plikter.		
Revisor	Vestland revisjon kommunale oppgåvefellesskap. (Accountor AS Gloppen til og med 2020).		
Adresse	Gota 14, 6823 Sandane		
Telefon/faks	57 88 38 00.		
E-post	trivselshagen@gloppen.kommune.no		
Nettadresse	http://www.trivselshagen.no/		
Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:			
(1000 kr)	2017	2018	2019

Sum driftsinntekter	18 802	19 789	20 084
Driftsresultat	2 946	1 976	3 272
Resultat etter skatt	2 002	462	1 542
Totalkapitalrentabilitet	1 %	1 %	2 %
Sjølvfinansiering i % av langsiktig gjeld	4 %	4 %	6 %
Arbeidskapital i % av driftsinntekter	102 %	89 %	28 %
Eigenkapitalprosent:	51 %	52 %	54 %
Økonomisk utvikling i tekst	<p>Driftsinntektene er i hovudsak leigeinntekter frå fylkeskommunen og Gloppen kommune. Driftskostnadane har vore lågare enn budsjettet, og gjev eit overskot på 1,5 mill. kr som blir ført mot eigenkapitalen. Det er utført vedlikehaldsarbeid for 1,2 mill. kr i 2019.</p> <p>Selskapet har motteke 5 mill. kr i spelemidlar frå Kulturdepartementet i 2019. Dette er den andre utbetalinga av ei samla løying på 21,2 mill. kr til Trivselshallen som uavkorta skal gå til nedbetaling av lån.</p> <p>Det er ein liten auke i totalkapitalrentabiliteten og sjølvfinansieringa i prosent av langsiktig gjeld samanlikna med 2018, men tala er framleis svake. Arbeidskapital i prosent av driftsinntekter og eigenkapitalprosent er god.</p>		
Viktige hendingar	<p>Sogn og Fjordane fylkeskommune og Gloppen kommune har i lengre tid arbeidd med ein gjennomgang av selskapet. Målsettinga har vore å forbetre rutinar for samarbeidet og få ei meir rettvis fordeling av inntekter og utgifter. I dette arbeidet er revisjon av eksisterande selskapsavtale naudsynt. I møte 14.02.20, PS 38/2020, uttalte fylkesutvalet seg til selskapet sitt utkast til revidert selskapsavtale.</p> <p>Med ny selskapsavtale må det utarbeidast nye drifts- og leigeavtalar. Framlegg til ny drifts- og leigeavtale og ny selskapsavtale vert lagt fram for fylkestinget og Gloppen kommunestyre i desember.</p> <p>Sogn og Fjordane fylkeskommune gjennomførte selskapskontroll av Trivselshagen IKS i 2019. Fylkestinget behandla rapporten i FT-sak 38/19, og vedtok oppfølging i ni punkt. Kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune har følgt opp selskapskontrollen i 2020.</p>		
Viktige planar/utsikter for dei komande åra	Selskapet avventar eigarane sine vedtak om drifts- og leigeavtalar og selskapsavtale.		
Mål med eigarskapen	Opplæringsføremål: Målet er at fylkeskommunen skal få dekka arealbehovet til Firda vidaregåande skule.		
Er vidareføring av fylkeskommunal eigarskap føremålstenleg?	Om det ikkje vert semje om ny selskapsavtale og nye drifts- og leigeavtalar, tek fylkesrådmannen sikte på å legge fram ei sak der fylkeskommunen trer ut av IKSet. Eigarane tek i så fall med seg kvar sin del av eigedomsmassen og må opprette gjensidige leigeavtalar med kvarandre.		
Tilråding	Vidareføre eigarskapen med etterhald om at eigarane vedtek ny selskapsavtale og nye drifts- og leigeavtalar.		

VIGO IKS

Føremål	Selskapet sitt hovedføremål er å kjøpe inn, vidareutvikle og utvikle, eige og/eller stå for drift av IKT-system til bruk for vidaregående skule. Mellom anna felles inntaks- og forvaltningssystem for elever/lærlingar (VIGO), og andre skuleadministrative system som står i naturleg samanheng med dette. Selskapet kan også utvikle og forvalte andre fylkeskommunale IKT-system utanfor skulesektoren, som vert vedtekne av eigarane. Selskapet kan inngå avtale med andre om utvikling og drift av ulike system. Selskapet skal vidare levere eller formidle nødvendige faglege kurs og rettleiing til deltakarane på dei sistema der ein har rettar/driftsoppgåver.
Etablert	01.01.2012.
Deltakarar	Fylkeskommunane og Oslo kommune.
Forretningskontor	Porsgrunn kommune.
Rettslege rammer	Lov om interkommunale selskap. Offentleglova. Regelverket om offentlege innkjøp.
Rammer	Selskapsavtale vedteken i representantskapsmøte 12.04.18. Samarbeidsavtalar med Utdanningsdirektoratet og Lånekassen. Strategi vedteken av representantskapet for 2017-2025.
Samfunnsansvar og etikk	Etiske retningslinjer for tilsette i Vigo IKS, sist reviderte i 2018. Anskaffingsstrategi, vedteken mai 2019, med etiske retningsliner og med blikk for miljø og samfunnsansvar.
Representantskap	Representantskapet er sett saman av ein representant frå kvar deltar med to varamedlemer. Børre Krudtå (Troms og Finnmark fk) er 23.04.20 valt som leiar for to år, og Rune Andre Frustøl (Agder fk) er valt som nestleiar for eitt år. Fylkestinget i Vestland har peikt ut Karianne Torvanger (Ap) som medlem og Åsmund Berthelsen (SV) og Ronny Grønsdal (FNB) som personlege varamedlemer. Karianne Torvanger deltok på representantskapsmøtet 23.04.20. Ronny Grønsdal deltok på representantskapsmøtet 29.09.20. Begge møta vart gjennomførte digitalt.
Valkomite	Anders Bjøru (leiar, Trøndelag fk), Solveig Ege Tengesdal (Rogaland fk og Mari Gjestvang (Innlandet fk).
Val av styre	Representantskapet vel styre, styreleiar og nestleiar. Styret skal bestå av fem medlemer med vara. Styremedlemene har ei funksjonstid på to år, likevel slik at ved førstegongsval har tre av styremedlemene ei funksjonstid på tre år. Ved valet må det sikrast at alle opplæringsregionar er representert i styret.
Styresamansetning	<p><u>Styremedlemer:</u> Styreleiar: Bjørn Marthinsen (Oslo kommune) Nestleiar: Joar Loland (Rogaland fk) Rune Haugsdal (VLFK) Kariann D. Flovikholm (Møre og Romsdal fk) Ane Tonette Lognseth (Innlandet fk)</p> <p><u>Varamedlemer:</u> Anne Elisabeth Djupvik (Trøndelag fk) Per Magne Aadnøy (Viken fk)</p>

Representantskaps- og styregodtgjersle	Representantskapsleiar: 22 500 kr per år Styreleiar: 65 000 kr per år fast og 30 000 kr ekstra per år så lenge Visma InSchool-prosjektet pågår. Styremedlem: 32 500 kr per år Styre- og varamedlemer: 8 125 kr per møte Det vert ikkje gjeve godtgjersle for ekstraordinære styremøte per telefon. Vigo IKS har avtale med Vestfold og Telemark fylkeskommune om kjøp av merkantile og administrative støttefunksjonar som leige av kontor, løn, rekneskap osb.		
Eigar- og ansvarsdel	Dei 11 deltagarane har kvar ein eigardel på 1/11 i selskapet, og er ansvarleg for 1/11 av selskapet si samla gjeld. Selskapet har etter selskapsavtalen høve til å ta opp lån innanfor ei ramme for samla lånegjeld på 5 mill. kr.		
Fylkeskommunalt lån	Kvar deltar hefter for 1/11 av selskapet sine plikter.		
Revisor	Vestfold og Telemark revisjon IKS (frå og med 01.01.20).		
Adresse	Kjølnes ring 30, 3918 Porsgrunn		
E-post	post@vigodrift.no		
Nettadresse	www.vigoiks.no		
Økonomisk utvikling for selskapet dei to siste åra:			
(1000 kr)	2017	2018	2019
Sum driftsinntekter	71 283	59 045	56 860
Driftsresultat	8 213	-13 532	-7 340
Resultat etter skatt	9 107	-12 620	-6 380
Totalkapitalrentabilitet	14 %	-24 %	-15 %
Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld	443 %	-458 %	-180 %
Arbeidskapital i % av driftsinntekter	67 %	60 %	51 %
Eigenkapitalprosent:	78 %	76 %	76 %
Økonomisk utvikling i tekst	<p>Alle eigarane fullfinansierer selskapet si drift og utviklingsoppgåver ut frå ein avtalefordeling vedteke i representantskapet.</p> <p>Rekneskapen er avgjort etter kommunale rekneskapsprinsipp, men omarbeidd i tabellen ovanfor. Resultatet, før interne finanstransaksjonar, syner eit underskot på 6,4 mill. kr.</p> <p>Etter det kommunale rekneskapsprinsipp syner rekneskapen til Vigo IKS eit rekneskapsmessig mindreforbruk på om lag 13,9 mill. (9,8 mill. kr i 2018). Dette skuldast i hovudsak forseinkingar i prosjektet «Nytt skoleadministrativt system - Visma InSchool» og budsjetterte midlar til prosjekt som går over ein to års periode, innhenting av forskotterte midlar og årets renter.</p> <p>Vigo IKS har ei langsiktig gjeld på om lag 3,5 mill. kr som er knytt til pensjonsforpliktingar. Totalkapitalrentabiliteten og sjølvfinansieringa til</p>		

	selskapet er svak, men arbeidskapital i % av driftsinntekter og eigenkapitalprosenten er god.
Viktige hendingar	<p>I 2019 fekk deltakarane tilsendt forslag til ny selskapsavtale i samband med endra deltagarsamansetjing grunna regionreforma. Deltakarane vart også bedne om å velje nye representantskapsmedlemer. Vestland fylkeskommune godkjende avtalen 17.12.19. Selskapsavtalen er førebels ikkje vedteken av Møre og Romsdal fylkeskommune grunna usemje om kostnadsdelinga. Vigo IKS har per dags dato ikkje ein gyldig selskapsavtale. Selskapet er i kontakt med KS-advokatane for å få utarbeidd eit notat om konsekvensane av å ikkje ha ein godkjent avtale. KS-advokatane har førebels uttalt at tidlegare vedteken selskapsavtale ikkje kan brukast etter fylkessamanslåingane.</p> <p>I 2019 har Vigo IKS overteke forvaltninga av Hjernen og Hjertet, eit verktøy for vurdering og utvikling av kvalitet i vidaregåande opplæring.</p> <p>I 2018 fekk fleire av eigarane sine kontrollutval gjennomført ein felles revisjon av selskapet. Både eigarstyringa og selskapsleiinga vart revidert. Rapporten vart ferdigstilt vinteren 2019, og selskapet har gjort nokre administrative justeringar ut frå tilrådingane i rapporten.</p> <p>Selskapet har også i 2019 brukt mykje tid på utviklinga av nytt skuleadministrativt program, Visma InSchool. Prosjektet nådde ein viktig milestein i 2019 ved at Akershus fylkeskommune og Bamble vidaregåande skole i Telemark fylkeskommune tok i bruk Visma InSchool som pilotar.</p> <p>Administrasjonen i Vigo IKS har flytta til nye lokale i Porsgrunn.</p>
Viktige planar/utsikter for dei komande åra	<p>Vigo IKS har som strategisk mål å auke den digitale samhandlinga mellom fylkeskommunane for å oppnå betre kvalitet, funksjonalitet og redusere forvaltnings- og driftskostnader. Fylkesrådmennenes arbeidsutval har sett ned ei arbeidsgruppe som ser på moglegheitene for utviding av selskapet. Arbeidsgruppa har lagt fram eit forslag for fylkesrådmennene om eit IT-samarbeid i regi av Vigo IKS. Anbefalinga er å legge fleire arbeidsområde til Vigo IKS, sidan det ikkje er ønskeleg med fleire interkommunale selskap.</p> <p>I piloteringa av Visma InSchool (VIS) vart det avdekka mange feil med systemet. Nokon av dei mest kritiske feila vart løyste, og løysinga har hatt ei gradvis forbetring i stabilitet. Stabiliseringsarbeidet har vore og vert prioritert høgt, i tillegg til vidareutvikling og forbetring av løysinga. VIS skal etter planen implementerast i 2021.</p> <p>Vigo IKS vil arbeide vidare med ny selskapsavtale.</p>
Mål med eigarskapen	Fylkeskommunale-/kommunale fellestiltak. Oppnå stordriftsfordeler ved å samarbeide om skuleadministrative system med andre fylkeskommunar og kommunar.
Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstenleg?	Ja, målet med eigarskapen gjer seg framleis gjeldande.
Tilråding	Vidareføre eigarskapen.

6. Aksjeselskap (AS)

6.1 Avgrensa ansvar for deltagarane

Eit aksjeselskap skal ha ein minste aksjekapital på 30 000 kroner og må til ei kvar tid ha eigenkapital og likviditet som er forsvarleg ut frå risikoen ved og omfanget av verksemda i selskapet. Eit særtrekk ved denne selskapsforma er at deltagarane ikkje er ansvarleg for selskapet sine forpliktingar, med mindre dette er særskilt avtala. På den andre sida rår ikkje eigarane fritt over selskapet si inntekt og

formue. Ønskjer aksjeeigarane å trekke ut midlar frå selskapet, må dette skje etter reglane i aksjelova for utdeling av utbyte, nedsetting av aksjekapitalen eller oppløysning av selskapet.

6.2 Eigarskapen vert utøvd gjennom generalforsamlinga

Gjennom generalforsamlinga utøver eigarane det øvste myndet i selskapet. Eigarane kan gjennom vedtekter, instruksar og andre generalforsamlingsvedtak sette rammer og gje nærmere reglar for styret og dagleg leiar si leiing av selskapet. Det er som hovudregel generalforsamlinga som vel styret i selskapet.

Styret er øvste forvaltingsorgan, og dagleg drift vert ivaretaken av dagleg leiar

Selskapet vert leia av eit styre og ein dagleg leiar. Styret har det overordna ansvaret for forvaltninga av selskapet, og for at det vert drive i samsvar med selskapet sitt føremål, innanfor ramma av lovgjevinga og selskapet sine vedtekter, og instruksar fastsett av aksjonærane gjennom generalforsamlinga. Dagleg leiar står for den daglege leiinga av selskapet si verksemd, og skal følgje retningslinjer og pålegg frå styret.

6.3 Sal av aksjar

Dersom fylkeskommunen vurderer at det rette er å selje aksjane sine i eit aksjeselskap, vil aksjelova, saman med selskapet sine vedtekter og ein eventuell aksjonæravtale, regulere nærmere korleis salet kan gjennomførast.

6.4 Finansielle mål

Kommunekraft AS

Føremål	Selskapet sitt føremål er å formidle og inngå avtalar om forvaltning av aksjeeigarane si disponible kraft, her konsesjonskraft, og drive anna verksemd knytt til slik formidling.
Etablert	28.04.1993.
Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel	<p>Selskapet sin aksjekapital er på 320 000 kr, fordelt på 320 aksjar à 1 000 kr kvar.</p> <p>Vestland fylkeskommune eig 0,31 % av aksjane og aksjeposten sin pålydande verdi er 1000 kr.¹²</p> <p>Landssamanslutninga av Vasskraftkommunar (LVK) har 181 aksjar. Dei deltagande kommunane og fylkeskommunane har ein aksje kvar.</p>
Forretningskontor	Oslo kommune.
Rettslege rammer	Aksjelova.
Rammer	http://kommunekraft.no/Kommunekraft/Om-Kommunekraft/Vedtekter
Samfunnsansvar og etikk	<p>Kommunekraft har etiske retningslinjer for å skape felles haldningar for korleis selskapet skal drivast, slik at eigarar, kundar og styret til ei kvar tid har tillit til selskapets profesjonalitet og integritet.</p> <p>http://kommunekraft.no/Kommunekraft/Om-Kommunekraft/Etiske-retningslinjer</p>
Generalforsamling	Det vart gjennomført generalforsamling for selskapet 27.05.20 (digital deltaking).

¹² Kommunekraft AS er eigd av Landssamanslutninga av vasskraftkommunar (LVK), kommunar som er medlemar av LVK og fylkeskommunar. Det er berre desse som kan eige aksjar i selskapet, og kvar kommune eller fylkeskommune skal berre eige ein aksje kvar. LVK har kjøpt ein av aksjane Vestland fylkeskommune fekk overført.

	Natalia Antonia Golis representerte Vestland fylkeskommune på generalforsamlinga, med fullmakt.		
Val av styre	<p>Aksjelova § 6-6 regulerer styremedlemene si tenestetid i Kommunekraft AS.</p> <p>Styret i selskapet skal bestå av i alt fem medlemer. To styremedlemer med personlege varamedlemer vert valde av representantane i LVK sitt landsstyre og to styremedlemer med personlege varamedlemer blant selskapet sine aksjonærar, minst ein frå primærkommune.</p> <p>Som styreleiar skal det veljast ein person som ikkje representerer aksjeeigarane eller LVK. Nestleiar skal vere ein av LVK sine representantar.</p> <p>Styret sin tenesteperiode er to år.</p>		
Styresamsetning	<u>Styremedlemer:</u> Kjell-Idar Juvik (leiar) Kari Anita Furunes. Eli Hovd Prestegården. Sigrid Brattebø Handegard. Stian Brekkvassmo.	<u>Varamedlemer:</u> Linn Veronica Jacobsen. Ida Stuberg. Noralf Distad. Ståle Versland.	
Styregodtgjersle og løn til dagleg leiar	<p>Styreleiar: 30 000 kr per år. Styremedlemer: 1 700 kroner per møte</p> <p>Samla utbetalt styregodtgjersle for 2019: kr 54 308.</p> <p>Selskapet kjøper administrative-, inkludert dagleg leiing, og rådgjevingstenester frå Advokatfirmaet Lund & Co DA, og hadde 1,352 mill. kr i utgifter til dette i 2019.</p>		
Fylkeskommunalt lån	Ingen.		
Revisor	PKF Beckman Lundevall Revisjon AS.		
Adresse	Postboks 1148, Sentrum, 0104 Oslo.		
Telefon/faks	99 11 99 00		
E-post	hh@lundogco.no		
Nettadresse	www.kommunekraft.no		
Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:			
(1000 kr)	2017	2018	2019
Sum driftsinntekter	2 057	2 068	2 000
Driftsresultat	-188	150	392
Resultat etter skatt	-185	154	397
Totalkapitalrentabilitet	- 8%	8%	17 %
Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld	-	-	-
Arbeidskapital i % av driftsinntekter	80 %	89 %	114 %

Eigenkapitalprosent:	93 %	94 %	85 %
Økonomisk utvikling i tekst	<p>Selskapet har om lag 2 mill. kr i driftsinntekter som er ein liten nedgang i høve 2018. Driftskostnadene til selskapet har gått ned i hovudsak grunna lågare honorarkostnader slik at selskapet får eit årsresultat på 397 109 kr som blir ført mot eigenkapitalen.</p> <p>Selskapet har god totalkapitalrentabilitet og arbeidskapital i % av driftsinntekter. Eigenkapitalprosenten er blitt svekka grunna auke i kortsiktig gjeld i høve 2018, men er framleis tilfredsstillande.</p>		
Viktige hendingar	<p>Kommunekraft har hjelpt aksjonærkommunar med omsetning av ca. 2100 GWh konsesjonskraft for leveringsåret 2020. Omsetningsvolumet var på nivå med 2019. Omsetningsvolumet omfattar sal på årskontraktar til fastpris, spotmarknadspris med påslag og forvaltningsavtalar som strekker seg over fleire år. Oppnådde prisar har variert over året med salstidspunkt og prisområde, men auka kraftprisar har gjennomgåande bidrege til å sikre kommunane ei solid forteneste.</p> <p>Kommune - og regionreforma har medført endringar i eigarstrukturen i selskapet og dei deltagande kommunane og fylkeskommunane kan berre eige éi aksje kvar. LVK har kjøpt overskytande aksjar frå samanslegne kommunar og fylkeskommunar, bl.a. ein av aksjane VLFK fekk overført.</p> <p>«Kraftskatteutvalet» (Sanderudutvalet) vurderte ordninga med konsesjonskraft- og konsesjonsavgift og om dagens vasskraft-skattlegging hindrar samfunnsøkonomisk lønsame tiltak. Utvalet tilrådde avvikling av begge konsesjonsordningane (NOU 2019:16 - Skattlegging av vasskraftverk). Kommunekraft gav ei omfattande høyringsuttale i saka og motsette seg avvikling av ordningane. Regjeringa la i februar i år vekk framlegga frå «Kraftskatteutvalet».</p> <p>Selskapet gjennomførte sitt årlege seminar om konsesjonskraft i samband med Landssamanslutninga av Vasskraftkommunar sitt ekstraordinære landsmøte 23.05.19. Føremålet med seminaret var å halde aksjonærkommunane oppdaterte om det rettslege rammeverket for konsesjonskraftordninga, marknadsforhold og prisutvikling.</p>		
Viktige planar/utsikter for dei komande åra	Halde fram arbeidet i samsvar med føremålet.		
Mål med eigarskapen	Fylkeskommunale-/kommunale fellestiltak: Kommunekraft bidreg, ved rådgjeving og ved å inngå avtalar om forvaltingstenester, til å optimalisere avkastninga på konsesjonskraftrettane for eigarane, og er såleis eit strategisk viktig selskap for fylkeskommunen.		
Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstenleg?	Målet med eigarskapen gjer seg framleis gjeldande.		
Tilråding	Vidareføre eigarskapen		

Sogn og Fjordane Holding AS

Føremål	Sogn og Fjordane Holding AS eig 49,51 % av aksjane i Sogn og Fjordane Energi AS (SFE). Gjennom langsigtig og stabilt eigarskap skal selskapet sikre at verdiane i SFE-aksjane, og sjølve eigarskapen, vert verande i Sogn og Fjordane. Føremålet med å eige og utøve aksjonærrettane til aksjane, er å styrke SFE som eit viktig og
----------------	---

	<p>sjølvstendig, regionalt og lokalt eigmakt kraftselskap i Sogn og Fjordane. Selskapet har også som målsetnad å auke selskapet sin eigarskap i SFE, mellom anna ved kjøp av aksjar og deltaking ved kapitalutviding i SFE. Selskapet kan også gje ansvarleg lån o.a. til SFE, for å styrke selskapet sin soliditet og posisjon.</p>
Etablert	29.11.2005
Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel	<p>Aksjekapitalen er kr 3 834 904, og er fordelt på 3 834 904 aksjar, kvar pålydande kr 1.</p> <p>Aksjane er delt inn i aksjeklasse A (766 980 aksjar) og aksjeklasse B (3 067 924 aksjar). Skilnaden mellom aksjeklassane er at aksjeklasse A har 51 % av stemmene på generalforsamlinga. Elles er aksjane jamstilte.</p> <p>Vestland fylkeskommune eig A-aksjane og følgjande kommunar eig B-aksjane: Sunnfjord, Kinn, Sogndal, Stad, Stryn, Gloppen, Årdal, Luster, Høyanger, Bremanger, Askvoll, Fjaler, Vik, Gulen, Lærdal, Aurland, Hyllestad og Solund.</p>
Forretningskontor	Årdal kommune
Rettslege rammer	Aksjelova, offentleglova, lov om offentlege innkjøp.
Rammer	Vedtekten, sist endra på generalforsamlinga 10.12.19, og aksjonæravtalen av 10.12.19.
Samfunnsansvar og etiske retningslinjer	
Generalforsamling	Det vart gjennomført ordinær generalforsamling i selskapet den 29.06.20 (fysisk/digitalt). Fylkesvaraordføraren deltok for fylkeskommunen.
Val av styre	<p>Selskapet skal ha eit styre med fem medlemer. Styremedlemene tenestegjer i fire år. Styreleiaren skal ha folkeregistrert adresse i det geografiske området Sogn og Fjordane slik grensene var før 1. januar 2020.</p> <p>Eigarane av aksjeklasse B vel to medlemer. Dei andre vert valde på generalforsamlinga og minst ein av dei skal ha folkeregistrert adresse i det geografiske området Sogn og Fjordane slik grensene var før 01.01.20.</p>
Styresamansettning	<p><u>Styremedlemer:</u> Jenny Følling (leiar, VLFK) Hilmar Høl (VLFK) Per Jarle Myklebust Gunn Åmdal Mongstad Noralv Distad (VLFK)</p> <p><u>Varamedlemer:</u> Trude Brosvik (VLFK) Anne Kristin Førde</p>
Styregodtgjersle og løn til dagleg leiar	<p>For 2020 har selskapet fastsett følgjande honorar: Styreleiari: 53 200 kr Styremedlem: 2000 kr per møtedag Ulegitimert inntektstap: 1 548 kr Legitimert inntektstap: 6 000 kr For seinare år vert satsane regulerte i samsvar med årslønsveksten i fylkeskommunane/KS-området. Ved eventuell ekstraordinær arbeidsbelastning vil styret vurdere satsane på nytt.</p> <p>I 2019 har selskapet utbetalt 53 200 i godtgjersle til styreleiari (styret hadde berre éin styremedlem fram til 10.12.19).</p> <p>Selskapet har ein avtale med Vidsyn Rådgjeving AS, som stiller Jan Øhlckers til rådvelde som dagleg leiar i Sogn og Fjordane Holding AS.</p>

Fylkeskommunalt lån	Nei.
Revisor	Ernst & Young
Adresse	Strandvegen 13A, 6884 Øvre Årdal
Telefon	57 65 61 00 / 41 53 09 63
E-post	jan@vidsyn.onmicrosoft.com
Nettadresse	

Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:

(1000 kr)	2017	2018	2019
Sum driftsinntekter	0	0	0
Driftsresultat	-272	-825	-2 519
Resultat etter skatt	36 833	30 589	47 245
Totalkapitalrentabilitet	13 %	6 %	9 %
Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld	-	-	-
Arbeidskapital i % av driftsinntekter	-	-	-
Eigenkapitalprosent:	63 %	87 %	100 %

Økonomisk utvikling i tekst	Sogn og Fjordane Holding AS fekk utbetalt utbytte i 2019 på 49,5 mill. kr. Normalt vil eitt års forskyving av utbytte frå SFE gje renteinntekter som dekker selskapet sine utgifter (rekneskapsføring, revisor, dagleg leiing og styrehonorar). På grunn av prosessen med overføring av aksjar til kommunane og forsøket på å kjøpe BKK AS ut av SFE AS, var utgiftene til juridisk, finansiell og teknisk bistand og dagleg leiing unormalt høge i 2019. Årsrekneskapen syner eit overskot på 47,2 mill. kr i 2019. Selskapet har ein eigenkapital på 527 mill. kr og ein eigenkapitalprosent på 100. Kortsiktig gjeld er blitt vesentleg redusert i høve 2018 som følgje av at selskapet ikkje har avsett utbytte.
------------------------------------	---

Viktige hendingar	<p>Selskapet sin eigarstruktur vart endra i desember 2019, ved at 80 % av aksjane (B-aksjane) vart ført over frå Sogn og Fjordane fylkeskommune til kommunane i Sogn og Fjordane fylke.</p> <p>I samband med overføringa, vart det inngått aksjonæravtale mellom eigarane. Selskapet endra vedtekten med m.a. nytt føremål, avgrensingar i røysterett og habilitetsreglar. Selskapet har også fått nytt styre.</p> <p><u>Sogn og Fjordane Energi AS (SFE)</u> Sogn og Fjordane Holding AS eig 49,51 % av aksjane i Sogn og Fjordane Energi AS. Andre eigarar er BKK (36,8 prosent), og kommunane Kinn, Gloppen, Bremanger, Askvoll, Stad og Sunnfjord.</p> <p>Til liks med ein del andre energiselskap valde også SFE å utsetje avgjørda om utbytte etter 2019-resultatet på grunn av pandemien.</p>
--------------------------	--

	<p>Generalforsamlinga gav styret fullmakt til å setje av eit utbytte på inntil kr 120 000 000,-.</p> <p>I styremøte 25.08.20 beslutta styret å utbetale eit utbytte på nettopp kr 120 000 000,-.</p> <p><u>Sogn og Fjordane Holding AS (SFH)</u> SFH sin del av utbytte frå SFE utgjer ca. 59,28 mill. kr.</p> <p>Generalforsamlinga gjorde i juni slikt vedtak:</p> <p>«Det vert vist til styrevedtak i møte 1. april 2020 om ev. utbytteutdeling av halvparten av utbytte frå SFE for driftsåret 2019 seinare i år og den andre halvparten til neste år.»</p> <p>Dagleg leiar i selskapet har opplyst at utbyttet frå SFE kom inn på konto 02.11.20. Dagleg leiar har starta ein prosess som skal leie fram til at ei ekstraordinær generalforsamling kan gjere vedtak om utdeling av ekstraordinært utbytte til aksjonærane. Utbetalinga vil etter planen finne stad i desember.</p>
Viktige planar/utsikter for dei komande åra	
Mål med eigarskapen	Finansielle mål og å sikre lokal eigarskap i SFE.
Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstenleg	<p>Sogn og Fjordane fylkeskommune fekk dom for at 80 prosent av aksjane i selskapet kunne overførast til kommunane utan å utløyse forkjøpsrett for BKK. Føresetnaden er at aksjane Vestland fylkeskommune vert sitjande att med, dvs. A-aksjane, vert sikra 51 prosent av røystene på generalforsamlinga, slik at fylkeskommunen har avgjerande påverknad i selskapet.</p> <p>Det er difor fastsett i vedtekten § 4 at aksjeklasse A har 51 prosent av røystene på generalforsamlinga.</p> <p>Ei endring av vedtekten krev 2/3 fleirtal av aksjekapitalen og røystene på generalforsamlinga.</p>
Tilråding	Vidareføre eigarskapen

Valen kraftverk AS

Føremål	Selskapet si verksemrd er å drive produksjon og omsetning av energi, og anna verksemrd knytt til desse områda, mellom anna deltaking i andre verksemder med liknande føremål.
Etablert	17.01.2003
Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel	<p>Aksjekapitalen i selskapet er 7 000 000 kr.</p> <p>Fylkeskommunen eig 100 % av selskapet.</p>
Forretningskontor	Kvinnherad kommune
Rettslege rammer	Aksjelova, regelverk knytt til energiproduksjon
Rammer	Vedtekter

Samfunnsansvar og etikk	Valen Kraftverk AS nyttar Kvinnherad Energi AS sine planar for HMS (Helse, miljø, sikkerhet) og tilsvarende tiltak for likestilling. Selskapet ureiner ikkje miljøet i drifta av verksemda. Selskapet har for tida ingen forsknings- og utviklingsaktivitetar.
Generalforsamling	Det vart gjennomført generalforsamling i selskapet den 31.08.20, og fylkesordføraren representerte fylkeskommunen. Møtet vart gjennomført digitalt.
Val av styre	Selskapet sitt styre skal ha tre medlemer. Generalforsamlinga vel styremedlemene for eitt år om gongen. Fylkestinget har delegert oppgåva med å innstille personar til styreverva til fylkesrådmannen i PS 77/2020.
Styresamsetning	Fram til 01.11.20: Styreleiar: Ernst Johnny Stiansen Styremedlem: Sigrid Helene Aardal Styremedlem: Guro Klyve Frå og med 01.11.20: Styreleiar: Solfrid Kongshaug Aase Styremedlem: Petter Lem Gullestad Styremedlem: Pål Andre Kleive
Styregodtgjersle og løn til dagleg leiar	Generalforsamlinga har vedteke at styremedlemer med tilsetjingsforhold i fylkeskommunen ikkje skal ha godtgjersle. Generalforsamlinga vedtok følgjande honorar for 2019 og deler av 2020 for styremedlemer utan tilsetjingsforhold til fylkeskommunen: 2020 (fram til nytt styre tiltar 01.11.20): Avtroppende styreleiar: 70 000 kr Avtroppende styremedlem Sigrid Helene Aardal: 25 000 kr 2019: Styreleiar: 80 000 kr Samla styregodtgjersle for 2019 er 88 602 kr. Terje Enes er konstituert som dagleg leiar i selskapet. Selskapet kjøper administrative tenester og driftstenester frå Kvinnherad Energi AS. I 2019 har selskapet m.a. kjøpt administrasjonstenester for 726 429 kr.
Fylkeskommunalt lån	Selskapet har eit ansvarleg lån på kr 25 mill. kr frå fylkeskommunen (inngått med Hordaland Fylkeskommune). Dette lånet skal nedbetala over 20 år frå 2023 viss selskapet sin eigenkapitalprosent er høgare enn 30.
Revisor	BDO AS
Adresse	C/o Kvinnherad Energi AS, Vikjo 7, 5464 Dimmelsvik
Telefon	
E-post	terje.m.enes@knett.no
Nettadresse	
Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:	

(1000 kr)	2017	2018	2019
Sum driftsinntekter	6 334	6 057	6 104
Driftsresultat	2 894	2 542	2 128
Resultat etter skatt	1 707	1 447	560
Totalkapitalrentabilitet	6 %	4 %	3 %
Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld	10 %	6 %	4 %
Arbeidskapital i % av driftsinntekter	20 %	184 %	49 %
Eigenkapitalprosent	25 %	26 %	28 %
Økonomisk utvikling i tekst	<p>Selskapet har eit overskot på 559 686 kr i 2019, dette er ein nedgang i høve fjaråret. Nedgangen i resultatet skuldast mellom anna auka finanskostnadar og vedlikehaldskostnader.</p> <p>Selskapet har samla gjeld på 52,4 mill. kr ved utgangen av 2019, der 25 mill. kr er ansvarleg lån frå Hordaland fylkeskommune.</p> <p>Ved utgangen av 2019 er eigenkapitalprosenten 28. Dette er tilfredsstillande.</p> <p>Totalkapitalrentabiliteten og sjølvfinansieringa til selskapet er svak, men arbeidskapital i % av driftsinntekter er god.</p>		
Viktige hendingar	<p>Valen Kraftverk AS vart stifta i 2003 ved at Hordaland Fylkeskommune overførte sitt eigartilhøve i kraftproduksjon og nettdrift på Valen i Kvinnherad til selskapet. Denne verksemda var tidlegare nært knytt til drifta av Valen sjukehus. Nettdrifta er avvikla og selskapet si noverande oppgåve er å driva produksjon og omsetning av energi og anna verksemde knytt til desse områda, mellom anna deltaking i andre verksemder med liknande føremål.</p> <p>Selskapet driv produksjon av kraft i eige anlegg. Total produksjon i 2019 var på 15,7 GWh mot 15,4 GWh i 2018. Drifta av stasjonen har vore stabil og utan større avbrot i 2019. Det er inngått avtale med BKK Kvinnherad AS om levering av produsert kraft. Salsinntekta i 2019 vart 1,2 mill. kr lågare enn budsjettet. Dette skuldast lågare produksjon enn rekna med.</p> <p>Terje Enes er i 2020 konstituert som dagleg leiar i selskapet, etter at selskapet ikkje lenger kunne ha tilsette i Kvinnherad Energi AS til funksjonen (tilsette i nettverksemda til Kvinnherad Energi AS vart overførte til BKK Nett AS i samband med verksemどsoverføring 01.05.20). Kontrollutvalet i VLFK har sett nærmere på konstitueringa, og har sett seg ferdig med saka etter å ha fått svar frå styreleiar.</p>		
Viktige planar/utsikter for dei komande åra	<p>Valen Kraftverk AS er i gang med å bygge ny kraftstasjon i Valedalen lenger oppe i vassdraget. Denne vil medføre meiravkastning for selskapet. Eksisterande kraftproduksjon er i eit normalår om lag 19,3 GWh. Etter utbygginga av Valedalen vil samla kraftproduksjon vera om lag 24,8 GWh med rein fornybar energi.</p>		

	Valen kraftverk AS eig òg fallrettar på Handeland/Sandvoll, noko som vart stadfesta i jordskiftedom i 2016. Dersom fallrettane blir utnytta kan dette gje meiravkastning for selskapet.
Mål med eigarskapen	Fylkeskommunen sitt føremål med eigarskapen er finansielt, dvs. utbytte.
Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstenleg	I samband med at fylkestinget i Hordaland gjorde vedtak om å godkjenne lån til selskapet 14.06.17, vart fylkesrådmannen beden om å vurdere eigarskapen, nærmare bestemt om ein skulle selje selskapet. Fylkesrådmannen har fått gjennomført verdivurderingar av selskapet, siste gong ved rapport 08.05.20. Rapporten konkluderer med at dersom det har ingen eller avgrensa ulempe for VLFK å vente med sal, taler det for å vente til situasjonen rundt Valedalen kraftverk og dei økonomiske tilhøva er meir normaliserte. Fylkesrådmannen la tilrådinga om å utsette salet fram for fylkestinget som referatsak 09.06.20. Fylkestinget hadde ikkje merknader til fylkesrådmannen sitt notat.
Tilråding	Vidareføre eigarskapen

6.5 Samfunns- og næringsutvikling

Atheno AS

Føremål	<ul style="list-style-type: none"> • Å fremje auka samarbeid innan industrien i regionen (dette skal primært skje ved å utvikle nettverksarenaer for å gjere medlemsbedriftene meir innovative og konkurransedyktige. Ressurspersonar frå bedriftene skal knytast saman i ressursnettverk). • Å drive inkubatorverksem i regionen og arbeide for entreprenørskap og nyskaping i vid forstand. • Å drive regionalt nærings- og samfunnsutviklingsarbeid som bidreg til oppstart og vidareutvikling av verksemder i Sunnhordland. • Å tilby tenester til næringsliv og offentlege aktørar til så høg kvalitet og attraktiv pris at ein vert den føretrekte samarbeidspartnaren for desse. • Å arbeide fram, tilrettelegge for og tilby naudsynt kompetanse i regionen.
Etablert	29.06.1992
Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel	Selskapet sin aksjekapital er på 3 221 000 kr fordelt på 3 221 aksjar, pålydande 1 000 kr per aksje. Fylkeskommunen sin eigardel er på 3,21 %. Eigarar med meir enn 5 % av aksjane kvar er Kværner AS, SIVA, Wartsila Norway AS, Haugaland kraft AS, Palfinger Marine Safety AS, Leirvik AS, Eidesvik Invest AS og Westcon Group AS. Av eigarar med mindre aksjeprosent er m.a. kommunane Austevoll, Børmlø, Stord og Fitjar.
Forretningskontor	Vabakkjen 6, 5411 Stord
Rettslege rammer	Aksjelova

Rammer	Vedtekter		
Samfunnsansvar og etikk			
Generalforsamling	Det vart gjennomført generalforsamling i selskapet 16.06.20. Fylkeskommunen var ikkje representert.		
Val av styre			
Styresamansetning	<u>Medlemer:</u> Lars Solberg (styreleiar) Børge Pedersen (nestleiar) Atle Kåre Tranøy Hilde Renée Indresøvde Oddrun Englund Lars Magne Eidesvik Svein Hatlevik Steinar Røgenes Liv Reidun Grimstvedt Dag Johan Christoffer Berg	<u>Observatørar:</u> Styreleiar i Samarbeidsrådet Vestland fylkeskommune	<u>Valnemnd:</u> Geir Lund (leiar) Kjerstin O. Håvardsholm Nils Askeland
Styregodtgjersle og dagleg leiars løn i 2019	Styreleiar: 60 000 kr pluss 2000 kr per møte. Andre styremedlemer: 2000 kr per møte. Samla styregodtgjersle i 2019 var til saman 84 000 kr. Dagleg leiar: Løn: 976 975 kr, andre ytingar: 83 803 kr, pensjonskostnader: 48 848 kr		
Fylkeskommunalt lån			
Revisor	RSM Norge AS		
Adresse	Vabakkjen 6, 5411 Stord		
Telefon	452 89 928 (dagleg leiar)		
E-post	post@atheno.no eller astrid@atheno.no (dagleg leiar)		
Nettadresse	www.atheno.no		
Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:			
(1000 kr)	2017	2018	2019
Sum driftsinntekter	8 280	9 689	9 286
Driftsresultat	320	-102	38
Resultat etter skatt	342	-97	51
Totalkapitalrentabilitet	4 %	-1 %	1 %
Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld	-	-	-
Arbeidskapital i % av driftsinntekter	41 %	33 %	38 %
Eigenkapitalprosent	64 %	72 %	77 %

Økonomisk utvikling i tekst	<p>Resultat etter skatt syner eit overskot på 51 139 kr. Resultatet har betra seg frå fjaråret, og skuldast i hovudsak mindre prosjektkostnadar i 2019.</p> <p>Av driftsinntektene på om lag 9,3 mill. kr utgjer offentleg tilskot 6,1 mill. kr. Hordaland fylkeskommune har løyvd totalt 3,4 mill. kr i diverse tilskot til Atheno AS i 2019. Mellom anna er 600 000 kr av desse partnarskapsmidlar.</p> <p>Totalkapitalrentabiliteten til selskap har betra seg frå fjaråret, men er framleis svak. Arbeidskapital i % av driftsinntekter og eigenkapitalprosenten er svært god, selskapet har ikkje langsiktig gjeld.</p>
Viktige hendingar	<p>Selskapet har i hovudsak to forretningsområde: nyskaping og samarbeid (industriell klynge). Atheno AS er ein av fem inkubatorar i Vestland fylke. Inkubatorverksemder er ein viktig del av SIVA sin innovasjonsstruktur, og i inkubatorane kan gründerar og etablerte bedrifter få rådgjeving innan forretningsutvikling og kommersialisering. Selskapet har hatt Partnerskapsavtale med Hordaland/Vestland fylkeskommune på regionalt næringsutviklingsarbeid i perioden 2018-2020.</p> <p>Haugaland Kraft og Sunnhordland Eiendomsinvest gjekk inn på eigarsida i Atheno hausten 2019.</p> <p>Atheno AS vart tildelt 1,6 mill. kr i prosjektmidlar frå Hordaland fylkeskommune i 2019. Prosjekta er arbeidd med over tid, og tematisk dreiar det seg om innovasjonskompetanse, endringsleiring og revitalisering i verksemder.</p> <p>SIVA har i 2020 kjøpt seg opp frå 4,4 % til 11,2 % i selskapet og er med det nest største aksjonær i selskapet.</p>
Viktige planar/utsikter for dei komande åra	<p>For 2020 har selskapet fått tilsegn om inntil 640 000 kr i tilskot frå fylkeskommunen til prosjektet Grøn 2020 - Meirverdi med berekraft.</p> <p>Selskapet har også fått 600 000 kr i partnarskapsmidlar, og 890 000 kr i andre tilskot frå fylkeskommunen i 2020.</p> <p>Selskapet har søkt om å få inngå partnarskapsavtale med Vestland fylkeskommune for 2021 - 2022.</p>
Mål med eigarskapen	Næringsutvikling.
Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstenleg?	<p>Eigarskap i Atheno AS er i tråd med fylkeskommunen sin eigarskapspolitikk, ved at eigarskapen oppfyller føremålet om næringsutvikling ved å delta i selskap som arbeider med fellestiltak for å utvikle næringslivet i fylket, og då særleg Sunnhordland.</p> <p>Atheno AS er ein viktig samarbeidspartner for å nå strategiske mål for næringsutvikling i Vestland, jf. m.a. Utviklingsplan for Vestland 2020 - 2024 (Regional planstrategi) og Handlingsprogram for innovasjon og næringsutvikling i Vestland 2020. Eigarskapen vil derfor også oppfylle føremålet om næringsutvikling ved å delta i selskap der vi opptrer som regional utviklingsaktør og tilfører og/eller får kompetanse.</p> <p>Dersom fylkeskommunen skulle ønske meir avgjerande innverknad over selskapet, ville dette føresetje auka eigardel. Dette er likevel ikkje vurdert som nødvendig for å oppfylle målet med eigarskapen.</p>
Tilråding	Vidareføre eigarskapen.

Fjord Invest Såkorn AS

Føremål	Selskapet sitt føremål er å investere i konkurransedyktige såkornbedrifter og små- og mellomstore bedrifter i Sogn og Fjordane. Selskapet skal arbeide etter forretningsmessige prinsipp med sikte på å oppnå tilfredsstillende avkastning for eigarane.
Etablert	28.06.2004
Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel	<p>Selskapet sin aksjekapital er 34 000 000 kr fordelt på 34 000 aksjar, pålydande 1 000 kr.</p> <p>Fylkeskommunal eigarprosent: 55,88. Aksjeposten sin pålydande verdi er 19 000 000 kr.</p> <p>Andre eigarar er stiftinga REKOMP (29,41 %), Sparebanken Sogn og Fjordane (6,66 %), Sparebanken Vest, Gjensidige, Sogn Sparebank, Fjord1 AS, Sogn og Fjordane Energi AS, Luster Sparebank AS, Eika Gruppen AS, Åsen og Øvreliid AS, Fjordvekst AS og K-senteret Supermarked.</p>
Forretningskontor	Sunnfjord kommune
Rettslege rammer	Aksjelova
Rammer	<p>Vedtekter, opphavleg fra 18. mars 2011, sist endra i mai 2017.</p> <p>Aksjonæravtale, godkjent av fylkesutvalet i Sogn og Fjordane i sak 17/11.</p>
Samfunnsansvar og etikk	Styret i Fjord Invest Såkorn AS vedtok i sak 07/08 regelverk for corporate governance og internkontroll for selskapet. Selskapet har etiske retningslinjer (routine 01). Regelverk og retningslinjer vert gjennomgått årleg.
Generalforsamling	Det vart gjennomført generalforsamling i selskapet 24.06.20. Fylkesordføraren representerte fylkeskommunen i møtet.
Val av styre	Etter vedtektsendringa i 2015 er det ikkje talfesta kor mange medlemer styret skal ha. Det er heller ikkje vedtektsbestemt valperiode, men praksis er at medlemene vert valde for to år, jf. aksjelova. Generalforsamlinga vel valkomité for to år av gongen.
Styresamansetning	<p>Etter generalforsamlinga i 2020 er styret sett saman slik:</p> <p>Vidar Grønnevik (leiar) (eitt år att av valperioden)</p> <p>Eli-Grete Høyvik (vald for to år)</p> <p>Ingar Valvik (vald for to år)</p> <p>Valkomité:</p> <p>Karen Marie Hjelmeseter (leiar, vald for to år)</p> <p>Bente Nesse (eitt år att av valperioden)</p> <p>Tor André Ljosland (vald for to år)</p>
Styregodtgjersle og løn til dagleg leiar	<p>For 2019 er følgjande satsar vidareført uendra:</p> <p>Styreleiar: 30 000 kr pr. år.</p> <p>Styremedlem: 15 000 kr pr. år.</p> <p>I tillegg vert det betalt 4000 kr per fysiske møte og 2000 per telefonmøte. Samla styregodtgjersle for 2019 er 155 272 kr.</p> <p>Selskapet har ingen tilsette. Fjord Invest Såkorn vert forvalta av Fjord Invest Management AS. Forvaltningshonoraret til Fjord Invest Management AS var 1 247 569 kr i 2019, mot 1 279 261 kr i 2018.</p>

Fylkeskommunalt lån	Nei.
Revisor	Deloitte AS.
Adresse	Hafstadvegen 25, 6800 Førde
Telefon/faks	95 00 01 20/ 947 74 175
E-post	post@fjordinvest.no
Nettadresse	www.fjordinvest.no/

Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:

(1000 kr)	2017	2018	2019
Sum driftsinntekter	0	0	0
Driftsresultat	- 1 416	- 1 460	-1 557
Resultat etter skatt	- 985	-970	8 726
Totalkapitalrentabilitet	- 4 %	- 4 %	31 %
Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld	-	-	-
Arbeidskapital i % av driftsinntekter	-	-	-
Eigenkapitalprosent:	98,9 %	99,3 %	99,7 %

Økonomisk utvikling i tekst	<p>Selskapet har ingen driftsinntekter og driftsresultatet er såleis eit resultat av driftsutgiftene. Mesteparten av utgiftene er forvaltningshonorar. Forvaltinga av fondet sine investeringar er utkontraktert til Fjord Invest Management AS.</p> <p>Sal av eitt av porteføljeselskapa har medført eit proveny som bidreg til eit positivt årsresultat på om lag 8,7 mill. kr i 2019.</p> <p>Balanseført verdi av porteføljen ved årsskiftet er om lag 22,1 mill. kr, noko som tilsvavar kostpris.</p> <p>Selskapet har god likviditet og soliditet. Overskotet i 2019 vert overført til udekka tap frå tidlegare år, og betra eigenkapitalen som ved utgangen av året er om lag 32,5 mill. kr. Dette gjev ein eigenkapitalprosent på 99,7 %. Mandatet til Fjord Invest Såkorn AS inneber høg risiko og det er difor viktig med god eigenkapitalprosent for å kunne bere eventuelle tap.</p> <p>Likvide midlar (bankinnskot) utgjer om lag 9,4 mill. kr mot ei kortsliktig gjeld på 0,110 mill. kr.</p>
------------------------------------	--

Viktige hendingar	<p>Kapitalen i selskapet kjem frå Sparebanken i Sogn og Fjordane, Sparebanken Vest, BKK, SFE, private investorar, Sogn og Fjordane fylkeskommune og Innovasjon Norge. Overfor porteføljeselskapa bidreg selskapet med kapital, kompetanse og nettverk.</p> <p>I 2019 har selskapet sett eit av porteføljeselskapa, investert i to nye selskap og gjort seks oppfølgingsinvesteringar i eksisterande portefølje. Oppfølgingsinvesteringar er gjort i Eduplaytion AS, Rocketfarm AS, Evoy AS og Østerbø Maskin AS.</p>
--------------------------	--

	<p>Selskapet investerer no i Beat.no AS, Hawkraft AS, Kunnskapsparken Vestland AS, Rocketfarm AS, Østerbø Maskin AS, Webmegling Technology AS, Evoy AS, Eduplaytion AS og Mental Health Informatics Holding AS. Sistnemnde selskap er morselskap til Norse Feedback AS, og ei ny investering i 2020. Norse Feedback AS utviklar digitale verktøy for behandling av psykiatriske pasientar.</p>
Viktige planar dei komande åra	<p>Den siste tida har Covid-19 gitt næringslivet store utfordringar, både på kort sikt, og sannsynlegvis, lengre sikt. Porteføljeselskapa har beredskapsplanar om smittefare, driftsøkonomiske effektar og ikkje minst for likviditet. Selskapet er oppteke av, og førebudd på å sikre porteføljeselskapa likviditet i den vanskelege tida.</p> <p>Salet av det eine porteføljeselskapet, Quality Intervention AS, har medført eit proveny som gir Fjord Invest Såkorn AS kapital til å gjennomføre oppfølgingsinvesteringar i eksisterande portefølje, samt kapital til nye investeringar.</p> <p>Styret i selskapet har vedteke å legge til rette for å investere inntil 8 mill. kr (både tings- og kapitalinnskot) i eit nytt investeringsfond, Peak Venture I. Peak Venture I sin investeringsstrategi vil vere å investere i selskap som utnyttar ressursar i regionen, har innovative løysingar m.m. Peak Venture har mål om å samle 30-100 mill. kr i eit fond i løpet av 2020. Private investorar, sparebankar, kraftselskap og andre kapitaleigarar i regionen er invitert til å investere i fondet. Fylkeskommunen, og dei andre aksjonærane i Fjord Invest Såkorn AS, er også invitert til å investere i fondet, og det vert lagt fram sak om dette for fylkesutvalet i november eller desember.</p> <p>For meir informasjon om Peak Venture, sjå aksjonærinformasjon som vert lagt fram for fylkesutvalet i november eller desember (først lagt fram i sak FUV RS 92/2020, men utsett).</p>
Mål med eigarskapen	<p>Målet med eigarskapen er å vidareutvikle Fjord Invest Såkorn AS som eit viktig regionalt investeringsselskap for nyetablerte bedrifter. Gjennom eigarskapen i selskapet bidreg fylkeskommunen indirekte med kapital for å skape ny verksemd i Sogn og Fjordane. Dette er ei langsiktig investering for fylkeskommunen. Selskapet skal arbeide etter forretningsmessige prinsipp med sikte på å oppnå tilfredsstillande avkastning for eigarane.</p>
Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstenleg	<p>Såkornbedrifter er bedrifter under skiping eller i ein tidleg utviklingsfase med høg risiko og høg potensiell avkasting/verdiauke. Det har vore mangel på investorkapital til såkornbedrifter i Sogn og Fjordane, og selskapet vart etablert for å kunne bidra med slik kapital. Fylkeskommunen tilførte fondet 13,7 mill. kr i samband med stiftinga i 2004. Ved stiftinga vart det presisert at Fjord Invest Såkorn AS skulle bruke deler av sin eigenkapital til å investere i Kunnskapsparken AS, eit anna selskap fylkeskommunen har eigarskap i.</p> <p>Selskapet har sjølv eit mål om 25 % avkastning per år per selskap. Fjord Invest Såkorn AS har førebels ikkje betalt ut utbytte til eigarane. Mottekne salsprovenyar er nytta til nye investeringar. Fjord Invest Såkorn AS sine investeringar har vore med på å skape interessante gründermiljø i Sogn og Fjordane.</p> <p>Å vere eigar i eit slikt investeringsselskap kan bety at fylkeskommunen med jamne mellomrom vert beden om å delta i kapitalutviding. Sidan oppstarten i 2004, har det vore gjennomført seks emisjonar i selskapet. Sogn og Fjordane fylkeskommune har i desse bidrige med til saman 16,5 mill. kr til kapitalutviding, og andre eigarar til saman 23,7 mill. kr opp gjennom åra. For meir om dette, sjå fu-sak 58/10 og ft-sak 1/17. I 2010</p>

	<p>var litt av argumentet for å gå inn med meir kapital at fylkeskommunen med det oppnådde aksjemajoritet. I 2017-saka var det ein føresetnad for å auke eigardelen at selskapet fekk etablert ein breiare eigarstruktur, sidan fylkeskommunen ønskte å redusere sin eigardel på sikt. Selskapet har fått ein breiare eigarstruktur, men fylkeskommunen eig framleis majoriteten av aksjane.</p> <p>Behovet for investeringskapital i Sogn og Fjordane er framleis stort, og dei opphavlege føresetnadane for fylkeskommunen sitt engasjement er framleis til stades - næringsutvikling ved å delta i investeringsselskap som går inn som eigar for å utvikle nye selskap.</p> <p>Føresetnaden om at selskapet får fleire eigarar, eller på annan måte får fleire investorar, bør likevel framleis ligge til grunn. Vestland fylkeskommune vil i dei komande åra ikkje nødvendigvis vere i ein posisjon til å skyte inn ny investeringskapital. Selskapet si investering i Peak Venture I endrar i utgangspunktet ikkje fylkeskommunen sin eigardel i Fjord Invest Såkorn AS, men etableringa av Peak Venture legg til rette for å samle kapital frå private investorar, sparebankar, kraftselskap og andre kapitaleigarar i regionen i eit nytt fond. Peak Venture I vil på denne måten vere eit nytt instrument som kan vidareføre og løfte visjonen til Fjord Invest Såkorn AS.</p>
Tilråding	Vidareføre eigarskapen.

Fjord Norge AS

Føremål	Internasjonal marknadsføring og tilrettelegging for sal for reiselivet i Rogaland, Vestland og Møre og Romsdal. Det skal særskilt arbeidast med sesongutviding.
Etablert	01.02.1993.
Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel	<p>Aksjekapitalen i selskapet er på 4,15 mill. kr.</p> <p>Fylkeskommunal eigarprosent: 17,8 (Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar hadde kvar ein eigarprosent på 8,9). Dette utgjer 148 aksjar til ein verdi av 5000 kroner, totalt 740 000 kroner.¹³</p>
Forretningskontor	Bergen.
Rettslege rammer	Aksjelova.
Rammer	Vedtekter, sist endra på generalforsamling 31.05.16.
Etiske retningslinjer	Årsmeldinga seier ikkje noko om etiske retningslinjer, men omtalar arbeidsmiljø, likestilling og ytre miljø.
Generalforsamling	Det vart gjennomført generalforsamling i selskapet 29.06.20. Fylkesvaraordføraren representerte fylkeskommunen på generalforsamlinga.
Val av styre	Styret består av ni medlemer som blir valde for to år av gongen. Fylkeskommunane peikar ut éin medlem kvar (VLFK har i år peika ut to fordi fylkeskommunen har overteke ansvaret frå både HFK og SFFK). Generalforsamlinga vel styreleiar.

¹³ Det er førebels ikkje gjort ei endring i vedtekene når det gjeld storleiken på kvar fylkeskommune sin eigarpst post eller styresamansetjing/utpeiking av medlemmar. VLFK overtok ved årskiftet alle rettane og pliktene overfor selskapet frå dei tidlegare fylkeskommunane. Lik eigardel har vore ein føresetnad med opprettninga av selskapet, og spørsmålet om eigardel, rettar og plikter vil kome som generalforsamlingssak på eit seinare tidspunkt.

	Selskapet har ein valkomité sett saman av fire medlemer, ein frå kvart fylke.		
Styresamansetning	<p>Etter generalforsamling i 2020 er styret sett saman slik:</p> <p>Styreleiar: Terje Devold Styremedlem: Elisabeth Bakken Styremedlem: Eivind Vardal Ryste Styremedlem: Anders Nyland Styremedlem: Jan Heggheim Styremedlem: Asgeir Blindheim Styremedlem: Eva Sørås Mellgren Styremedlem: Noralv Distad Styremedlem: Iver Jan Leren</p> <p>Valkomitéen for 2020: Anita Nybø, Elisabeth Saupstad, Tom Anker Skrede, Eva Melgren og Sigurd Kvikne.</p> <p>I generalforsamlinga vart det påpeikt at det er uheldig at styret har sju menn og to kvinner. Generalforsamlinga oppmoda om at selskapet sin valkomité og eigarane samordnar seg for ein best mogleg kjønnsbalanse.</p>		
Styregodtgjersle og løn til dagleg leiar	<p>Samla styregodtgjersle for 2019 er 326 062 kr.</p> <p>Satsane for styregodtgjersle er vidareført uendra i 2020: Styreleiar: 67 800 kr per år. Styremedlem: 5 200 kr per møte.</p> <p>Reisekostnader vert dekka etter rekning, diettgodtgjersle for reise til og frå styremøta vert dekka etter satsane til staten. Det vert ikkje gjeve godtgjersle for tapt arbeidsforteneste eller andre dokumenterte utlegg.</p> <p>Løn og godtgjersler dagleg leiar: 1 308 885 kr.</p>		
Fylkeskommunalt lån/garanti	Nei.		
Revisor	Bjørgvin revisjon AS.		
Adresse	Nordre Nøstekaien 1, 5011 Bergen		
Telefon/faks	55 30 26 40.		
E-post	info@fjordnorway.com		
Nettstad	www.fjordnorway.com		
Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:			
	2017	2018	2019
(1000 kr)			
Sum driftsinntekter	36 893	41 885	37 037
Driftsresultat	1	-39	-60
Resultat etter skatt	5	8	-232
Totalkapitalrentabilitet	1 %	1 %	0 %

Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld	11 393 %	-	-
Arbeidskapital i % av driftsinntekter	14 %	12 %	13 %
Eigenkapitalprosent:	44 %	33 %	41 %
Økonomisk utvikling i tekst	<p>Selskapet fekk eit underskot på 231 949 kr i 2019. Dette kjem av ei nedgang i salsinntekter og auke i andre driftskostnader. Selskapet har ikkje mål om profittmaksimering, men mål om eit nullresultat.</p> <p>Dei fire fylkeskommunane på Vestlandet bidrog i 2019 med tilskot på om lag 3 mill. kr kvar, ein auke på 116 000 kr frå 2018. For 2020 vil Vestland fylkeskommune bidra med 6 mill. kr.</p> <p>Selskapet har ikkje langsiktig gjeld. Arbeidskapitalen i prosent av driftsinntekter og eigenkapitalprosenten er god.</p>		
Viktige hendingar	<p>Fjord Norge AS vart etablert i 1993 og er no inne i sitt 27. driftsår.</p> <p>I 2019 har Fjord Norge-regionen hatt ei auke frå 3,2 til 3,5 mill. utanlandske overnattingar, ei endring på 9,5 % frå 2018 (mot 5,6 % på landsbasis), og ny rekord. Ei undersøking utført for Innovasjon Norge viser at ein gjennomsnittleg utanlandsk sommarturist la att 1155 kr per døgn i regionen. Fjord Noreg meiner veksten kjem av mange år med målretta marknadsføring, og med noko hjelp frå svak kronekurs.</p> <p>Fjord Norge har lansert ein omfattande strategi for å bygge heilårsturisme i deler av landsdelen under konseptet «Go Viking in the fjords». I tillegg har selskapet gjennomført eit omfattande scenarioprosjekt i 2018-2019 i samarbeid med Vestlandsrådet, som har til føremål å oppnå semje i landsdelen om korleis reiselivet skal sjå ut i 2030.</p> <p>Det har vore eit leiarskifte i selskapet. Stein Ove Rolland vart tilsett som ny direktør etter at Kristian Jørgensen gjekk av 31.12.19.</p>		
Viktige planar/utsikter for dei komande åra	<p>Ein prognose frå FNs reiselivsorganisasjon, UNWTO, tilseier at ein kan vente seg ein global vekst på 50 % for det internasjonale reiselivet fram mot 2030, i snitt 4 % per år. Fjord Norge AS ventar at Fjord Noreg-regionen vil kunne ha ein høgre vekst enn dette, mellom 50 og 70 %. Dersom denne veksten kjem i perioden mai til september vil landsdelen utan tvil få store utfordringar. Dei viktigaste oppgåvene framover vert å spreie trafikken frå område med press til område med kapasitet, i tillegg til å utvikle eit reiseliv for heile året. Reiselivet på Vestlandet har berekraftig utvikling som visjon, og har sett seg ti konkrete mål for å oppnå dette, m.a. ingen overturisme, utsleppsri transport i regionen og lange opphold.</p> <p>Covid-19 pandemien har så langt ikkje påverka drifta av selskapet, og alle dei tilsette er i full jobb. Selskapet har sett av ei reserve i budsjettet for å kunne handtere tap på kundefordringar opp mot 650 000 kr. Pandemi-situasjonen kjem likevel til å sette spor i reiselivet, og selskapet veit ikkje korleis den nye normalsituasjonen blir framover. Selskapet ventar at Noreg kan verte enda meir populært framover.</p>		
Mål med eigarskapen	Næringsutvikling og fylkeskommunale fellestiltak.		
Er vidareføring av fylkeskommunal	Fjord Norge er eit fellestiltak for internasjonal marknadsføring av Vestlandet som reiselivsmål, og ein viktig reiskap for å styrke næringsutviklinga i fylket.		

eigarskap føremålstenleg	
Tilråding	Vidareføre eigarskapen

Framtidsfylket AS

Føremål	Hovudmålsetnaden til Framtidsfylket er vekst og verdiskaping for Vestland. Framtidsfylket arbeider målretta med å få kompetent arbeidskraft til fylket gjennom felles trainee-ordning for alle private og offentlege verksemder i fylket, drift av nettportalen framtidsfylket.no og anna rekrutteringsarbeid som i vid forstand skal vera i verksemder si interesse.	
Etablert	01.02.2008	
Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel	Selskapet sin aksjekapital er 612 000 kr fordelt på 612 aksjar à 1 000 kr kvar. Vestland fylkeskommune eig 2,8 % av aksjene. Andre aksjonærar er privat næringsliv i fylket, tre sparebankar i fylket, Stiftinga Vestlandsforskning, NHO Sogn og Fjordane og Sunnfjord Næringsråd. Framtidsfylket har også eigne aksjar.	
Forretningskontor	Sunnfjord kommune.	
Rettslege rammer	Aksjelova.	
Rammer	Vedtekten av 19.07.2009.	
Samfunnsansvar og etikk	Selskapet arbeider for vekst og verdiskaping for Vestland, gjennom å rekruttere kompetent arbeidskraft til fylket.	
Generalforsamling	Generalforsamlinga består av aksjonærane. Her gjev kvar aksje ei røyst. Det vart gjennomført generalforsamling for selskapet 09.06.20 (digital deltaking). Jan Heggheim representerte Vestland fylkeskommune på generalforsamlinga, med fullmakt.	
Val av styre	Generalforsamlinga vel valkomité. Styret skal bestå av 5-7 medlemmar. Styreleiar blir vald på generalforsamlinga. Aksjeeigarar i form av private bedrifter, organisasjonar som spring ut frå private bedrifter eller organisasjonar som private bedrifter eig, skal ha fleirtal i styret.	
Valkomitè	Øivind Indrebø, Irene Wergeland og Ole Bent Søreide.	
Styresamansetning	Styremedlem: Nandor Helgheim (leiar) Inger Johanne Osland Johanne Viken Sandnes Olav Hjelle Hilde Grinde	Varamedlem: Trude Ramstad
Styregodtgjersle og løn til dagleg leiar	På generalforsamlinga vart det vedteke at det ikkje skal betalast ut styrehonorar. Honorar for arbeid med prosjekt og oppgåver utover vanleg styrearbeid kan avtalast med dagleg leiar. Løn dagleg leiar i 2019: 600 817 kr. Anna godtgjersle: 5 362 kr. Til saman: 606 179 kr.	
Fylkeskommunalt lån	Nei.	

Revisor	Deloitte AS.
Adresse	Naustdalsvegen 1B, 6800 Førde.
Telefon/faks	990 17 852
E-post	linda@framtidsfylket.no
Nettadresse	www.framtidsfylket.no

Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:

(1000 kr)	2017	2018	2019
Sum driftsinntekter	5 097	5 698	6 286
Driftsresultat	80	-374	479
Resultat etter skatt	81	-380	481
Totalkapitalrentabilitet	4 %	-17 %	20 %
Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld	-	-	-
Arbeidskapital i % av driftsinntekter	27 %	17 %	24 %
Eigenkapitalprosent:	63 %	48 %	57 %

Økonomisk utvikling i tekst	<p>Selskapet har som målsetjing å vera eit non-profitt selskap.</p> <p>Rekneskapen for 2019 syner eit overskot på 478 545 kr. Overskotet kjem av at to prosjekt vart forskyve til 2020 på grunn av endringar i kommune- og fylkesstruktur. Framtidsfylket hadde budsjettet ein eigenandel på 350 000 kr for desse prosjekta.</p> <p>Sogn og Fjordane fylkeskommune var med på å finansiere "Framtidsfylket karrieremesser" og overførte 475 000 kr til Framtidsfylket AS i 2019.</p> <p>Selskapet har ingen langsiktig gjeld, og ei kortsiktig gjeld på om lag 1,2 mill. kr. Med ein eigenkapital på 1,5 mill. kr utgjer den 57 % av totalkapitalen og syner god soliditet. Omløpsmidlar er på omlag 2,7 mill. kr. Dette gir ein arbeidskapital på 24 %, noko som syner at selskapet har god likviditet.</p>
------------------------------------	--

Viktige hendingar	<p>I 2019 arrangerte Framtidsfylket karrieremesser i Trondheim, Bergen og Oslo. Det var bra oppslutnad frå både bedrifter og publikum i Trondheim og Bergen. Oslo-messa vart arrangert i samarbeid med Sparebanken Sogn og Fjordane og var lagt opp som eit familiearrangement. Tal besökande på messene var om lag 1160 personar, her 131 personar kom innom på stands.</p> <p>I august 2019 starta 24 traineear opp og Framtidsfylket held posisjonen som eit av landets mest attraktive traineeprogram. Framtidsfylket inngjekk i 2019 ei samarbeidsavtale med Trainee Indre Hordaland om felles program for 2020/2021. Ved utlysing av stillingane for kullet 2020/2021 var det ei auke i tal søkerar, til heile 35 stillingar i 23 bedrifter innan ulike fagområde. Av totalt 520 søkerar til stillingane var 90 % busett utanfor fylket.</p>
--------------------------	--

	<p>Innholdsproduksjonen på nettstaden til Framtidsfylket har auka med 25 % frå 2018 til 2019. Dette har ført til fleire besøkande enn nokon gong tidlegare, og selskapet ser ein auke på 26,10 %.</p>
Viktige planar/utsikter for dei komande åra	<p>Året 2019 var siste driftsår i Sogn og Fjordane og Framtidsfylket ser fram mot kva eit større fylke vil gi av mogleigheter.</p> <p>Selskapet si samla rolle innan rekruttering vil bli endå viktigare i kampen om å nå arbeidsmarknaden og lukkast med rekruttering. Framtidsfylket meiner at godt samarbeid med regionar, næringsliv, utdanningsaktørane og fylket legg grunnlaget for at ein kan lukkast i dette arbeidet. Mangel på kompetanse vert opplevd som ein av dei store utfordringane for at næringslivet skal nå forventa mål om vekst.</p> <p>Framtidsfylket har sidan oppstart hatt ei grunnfinansiering frå REKOMP-stiftinga. Denne støtta har vore avgjerande for drifta. Restmidlane i REKOMP er løyvd til Framtidsfylket, som har denne støtta fram til og med halve 2020. Fylkesdirektøren for Innovasjon og næringsutvikling har lova Framtidsfylket å stille opp med midlar dersom restmidlane frå REKOMP ikkje held ut året 2020.</p> <p>Framtidsfylket har søkt fylkeskommunen om partnarskapsmidlar for perioden 2021-2022.</p>
Mål med eigarskapen	<p>Målet med eigarskapen er å delta i selskap som arbeider med felles tiltak for å utvikle næringslivet i fylket. Gjennom eigarskapen opptrer i tillegg fylkeskommunen som regional utviklingsaktør og tilfører og/eller får kompetanse.</p>
Er fylkeskommunal eigarskap framleis aktuell	<p>Målet med eigarskapen gjer seg framleis gjeldande. Selskapet bidreg i det viktige rekrutteringsarbeidet med å skaffe kompetent arbeidskraft til næringslivet og offentlege etatar i fylket, særleg i distrikta.</p> <p>I samband med regionreforma, har selskapet utvida verkeområdet sitt til Vestland, og samarbeider mellom anna med Trainee Indre Hordaland.</p> <p>At fylkeskommunen har ein svært liten eigardel, kan isolert sett tale for avvikling av eigarskapen. Større eigardel er likevel ikkje rekna som avgjerande for å oppfylle målet med eigarskapen, som delvis er å delta i eit samarbeidstiltak med ulike offentlege og private verksemder i fylket.</p>
Tilråding	Vidareføre eigarskapen.

Gulen og Masfjorden Utvikling AS

Føremål	<p>Selskapet har som føremål å legge til rette for auka næringsverksemd i kommunane Gulen og Masfjorden. Selskapet skal, ved å vere ein pådrivar og koordinator for private aktørar, medverke til etablering av lønsame arbeidsplassar i distriktet. Selskapet skal vidare vere ein koordinator for offentlege midlar til næringsarbeid, og vere ein pådrivar for at næringslivet skal få ei god kunnskaps- og teknologisk utvikling. Selskapet kan drive kjøp/sal og ha anna verksemd i samband med dette. Selskapet kan delta i andre selskap med liknande verksemd. Selskapet skal ha eit nært samarbeid med Gulen/Masfjorden Næringsråd.</p>
Etablert	27.06.2008
Aksjekapital/ fylkeskommunal eigardel	<p>Selskapet sin aksjekapital er på 5 156 250 kr fordelt på 20 625 aksjar à 250 kr.</p> <p>Vestland fylkeskommune eig 32,12 % av aksjane og aksjeposten sin</p>

	pålydande verdi er 1 656 250 kr. Andre eigarar er Gulen kommune, Masfjorden kommune og SIVA.
Forretningskontor	Gulen kommune.
Rettslege rammer	Aksjelova.
Rammer	Vedtekene, sist revidert 09.06.16.
Samfunnsansvar og etikk	
Generalforsamling	<p>Det vart gjennomført generalforsamling for selskapet 25.05.20.</p> <p>Hans-Inge Gloppen representerte Vestland fylkeskommune på generalforsamlinga, med fullmakt.</p>
Val av styre	<p>Styret skal bestå av tre til ni personar som vert valde for to år om gangen. Halvparten av medlemene skal vere på val kvart år. I tillegg kan det veljast ein til tre vara. Minst 50 prosent av styremedlemene skal veljast frå næringslivet i Gulen og Masfjorden kommunar. Generalforsamlinga vel styreleiar og nestleiar.</p> <p>Styremedlemar vert føreslegne av ei valnemnd. Valnemnda skal bestå av tre eller fleire medlemer som vert valde av generalforsamlinga med ei tenestetid på to år. Generalforsamlinga vel leiar i valnemnda. Generalforsamlinga vedtek instruks for valnemnda.</p>
Styresamansetning	<p><u>Styremedlemer:</u></p> <p>Hallvard Oppedal (leiar) Karstein Jon Totland (nestleiar) Karl Vågstøl Sigmund Holmaas. Solveig D. Kristiansen. Njål Wilberg. Frode Kversøy.</p>
Styregodtgjersle og løn til dagleg leiar	<p>Styreleiar: 20 000 kr per år. Styremedlemer: 15 000 kr per år.</p> <p>Styrerrepresentantane frå Gulen og Masfjorden kommunar avstår frå å få styrehonorar.</p> <p>Godtgjersle til valnemnda er for 2020 sett til 0 kr.</p> <p>Løn dagleg leiar i 2019: 671 920 kroner; andre godtgjersler: 4861 kr. Til saman: 676 736 kr.</p>
Fylkeskommunalt lån	Nei.
Revisor	Bjørgvin Revisjon AS.
Adresse	Sløvågen 2, 5960 Dalsøyra.
Telefon/faks	90 14 20 25
E-post	ragnhild@gmu.no
Nettadresse	www.gmu.no
Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:	

(1000 kroner)	2017	2018	2019
Sum driftsinntekter	843	875	882
Driftsresultat	-360	-266	-305
Resultat etter skatt	-48	-516	646
Totalkapitalrentabilitet	%	0 %	4 %
Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld	-	-	-
Arbeidskapital i % av driftsinntekter	1 561 %	1 471 %	1 561 %
Eigenkapitalprosent:	99 %	99 %	99 %
Økonomisk utvikling i tekst	I 2019 hadde selskapet eit negativt driftsresultat på 304 548 kr. Dette er om lag som budjettert. På grunn av eit godt år i kapitalmarknaden endar selskapet opp med eit årsresultat på 646 171 kr, som vert overført til anna eigenkapital. Det er inntektsført 136 577 kr i renter på lån GMU har til Sløvåg Næringsbygg AS i 2019. Drifta til selskapet vert i hovudsak finansiert av eigarkommunane Gulen og Masfjorden. I 2019 har selskapet motteke høvesvis 576 400 kr og 250 000 kr i tilskot frå eigarkommunane. Då selskapet har peika på at verksemda gjennom fleire år har vore underfinansiert, vedtok begge kommunane i desember 2019 å auke tilskotet med 100 000 kr frå kvar kommune frå og med 2020. Selskapet har ikkje langsiktig gjeld. Kortsiktig gjeld er berre 135 673 kr og omløpsmidlar er om lag 13,9 mill. kr. Dette gir ein svært god arbeidskapital. Eigenkapitalen er på om lag 16,7 mill. kr, og utgjer 99% av totalkapitalen. Selskapet syner difor ein svært god soliditet.		
Viktige hendingar	Næringsutvikling og profilering har vore viktige områder for Gulen og Masfjorden utvikling i 2019 (GMU). GMU har vore i kontakt med 27 verksemder i Gulen og Masfjorden i samband med stifting av selskap, søknader til Næringsfond/Kraftfond og rådgjeving. Desse tala syner at starthjelp til etablerarar og søknadsstøtte til offentlege midlar har vorte eit etablert tilbod. Talet på nyetableringar har vore stabilt, som også er ein tendens ein ser regionalt. Dette kan tyde på ein sterkt arbeidsmarked med lite behov for å etablere eigen arbeidsplass. Etablerte verksemder som tek kontakt for hjelp til utforming av søknader og liknande aukar, noko GMU opplever som eit teikn på eit næringsliv som går godt og syner vilje til å satse. GMU har følgt opp samarbeidet med Sogn Aqua som eit mellomledd mellom privat næring og offentlege instansar. GMU har også sett på etablering av komplementære næringar på arealet i Ortneset, som ein del av arbeidet med å tiltrekke seg nye næringsaktørar i regionen. GMU har i 2019 delteke på relevante næringslivsmesser, konferansar og andre forum med mål om å profilere regionen og informere om tilgjengelege næringsareal. I tillegg til å informere om verksemder og næringar som allereie er etablert i regionen.		

Viktige planar/utsikter for dei komande åra	<p>Det har vore stor aktivitet i næringslivet i regionen gjennom 2019 både hjå nye aktørar og godt etablerte, noko tilseier at utsiktene til jobbskaping dei neste åra er gode. Låg oljepris og koronasituasjonen kan påverke oppstart for jobbskaping, men selskapet si vurdering er at det ikkje er naudsynt å gjere endringar i etablerte planar for det lokale næringslivet.</p> <p>GMU opplever ei stor utfordring i å skaffe kvalifisert arbeidskraft til området, ettersom låg arbeidsløyse medfører at ein ikkje har reserve å ta av. Innpendling frå andre kommunar har auka i 2019, og selskapet vil framover ha søkjelys på at arbeidstakarane også bur i Gulen og Masfjorden for å halde innbyggjartalet oppe.</p> <p>SIVA har uttrykt ønske om å selje sine aksjar i selskapet. Dette har samanheng med at SIVA har fått pålegg frå Nærings- og fiskeridepartementet om å selje seg ut frå investeringsselskap der det let seg gjere.</p>
Mål med eigarskapen	Næringsutvikling, ved å delta i selskap der vi opptrer som regional utviklingsaktør og tilfører og/eller får kompetanse. Selskapet er også investeringsselskap.
Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstenleg	<p>Samanlikna med andre næringsselskap i eigarskapsportefølja til fylkeskommunen, har selskapet per i dag eit relativt lokalt verkeområde. Samstundes er det slik at det finst andre aktuelle aktørar for næringsutvikling og denne typen tenesteyting i området, t.d. Gulen og Masfjorden næringshage AS.</p> <p>Ser ein dette i samanheng med at selskapet har god økonomi og at fylkeskommunen ikkje har noko avgjerande rolle som eigar, er det ikkje presserande at fylkeskommunen er med vidare.</p> <p>SIVA har, som nemnt over, eit uttrykt ønske om å selje seg ut av selskapet.</p> <p>Eit alternativ til å selje seg ut, er at fylkeskommunen, saman med dei andre eigarane, drøftar moglegheitene for å slå selskapet saman med andre liknande selskap i området. SIVA er, til liks med fylkeskommunen, engasjert i andre utviklingsselskap i nærområdet, t.d. Industriutvikling Vest AS i Knarvik, og kan derfor vere interessert i å vurdere samanslåing.</p>
Tilråding	Vidareføre eigarskapen, men fylkestinget ber fylkeskommunen sin eigarrepresentant om å be selskapet greie ut moglegheitene for samanslåing med andre selskap.

Innovasjon Norge

Føremål	<p>Selskapet er eit særlovselskap, der selskapets styre har eit sjølvstendig ansvar for verksemda og selskapet sine resultat.</p> <p>Selskapet sitt føremål er å vere staten og fylkeskommunane sitt verkemiddel for å realisere verdiskapande næringsutvikling i heile landet, og bidra til å utvikle ulike distrikt og regionar sine næringsmessige moglegheiter gjennom å bidra til innovasjon, internasjonalisering og profilering. Innovasjon Norge skal samarbeide med Sametinget om næringsutvikling i samiske område.</p> <p>Hovudmålet er at selskapet skal utløyse bedrifts- og samfunnsøkonomisk lønsam utvikling og dei næringsmessige moglegheitene til dei ulike regionane. Selskapet skal utarbeide dokumentasjon om verksemda si evne til å oppfylle føremålet.</p>
----------------	---

Etablert	19.12.2003.
Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel	<p>Den totale innskotskapitalen i selskapet er 19, 6 mill. kr. Staten sin innskotskapital er 10 mill. kr.</p> <p>Selskapet er eigd av staten med 51 % og av fylkeskommunane med ein eigardel på til saman 49 %.</p> <p>Fylkeskommunane sin innskotskapital skal vera til saman og likt fordelt 9 600 000 kr. Vestland fylkeskommune har ein eigarprosent på 5,16 % og ein innskoten kapital på 1 010 948 kr.¹⁴</p>
Forretningskontor	Oslo kommune.
Rettslege rammer	Lov om 19.12.03 nr. 130 om Innovasjon Norge.
Rammer	<p>Vedtekten datert 19.12.03, sist revidert 19.06.17.</p> <p>Retningsliner for valkomiteen, sist revidert i 2019.</p> <p>Eigaravtalen inngått i 2010, justert i 2018.</p> <p>Eigarstrategi for felles eigarskap mellom NFD og fylkeskommunane (2018).</p> <p>Strategiplan 2020-2025.</p>
Samfunnsansvar og etikk	<p>I 2015 vedtok styret Innovasjon Norges Bærekraftstrategi (2016-2020). Denne set rammene for alt arbeid i Innovasjon Norge og bygger på FNs berekraftsmål, prinsippa til FNs Global Compact, OECDs retningslinjer for fleirnasjonale selskap og FNs rettleiande prinsipp for næringsliv og menneskerettar.</p> <p>Selskapet sine krav til kundar og samarbeidspartnerar er omtalt i dokumentet: «God Forretningskikk - Innovasjon Norges forventninger til kunder og samarbeidspartnerar». Dokumentet baserer seg på dei same retningslinene og prinsippa som berekraftstrategien.</p> <p>Innovasjon Norges forventningar og krav til eigne tilsette, tillitsvalde og konsulentar er skildra i selskapets etiske retningslinjer og antikorrupsjonspolicy. Dei etiske retningslinene inneholder også eit eige kapittel om forretningsetikk.</p>
Føretaksmøte	<p>Det vart gjennomført føretaksmøte for selskapet 26.05.20 (digital deltaking).</p> <p>Jan Heggheim representerte Vestland fylkeskommune på føretaksmøtet, med fullmakt.</p>
Valkomitè	Ingelise Arntsen (leiar), Gunn-Marit Helgesen og Cathrine Meland.
Val av styre	<p>Selskapet skal ha eit styre på minst ni medlemer. Ved handsaming av administrative saker vert styret supplert med ytterlegare to styremedlemer eller varamedlemer som vert vald av og blant dei tilsette. Medlemene vert valde for to år, og det er høve til å forlenge funksjonstida.</p> <p>Val vert førebudde av ein valkomité.</p> <p>Aksjelova sine føresegner om representasjon av begge kjønn i styre skal føljest.</p>

¹⁴ Dersom kvar fylkeskommune skal ha like stor innskotskapital (og eigardel) etter gjennomføringa av regionreforma, må selskapet gjere endringar. Selskapet har førebels ikkje gjeve fylkeskommunen noko signal om at det kjem slike endringar.

Styresamansetning	<u>Styremedlemer:</u> Gunnar Bovim (leiar) Jørand Ødegård Lunde (nestleiar) Sigbjørn Johnsen Merethe Nygaard Kristiansen Eirik Wærness Jan Løkling Arvid Andenæs Helene Falck Fladmark Kristin Misund Gaute Hagerup (tilsettvald) Leela Borring Låstad (tilsettvald) Morten Brugård (tilsettvald)	<u>Varamedlemer:</u> Britt Haraldsen Tore Alfheim	
Styregodtgjersle og løn til dagleg leiar	Styreleiar: 328 770 kr per år. Nestleiar: 196 836 kr per år. Styremedlemer: 163 853 kr per år. Tilsettevalde styremedlemer: 105 653 kr per år. Tilsettevalde varamedlemer: 5 320 kr per møte. Medlemer av valkomitéen: 4 043 kr per møte. Håkon Haugli vart tilsett som ny administrerande direktør 11.05.2019 og hadde løn på 1 265 ` kr i 2019. Tidlegare administrerande direktør, Hans Martin Vikdal, si løn utgjorde 1 981 ` kr, andre godtgjersler 10 000 kroner. Til saman: 1 990` kr.		
Fylkeskommunalt lån	Nei.		
Revisor	Deloitte AS.		
Adresse	Postboks 448 Sentrum, 0104 Oslo.		
Telefon/faks	22 00 25 00.		
E-post	post@innovasjonnorge.no		
Nettstad	www.innovasjonnorge.no		
Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:			
(1000 kr)	2017	2018	2019
Sum driftsinntekter	1 214 401	1 279 455	1 297 252
Driftsresultat	-159 938	-179 057	-253 032
Resultat etter skatt	300 501	207 742	139 628
Totalkapitalrentabilitet	2 %	2 %	2 %
Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld	2 %	2 %	1 %
Arbeidskapital i % av driftsinntekter	76 %	65 %	63 %
Eigenkapitalprosent	15 %	15 %	15 %
Økonomisk utvikling i tekst	Driftsinntektene i 2019 er på om lag 1,3 mrd. kr. Rekneskapen syner eit årsresultat på om lag 140 mill. kr. Av overskotet vart om lag 21,5 mill. kr		

	<p>overført til fylkeskommunane frå fond for risikolån og garantiar, av desse fekk Vestland fylkeskommune 2,8 mill. kr.</p> <p>Lønnsemd og eigenkapitalprosent ligg stabilt. Selskapet har god arbeidskapital.</p>
Viktige hendingar	<p>Innovasjon Norge har i 2019 gjennomført ei omorganisering, som har medført endringar i struktur og krav til prosessar, samhandling, kultur og leiing. Håkon Haugli er tilsett som ny administrerande direktør.</p> <p>I 2019 vidareførte Innovasjon Norge sin innsats for å omstille norsk økonomi og utvikle eit meir allsidig og berekraftig næringsliv. Selskapet har konsentrert seg om å legge til rette for at fleire norske bedrifter kan utnytte potensialet i ny teknologi, eksportere varer og tenester og dra nytte av EUs nye portefølje av innovasjonsverkemidlar.</p> <p>Innovasjon Norge fekk til saman 4,1 milliardar kroner frå Stortinget og fylkestinga i 2019. Saman med låneordningane, bidrog Innovasjon Norge i 2019 med 6,7 milliardar kroner til næringslivet. Midlane frå Innovasjon Norge gjekk til investeringar i næringslivet på til saman 17,9 milliardar kroner. Tala for 2019 for Samfunnsøkonomisk Analyse AS tilseier at effekten av støtte frå Innovasjon Norge held seg på eit høgt nivå. I analysen har verksemder med støtte ein årleg meirvekst samanlikna med kontrollgruppa.</p> <p>Selskapet meiner regionane har fått ei styrka rolle som samfunnsutviklar gjennom regionreforma. I 2019 har Innovasjon Vestland særskild styrka aktivitetane retta mot internasjonale vekstverksemder. Det har vore søkjelys på utvikling i alle delar av Vestland, og ei aukande satsing på miljøteknologi og berekraftige løysingar. Den høge aktiviteten retta mot gründerar har halde fram med minst 400 individuelle møter i tillegg til finansiering og nettverksbygging.</p>
Viktige planar/utsikter for dei komande åra	<p>Selskapet har utarbeidd strategiplan for perioden 2020-2025. Saman med ein enklare organisering gjennom tre kunderetta divisjonar, skal selskapet vera betre rusta til å møte nye og endra behov i samfunnet.</p> <p>Det vert i 2020 gjennomført ei vurdering av selskapets organisering av internasjonale kontor, som ledd i arbeidet med å vera relevant for kunden. Dette skal gjere tenestetilbodet betre tilpassa dei behova næringslivet har og forenkle utføringa av oppdragene selskapet har.</p> <p>Regjeringa har gjennomført ei heilskapleg gjennomgang av dei næringsretta verkemidla, og har peika på behov for endring og forenkling i dei samla verkemiddelapparatet. Dei politiske konklusjonane av gjennomgangen ventast avgjort seinast i statsbudsjettet for 2021.</p> <p>Stortinget har vedteke endringar i eigenkapitalvirkemiddelapparatet i Innovasjon Norge og Investinor AS, m.a. at forvaltninga av såkornfond, pre-såkornfond og koinvesteringsfondet for Nord-Norge samlast i Investinor AS. Endringane gjennomførast i 2020.</p> <p>Covid-19 pandemien påverkar leveransen av selskapets tenester. For å sikre at selskapet kan leve på det som er viktigast, gjer selskapet laupande vurderingar av kapasitet, kompetanse og omdisponering av ressursar der det vert naudsynt.</p>
Mål med eigarskapen	Innovasjon Norge er ein viktig reiskap i næringsutviklinga i Noreg og på Vestlandet.
Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstenleg	Eigarskapen er lovpålagt.

Tilråding	Vidareføre eigarskapen
Kunnskapsparken Vestland AS	
Føremål	<p>Selskapet skal medverke til auka verdiskaping og nyetablering innanfor kunnskapsintensive verksemder lokalt og regionalt, og å få nasjonalt kunnskapsbaserte arbeidsplassar til fylket.</p> <p>Selskapet skal vere ein pådrivar overfor næringslivet og forskings- og høgskulemiljøet i fylket og på den måten stimulere til kommersialisering av FoU-resultat og forretningsidear med stort potensiale.</p> <p>Selskapet skal gjennom det nasjonale SIVA-nettverket for innovasjon og nyskaping fungere som eit nav med næringshagane i det lokale nettverket, for å oppnå meirverdi av den etablerte kunnskapen i fylket.</p> <p>Selskapet skal ha ein desentralisert oppbygning, og gjennom formidling av idear og kompetanse initiere og medverke til nyskaping og omstilling i næringslivet i fylket.</p> <p>Selskapet kan eige aksjar i andre selskap og gå inn med kapital i nyetablerte verksemder og verksemder som er i ein utviklingsfase, og skal gjennom slike investeringar og forløpende prosjektoppdrag, også oppnå lønsemd for selskapet. Selskapet skal ha ein innløysingsavtale for aksjeinvesteringane.</p>
Etablert	06.07.2001.
Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel	<p>Aksjekapitalen er på 6 550 000 kr fordelt på 6 550 aksjar à 1000 kr.</p> <p>Vestland fylkeskommune eig 38,17 % av aksjane og aksjeposten sin pålydande verdi er 2 500 000 kr.</p> <p>Andre eigarar er Fjord Invest Såkorn AS, SIVA, Sogndal kommune, Stryn Næringshage, Helse Førde og Sparebanken Sogn og Fjordane.</p>
Forretningskontor	Sogndal kommune.
Rettslege rammer	Aksjelova.
Rammer	Vedtekter, sist endra 17.06.20. Strategiplan 2013-2015, sist oppdatert 07.05.13.
Samfunnsansvar og etikk	Verdigrunnlaget for selskapet er omtala i strategiplanen.
Generalforsamling	<p>Det vart gjennomført generalforsamling for selskapet 17.06.20.</p> <p>Karianne Alette Torvanger representerte Vestland fylkeskommune i generalforsamlinga, med fullmakt.</p>
Valkomitè	Aud Ingrid Espeland (leiar), Arnstein Menes og Frank Willy Djuvik.
Val av styre	<p>Styret skal vere sett saman av fem til sju medlemer.</p> <p>Selskapet har valkomité. Komiteen skal i tillegg til innstilling av styre, også ta stilling til honoraret til styret.</p>
Styresamansetning	<p><u>Styremedlemer:</u> Vidar Grønnevik (leiar) Hjørdis Vik</p> <p><u>Varamedlem:</u> Astrid Hove</p>

	Bjørg Kristin Selvik Terje Laberg Jan Henrik Någård Ragnar Waalen		
Styregodtgjersle og løn til dagleg leiar	Styreleiar: 35 000 kr per år, pluss 3 000 kr per møte. Styremedlemer: 7 000 kr per år, pluss 3 000 kr per møte. Ved deltaking på møte per video/telefon frå heim eller arbeidsplass vert møtegodtgjersla utbetalt med 50 %. Dagleg leiar si løn i 2019: 861 644 kr; anna godtgjersle: 10 108 kr; pensjonskostnader: 37 048 kr. Til saman: 908 800 kr.		
Fylkeskommunalt lån	Nei.		
Revisor	PricewaterhouseCoopers AS.		
Adresse	Fosshaugane Campus, Trolladalen 30, 6856 Sogndal.		
Telefon/faks	95 20 65 74		
E-post	kjetil@kpsf.no		
Nettstad	www.kpsf.no		
Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:			
(1000 kr)	2017	2018	2019
Sum driftsinntekter	6 994	7 164	7 858
Driftsresultat	-216	- 982	8
Resultat etter skatt	1 516	- 983	70
Totalkapitalrentabilitet	18 %	-10 %	1 %
Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld	-	-	-
Arbeidskapital i % av driftsinntekter	101 %	82 %	76 %
Eigenkapitalprosent:	89 %	85 %	88 %
Økonomisk utvikling i tekst	<p>Rekneskapen syner eit driftsresultat på 8 253 kr. Selskapet har hatt finansinntekter på 61 959 kr som gjev eit resultat etter skatt på 70 212 kr. Betringa i høve fjaråret skuldast i hovudsak auka inntekter.</p> <p>I 2019 har Kunnskapsparken Vestland AS fått innvilga til saman 3,7 mill. kr i tilskot frå Sogn og Fjordane fylkeskommune. Delar er betalt ut i 2019.</p> <p>Selskapet har ein god eigenkapital på om lag 7,4 mill. kr ved utgangen av 2019. Med dette utgjer eigenkapitalen 88 prosent av totalkapitalen. Selskapet sin likviditet og soliditet er god.</p>		
Viktige hendingar	<p>Året 2019 var eit år med svært høg aktivitet og oppteljing syner at selskapet har nådd dei fleste måla sine med god margin i høve mål- og handlingsplanen. Kunnskapsparken Vestland har i 2019 særskild hatt søkjelys på investoraktivitet.</p>		

	<p>Kunnskapsparken Vestland er ein av fem inkubatorar i Vestland fylke. Inkubatorverksemder er ein viktig del av SIVA sin innovasjonsstruktur, og i inkubatorane kan gründerar og etablerte bedrifter få rådgjeving innan forretningsutvikling og kommersialisering. Kunnskapsparken Vestland arrangerte m.a. kapitaldag 19. september 2019 i Førde, som eit samarbeid mellom inkubatorane, Innovasjon Norge, Sogn og Fjordane Næringsråd og NHO Vestland. Fleire av inkubatorselskap til Kunnskapsparken Vestland fekk her presentere seg for investor- og investeringsmiljø. SIVA har i 2019 gjennomført ei samanlikning mellom inkubatorane i Norge, og denne syner at Kunnskapsparken Vestland AS leverte betre enn landsgjennomsnittet på 8 av 9 område.</p> <p>Samarbeid med Helse Førde og Høgskulen på Vestlandet har resultert i fleire spennande og nyskapande idear som vert kommersialisert på vegner av oppdragsgivarar.</p> <p>Selskapet endra namn frå «Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane» til «Kunnskapsparken Vestland AS» (og oppdaterte vedtekene) på generalforsamling 17.06.20. I samband med det har selskapet laga eit magasin retta mot samarbeidspartnerar og eigarar, for å gje innblikk i aktivitetane til Kunnskapsparken Vestland. Magasinet er tilgjengeleg her: https://issuu.com/designgasta/docs/kpsf_magasin2020</p>
Viktige planar for dei komande åra	<p>Kunnskapsparken Vestland AS har eit uforløyst potensiale knytt til «spin-offs» og knoppskyting i etablert næringsliv. Desse områda vil verte arbeida målretta med i 2020, jf. ny strategiplan og handlingsplan.</p> <p>Selskapet har hatt ei fin utvikling på dei fleste områda, men har noko å strekke seg etter og vil følgje opp resultata med målretta forbetringstiltak.</p>
Mål med eigarskapen	<p>Føremålet med eigarskapen er næringsutvikling. Eigarskapen i Kunnskapsparken må sjåast i samanheng med eigarskapen i Fjord Invest Såkorn AS. Desse selskapa utgjer samla ein viktig reiskap for fylkeskommunen som samfunnsutviklar.</p>
Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstenleg	<p>Eigarskap i Kunnskapsparken AS er i tråd med fylkeskommunen sin eigarskapspolitikk, ved at eigarskapen oppfyller føremålet om næringsutvikling ved å delta i selskap som arbeider med fellestiltak for å utvikle næringslivet i fylket.</p> <p>Kunnskapsparken AS er ein viktig samarbeidspartner for å nå strategiske mål for næringsutvikling i Vestland, jf. m.a. Utviklingsplan for Vestland 2020 - 2024 (Regional planstrategi) og Handlingsprogram for innovasjon og næringsutvikling i Vestland 2020. Eigarskapen vil derfor også oppfylle føremålet om næringsutvikling ved å delta i selskap der vi opptrer som regional utviklingsaktør og tilfører og/eller får kompetanse.</p> <p>Fylkeskommunen har stor eigardel i selskapet, og har i tillegg indirekte eigarskap i selskapet gjennom Fjord Invest Såkorn AS, der fylkeskommunen er majoritetseigar.</p>
Tilråding	Vidareføre eigarskapen

Lutelandet Utvikling AS

Føremål	Selskapet sitt føremål er å arbeide for utnytting av Lutelandet til næringsføremål, og å arbeide for næringsutvikling i regionen rundt Lutelandet.
Etablert	26.05.2005.

Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel	Eigarprosent: 48. Aksjane sin pålydande verdi: 768 000. Andre eigarar er Fjaler kommune (34 %), Askvoll kommune (6 %), Hyllestad kommune (6 %) og Solund kommune (6 %). Selskapet sin aksjekapital er kr 1 600 000,- fordelt på 1 600 aksjar à kr 1 000,-. Etter § 11 i vedtektena er det avgrensingar knytt til omsetning av aksjane.
Forretningskontor	Fjaler kommune.
Rettslege rammer	Aksjelova.
Rammer	Vedtektena av 04.11.2010.
Samfunnsansvar og etikk	Selskapet har vedteke etiske retningslinjer.
Generalforsamling	Det vart gjennomført generalforsamling i selskapet 20.05.20 (digitalt). Tor André Ljosland representerte fylkeskommunen, med fullmakt.
Val av styre	Styret skal ha tre til fem medlemer og inntil to varamedlemer. Fylkeskommunen peikar ut minst ein medlem. Selskapet har valkomité.
Styre- og valnemndssamansetning	Etter generalforsamlinga i 2020 er styret sett saman slik: Styremedlemer: Arve Helle (styreleiar, Fjaler kommune) Sigrid Brattabø Handegard (VLFK) Terje Sletten-Hansen (VLFK) Geir Opseth (Fjaler kommune) Ingunn Sognnes (dei andre eigarkommunane) Varamedlem: Audun Erik Sunde (VLFK) Valnemnd fram til og med generalforsamlinga i 2020: Ole Andrè Klausen (leiar), Hilmar Høl og Bente Nesse. Valnemnd valt på generalforsamlinga i 2020: Ole Andrè Klausen (leiar), Trude Brosvik (utpeika av fylkestinget 09.06.20) og Bente Nesse.
Styregodtgjersle og løn til dagleg leiar	I 2019 var samla styregodtgjersle 36 000 kr. For 2020 er satsane for styregodtgjersle vidareført uendra slik: Styreleiar: 60 000 kr. Andre styremedlemmar: 3 000 kr per møte og 1 000 kr per telefonmøte. Selskapet har i 2019 sysselsett 0,2 årsverk. Arve Helle fungerer både som styreleiar og dagleg leiar i ei avgrensa stilling. For 2019 har selskapet betalt 60 000 kr i løn til dagleg leiar.
Fylkeskommunalt lån/garanti	Nei.
Revisor	Deloitte AS.
Adresse	v/Accountor HAFS, Postboks 13, 6961 Dale i Sunnfjord
Telefon	57 73 63 22

E-post	arve@lutelandet.no		
Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:			
(1000 kr)	2017	2018	2019
Sum driftsinntekter	300	222	399
Driftsresultat	-1 666	-904	-78
Resultat etter skatt	-14 094	1 388	1 469
Totalkapitalrentabilitet	2 %	4 %	4 %
Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld	745 %	90 %	-
Arbeidskapital i % av driftsinntekter	- 60 %	412 %	209 %
Eigenkapitalprosent:	93 %	91 %	98 %
Økonomisk utvikling i tekst	<p>Drifta av Lutelandet Utvikling AS er hovudsakleg finansiert gjennom leigeinntekter frå det heileigde datterselskapet Lutelandet Eignedom AS, som vart skipa i 2008. Lutelandet Utvikling AS leverer eit negativt driftsresultat på 77 636 kr. Det har betra seg frå fjaråret der det negative driftsresultat var om lag 0,9 mill. kr som delvis skuldast eit administrativt bidrag på 0,420 mill. kr til HAFS Utvikling AS som vart avvikla same år.</p> <p>Finansinntektene utgjer om lag 1,5 mill. kr som er utbytte frå eigarposten i Lutelandet Eignedom AS, og gir eit positivt årsresultat på om lag 1,5 mill. kr i 2019.</p> <p>Den sterke eigenkapitalen i selskapet kjem i hovudsak frå verdien på aksjane i Lutelandet Eignedom AS som er bokført til om lag 34,8 mill. kr.</p>		
Viktige hendingar	<p>I 2019 har drifta av Lutelandet Utvikling vore på eit minimum, og styreleiar har utført oppgåvene knytt til drifta av selskapet.</p> <p>Lutelandet Eignedom AS eig eit industriareal som er utleigd- og festa bort til LLOF Site & Dry Dock AS (datterselskap av Lutelandet Offshore AS). Lutelandet Offshore AS avslutta rivinga av YME-plattforma ved industriarealet på Lutelandet i mars 2019 og har avslutta samarbeidet med selskapet Veolia.</p> <p>NVE har gjeve konsesjon til vindkraftanlegget på Lutelandet. Det føreligg konsesjon til ein vindpark, eit testsenter og ei kraftline. Lutelandet Eignedom har overført retten til å drive anlegget til Lutelandet Energipark AS.</p> <p>Vedtekten er endra slik at generalforsamlinga kan velje inntil to varamedlemer til styret. I tillegg er nummereringa i vedtekten og namnet på fylkeskommunen retta.</p>		
Viktige planar/utsikter for dei komande åra	<p>Vindkraftanlegget på Lutelandet. Arbeidet med kraftlinja starta vinteren 2020, medan arbeidet med vindparken startar hausten 2020.</p> <p>Lutelandet Eignedom AS har, og har hatt, ein del arbeid med justering av eksisterande avtalar og eignedomsgrenser for området. Selskapet har leigd inn juridisk bistand, og vonar å slutføre arbeidet i 2020.</p>		

Mål med eigarskapen	Næringsutvikling ved å delta i selskap der vi opptrer som regional utviklingsaktør og tilfører og/eller får kompetanse.
Er vidareføring av fylkeskommunal eigarskap føremålstenleg	<p>Intensjonen med Lutelandet Utvikling AS var ved etableringa regional, og Sogn og Fjordane fylkeskommune har tidlegare engasjert seg sterkt i industriutviklinga på Lutelandet. Selskapet skulle vere eit reint utviklingsselskap som arbeider for utnytting av Lutelandet i Fjaler som industriområde. Selskapet vart skipa i 2005 med Sogn og Fjordane fylkeskommune som hovudaksjonær.</p> <p>Fram til og med 2010 fekk Lutelandet Utvikling AS driftsstøtte frå fylkeskommunen. Vidare har StatoilHydro (Equinor), i samband med avtale med fylkeskommunen om Gjøa-utbygginga, sørgra for økonomiske bidrag til Lutelandet, m.a. bidrag til finansieringa av djupvasskai og veg fram til kaien med til saman 46 mill. kr, og bidrag til bygging av ei ny kraftline til Lutelandet.</p> <p>Lutelandet utvikling AS har i dag ikkje noko direkte ansvar for å skape aktivitet på Lutelandet. Det er private aktørar som leiger området og rettane. Vidare utbygging har m.a. vore i regi av Lutelandet Offshore AS, som primært har satsa på vedlikehaldsoppdrag mot oljeindustrien og avvikling av oljeplattformer. Retten til å drive vindparken m.m., ligg til Lutelandet Energipark AS. Drifta av Lutelandet Utvikling har, som nemnt over, vore på eit minimum, og styreleiar har utført oppgåvene knytt til drifta av selskapet.</p> <p>Når det gjeld aktiviteten med demontering av plattformer, har ikkje dette utvikla seg slik som tenkt grunna endringar i marknaden (industrien har funne vidare bruksområde for plattformene).</p> <p>Ei vidareutvikling av selskapet vil mest truleg krevje eit nytt og større engasjement frå fylkeskommunen si side. Fylkeskommunen ser ikkje ut til å vere i posisjon til vidare investeringar, og det er sannsynleg at det finst andre eigarar som er betre eigna til å utvikle selskapet vidare.</p>
Tilråding	Starte prosess med avvikling av eigarskapen.

Njøs Frukt - og bærsenter AS

Føremål	Selskapet sitt føremål er å vera nasjonalt foredlingssenter for norske frukt- og bærsortar, og utfører oppdraget på vegner av Graminor. Selskapet skal kunna investera i andre selskap i same bransje, og kan bidra i regionale og nasjonale utviklingsprosessar.
Etablert	29.08.2007.
Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel	<p>Selskapet sin aksjekapital er på 450 000 kr fordelt på 45 aksjar á 10 000 kr.</p> <p>Vestland fylkeskommune eig 22,2 % av aksjane og aksjeposten sin pålydande verdi er 100 000 kr. Andre eigarar er Graminor AS, Gartnerhallen, Lerum AS, Innvik Fruktlager, Sognefrukt, Lærdal Grønt, Vangsnes Grønt, Luster Grønt, Sognabær og Gloppen Produsentlag.</p>
Forretningskontor	Sogndal kommune.
Retslege rammer	Aksjelova.
Rammer	Vedtektae av 29.08.2007.

Samfunnsansvar og etikk	Njøs frukt- og bærssenter ynskjer gjennom sin regionale aktivitet å bidra til ei omstilling i frukt- og bærsektoren gjennom Programstyret for frukt og grønt, som er eit samarbeid mellom næring, det offentlege og FoU-miljø. Senteret ynskjer å bidra gjennom å tilby nye sortar og arter av frukt og bær, og gjennom klyngesamarbeid arbeide for å fremje ei berekraftig utvikling av sektoren. Selskapet vil gjennom samarbeid med senter for berekraftig klimatilpassing i Sogndal utvikle prosjekt på landbruket sitt område, som vil bidra til å nå Vestland fylkeskommune sitt berekraftsmål om nullutslepp av klimagassar innan 2030.
Generalforsamling	Det vart gjennomført generalforsamling for selskapet 24.04.20. Tor Andrè Ljosland representerte Vestland fylkeskommune i generalforsamlinga, med fullmakt.
Valnemnd	Ivar A. Slinde (leiar) og Knut Rune Bøe. Valnemnda skal kontakte Vestland fylkeskommune før neste generalforsamling for å vurdere eventuell representasjon i styret. Det valde styret har ikkje kjønnsbalanse, og fylkeskommunen sin eigarutsending bad valnemnda om å ta omsyn til dette i utarbeidninga av kandidatar til neste års generalforsamling.
Val av styre	Styret består av tre til seks medlemer etter generalforsamlinga si nærmare avgjerd. Generalforsamlinga vel styret sin leiar ved særskilt val for eit år om gongen.
Styresamansetning	<u>Styremedlemer:</u> Randi Smelien (leiar) Jens Terje Hammervoll Eyvind Reme Jan Audun Larsen Anders Voll Eltun Ellen-Margrethe Hovland
Styregodtgjersle og løn til dagleg leiar	Styregodtgjersla er i 2020 vidareført uendra frå året før. Styreleiar: 10 000 kr per år. Styremedlem: 5 000 kr per år. Møtegodtgjersle for alle: 1 700 kr per styremøte. Telefonmøte: 500 kr per møte. Reiser skal refunderast etter staten sitt regulativ. Løn til dagleg leiar i 2019: 476 808 kr, 9 536 kr i pensjonsytингar og 1 508 kr i anna godtgjersle. Til saman 487 852 kr.
Fylkeskommunalt lån	Nei.
Revisor	Deloitte AS.
Adresse	Njøsavegen 5, 6863 Leikanger.
Telefon/faks	957 34 576.
E-post	post@njos.no
Nettstad	www.njos.no/
Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:	

(1000 kr)	2017	2018	2019
Sum driftsinntekter	5 137	6 025	6 454
Driftsresultat	39	93	257
Resultat etter skatt	30	74	227
Totalkapitalrentabilitet	1 %	3 %	4 %
Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld	-	-	-
Arbeidskapital i % av driftsinntekter	32 %	29 %	18 %
Eigenkapitalprosent:	60 %	54 %	22 %
Økonomisk utvikling i tekst	<p>Rekneskapen syner eit resultat på 226 688 kr. Overskotet vert tilført eigenkapitalen. Eigenkapitalen utgjer no 22 % av totalkapitalen og syner ein reduksjon i høve 2018, men er framleis på eit tilfredsstillande nivå. Reduksjonen i eigenkapitalprosenteren skuldast auka kortsiktig gjeld, som følge av balanseført tilskot på 6,2 mill. kr. Tilskota er frå Graminor og kommunar i Sogn og Fjordane.</p> <p>Selskapet har framleis ein svak totalkapitalrentabilitet, men arbeidskapitalen i % av driftsinntekter er svært bra.</p>		
Viktige hendingar	<p>Selskapet sitt føremål vart endra i samband med ekstraordinær generalforsamling 26.11.19. Norsk frukt- og bærcenter AS skal m.a. utføre frukt- og bærforedling på oppdrag frå Graminor innanfor eple, plomme, jordbær og bringebær. Senteret skal få ei tydeleg nasjonal oppgåve ved å bidra til at næringa får konkuransedyktige sortar.</p> <p>Njøs frukt - og bærcenter er ei namneendring av Njøs næringsutvikling, som også vart vedteke på nemnde generalforsamling.</p> <p>Njøs eideid AS vart etablert i desember 2019. Føremålet til Njøs eideid AS er «å utvikla landbrukseigedomen på Njøs til ein tenleg forskingsinfrastruktur til planteforedling i frukt- og bær og tilhøyrande aktivitetar som støttar opp under forsking, utvikling, innovasjon i frukt og bær. Selskapet skal tilby infrastruktur på like vilkår til Njøs frukt- og bærcenter AS og andre selskap som ønskjer å etablere seg på eigedomen». Njøs frukt- og bærcenter eig 98,5 % av aksjane i selskapet, og N.H Lerum AS eig resterande.</p> <p>Selskap som er etablerte på Njøs frå 2019 i tillegg til Njøs frukt- og bærcenter, er Graminor, Norsk Landbruksrådgiving Vest AS, Njøs eideid AS og Fieldwork Robotics Norway NUF. Njøs eideid AS kjøpte eigedomen på Njøs av Bjørke eigedom i 2020.</p>		
Viktige planar/utsikter for dei komande åra	<p>Selskapet har vore gjennom ei omorganisering i 2019. Omorganiseringa skal gje stasjonen eit stort løft som vil koma regionen til nytte og vera viktig for norsk frukt- og bærproduksjon. Den inneber ei stor satsing på frukt og bær basert på norske sortar og plantemateriale, samstundes som det er ei satsing på Vestland sin nasjonale posisjon innan utvikling og innovasjon i frukt og bær. Frukt og bær er ifølgje selskapet eit område i vekst, der alle trendar og planar er samstemte om at forbruket skal auke med bakgrunn i folkehelsa.</p>		

	<p>Frå juli 2020 har Njøs eigedom AS ansvar for eigedomen på Njøs, og vidare utbygging vil skje gjennom dette selskapet.</p> <p>Sogn og Fjordane fylkeskommune sette i 2019 av eit tilskot på til saman seks millionar kroner til prosjektet Infrastruktur ved Njøs eigedom AS, som skal gje grunnlag for drift av Norsk frukt- og bærssenter. Vestland fylkeskommune har no skrive endeleg tilskotsbrev, etter avklaringar knytt til kostnadsgrunnlag og statsstøtteregelverk. Njøs eigedom AS har akseptert vilkåra knytt til tilskotet og prosjektet vil starte opp vinteren 2021.</p> <p>Njøs frukt - og bærssenter AS har søkt om partnarskapsavtale for perioden 2021-2022.</p>
Mål med eigarskapen	<p>Næringsutvikling: Føremålet har sidan opprettinga vore å sikre vidareføring av det viktige FoU-miljøet på Njøs, og sikre langsignt satsing på kompetansebygging for å bidra til vekst/lønsemid i frukt- og bærnæringa i fylket.</p>
Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstenleg	<p>Sogn og Fjordane fylkeskommune har tidlegare vedteke å selje seg ut av selskapet. Dette lukkast ikkje.</p> <p>Selskapet har seinare vore gjennom ei omorganisering i 2019, og dette skal gje forskingsstasjonen eit stort løft som både vil koma regionen til nytte, og vera viktig for norsk frukt- og bærproduksjon. Omorganiseringa inneber ei stor satsing på frukt og bær basert på norske sortar og plantemateriale, samstundes som det er ei satsing på Vestland sin nasjonale posisjon innan utvikling og innovasjon i frukt og bær.</p> <p>Lokalt engasjement har lege til grunn som ein føresetnad for staten si satsing på Njøs frukt- og bærssenter som nasjonalt foredlingssenter. På grunn av omorganiseringa er det føremålstenleg å vidareføre eigarskapen.</p>
Tilråding	Vidareføre eigarskapen.

Sarsia Development AS

Føremål	Selskapet sitt føremål er å auke verdien av investeringsporteføljen ved aktivt eigarskap. Selskapa og fonda m.m., i Sarsia Development si investeringsportefølje stammar frå forskingsmiljøet ved Universitetet i Bergen.
Etablert	Sarsia Development vart etablert i desember 2009
Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel	<p>Aksjekapitalen i selskapet er kr 1 562 762. Det er 1 562 762 aksjar i selskapet, pålydande aksjeverdi er kr 1.</p> <p>Fylkeskommunen eig om lag 1,97% av selskapet og aksjar for til saman 30 752 kr.</p> <p>Andre eigarar er m.a. Stiftelsen Unifob, L. Meltzers Høgskulefond, Siva, Sparebanken Vest, Nordea Liv Norge AS, Hannibal Invest.</p>
Forretningskontor	C/o Sarsia Seed Management, Kokstad, Ytrebygdsvegen 215, 5258 Blomsterdalen
Rettslege rammer	Aksjelova
Rammer	Vedtekten (sist oppdatert 11. mai 2015)

Etiske retningslinjer			
Generalforsamling	Det vart gjennomført generalforsamling i selskapet 15.05.20 (telefonmøte, jf. asl. § 5-7).		
Val av styre			
Styresamansetning	Sveinung Hole (leiar) Egil Herman Sjursen (medlem)		
Styregodtgjersle og løn til dagleg leiar	<p>Generalforsamlinga har i 2020 vedteke ei auke i styregodtgjersla. Satsane er no slik: Styreleiar: 100 000 per år Styremedlem: 60 000 per år Styreleiar Sveinung Hole avstår frå sitt honorar.</p> <p>For 2019 er det utbetalt 180 000 kr i samla styregodtgjersle.</p> <p>Selskapet kjøper forvaltningstenester frå Sarsia Venture Management AS. Dagleg leiar er Hans Hekland, tilsett i og eigar i Sarsia Venture Management AS. I 2019 betalte selskapet 250 000 kr i forvaltingshonorar.</p>		
Fylkeskommunalt lån	Nei		
Revisor	Deloitte AS		
Adresse	Postboks 7150, 5020 Bergen		
Telefon/faks	55 59 59 49		
E-post	Hans.hekland@sarsia.com		
Nettadresse	www.sarsia.com		
Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:			
(1000 kr)	2017	2018	2019
Sum driftsinntekter	0	0	0
Driftsresultat	-648	-692	-627
Resultat etter skatt	-7 720	82	2 115
Totalkapitalrentabilitet	-1 %	0 %	16 %
Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld			-
Arbeidskapital i % av driftsinntekter			-
Eigenkapitalprosent	100 %	100 %	84 %
Økonomisk utvikling i tekst	Selskapet har nedskrive finansielle anleggsmidlar med om lag 4,5 mill. kr i 2019, men med om lag 7,2 mill. kr i renteinntekter på lånet til Sarsia Seed AS syner rekneskapen eit overskot på 2,1 mill. kr. Overskotet og overføring frå overkurs skal dekke eit utbyte på om lag 6,6 mill. kr.		

	<p>Lånet til Sarsia Seed AS har auka i 2019, men selskapet opplyser i årsmeldinga at lånet inkludert påløpte renter er blitt tilbakebetalt i 2020.</p> <p>Som følgje av finansinntektene har selskapet ei god totalkapitalrentabilitet i år. På grunn av det føreslegne utbytte som ligg på gjeldssida, så går eigenkapitalprosenten ned på 84 %, men er framleis tilfredsstillande.</p>
Viktige hendingar	<p>Aksjepostane i investeringsfondet Sarsia Seed og i legemiddelutviklingselskapet BerGenBio utgjer ein stor del av selskapet/fondet sine verdiar. Selskapet har vidare aksjepostar i Epsis AS, Novel Diagnostics AS og UniTargetingResearch AS.</p> <p>I 2019 fekk Sarsia Development realisasjonproveny frå Sarsia Seed på 2,68 mill. kr. Etter årsskiftet har Sarsia Development fått ytterlegare 20,59 mill. kr i realisasjonsproveny. Sarsia Development sin del av aksjonærلånet til Sarsia Seed er no nedbetalt.</p> <p>På grunn av dei utbetalte provenyane sendte Sarsia Development i februar 2020 ut tilbod til aksjonærane om tilbakekjøp av inntil 350 000 av selskapets aksjar til 28 kr per aksje. Åtte av dei andre aksjonærane i selskapet nyttar seg av tilboden og 435 828 aksjar vart kjøpte for 12 203 184 kr.</p> <p>Generalforsamlinga har i 2020 vedteke å slette 435 828 av selskapet sine eigne aksjar ved nedsetting av selskapet sin aksjekapital med 435 828 kr. Selskapet endra samstundes vedtekten § 4 om selskapet sin aksjekapital. Selskapet sin aksjekapital er etter endringa 1 562 762 kr fordelt på 1 562 762 aksjar.</p> <p>Selskapet har i 2020 betalt ut utbytte på 4,25 kr per aksje til aksjonærane. Fylkeskommunen har fått utbetaalt 130 696 kr.</p>
Viktige planar/utsikter for dei komande åra	Selskapet arbeider etter ei målsetting om å avvikle selskapet så raskt som råd, og gjer ingen nye investeringar. Avviklinga skal skje på ein måte som i størst mogleg grad tek vare på aksjonærfellesskapets verdiar. Selskapet vil halde fram med verksemda for eitt år om gangen, inntil Sarsia Seed AS er avvikla og/eller aksjane i Sarsia Seed AS og andre aksjar i porteføljen let seg omsette til ein høveleg pris. Det kan vere tale om ein to-års periode.
Mål med eigarskapen	Fylkeskommunen sitt føremål med eigarskapen er næringsutvikling; å legge til rette for og støtte oppunder innovasjon og gründerverksemd.
Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstenleg	Fondet er i år snart fem år over tida for målsett avvikling, og fleire aksjonærar ønskjer realisering av sin aksjepost. Sidan selskapet arbeider etter ei målsetting om å avvikle selskapet på ein måte som i størst mogleg grad tek vare på aksjonærfellesskapet sine verdiar, er det føremålstenleg å vidareføre eigarskapen inntil vidare.
Tilråding	Vidareføre eigarskapen.

Sogn og Fjordane Fondet AS

Føremål	Eigenkapital-investering i bedrifter i Sogn og Fjordane med hovudvekt på bedrifter under skiping og/eller i ein tidleg utviklingsfase. Selskapet skal stimulere og styrke framvekst av idear frå forsking, næringsliv og gründerar gjennom tilførsel av tidlegfasekapital og kompetanse til oppstartsbedrifter i Sogn og Fjordane. Selskapet skal arbeide etter forretningsmessige prinsipp med sikte på å oppnå tilfredsstillande avkastning for eigarane.
----------------	---

Etablert	09.01.2017
Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel	<p>Selskapet sin aksjekapital er på 240 000 kr fordelt på 240 aksjar à 1000 kr.</p> <p>Fylkeskommunen sin eigardel er 50 % av selskapet. Aksjeposten sin pålydande verdi er 120 000 kr.</p> <p>Andre eigarar er Sparebanken Sogn og Fjordane og Kunnskapsparken Vestland AS.</p>
Forretningskontor	Sogndal kommune
Rettslege rammer	Aksjelova
Rammer	Vedtekter og aksjonæravtale.
Etiske retningslinjer	
Generalforsamling	Det var generalforsamling i selskapet den 17.06.20. Karianne Alette Torvanger møtte med fullmakt for fylkeskommunen på generalforsamlingen.
Valkomité	<u>Medlemer:</u> Aud Ingrid Espeland (leiar) Arnstein Menes Frank Willy Djuvik
Val av styre	<p>Styret består av tre til sju medlemer etter nærmere avgjerd i generalforsamlinga. Ifølgje aksjonæravtalen har dei tre aksjonærane rett til å peike ut kvar sin representant til styret i fondet.</p> <p>Generalforsamlinga har i 2020 vedteke å sette i gang ein prosess for å få kjønnsbalanse i styret og har i samband med det opprettet valkomité for selskapet.</p>
Styresamansetning	<u>Styremedlemer:</u> Vidar Grønnevik (leiar) Jan Heggheim Ingar Valvik Thomas Berge
Styregodtgjersle og løn til dagleg leiar	<p>Møtegodtgjersle: 3 000 kr per møte. Ved deltaking på video/telefon frå heim/arbeidsplass skal møtegodtgjersla utbetalast med 50 %. Satsane for 2020 er vidareført uendra frå året før.</p> <p>For 2019 er samla utbetalat styregodtgjersle 30 000 kr.</p> <p>Fondet vert forvalta av Kunnskapsparken Vestland AS (tidlegare Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane AS). Dagleg leiar i Kunnskapsparken Vestland AS er Kjetil Kvåle.</p>
Fylkeskommunalt lån	Nei.
Revisor	PricewaterhouseCoopers AS
Adresse	Fosshaugane Campus, Trolladalen 30, 6856 Sogndal
Telefon	95 20 65 74
Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:	

(1000 kr)	2017	2018	2019
Sum driftsinntekter	0	0	0
Driftsresultat	0	-23	-61
Resultat etter skatt	3	-214	10
Totalkapitalrentabilitet	0 %	0 %	0 %
Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld	-	-	-
Arbeidskapital i % av driftsinntekter	-	-	-
Eigenkapitalprosent:	100 %	100 %	100 %
Økonomiske utvikling i tekst	<p>Rekneskapen for 2019 syner eit overskot på 10 031 kr. Betrickinga i høve 2018 skuldast at selskapet føretok ei nedskrivning i 2018 på 200 000 kr knytt til tap i samband med konkurs i REMB Technologies AS, slik kostnad har dei ikkje i år.</p> <p>På balancesida er den einaste vesentlege endringa at selskapet har investert 300 016 kr i Evoy AS og 199 974 kr i Eduplaytion AS i 2019.</p> <p>Selskapet har ein eigenkapital på om lag 5,8 mill. kr som utgjer totalkapitalen.</p>		
Viktige hendingar	<p>Fondet investerer i næringer/bransjar med tydleg og definert framtidspotensiale. Fondet investerte per 31.12.19 i følgjande verksemder:</p> <ul style="list-style-type: none"> -REMB Technologies AS (konkurs mot slutten av 2018) -Woodinvest AS -Mental Health Informatics AS -Webmegling Technology AS -Evoy AS -Eduplaytion AS <p>Fondet har tett samarbeid med andre regionale innovasjonsselskap og investeringsmiljø.</p>		
Viktige planar/utsikter for dei komande åra	Selskapet skal ifølgje aksjonæravtalen arbeide for å auke aksjekapitalen og overkurs frå 6 mill. kr til eit ønska nivå på 10 mill. kr.		
Mål med eigarskapen	Næringsutvikling ved å delta i investeringsselskap og selskap som arbeider med å utvikle næringslivet i Sogn og Fjordane.		
Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstøyleg	<p>Sogn og Fjordane Fondet AS er eit presåkornfond. Eit presåkornfond går inn med eigen kapital i ein tidlegare fase enn eit såkornfond, og vil såleis ta høgare risiko med sine investeringar. Fond som går inn med eigenkapital kjem som eit ekstra verkemiddel til ordningane frå Innovasjon Norge, som ikkje har høve til å gå inn med anna enn tilskot og lån. Dermed utfyller desse ordningane kvarandre på ein god måte.</p> <p>Sogn og Fjordane fylkeskommune var med på opprettninga av fondet i 2016, og gjekk då inn med 3 mill. kr. Sparebanken i Sogn og Fjordane gjekk samstundes inn med 1,8 mill. kr og Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane AS med 1,2 mill. kr. Ved etableringa vart det ikkje sagt noko om tidshorisonten for eigarskapen i dette selskapet, anna enn at dette vil</p>		

	<p>vere avhengig av i kor stor grad selskapet klarer å oppfylle føremålet sitt. Fylkeskommunen eig i dag 50 % av selskapet. I tillegg har fylkeskommunen indirekte eigarskap i selskapet gjennom Kunnskapsparken Vestland AS.</p> <p>Eigarskap i Sogn og Fjordane Fondet AS er i tråd med fylkeskommunen sin eigarpolitikk; næringsutvikling ved å delta i investeringsselskap som går inn som eigar for å utvikle nye selskap. Dei opphavlege føresetnadane for fylkeskommunen sitt engasjement er framleis til stades, fordi behovet for investeringskapital i Sogn og Fjordane framleis er stort.</p> <p>Fordelen med å vere eigar, samanlikna med å yte tilskot, er at fylkeskommunen som eigar får god kunnskap om- og kan påverke selskapet si verksemd gjennom generalforsamlinga. Eigarskap kan også gje andre synergieffektar, t.d. skape eit større kontaktnett mot næringslivet i fylket som kan vere verdifullt for fylkeskommunen.</p> <p>Selskapet skal ifølgje aksjonæravtalen arbeide for å auke aksjekapitalen. Aksjeeigarane sin intensjon ved opprettinga var å gå inn med ytterlegare midlar i fondet etter behov, og innan utgangen av 2018. Dei andre aksjonærane forplikta seg til dette ved etableringa, medan Sogn og Fjordane fylkeskommune ikkje forplikta seg til å gå inn med meir enn dei 3 mill. som vart gjevne på opprettingstidspunktet. I aksjonæravtalen tok fylkeskommunen etterhald om framtidig budsjetttsituasjon og finansieringsevne. Det kan verte utfordrande for fylkeskommunen å prioritere ytterlegare kapitaltilførsel.</p>
Tilråding	Vidareføre eigarskapen

6.6 Samfunns- og næringsutvikling - arbeidsmarknad

Beredt AS

Føremål	Selskapet si verksemd er å skape grunnlag for arbeidsmarknadsrelatert sysselsetting. Verksemda skal - etter arbeidsmarknadsetatens retningslinjer - skape grunnlag for sysselsetting av grupper som av ulike årsaker har vanskar i den ordinære arbeidsmarknaden, m.a. ved å drive teoretisk og praktisk kompetansebygging, slik at deltakarane kan møte best mogleg førebusdde til eit framtidig arbeidsforhold utanfor bedifta.
Etablert	14.08.1969
Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel	Kr 100 000 fordelt på 1000 aksjar. Vestland fylkeskommune eig 100 % av aksjane i selskapet.
Forretningskontor	Nedre Nøttveit 12, 5238 Rådal
Rettslege rammer	Aksjelova, arbeidsmarknadslova, NAV-lova
Rammer	Vedtekter
Samfunnsansvar og etikk	Selskapet sine verdiar er verdighet, engasjement og oppriktigheit. Kantinene hjå Vestland fylkeskommune og Autogården er miljøfyrtårn-sertifiserte.
Generalforsamling	Det vart gjennomført generalforsamling i selskapet 23.06.20 (digitalt). Signe Rauboti representerte fylkeskommunen i møtet etter fullmakt.

	I tillegg vart det gjennomført eigarmøte 20.02.20 om økonomiske utfordringar og om samlokalisering av kantine og hovudkjøken på Sandsli.		
Valnemnd	Generalforsamlinga vel styre etter innstilling frå valnemnda i selskapet. Valnemnda i selskapet får forslag frå eigar.		
Val av styre	Styret har fem medlemer og fire varamedlemer. Fylkeskommunen føreslår alle styremedlemene, med unnatak av representant for dei tilsette.		
Styresamansetning	Styremedlemer: Helge Stormoen (leiar) Karianne Tørvanger Vigdis Anita Gåskjenn Randi Engevik Mikkelsen (tilsetterep.) Arvid Teigland (tilsetterep.)	Varamedlemer: Rafael Cobo Jana Midelfart Hoff For tilsettrepresentant Mikkelsen: Herman Folgerø Thor Frotveit For tilsettrepresentant Teigland: Cathrine Holsen Johannes S. Kjølås	
Styregodtgjersle og løn til dagleg leiar	På generalforsamlinga i 2020 vart styregodtgjersla justert for lønns- og prisstigning. For 2019 er samla styregodtgjersle 144 967 kr. Løn til dagleg leiar i 2019: 965 630 kr. Pensjonsutgifter: 39 484. Anna godtgjersle: 4 973.		
Fylkeskommunalt lån			
Revisor	Ernst & Young AS		
Adresse	Nedre Nøttveit 12, 5238 Rådal		
Telefon			
E-post	post@beredt.no		
Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:			
(1000 kr)	2017	2018	2019
Sum driftsinntekter	67 479	53 385	54 485
Driftsresultat	-2 031	-457	-1 413
Resultat etter skatt	-2 014	138	-1 378
Totalkapitalrentabilitet	-12 %	1 %	-10 %
Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld	-1 452 %	1 255 %	-
Arbeidskapital i % av driftsinntekter	4 %	5 %	3 %
Eigenkapitalprosent	33 %	37 %	31 %

Økonomisk utvikling i tekst	<p>Selskapet leverer attføringstenester til det offentlege, og mottek tilskot for antall månadsverk som er under attføring hjå selskapet. Av selskapet sine driftsinntekter på om lag 54,5 mill. kr er 16 mill. kr fra NAV-relaterte tenester. Dette er inkludert om lag 3,4 mill. kr fra ulike tilskotsordninger for lærlingar og lærekandidatar som treng bistand for gjennomføring av fagopplæringa. Endringar i finansieringsordninga for lærlingar som treng bistand har ført til at selskapet har tapt om lag 1,3 mill. kr i tilskot.</p> <p>Selskapet har eit underskot på om lag 1,4 mill. kr. Hovudårsaken til det negative resultatet meiner selskapet er ein kombinasjon av endra rammevilkår som gir lågare tilskot per lærling, og til vaksne som har vore lenge utanfor arbeidslivet.</p> <p>Totalkapitalrentabiliteten og arbeidskapital i % av driftsinntekter er svak, men eigenkapitalprosenten er tilfredsstillande.</p>
Viktige hendingar	<p>Ved utgangen av 2019 har selskapet formidla 45 jobbsøkjarar i AFT-tiltaket (arbeidsførebuande trening) til arbeid eller vidare utdanning, og bistått 27 lærlingar i sitt arbeid mot fagbrev.</p> <p>Tapet på 1,3 mill. kr i samband med fagopplæring kjem grunna endringar i finansieringsordninga for lærlingar som har behov for bistand. Årsaka er at dette har vore ein budsjettpost med fast ramme, der tilskot per søker går ned, når talet på søkerar aukar. Ordninga har vore administrert av Utdanningsdirektoratet. Frå 2020 er ansvaret overført til fylkeskommunen.</p> <p>I eigarmøte 20.02.20, orienterte selskapet m.a. fylkeskommunen som eigar om dei økonomiske utfordringane selskapet står overfor og moglege tiltak for å betre denne.</p> <p>Covid-19 pandemien og andre samfunnsendringar har medført forskjellige endringar for selskapet i 2020. Medan arbeidsmarknadsavdelinga har halde fram som før, har det vore full stopp innan bevertring. Selskapet har hatt to opne kantiner, med driftstilskot. Dei andre ni kantinene har vore stengte. Før nedstenginga av samfunnet i mars var selskapet i gang med endringar for kantine- og cateringverksemda, og byte av lokale ved samlokalisering av hovudkjøkenet med kantinedrifta på Sandsli. På grunn av nedstenginga permitterte selskapet 50 av 80 tilsette grunna manglende inntekt og arbeid. Desse tiltaka, i tillegg til god oppdragsmengd på selskapet sin bilverkstad, har stabilisert drifta.</p> <p>Den 30.09.20 fekk selskapet tilsegn om tilskot på inntil 218 251 kr fra Vestland fylkeskommune, i samband med at selskapet har søkt om kursstøtte for kurset «Bærekraft som konkurransefortrinn». Tilskotet kjem frå fylkeskommunen sine BIO-midlar.</p>
Viktige planar/utsikter for dei komande åra	<p>Styret og leiinga har iverksett nødvendige tiltak for at drifta skal gå i balanse i 2020. Tiltaka inneber m.a. redusert innsats mot dei aller svakaste lærlingane.</p> <p>I tida som kjem vil det mest truleg kome store utfordringar innan arbeidsmarknad og sysselsetjing. Selskapet viser til at det meir enn nokon gong vil vere viktig at alle vert inkludert. Selskapet ser at fleire unge fell ut av utdanning, slit med å kome inn på arbeidsmarknaden og går direkte over i stønadsordningar som i verste fall vert permanente.</p> <p>Ein føresetnad for at arbeidsmarknadsbedriftene skal kunne løyse utfordringane nemnt over, er at det vert gjort nødvendige tilpassingar i tilskotsordningar og regelverk, slik at bedriftene når både eksisterande</p>

	<p>og nye målgrupper. Selskapet ber dei folkevalde i fylkeskommunen om å jobbe for dette.</p> <p>Selskapet etterlyser også signal og tydleg eigarstrategi frå fylkeskommunen.</p>
Mål med eigarskapen	Støtte opp om selskapet sitt arbeid med å hjelpe menneske med ulike utfordringar i og utanfor arbeidslivet. Fylkeskommunen sitt føremål med eigarskapen er av samfunnsmessig karakter og skal sikre kontinuitet og føreseielege forhold for drifta av verksemda.
Er vidareføring av fylkeskommunal eigarskap føremålstenleg?	Eigarskapen er i tråd med føremålskategoriene samfunnsutvikling ved å delta i selskap som har ansvar for å legge til rette for særlege grupper. Arbeids- og inkluderingsbedriftene opplever ein utfordrande økonomisk situasjon på grunn av endra rammevilkår, m.a. som følgje av endra tilskotsordningar og regelverk og at NAV legg fleire av oppfølgingstiltaka ut på anbod. Sjølv om statistikken for 2019 viser at fleire kjem i jobb, så ser bedriftene at tilbodet til personar med dei største utfordringane er blitt dårlagare. Bedriftene vil ha behov for den stabiliteten fylkeskommunal eigarskap bidreg med også i tida som kjem.
Tilråding	Vidareføre eigarskapen

Gløde AS

Føremål	Gløde sitt føremål er arbeidsinkludering, kompetanseformidling og verksemd i samband med dette. Gjennom arbeid og tenester har selskapet målsetjing om å styrke den enkelte sin moglegheit til sjølv å oppnå måla sine. Målgruppa er personar som kan ha behov for avklaring, arbeidstrening, opplæring og hjelp til å komme ut i ordinært arbeid, eller personar som treng varig tilrettelagt arbeid.
Etablert	16.12.1991
Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel	<p>Aksjekapitalen er på Kr 166 900 delt på 166 900 aksjar á kr 1 kvar.</p> <p>Vestland fylkeskommune eig 7,09 % av aksjane og aksjeposten sin pålydande verdi er 11 841 kr. Andre eigarar er kommunane i Nordhordland, Sparebanken Vest, Nordhordland Næringslag, Norsk Hydro, Frank Mohn Flatøy og Equinor Mongstad, Norsk forbund for utviklingshemma (NFU) og enkeltpersonar. Alver kommune er den største aksjonären (51,39% eigardel).</p>
Forretningskontor	Alver kommune
Rettslege rammer	Aksjelova, arbeidsmarknadslova, NAV-lova
Rammer	Vedtekter
Samfunnsansvar og etikk	<p>Det vert arbeida for å forhindre diskriminering som følge av nedsett funksjonsevne, seksuell legning, etnisitet, nasjonalt opphav, hudfarge, religion og livssyn. Dette omfattar bl.a. rekruttering, løns- og arbeidsvilkår, forfremming, utviklingsmoglegheiter og vern mot trakassering. Selskapet har retningslinjer som forbyr forskjellsbehandling grunna kjønn.</p> <p>Selskapet vart sertifisert som miljøfyrtaårn i mars 2019.</p> <p>Selskapets verdigrunnlag er teke inn i vedtekten for selskapet (11.06.19).</p> <p>Selskapet vart ISO-sertifisert i september 2019.</p>

Generalforsamling	Det vart gjennomført generalforsamling i selskapet 18.06.20 (fysisk og digital deltaking). Kristina Vaktskjold Hamre representerte Vestland fylkeskommune på generalforsamlinga, med fullmakt.	
Valnemnd	Ordføraren i Alver kommune, representant for Framo Flatøy og representant for Norges Handikapforbund- Alver.	
Val av styre	Det skal vera valnemnd på tre til fem medlemmer vald for tre år. Eitt til to medlem står på val kvart år.	
Styresamansetning	<u>Styremedlemer:</u> Nils Marton Aadland (leiar) Steinar Raa (nestleiar) Rolf Svendsen Kristina Vaktskjold Hamre (VLFK) Anne Grete Eide Rune Myhr Svein Skjellanger	<u>Varamedlemer:</u> Sølvi N. Gripsgård Knudsen Thore Eugen Hansen (VLFK) Håvard Stusdal Anne Grete Tvedt
Styregodtgjersle og løn til dagleg leiar	Styreleiar: kr 50 000 per år. Nestleiar: kr 30 000 per år. Styremedlem: kr 2000 per møte. Løn og andre ytingar til dagleg leiar i 2019: kr 907 610.	
Fylkeskommunalt lån	Nei.	
Revisor	Helge Frosta AS	
Adresse	Havnevegen 11-15, 5918 Frekhaug	
Telefon/faks	56 17 58 00	
E-post	post@glode.no	
Nettstad	www.glode.no	

Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:

(1000 kr)	2017	2018	2019
Sum driftsinntekter	54 542	50 569	46 326
Driftsresultat	2 560	1 805	-835
Resultat etter skatt	1 079	1 038	-1 261
Totalkapitalrentabilitet	7 %	5 %	-2 %
Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld	14 %	12 %	2 %
Arbeidskapital i % av driftsinntekter	18 %	23 %	22 %
Eigenkapitalprosent	25 %	28 %	25 %

Økonomisk utvikling i tekst	<p>Av selskapet sine driftsinntekter på 46,3 mill. kr, utgjer tilskot 34,5 mill. kr. Selskapet sine driftsinntekter er redusert med 4,2 mill. kr, og nedgangen er jamt fordelt mellom sals- og andre driftsinntekter. I 2019 har selskapet fått 53 270 kr i tilskot fra Hordaland fylkeskommune. Rekneskapen syner eit underskot på 1,3 mill. kr som blir ført mot eigenkapitalen.</p> <p>Selskapet opplyser i årsmeldinga at selskapet har opplevd ei betydeleg omsetnadssvikt dei siste åra som følge av konjunktur nedgang i verkstadindustrien. Gløde AS har sett i verk fleire kostnadsreduserande tiltak. Vidare vert selskapet i stor grad påverka av endringar innan tenestekjøp for arbeidsmarknadsbedrifter. Reformar og anbodsutsetting kan påverke dei økonomiske rammene for drifta.</p> <p>Totalkapitalrentabiliteten er blitt svekka samanlikna med 2018 grunna underskotet i år. Arbeidskapital i % av driftsinntekter ligg på nivå med fjoråret og er svært bra. Eigenkapitalprosenten er tilfredsstillende.</p>
Viktige hendingar	I 2019 er det etablert eit gjenbruksprosjekt knytt til mottak, foredling og sal av brukte bygningsvarer. Eit eige bygg til føremålet er under oppføring.
Viktige planar/utsikter for dei komande åra	
Mål med eigarskapen	Støtte opp om selskapet sitt arbeid med å hjelpe menneske med ulike utfordringar i og utanfor arbeidslivet. Fylkeskommunen sitt føremål med eigarskapen er av samfunnsmessig karakter og skal sikre kontinuitet og føreseielege forhold for drifta av verksemda.
Er fylkeskommunalt eigarskap framleis føremålstenleg?	Eigarskapen er i tråd med føremålskategoriene samfunnsutvikling ved å delta i selskap som har ansvar for å legge til rette for særlege grupper. Arbeids- og inkluderingsbedriftene opplever ein utfordrande økonomisk situasjon på grunn av endra rammevilkår, m.a. som følge av endra tilskotsordningar og regelverk og at NAV legg fleire av oppfølgingstiltaka ut på anbod. Sjølv om statistikken for 2019 viser at fleire kjem i jobb, så ser bedriftene at tilbodet til personar med dei største utfordringane er blitt dårlegare. Bedriftene vil ha behov for den stabiliteten fylkeskommunal eigarskap bidreg med også i tida som kjem.
Tilråding	Vidareføre eigarskapen.

Hardanger AKS AS

Føremål	Selskapet tilbyr arbeidsretta tiltak. Verksemda produserer varer og tenester og tilbyr personar med nedsett arbeidsevne arbeidstrening, kvalifisering eller varig tilrettelagt arbeid. Føremålet er attføring og/eller sysselsetting av yrkeshemma. Verksemda skal ikkje gje aksjonærane økonomisk utbytte. Alt overskot skal bli i verksemda og koma attføringsverksemda til gode. Ved avvikling skal formuen nyttast i samsvar med føremålet.
Etablert	07.08.1987
Aksjekapital/	Aksjekapitalen er på kr 291 000 delt på 291 aksjar à kr 1000 kvar.
Fylkeskommunal eigardel	Vestland fylkeskommune eig 38,8 % av aksjane og aksjeposten sin pålydande verdi er 113 000 kr. Andre aksjonærar er Kvam herad, Samanger kommune og Kvam NFU.

Forretningskontor	Kvam herad				
Rettslege rammer	Aksjelova, arbeidsmarknadslova, NAV-lova				
Rammer	Vedtekter sist endra på ekstraordinær generalforsamling 3.07.2020.				
Samfunnsansvar og etikk	<p>Selskapet sitt samfunnsoppdrag er å tilby arbeid for personar med nedsett arbeidsevne og hjelpe personar som slit med å få seg jobb.</p> <p>Næringslivets Sikkerheitsorgan (NSO) hadde sin årlege gjennomgang av selskapet sine produksjonsanlegg i juni 2019. Det vart ikkje registrert avvik og verksemda forureinar ikkje det ytre miljø.</p> <p>Selskapet har søkelys på god kjønnsfordeling blant dei tilsette og i leiargruppa.</p>				
Generalforsamling	<p>Det vart gjennomført generalforsamling for selskapet 19.05.20 (fysisk og digital deltaking). Fylkesvaraordførar Natalia Golis representerte Vestland fylkeskommune på generalforsamlinga, med fullmakt.</p> <p>Ekstraordinær generalforsamling vart gjennomført 03.07.20 (digital deltaking). Signe Rauboti representerte Vestland fylkeskommune på generalforsamlinga, med fullmakt.</p>				
Val av styre	<p>Styret skal bestå av minst fire aksjonærvalde medlemer og éin medlem valt blant dei tilsette, minimum fem styremedlemer totalt. Det vert vald høvesvis éin varamedlem for dei aksjonærvalde styremedlemer og éin varamedlem for det styremedlemmen som er vald av dei tilsette. Styret sin leiar og nestleiar skal veljast særskilt.</p>				
Styresamansettning	<u>Styremedlemer:</u> Lars Atle Skorpen (leiar) Brita Trebakken (nestleiar) Kine Bratli Dale Egil Skogesal Sidsel Haugen	<u>Varamedlemer:</u> Anne Reidun Nyhus Dag Rune Mo			
Styregodtgjersle og løn til dagleg leiar	<p>Styreleiar: kr 30 000 per år. Styremedlem: kr 2500 per møte.</p> <p>Samla styregodtgjersle i 2019: kr 155 000.</p> <p>Løn til dagleg leiar i 2019: kr 572 804.</p>				
Fylkeskommunalt lån	Nei.				
Revisor	Revisorgruppen Hordaland AS				
Adresse	Sjusetevegen 67, 5610 Øystese				
Telefon/faks	56 55 01 60				
E-post	firmapost@hardangeraks.no				
Nettstad	www.hardangeraks.no				
Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:					
(1000 kr)	2017	2018	2019		

Sum driftsinntekter	19 235	15 990	16 681
Driftsresultat	1 133	271	1 113
Resultat etter skatt	389	-436	402
Totalkapitalrentabilitet	7 %	2 %	8 %
Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld	10 %	6 %	14 %
Arbeidskapital i % av driftsinntekter	4 %	-1 %	1 %
Eigenkapitalprosent	2 %	-1 %	2 %
Økonomisk utvikling i tekst	<p>Drifta til selskapet vert finansiert av salsinntekter. I 2019 har selskapet gjennomført ei rekke tiltak for å få kontroll på drifta og betra innteninga. Dette har ført til at salsinntektene har auka, og med reduserte driftskostnader får selskapet eit overskot på 401 903 kr etter rentekostnadene.</p> <p>Av selskapet si gjeld på om lag 14,3 mill. kr, utgjer langsiktig gjeld om lag 11,6 mill. kr. Selskapet meiner at gjelda er for høg i høve omsetnaden og gjer det krevjande å gjennomføra investeringar og naudsynt vedlikehald. Totalkapitalrentabiliteten og sjølvfinansieringa ligg på eit middels nivå, medan arbeidskapital i % av driftsinntekter og eigenkapitalprosenten er svak.</p>		
Viktige hendingar	<p>I året 2019 har selskapet gjort ei rekke tiltak for å få kontroll på drifta og auke innteninga. Selskapet har signert til saman 21 nye kontraktar og det er inngått rammeavtale med Fjord1 ASA om levering av påsmurd mat til tre ferjestrekningar i distriktet. Selskapet har også endra rutinar for service og vedlikehald, innført ordning for rekvisisjonar og fått utført alle revisjonar.</p> <p>Selskapet skifta rekneskapskontor i 2019 og det har vore eit omfattande ryddearbeid med å få kontroll på eigen rekneskap.</p> <p>Arbeidsmiljøet har i fleire år bydd på store utfordringar. Omorganisering, nytilsettingar og lønsjusteringar har mellom anna ført til ei markert betring. Det er bl.a. tilsett ny attføringsleiar, kantineleiar og avdelingsleiar på vaskeriet. Selskapet har reetablert avtalen med bedriftshelsetenesta i Kvam og fått eit velfungerande samarbeid. Selskapet vurderer no arbeidsmiljøet som godt og utan spesielle utfordringar.</p> <p>Alle brukarane vart den 13.03.20 permittert på grunna Covid-19 pandemien. Aktiviteten var sterkt redusert våren 2020 og selskapet har arbeidd for at dei skal attende til normal drift på best mogleg vis.</p> <p>Selskapet gjennomførde ekstraordinær generalforsamling 03.07.20. Dette for å oppdatere selskapsnamn (tidlegare Storeholten VTA AS) og vedtekter til dagens behov.</p>		
Viktige planar/utsikter for dei komande åra	<p>I samband med at styret vurderer selskapets økonomi som krevjande, har Hardanger AKS den 15.09.20 søkt eigarane om innskot av ny eigenkapital. Selskapet vurderer utviding av eigenkapitalen som nødvendig for framleis drift av selskapet.</p>		
Mål med eigarskapen	<p>Støtte opp om selskapet sitt arbeid med å hjelpe menneske med ulike utfordringar i og utanfor arbeidslivet. Fylkeskommunen sitt føremål med</p>		

	eigarskapen er av samfunnsmessig karakter og skal sikre kontinuitet og føreseielege forhold for drifta av verksemda.
Gjer fylkeskommunal eigarskap seg framleis føremålstenleg?	Eigarskapen er i tråd med føremålskategoriene samfunnsutvikling ved å delta i selskap som har ansvar for å leggje til rette for særlege grupper. Arbeids- og inkluderingsbedriftene opplever ein utfordrande økonomisk situasjon på grunn av endra rammeverk, m.a. som følgje av endra tilskotsordningar og regelverk og at NAV legg fleire av oppfølgingstiltaka ut på anbod. Sjølv om statistikken for 2019 viser at fleire kjem i jobb, så ser bedriftene at tilbodet til personar med dei største utfordringane er blitt dårligare. Bedriftene vil ha behov for den stabiliteten fylkeskommunal eigarskap bidreg med også i tida som kjem.
Tilråding	Vidareføre eigarskapen.

In Via AS

Føremål	Selskapet sitt føremål er å skape meirverdi for menneske og samfunn. In Via AS skal skape positive endringar til beste for alle partar og vere ein lærings- og kompetansepartnar.	
Etablert	18.04.1977 (sjølve verksemda starta opp tidlegare 22.05.1963)	
Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel	<p>Eigarprosent: 32. Aksjane sin pålydande verdi: 325 500 kroner.</p> <p>Fylkeskommunen er største eigar. Andre eigarar er kommunane Gloppen (22,7 %), Stad (16,6 %), Stryn (13,4 %), Kinn, Volda, Høyanger og Bremanger og Sparebanken Sogn og Fjordane.</p> <p>Aksjekapitalen til selskapet er 1 100 000 kroner fordelt på 4 400 aksjer à 250 kroner.</p>	
Forretningskontor	Gloppen kommune	
Rettslege rammer	Aksjelova. Lov om arbeidsmarknadstenester. Lov om folketrygd. NAV-lova.	
Rammer	Vedtekter, vedtekne i generalforsamling 22. april 2015.	
Samfunnsansvar og etikk	Omtalar likestilling og miljø i årsmeldinga.	
Generalforsamling	<p>Signe Rauboti deltok med fullmakt på generalforsamlinga 15.06.20. Gjennomføringa var digital.</p> <p>Det har i tillegg vore gjennomført eigarmøte i selskapet den 04.02.20. Alfred Bjørlo deltok for fylkeskommunen i dette møtet.</p>	
Valnemnd	<p>Ein medlem går ut kvart år (leiaren). Dei to andre rykkjer opp. Val av ny medlem kvart år.</p> <p>Valkomité: Leidulf Gloppestad (leiari), Alfred Bjørlo og Per Kjøllesdal (ny).</p>	
Val av styre	Styret skal ha fem medlemer. Styremedlemene blir valde for to år, slik at halvparten trer ut kvart år. Varmedlemene blir valde for eitt år. Leiari og nestleiar blir valde kvart år. Styret er vedtaksført dersom minst 3/5 av styremedlemene eller vara er til stades.	
Styresamansetning	<p>Styremedlemer:</p> <ul style="list-style-type: none"> Jon Gimmetstad (leiari) Tone Holvik (nestleiar) Nils Petter Støyva Kristine Dahl Rolf M. Skrede (tilsetterep.) 	<p>Varmedlemer:</p> <ul style="list-style-type: none"> Torstein Tvinnereim Rune Engeseth Åshild Vereide (tilsetterep.)

Styregodtgjersle og løn til dagleg leiar	Styreleiar: 45 000 kroner i året. Styremedlemer: 2000 kroner per møte. (satsane er vidareført frå året før). Samla styregodtgjersle 2019: 69 000 kr. Løn dagleg leiar: 816 152 kr. Anna godtgjersle: 5 058 kr.		
Fylkeskommunalt lån	Nei		
Revisor	BDO AS		
Adresse	Postboks 122, 6821 Sandane.		
Telefon	909 82 295		
E-post	ueland@in-via.no		
Nettadresse	www.in-via.no		
Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:			
(1000 kr)	2017	2018	2019
Sum driftsinntekter	9 887	11 790	12 946
Driftsresultat	985	-372	435
Resultat etter skatt	1 057	-294	529
Totalkapitalrentabilitet	8 %	-2 %	4 %
Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld	-	-	-
Arbeidskapital i % av driftsinntekter	70 %	60 %	62 %
Eigenkapitalprosent:	79 %	80 %	81 %
Økonomisk utvikling i tekst	<p>Av selskapet sine driftsinntekter på om lag 12,9 mill. kr, er om lag 9,2 mill. kr offentlege tilskot og resten er salsinntekt. I høve 2018 har det har vore ein auke i dei offentlege tilskota og ein nedgang i salsinntektene. Selskapet har betra årsresultatet i høve 2018, og har eit overskot på 529 363 kr i 2019 som blir ført mot eigenkapitalen.</p> <p>Selskapet sin finansielle stilling er god. Alle nøkkeltala er styrka i høve fjaråret. Omløpsmidlane har auka med om lag 1 mill. kr, og gjelda er på nivå med fjaråret. Selskapet har god likviditet.</p>		
Viktige hendingar	<p>Selskapet har hatt gode attføringsresultat i 2019. Frå tiltaket AFT (arbeidsførebuande trening) gjekk 50 % til arbeid eller utdanning, og frå KIA (kvalifisering i arbeidsmarknadsbedrift) gjekk 100 % til arbeid eller utdanning.</p> <p>In Via har produksjon i Stryn og på Nordfjordeid. I 2019 har In Via mellom anna produsert postkassestativ og møblar, og utført tenester for Fretex AS, Stryn Energi, m.fl.</p> <p>In Via AS er leverandør i sitt område for tenesta arbeidsretta rehabilitering (ARR). Det var Sogneprodukt AS som vann anbodskonkuransen om dette i mai 2020, med In Via AS og Origod AS som underleverandørar.</p>		

	Selskapet har gjennomført to revisjonar i 2019. Desse har vore nyttige for dei tilsette og for drifta av selskapet generelt.
Viktige planar/utsikter for dei komande åra	<p>Utfordringar for 2020 vil vere ressursbruk og balanse mellom oppgåver og rett tal tilsette. Arbeidsmarknadsbedriftene opplever ein utfordrande økonomisk situasjon på grunn av endringar i NAV-struktur. Covid-19 pandemien kan også få konsekvensar for selskapet på lik linje med andre selskap i bransjen. Den økonomiske stoda er noko betra i andre halvdel av 2020, samanlikna med første halvdel, m.a. grunna at selskapet er leverandør på tiltaket ARR.</p> <p>Selskapet er i prosess om samanslåing med Mona Vekst AS. Den igangsette prosessen blei stogga på grunn av nedstenginga av samfunnet 12.03.20. Leiargruppene i bedriftene har no tatt tak i saka på ny og har starta opp samtaler om samanslåinga igjen. Det vert arbeidd med å finne ein god struktur på bedrifta, som støtter dei krav NAV har for slike bedrifter. Selskapet ser for seg at samanslåinga vil skje i 2021. I samband med samanslåinga er det utarbeidd utkast til aksjonæravtale som skal sikre mest mogleg vidareføring av eksisterande eigarbalanse.</p>
Mål med eigarskapen	Støtte opp om selskapet sitt arbeid med å hjelpe menneske med ulike utfordringar i og utanfor arbeidslivet. Fylkeskommunen sitt føremål med eigarskapen er av samfunnsmessig karakter og skal sikre kontinuitet og føreseielege forhold for drifta av verksemda.
Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstøy?	Eigarskapen er i tråd med føremålskategoriene samfunnsutvikling ved å delta i selskap som har ansvar for å leggje til rette for særlege grupper. Arbeids- og inkluderingsbedriftene opplever ein utfordrande økonomisk situasjon på grunn av endra rammevilkår, m.a. som følgje av endra tilskotsordningar og regelverk og at NAV legg fleire av oppfølgingstiltaka ut på anbod. Sjølv om statistikken for 2019 viser at fleire kjem i jobb, så ser bedriftene at tilbodet til personar med dei største utfordringane er blitt dårlegare. Bedriftene vil ha behov for den stabiliteten fylkeskommunal eigarskap bidreg med også i tida som kjem.
Tilråding	Vidareføre eigarskapen

Kveik AS

Føremål	Med ein inkluderande og open kultur skal selskapet skape grunnlag for attføring av arbeidstakrar, og dessutan etablere berekraftige tiltaksplassar, slik at samfunnsbevisste aktørar, pårørande og samfunn ser verdien av selskapet sitt arbeid.
Etablert	April 1973
Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel	<p>Aksjekapital: 2 785 000 kr</p> <p>Fylkeskommunen eig 650 aksjar (23,34 % av selskapet).</p> <p>Den største aksjeeigaren er Voss herad (71,42 %). Andre eigarar er Ulvik herad, private verksemder og bankar.</p>
Forretningskontor	Voss herad
Rettslege rammer	Aksjelova, arbeidsmarknadslova, NAV-lova, fagopplæringslova
Rammer	Vedtekter

Samfunnsansvar og etikk	<p>Kveik AS har etiske retningslinjer som er innlemma i personalhandboka. Dei etiske retningslinjene ligg på nett her: https://kveikarbeidsliv.no/etiske-retningslinjer/</p> <p>Selskapet er Equass-sertifisert (European Quality in Social Services) for 2018-2021.</p>		
Generalforsamling	<p>Fylkesdirektør for opplæring og kompetanse, Bjørn Lyngedal, møtte som eigarrepresentant på generalforsamlinga i selskapet den 17.06.20 (digital og fysisk gjennomføring).</p>		
Valnemnd	<p>Selskapet har valnemnd. Generalforsamlinga vel valnemnda. Per no utgjer Hans Erik Ringkjøb valnemnda. Ingen av valnemnda sine medlemer var på val i år.</p>		
Val av styre	<p>Styret skal ha fem medlemer med inntil to varamedlemer. Fire av medlemene og ein av varamedlemene vert valt av generalforsamlinga. Ein medlem med varamedlem vert valt av dei tilsette. Medlemene sin funksjonstid er to år.</p>		
Styresamansetning	<u>Styremedlemer:</u> Hilde Marie Magnusson (leiar) Kari Hernes-Hillerich Arne Nordbø Nils T. Bjørke Lena Gjernes (tilsetterep.)	<u>Varamedlemer:</u> Einar Horvei Svanhild Tufteland Tvilde	
Styregodtgjersle og løn til dagleg leiar	<p>Satsar for styregodtgjersle vedtekne på generalforsamlinga i 2020: Styreleiar: 83 750 kr Styremedlem: 29 000 kr (Nestleiar, dersom styret seinare utpeiker): 15 500 kr i tillegg til satsen for styremedlem</p> <p>Løn til dagleg leiar i 2019: 832 938 kr; pensjonsutgifter: 21 818 kr og anna godtgjersle: 11 644 kr.</p>		
Fylkeskommunalt lån			
Revisor	RSM Norge AS		
Adresse	Brynaskogen 2, 5705 Voss		
Telefon/faks	56 52 08 60		
E-post	firmapost@kveikarbeidsliv.no		
Nettstad	www.kveikararbeidsliv.no		
Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:			
	2017	2018	2019
(1000 kr)			
Sum driftsinntekter	20 032	20 053	19 699
Driftsresultat	673	750	581
Resultat etter skatt	447	522	352
Totalkapitalrentabilitet	3 %	4 %	3 %

Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld	30 %	22 %	17 %
Arbeidskapital i % av driftsinntekter	9 %	24 %	24 %
Eigenkapitalprosent	55 %	56 %	59 %
Økonomisk utvikling i tekst	<p>Selskapet sine driftsinntekter er noko redusert i høve 2018 og er 19,7 mill. kr i 2019. Drifts- og finanskostnadane ligg om lag på same nivå som 2018. Rekneskapen syner eit overskot på 351 964 kr som blir ført mot eigenkapitalen.</p> <p>Det er ingen store endringar i balansen. Totalkapitalrentabiliteten ligg på nivå med tidlegare år, men er framleis svak. Selskapet si sjølvfinansiering er på eit middels nivå medan arbeidskapital i % av driftsinntekter er god. Eigenkapitalprosenten er tilfredsstillande.</p>		
Viktige hendingar	<p>Kveik AS er ei arbeids- og inkluderingsverksemd som leverer ulike arbeidsretta tiltak for NAV på Voss, i Vaksdal og deler av Hardanger. Bedrifta har auka staben i 2019.</p> <p>Selskapet leverer tre arbeidsretta tiltak for NAV: AFT (arbeidsretta trening), VTA (varig tilrettelagt arbeid) og grønt arbeid. Selskapet har 23 tiltakslassar innan AFT, 26 tiltakslassar innan VTA og 5 tiltakslassar innan grønt arbeid. I tillegg kjøper Voss herad nokre private plassar. Av AFT deltakarane gjekk 33 % av deltakarane til arbeid eller utdanning i 2019. NAV sin målsetnad er 50 % formidling.</p> <p>Selskapet tilbyr m.a. kantinedrift og vaktmeistertenester. Selskapet si cateringavdeling har bytt lokale frå Vangsgata til Brynaskogen i 2019.</p> <p>I tillegg til eigne tiltak leverer selskapet tiltak for A2G i Bergen, m.a. oppfølging av sjukemelde, arbeidsretta rehabilitering og avklaring og oppfølging av innvandrarar.</p> <p>I 2019 fekk bedrifta besøk av partisekretær Kjersti Stenseng (Ap) og ordførar Hans Erik Ringkjøb i Voss herad.</p>		
Viktige planar/utsikter for dei komande åra	Bedrifta skal framleis jobbe med å marknadsføre seg og vere synleg.		
Mål med eigarskapen	Støtte opp om selskapet sitt arbeid med å hjelpe menneske med ulike utfordringar i og utanfor arbeidslivet. Fylkeskommunen sitt føremål med eigarskapen er av samfunnsmessig karakter og skal sikre kontinuitet og føreseielege forhold for drifta av verksemda.		
Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålsterleg?	Eigarskapen er i tråd med føremålskategoriene samfunnsutvikling ved å delta i selskap som har ansvar for å leggje til rette for særlege grupper. Arbeids- og inkluderingsbedriftene opplever ein utfordrande økonomisk situasjon på grunn av endra rammevilkår, m.a. som følgje av endra tilskotsordningar og regelverk og at NAV legg fleire av oppfølgingstiltaka ut på anbod. Sjølv om statistikken for 2019 viser at fleire kjem i jobb, så ser bedriftene at tilbodet til personar med dei største utfordringane er blitt dårligare. Bedriftene vil ha behov for den stabiliteten fylkeskommunal eigarskap bidreg med også i tida som kjem.		
Tilråding	Vidareføre eigarskapen		

Opero Holding AS

Føremål	Selskapet skal via eigarskap i datterselskapa Opero AS og Ås Barnehage AS utvikle og levere tenester for å fremje arbeidsdeltaking i det ordinære arbeidslivet, uavhengig av kva utfordringer ulike deltagarar har. Selskapet skal jobbe for å styrke datterselskapa sin posisjon innanfor dei tenesteytande felta. Selskapet skal yte drifts- og servicefunksjonar overfor datterselskapa. Selskapet har ikkje økonomisk vinning som føremål, og skal ikkje dele ut utbytte. Eit eventuelt overskot skal verte verande i verksemda og kome føremålet til gode.	
Etablert	23.02.1995	
Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel	<p>Aksjekapitalen er 1 755 000 kr.</p> <p>Fylkeskommunen eig 292 aksjar á 1000 kr. Dette utgjer 16,64 % av den samla aksjekapitalen.</p> <p>Andre eigarar er m.a. Stord kommune, Bømlo kommune og Kvinnherad kommune. Selskapet har også private verksemder som aksjonærar.</p>	
Forretningskontor	Stord kommune	
Rettslege rammer	Aksjelova, arbeidsmarknadslova, NAV-lova, lov om fagopplæring	
Rammer	Vedtekter, sist endra 10.06.20.	
Samfunnsansvar og etikk		
Generalforsamling	Benthe Bondhus møtte som eigarrepresentant på ordinær og ekstraordinær generalforsamling i selskapet den 10.06.20 (fysisk gjennomføring).	
Valnemnd	Stord kommune, Bømlo kommune og Vestland fylkeskommune sine, til ei kvar tid, valde representantar utgjer selskapet si valnemnd. Stord kommune har ansvaret for at nemnda vert samankalla. For inneverande fylkestingsperiode er Svein Halleraker Vestland fylkeskommune sin representant i valnemnda.	
Val av styre	Styret skal ha fire til seks medlemer og tre varamedlemer i rekkefølge. Dei tilsette i selskapet skal velje ein medlem med personleg vara. Styremedlemene si funksjonstid er to år, men slik at ikkje alle styremedlemene er på val til same tid.	
Styresamansetning	<u>Styremedlemer:</u> Svein Lunde (leiar, Fitjar) Siren Eldøy Hinderaker (Stord) Geir Ove Seie (Bømlo) Torstein Aarethun (Kvinnherad) Line Remøy Bertelsen (Sveio) Sissel K. Gravdal (tilsetterep.)	<u>Varamedlemer:</u> 1. May Britt Hellesund (Stord) 2. Kristin Teigland Kleppe (Tysnes) 3. Morten Helland (Bømlo) Berit Johannessen (tilsetterep.)
Styregodtgjersle og løn til dagleg leiar	<p>Satsar for styregodtgjersle vedtekne på generalforsamlinga i 2020: Styreleiar: 40 000 kr per år + møtegodtgjersle Styremedlem 5000 kr per møte (nestleiarfunksjonen og fast årleg godtgjersle til nestleiar utgår)</p> <p>Samla styregodtgjersle for 2019 er 197 000 kr.</p> <p>Dagleg leiar sine ytingar i 2019: løn 1 205 270 kr; anna godtgjersle: 31 168 kr.</p>	

Fylkeskommunalt lån	Nei
Revisor	BDO AS
Adresse	Heiane, Ringvegen 14, 5412 Stord
Telefon	53 40 24 00
Nettstad	https://opero.no
E-post	info@opero.no ; birte.nilsen@opero.no

Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:

(1000 kr)	2017	2018	2019
Sum driftsinntekter	36 903	38 388	37 484
Driftsresultat	747	633	205
Resultat etter skatt	571	475	53
Totalkapitalrentabilitet	3 %	2 %	1 %
Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld	25 %	27 %	24 %
Arbeidskapital i % av driftsinntekter	7 %	8 %	9 %
Eigenkapitalprosent	56 %	57 %	59 %

Økonomisk utvikling i tekst	Offentlege tilskot utgjer 21,7 mill. kr av driftsinntektene på 37,5 mill. kr. Det er ein nedgang i tilskot på 1,4 mill. kr i høve 2018. Selskapet fekk i 2019 10,2 mill. kr i tilskot knytt til attføringsarbeid, og 11,5 mill. kr i tilskot for drift av Ås barnehage og tilrettelegging. Rekneskapen syner eit overskot på 53 316 kr som blir ført mot eigenkapitalen. Totalkapitalrentabiliteten i selskapet er svak, og arbeidskapital i % av driftsinntekter er på eit middels nivå. Selskapet si sjølvfinansiering og eigenkapital er god.
------------------------------------	--

Viktige hendingar	Året 2019 er selskapet sitt 41. driftsår. Bedifta gjev i dag tilbod innan mekaniske yrke, barnehage, kantine, opplæring i kontorfag, dataopplæring, oppfølging av sjukemelde, arbeidsretta rehabilitering og oppfølging av innvandralar. Selskapet har fått pålegg frå NAV Vestland om at tiltaksarrangør for tiltaket AFT (arbeidsførebuande trening) må organiserast som eiga verksemd. Som følgje av dette har selskapet sidan hausten 2019 arbeidd med ny selskapsstruktur. På ekstraordinær generalforsamling 10.06.20 slutta generalforsamlinga seg til den føreslegne omstruktureringa. Dagens Opero AS er gjort om til eit reink eigarselskap, Opero Holding AS. Dagens tiltak er lagt i det heileigde datterselskapet Opero AS og barnehageverksemda er lagt i eit anna heileigd datterselskap, Ås barnehage AS.
--------------------------	--

	Generalforsamlinga godkjente samstundes nye vedtekter for selskapet, m.a. med namneendring til Opero Holding AS.
Viktige planar/utsikter for dei komande åra	
Mål med eigarskapen	Støtte opp om selskapet sitt arbeid med å hjelpe menneske med ulike utfordringar i og utanfor arbeidslivet. Fylkeskommunen sitt føremål med eigarskapen er av samfunnsmessig karakter og skal sikre kontinuitet og føreseielege forhold for drifta av verksemda.
Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstenleg?	Eigarskapen er i tråd med føremålskategoriene samfunnsutvikling ved å delta i selskap som har ansvar for å leggje til rette for særlege grupper. Arbeids- og inkluderingsbedriftene opplever ein utfordrande økonomisk situasjon på grunn av endra rammevilkår, m.a. som følgje av endra tilskotsordningar og regelverk og at NAV legg fleire av oppfølgingstiltaka ut på anbod. Sjølv om statistikken for 2019 viser at fleire kjem i jobb, så ser bedriftene at tilbodet til personar med dei største utfordringane er blitt dårligare. Bedriftene vil ha behov for den stabiliteten fylkeskommunal eigarskap bidreg med også i tida som kjem.
Tilråding	Vidareføre eigarskapen

Origod AS

Føremål	Selskapet har som føremål å drive kurs og opplæringsverksemd, samt arbeids- og inkluderingsverksemd, og det som naturleg hører med til slik verksemd. Overskotet i selskapet skal bli verande i verksemda og disponerast til føremål som styrker den. Selskapet skal ikke gje eigarane utbyte. Selskapet er ei arbeids- og inkluderingsverksemd, med NAV som største og viktigaste kunde. Selskapet tilbyr også kurs og tenester.
Etablert	21.05.1975.
Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel	Eigarprosent: 23,9. Aksjane sin pålydande verdi: 271 789 kroner. Andre eigarar er m.a. Kinn kommune, Sunnfjord kommune, Flora-lag av NHF, Sparebanken Sogn og Fjordane, Askvoll kommune, Bremanger kommune, Hyllestad kommune, Fjaler kommune, Solund kommune, Elkem ASA, DNB NOR og NHF Nordvest.
Forretningskontor	Kinn kommune.
Rettslege rammer	Aksjelova. Lov om arbeidsmarknadstenester. Lov om norsk folketrygd. NAV-lova.
Rammer	Vedtekter, sist revidert 25.10.2018.
Samfunnsansvar og etikk	Gjennom kvalitetssystemet EQUASS Assurance arbeider selskapet for nøytral personalpolitikk.
Generalforsamling	Ordinær generalforsamling skal haldast innan utgangen av mars månad. Generalforsamlinga i 2020 vart gjennomført som forenkla generalforsamling etter aksjelova § 5-7 med attendemeldingsfrist 14.04.20. Fylkesordføraren representerte fylkeskommunen i generalforsamlinga.
Valnemnd	Valnemnda sine medlemer er Olve Grotle og Ola Teigen, ordførarane i vertskommunane, Sunnfjord og Kinn.

Val av styre	Styret skal ha 5-7 medlemer og to varamedlemer i rekjkjefølgje. To av styremedlemene skal veljast av og blant dei tilsette, ein frå avdelinga i Førde og ein frå avdelinga i Florø.		
Styresamansetning	<p><u>Styremedlemer:</u> Bjørn-Harald Haugsvær (leiar) Siv Merete Stadheim Paula Lesto Heidi Grande Røys Vidar Grønnevik Halvard Avdem (tilsetterep. Førde) Siv Rimmen (tilsetterep. Florø)</p>	<p><u>Varamedlemer:</u> Linda Ness Rotihaug Hilmar Eliasson</p>	
Styregodtgjersle og løn til dagleg leiar	<p>Generalforsamlinga har i 2020 vedteke at styreverva skal godtgjerast slik for 2019: Styreleiar: 51 500 kr Styremedlem: 28 325 kr Samla styregodtgjersle for 2019: 268 388 kr.</p> <p>Løn dagleg leiar i 2019: 977 754 kr; pensjonsutgifter: 15 952 kr; anna godtgjersle: 112 164 kr.</p>		
Fylkeskommunalt lån	Nei.		
Revisor	Deloitte AS.		
Adresse	Florø: Industriegen, postboks 274, 6902 Florø. Førde: Øyrane 2, 6801 Førde		
Telefon	57 75 21 40		
E-post	post@origod.no , petter.refsnes@origod.no (dagleg leiar)		
Nettadresse	www.origod.no		
Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:			
(1000 kr)	2017	2018	2019
Sum driftsinntekter	21 347	36 840	42 076
Driftsresultat	562	-1 381	1 960
Resultat etter skatt	632	-1 428	2 012
Totalkapitalrentabilitet	3 %	-4 %	4 %
Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld	-	-10 %	18 %
Arbeidskapital i % av driftsinntekter	3 %	42 %	43 %
Eigenkapitalprosent:	82 %	76 %	62 %
Økonomisk utvikling i tekst	Rekneskapen frå 2017 er ikkje samanliknbar med seinare år då Origod AS fusionerte med Nærtenesten AS og Mentro AS i 2018.		

	<p>Selskapet har 42,2 mill. kr i driftsinntekter i 2019, som er ein auke på 5,3 mill. kr frå fjoråret. Driftskostnadene er 40,1 mill. kr, og selskapet har eit positivt årsresultat på 2 mill. kr. Dette er avsett til eigenkapitalen.</p> <p>Anleggsmidlane har auka som følgje av kjøp av bygning på 12,3 mill. kr. Langsiktig gjeld har auka til 16 mill. kr frå 4,2 mill. kr i fjor. Omløpsmidlane har gått opp med 1,1 mill. kr. Sjølvfinansieringa til selskapet er middels god, men dei har svært bra arbeidskapital i % av driftsinntektene.</p> <p>Eigenkapitalprosenten har gått ned i høve fjoråret grunna auken i gjeld, men er framleis god.</p>
Viktige hendingar	<p>Den 16.03.20 vedtok styra i selskapa Origod AS og det heileigde datterselskapet Sunnfjord Drift AS plan om å fusjonere selskapa, jf. dei forenkla reglane i aksjelova § 13-23. Sunnfjord Drift AS vart samstundes vedteke oppløyst. Generalforsamlinga sluttar seg til styret sin plan i møte 14.04.20. Origod AS er det overtakande selskapet og fusjonen har skjedd vederlagsfritt. Målet med fusjonen er forenkla selskapsstruktur.</p> <p>Origod AS har tidlegare, i desember 2018, fusjonert med selskapa Mentro AS og Nærtenesten AS. Bakgrunnen for desse fusjonane var eit ønskje om ein større og meir samordna organisasjon som vil ha styrke til å møte anbodskrav frå NAV Vestland, eit godt fagmiljø, og rasjonaliseringsvinst i driftskostnadane på minst éin million. Ved å fusjonere har selskapa større moglegheiter for å utvikle og levere tenester med høg kvalitet til brukarane, og til å skape solide og trygge arbeidsplassar.</p> <p>Origod AS har avtale med NAV Vestland om drift av tiltaka VTA (varig tilrettelagt arbeid), AFT (arbeidsførebuande trening) og ARR (arbeidsretta rehabilitering). Avtalen med NAV om drift av VTA og AFT omfattar til saman 90 tiltakspllassar. For tiltaket ARR - Arbeidsrettet Rehabilitering - er selskapet underleverandør for Sogneprodukt AS i sitt område (etter anbodskonkurranse i mai 2020).</p> <p>Selskapet tilbyr elles sertifiserte kurs til næringslivet (tilpassa krava i industrien), har ei produksjonsavdeling som tilbyr mekaniske varer og tenester og ei eigedomsvedlikehaldsavdeling som leverer ulike tenester som transport, logistikk, lagringstenester, renovasjon, m.m.</p> <p>Selskapet har avtale med fylkeskommunen, ved Flora vidaregåande skule, om eit samarbeidsprosjekt der skulen gjev tilbod til ungdom/elever som ikkje meistrar vanleg skulegang.</p>
Viktige planar/utsikter for dei komande åra	
Mål med eigarskapen	Støtte opp om selskapet sitt arbeid med å hjelpe menneske med ulike utfordringar i og utanfor arbeidslivet. Fylkeskommunen sitt føremål med eigarskapen er av samfunnsmessig karakter og skal sikre kontinuitet og føreseielege forhold for drifta av verksemda.
Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålsterleg?	Eigarskapen er i tråd med føremålskategorien samfunnsutvikling ved å delta i selskap som har ansvar for å leggje til rette for særlege grupper. Arbeids- og inkluderingsbedriftene opplever ein utfordrande økonomisk situasjon på grunn av endra rammevilkår, m.a. som følgje av endra tilskotsordningar og regelverk og at NAV legg fleire av oppfølgingstiltaka ut på anbod. Sjølv om statistikken for 2019 viser at fleire kjem i jobb, så ser bedriftene at tilbodet til personar med dei største utfordringane er blitt dårligare. Bedriftene vil ha behov for den stabiliteten fylkeskommunal eigarskap bidreg med også i tida som kjem.
Tilråding	Vidareføre eigarskapen

Sogneprodukt AS

Føremål	Gjennom arbeidsretta tiltak skapar selskapet grunnlag for rekruttering til ordinært arbeidsliv. Selskapet er «ei bru til arbeidslivet» for dei som treng hjelp til å skaffe seg arbeid eller utdanning. Verksemda gir tilbod om varig tilrettelagt arbeid. Tenester, produksjon og handel eller anna næringsverksemd kan vere ein del av prosessen.	
Etablert	07.11.1973.	
Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel	<p>Selskapet sin aksjekapital er på 751 000 kr delt på 751 aksjar à 1000 kr kvar.</p> <p>Fylkeskommunen sine aksjar har pålydande verdi kr 150 000 (20 % eigardel). Andre eigarar er åtte kommunar og seks sparebankar lokalisert i Sogn, samt Norges Handikapforbund. Vik kommune er den største eigaren (37 %).</p>	
Forretningskontor	Vik kommune.	
Rettslege rammer	Aksjelova, arbeidsmarknadslova, folketrygdlova, NAV-lova.	
Rammer	Vedtekten, sist revidert 20.02.2017.	
Samfunnsansvar og etikk	Selskapet har etiske retningslinjer av 30.08.2012. Selskapet er ISO-sertifisert.	
Generalforsamling	<p>Ordinær generalforsamling skal haldast innan utgangen av april månad.</p> <p>Natalia Golis deltok som eigarrepresentant for Vestland fylkeskommune på generalforsamlinga 27.05.20. Gjennomføringa var digital.</p>	
Valnemnd	Selskapet har valkomité. Valkomiteen skal bestå av ordførarane frå dei største primæreigarkommunane - Vik, Sogndal og Årdal. Ordførar i Vik kommune er leiar.	
Val av styre	Selskapet skal leiast av eit styre på sju medlemer. Av desse vert fem medlemer med tre vara i rekjkjefølgje valde av generalforsamlinga. To styremedlemer med fire vara i rekjkjefølgje skal veljast av dei tilsette. Styreleiar og nestleiar skal veljast kvart år. For alle verv i styret gjeld ei funksjonstid på 2 år.	
Styresamansetning	<u>Styremedlemer:</u> Stig Roar Hovland (styreleiar) Astrid Hove (nestleiar) Frode Valsvik Karen Marie Hjelmeseter Marie-Helene Hollevik Brandsdal Gjøril Kristin Lerheim-Barsnes (tilsetterep.) Anne Marit Grov (tilsetterep.)	<u>Varamedlemer:</u> 1. Arne Hovland 2. Olaug Marie Bjelde 3. Lars Trygve Sæle Nils Magnar Feten (tilsetterep.)
Styregodtgjersle og løn til dagleg leiar	<p>Styreleiar sit honorar per år er 30 000 kr. Nestleiar sitt honorar per år er 9.000 kr. Andre styremedlemer og 1. vara sitt honorar per år er 6 000 kr. Godtgjersle per møte er 2000 kr for alle styremedlemene. For å få styrehonorar må medlemen ha delteke på minst 50 % av styremøta.</p> <p>Samla utbetalt styregodtgjersle i 2019 er 163 000 kr.</p>	

	Løn til dagleg leiar i selskapet i 2019: 943 906 kr, og 11 213 kr i anna godtgjersle.
Fylkeskommunalt lån	Nei.
Revisor	RSM Norge AS avd. Voss
Adresse	Industrivegen 25, 6893 Vik i Sogn.
Telefon	57 69 83 40
E-post	ragfe@sogneprodukt.no
Nettadresse	www.sogneprodukt.no

Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:

(1000 kr)	2017	2018	2019
Sum driftsinntekter	43 492	33 029	35 232
Driftsresultat	-775	- 2 702	-1 548
Resultat etter skatt	-673	- 2 630	-1 467
Totalkapitalrentabilitet	-2 %	-8 %	-5 %
Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld	-	-	-
Arbeidskapital i % av driftsinntekter	31 %	33 %	28 %
Eigenkapitalprosent:	79 %	83 %	81 %

Økonomisk utvikling i tekst	Av driftsinntektene på 35,2 mill. kr så er 20,6 mill. kr attføringsinntekt, resten er sals- og andre driftsinntekter. Rekneskapen syner eit underskot på 1,5 mill. kr som mellom anna skuldast reklamasjonar på mekanisk avdeling og lågare omsetnad på fleire område enn budsjettet. Underskotet reduserer eigenkapitalen. Styret skriv i årsmeldinga at dei har utarbeidd forbetringstiltak som skal få effekt i 2020. Kortsiktig gjeld har gått noko opp som følge av høgare leverandørgjeld. Selskapet har god eigenkapitalprosent og likviditet.
------------------------------------	--

Viktige hendingar	Selskapet har rammeavtale med NAV Vestland om m.a. AFT (arbeidsførebuande trening) og VAT (varig tilrettelagd arbeid) fram til 2020. Tiltaket KIA (kvalifisering i arbeidsmarknadsbedrift) vart utfasa i 2019. Verksemda har formidlingsresultat på 53 %, og ligg godt over landsgjennomsnittet på tal personar formidla til jobb og over NAV sitt krav om 50 %. Arbeids- og inkluderingsverksemndene i området har samarbeidd om fagopplæring gjennom Opplæringskontoret for tilrettelagt fagopplæring. Vedtekne endringar i tiltaksregelverket gjev utfordringar med å gjennomføre heile læringsløpet hjå verksemda, og det vert framleis jobba med å finne løysingar for dette. Sogneprodukt tilbyr ulike kurs tilpassa oppdragsgjevarane, t.d. NAV og kommunar, sine behov. Dette gjeld kurssatsingar som MotivertUng og Reinhaldskurs for flyktningar.
--------------------------	---

	<p>Selskapet har starta opp samarbeidsprosjektet Kreativ Kompetanse saman med Sogndal vidaregåande skule, Sogndal kommune og fylkeskommunen, for å skape gode attraktive arbeidsplassar for dei som treng litt ekstra og har sitt interessefelt innan digital kompetanse. Erfaringane så langt er positive, og målet er at Kreativ Kompetanse skal gå over i driftsfase frå 2021.</p> <p>Selskapet vann anbodskonkurranse om å yte arbeidsretta rehabilitering (ARR) i mai 2020, og er hovudleverandør av denne tenesta i Sogn og Fjordane, med Origod AS og In Via AS som underleverandørar i kvar sine område.</p> <p>Våren 2020 har selskapet inngått avtale om å overta modulbygget til fylkeskommunen på Kaupanger. Selskapet har overteke bygget, fiksa det og sett på nytt tak. Fylkeskommunen, ved Sogndal vgs., får halde fram med å bruke bygget til fylkeskommunen sitt nybygg på Kaupanger er ferdig.</p>
Viktige planar/utsikter for dei komande åra	<p>Strukturendringar i fylkeskommunen, kommunane og NAV stiller nye krav til verksemda, men gjev samstundes nye mogleigheter.</p> <p>Selskapet skal jobbe med å vere fylkeskommunen og eigarkommunane sitt verktøy for å redusere sosiale kostnader, hjelpe personar som har utfordringar med å kome inn i arbeidslivet, kjenne arbeidsgjevarar sine behov for arbeidskraft og hjelpe med trygg rekruttering, og kjenne kundane sine behov for tenester og produkt.</p>
Mål med eigarskapen	Støtte opp om selskapet sitt arbeid med å hjelpe menneske med ulike utfordringar i og utanfor arbeidslivet. Fylkeskommunen sitt føremål med eigarskapen er av samfunnsmessig karakter og skal sikre kontinuitet og føreseielege forhold for drifta av verksemda.
Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstøy?	Eigarskapen er i tråd med føremålskategoriien samfunnsutvikling ved å delta i selskap som har ansvar for å leggje til rette for særlege grupper. Arbeids- og inkluderingsbedriftene opplever ein utfordrande økonomisk situasjon på grunn av endra rammevilkår, m.a. som følge av endra tilskotsordningar og regelverk og at NAV legg fleire av oppfølgingstiltaka ut på anbod. Sjølv om statistikken for 2019 viser at fleire kjem i jobb, så ser bedriftene at tilbodet til personar med dei største utfordringane er blitt dårlegare. Bedriftene vil ha behov for den stabiliteten fylkeskommunal eigarskap bidreg med også i tida som kjem.
Tilråding	Vidareføre eigarskapen

6.7 Infrastruktur og kollektivtransport

Bybanen AS

Føremål	Selskapet sitt føremål er å forvalte og drifte infrastrukturen for Bybanen, mellom anna Bybanen sitt skinngåande materiell. Selskapet har fagansvar for tryggleik, bane, elektro, signal/tele og skinngåande materiell for Bybanen i tråd med gjeldande lover og forskrifter. Bybanen AS sin visjon er å sette standarden for banesystem i Europa.
Etablert	19.03.1997
Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel	Selskapets aksjekapital er kr 1 550 000 fordelt på 1000 aksjar à kr 1 550. Vestland fylkeskommune eig 100% av selskapet.

Forretningskontor	Kokstadflaten 59, 5257 Kokstad	
Rettslege rammer	Aksjelova, offentleglova, regelverket om offentlege innkjøp.	
Rammer	Vedtekter, sist endra 04.06.20.	
Samfunnsansvar og etikk	<p>Bybanen AS skal vera ein viktig bidragsytar til ein grøn by, ved å leggje til rette for framleis auka bruk av kollektivtrafikk. Berekraft er kjernen i Bybanen AS sin forretningsmodell, noko som er grunnen til at selskapet arbeidar med å støtte oppunder FNs berekraftmål på alle plan av drifta.</p> <p>Bybanen AS prioriterer FNs bærekraftmål nr. 9. Innovasjon og infrastruktur, 1. Berekraftige byar og samfunn, 12. Ansvarleg forbruk og produksjon og 13. Stoppe klimaendringane. Dette er områder Bybanen AS har ein sentral moglegheit til å gjere ein stor skilnad på, for samfunnet.</p>	
Generalforsamling	<p>Det vart gjennomført generalforsamling i selskapet 04.06.20 (digital deltaking).</p> <p>Fylkesordføraren, Jon Askeland, representerte Vestland fylkeskommune i møtet.</p>	
Valkomite	Jon Askeland, Terje Søviknes og Jannicke Clarke.	
Val av styre	<p>Selskapets styre skal ha sju medlemer. Valperioden vert sett slik at høvesvis fire og tre styremedlemer står på val i ordinær generalforsamling anna kvart år. Etter generalforsamlinga sitt ønskje kan det veljast inntil to varamedlemer. Valperioden er eitt år.</p> <p>Eigar fremjar forslag på styremedlemer til valkomiteen i selskapet.</p>	
Styresamansetning	<p>Styremedlemer: Linn Cecilie Moholt (leiar) Astrid Sørensen (nestleiar) Akhtar Chaudhry (VLFK) Silja Ekeland Bjørkly (VLFK) Jørund Vandvik Øystein Skaar Emil Eike </p>	<p>Varamedlemer: Christian Haugen (VLFK) Rasmus Laupsa Rasmussen (VLFK) </p>
Styregodtgjersle og løn til dagleg leiar	<p>Styreleiar: kr. 120 000 per år. Styrets nestleiar: kr. 60 000 per år. Styremedlem: kr. 45 000 per år.</p> <p>Varamedlemmar får godtgjersle etter fylkeskommunen sine satsar for einskildmøte.</p> <p>Løn til dagleg leiar i 2019: kr 1 179 815, anna godtgjersle: kr 5 545, pensjonskostnader: kr 23 643.</p>	
Fylkeskommunalt lån	Selskapet har fylkeskommunalt lån på 12 mill. kr per 31.12.19.	
Revisor	Deloitte AS	
Adresse	Kokstadflaten 59, 5297 Kokstad	
Telefon/faks	55 37 80 00	
E-post	post@bybanen.no	

Nettadresse	www.bybanen.no		
Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:			
(1000 kr)	2017	2018	2019
Sum driftsinntekter	144 043	162 623	245 356
Driftsresultat	3 958	4 505	-1 235
Resultat etter skatt	2 821	3 418	-744
Totalkapitalrentabilitet	6 %	6 %	-1 %
Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld	36 %	44 %	11 %
Arbeidskapital i % av driftsinntekter	11 %	11 %	7 %
Eigenkapitalprosent	19 %	21 %	19 %
Økonomisk utvikling i tekst	<p>Selskapet sine inntekter har auka med om lag 83 mill. kr. Dette skuldast auka passasjerinntekter. Samstundes har løns- og anna driftskostnad auka i større grad slik at selskapet i 2019 får eit underskot i på 743 790 kr.</p> <p>Omløpsmidlane har auka nokon grunna auka kundefordringar som i hovudsak er mot Hordaland fylkeskommune. Selskapet har ei samla gjeld på i underkant av 71,4 mill. kr, der 12 mill. kr er lån frå Hordaland fylkeskommune. Lånet vert renteberekna.</p> <p>Selskapet har svak totalkapitalrentabilitet, og eigenkapitalprosenten ligg rett under eit tilfredsstillande nivå. Sjølvfinansiering i % av langsiktig gjeld og arbeidskapital i % av driftsinntekter ligg på eit middels nivå.</p>		
Viktige hendingar	<p>Hordaland fylkeskommune etablerte i 2008 det heileigde aksjeselskapet Bybanen AS, som fekk i oppdrag å forvalte infrastruktur, sporvogner og anna vognmateriell. Fylkestinget i Hordaland vedtok i desember 2017 at Bybanen AS skulle få totalansvaret for Bybanen i Bergen. Bybanen har inngått kontrakt med operatørselskapet Keolis Norge AS om passasjertransporten, og Bybanen AS har sidan 01.07.19 hatt det totale ansvaret for alle operative tenester.</p> <p>Bybanen AS har gjort betydelege endringar i selskapet og ny organisasjonsmodell er innført. Selskapet har også endra sine vedtekter på generalforsamlinga 04.06.20, der bl.a. namnet på eigaren vart oppdatert til Vestland fylkeskommune. Med bakgrunn i gjennomført selskapskontroll, jf. under, vart det på same generalforsamling vedteke at styreverv i Bybanen skal registrerast i KS sitt styrevervregister.</p> <p>I løpet av vinteren 2018/19 flytta heile selskapet sin organisasjon inn i nye lokale i Kokstadflaten 59.</p> <p>I perioden januar-mai 2019 vart det gjennomført selskapskontroll med Bybanen AS. Basert på denne bad Hordaland fylkesting, i PS 67/2019, fylkesrådmannen om å følgje opp ei rekke tiltak. Som eit ledd i selskapsoppfølginga, er det m.a. utført arbeid med å sikre ei føremålstenleg budsjettoppfølging av selskapet og syte for at tilrådingane i evalueringssrapporten vert følgt opp, i tråd med roller og ansvar i ny organisasjonsmodell. Det er også sett i gang arbeid med å</p>		

	<p>utforme ny eigarstrategi for selskapet. Denne er planlagt ferdigstilt i fjerde kvartal 2020.</p> <p>Covid-19 pandemien har i stor grad påverka selskapet, både med tanke på sterkt redusert tal passasjerar og med tilpassa drift. Selskapet har iverksett ei rekke tiltak for å forhindre smitte og for å sikre sikker drift. Dette ved bl.a. innkjøp av maskin som desinfiserer vognene kvar natt, overvaking av tal passasjerar på vognene ved hjelp av automatiske tellesystem og minimere fysiske kontaktflater.</p>
Viktige planar/utsikter for dei komande åra	<p>Byggetrinn 4 har planlagt opning i 2022-2023. Byggetrinnet omfattar ei ny bybanelinje på ca. 9 km frå Bergen sentrum via Haukeland Sjukehus til Fyllingsdalen.</p> <p>Selskapet siktar mot europatoppen for banesystem, målt i punktlegheit, kostnadseffektivitet, regularitet og avvikshandtering. Selskapet har etablert ei måltavle (Key Performance Indicators), med namnet PRAKT, som skal hjelpe til i arbeidet for å nå målet om å vera det beste bybanesystemet i Europa.</p> <p>Det vert arbeidd med å legge til rette for å tilby hyppigare avgangar for å handtere passasjerveksten dei siste åra. Selskapet hadde 18,7 millionar passasjerar i 2019, ein auke med 25 % frå 2018.</p> <p>Selskapet har mål om å vera klimanøytralt innan 2021.</p>
Mål med eigarskapen	Fylkeskommunen sitt mål med eigarskapen i Bybanen AS er å legge til rette for å løye fylkeskommunale oppgåver innanfor infrastruktur og kollektivtransport.
Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstenleg	Målet med eigarskapen gjer seg framleis gjeldande.
Tilråding	Vidareføre eigarskapen

E134 Haukelivegen AS

Føremål	Selskapet skal arbeide for utbygging og standardheving av transportkorridoren E134 Karmøy-Frogner, RV36 Seljord-E18 og sambandet E134 - Bergen. I tillegg kan selskapet arbeide for å fremje interessene til viktige sidegreiner til denne transportkorridoren, når dette styrker arbeidet for korridoren. Selskapet kan ta initiativ til å opprette finansieringsselskap og utbyggingsselskap. Selskapet har høve til å delta i og/eller arbeide saman med andre selskap med tilsvarande føremål. Selskapet står elles fritt til å setje i verk tiltak og bruke dei verkemiddel som er tilgjengeleg og aktuelle for å fremje føremålet til selskapet. Overskot/underskot skal disponerast i tråd med vedtekten og norsk lov. Selskapet skal ikkje betale utbyte.
Etablert	10.01.2001
Aksjekapital/fylkeskommunal eigardel	<p>Aksjekapitalen i selskapet er 460 000 kr (460 aksjar a kr 1 000). Fylkeskommunen eig ti aksjar, noko som utgjer 2,17 % av aksjekapitalen.</p> <p>Andre eigarar er tre fylkeskommunar, 31 kommunar og 8 verksemder.</p>

Forretningskontor	Åmot, 3890 Vinje		
Rettslege rammer	Aksjelova, offentleglova og regelverket om offentlege innkjøp.		
Rammer	Vedtekten (sist endra 25.06.19)		
Samfunnsansvar og etikk	Selskapet har etiske retningslinjer (vedtekte 28.10.13) som gjeld for tilsette, personar/firma som tek på seg oppdrag for selskapet og for tillitsvalde.		
Generalforsamling	Det vart gjennomført generalforsamling i selskapet 04.06.20 (med både fysisk og digital deltagning). Jannicke Bergesen Clarke representerte Vestland fylkeskommune (med fullmakt).		
Valnemnd	<p>Valnemnda skal ha tre til fem medlemer. Generalforsamlinga vel medlemer og leiar av nemnda, etter innstilling frå styret.</p> <p>Medlemer:</p> <p>Petter Steen jr. (leiar) Kari Anne Sand Anne Aasmundtveit Torgeir Næss Gry Fuglestveit</p>		
Styrealval	<p>Styret skal ha ti medlemer. Ein av medlemene skal representere næringslivet. Styremedlemane blir valde for to år om gongen. I tillegg skal det veljast ti varamedlemer i numerisk rekkefølge, også desse for to år om gongen. Generalforsamlinga vel leiar og nestleiar i styret blant dei ti styremedlemene.</p> <p>Valnemnda har ansvar for rekruttering til styret, og for at innstillinga gir styret god breidde i kompetanse, geografi og politisk ståstad. Rekruttering til styre og valnemnd skal organiserast slik at alle aksjonærar får høve til å kome med forslag eller innspel til arbeidet.</p>		
Styresamansetting	<table border="0"> <tr> <td style="vertical-align: top;"> <p>Medlemer:</p> <p>Roald Aga Haug (leiar) Edvard Møland (nestleiar) Arve Helle Arne Bergsvåg Trine Meling Stokland Ruth Grethe Østebøvik Eriksen Bengt Halvard Odden Jon Rikard Kleven Hilde Thorud Lene Øistesø Winger Conradi</p> </td> <td style="vertical-align: top;"> <p>Varamedlemer:</p> <p>Leif Malvin Knutsen Bjørg Tveito Lundefaret Anne-Nora Oma Dahle Ragnfrid Sønstabø Siri Blichfeldt Dyrland Petter Ellefsen Siri Klokkerstuen Vilde Ingeborg Holtan Håvardsrud Eivind Tokheim Hans Inge Myrvold</p> </td> </tr> </table>	<p>Medlemer:</p> <p>Roald Aga Haug (leiar) Edvard Møland (nestleiar) Arve Helle Arne Bergsvåg Trine Meling Stokland Ruth Grethe Østebøvik Eriksen Bengt Halvard Odden Jon Rikard Kleven Hilde Thorud Lene Øistesø Winger Conradi</p>	<p>Varamedlemer:</p> <p>Leif Malvin Knutsen Bjørg Tveito Lundefaret Anne-Nora Oma Dahle Ragnfrid Sønstabø Siri Blichfeldt Dyrland Petter Ellefsen Siri Klokkerstuen Vilde Ingeborg Holtan Håvardsrud Eivind Tokheim Hans Inge Myrvold</p>
<p>Medlemer:</p> <p>Roald Aga Haug (leiar) Edvard Møland (nestleiar) Arve Helle Arne Bergsvåg Trine Meling Stokland Ruth Grethe Østebøvik Eriksen Bengt Halvard Odden Jon Rikard Kleven Hilde Thorud Lene Øistesø Winger Conradi</p>	<p>Varamedlemer:</p> <p>Leif Malvin Knutsen Bjørg Tveito Lundefaret Anne-Nora Oma Dahle Ragnfrid Sønstabø Siri Blichfeldt Dyrland Petter Ellefsen Siri Klokkerstuen Vilde Ingeborg Holtan Håvardsrud Eivind Tokheim Hans Inge Myrvold</p>		
Styregodtgjersle og løn til dagleg leiar	<p>Generalforsamlinga har vedteke følgjande satsar for 2020:</p> <p>Styreleiar: 10 000 kr fast og 2000 kr per møte (1000 kr for digitale møte)</p> <p>Andre styremedlemer: 2000 per møte (1000 kr for digitale møte)</p> <p>I tillegg skal medlemene få dekka tapt arbeidsforteneste med 250 kr/t (inntil 2000 kr per møte).</p> <p>I 2019 var styregodtgjersla:</p> <p>Styreleiar per år: 18 000 kr Styremedlem per år: 7 500 kr Varamedlem: 1 200 kr per møte</p> <p>I tillegg hadde medlemene krav på dekking av tapt arbeidsforteneste etter fastsette satsar og reiseutgifter etter</p>		

	<p>statens satsar. Samla styregodtgjersle i 2019 var 90 600 kr.</p> <p>Selskapet har ikkje hatt eigne tilsette i 2019, men har kjøpt funksjonen som dagleg leiar av Børge Skårdal for 8 922 kr.</p>		
Fylkeskommunalt lån			
Revisor	Odda Revisjon AS		
Adresse	C/o Pål Kårbo, Flohaugane 34B, 5918 Frekhaug		
Telefon	93 42 90 63		
E-post	pk@134.no		
Nettadresse	www.134.no		
Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:			
(1000 kr)	2017	2018	2019
Sum driftsinntekter	2 603	1 214	1 499
Driftsresultat	1 111	-217	18
Resultat etter skatt	1 129	-195	66
Totalkapitalrentabilitet	27 %	-5 %	2 %
Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld	-	-	-
Arbeidskapital i % av driftsinntekter	142 %	289 %	238 %
Eigenkapitalprosent	93 %	93 %	95 %
Økonomisk utvikling i tekst	<p>Av driftsinntektene på om lag 1,5 mill. kr kjem 1,2 mill. kr frå aksjonærane. Hordaland fylkeskommune sin del av kostnadane for 2019 var 68 000 kr.</p> <p>Årsresultatet til selskapet har betra seg i høve 2018 på grunn av auka driftsinntekter, og er 66 310 kr i 2019. Overskotet vert ført til eigenkapitalen.</p> <p>Selskapet har svak lønsemd, men arbeidskapital i % av driftsinntekter og eigenkapitalprosenten er god.</p>		
Viktige hendingar	<p>Selskapet eller delar av styret har i løpet av året mellom anna hatt møte og kontakt med: Statens Vegvesen, Nye Veier AS, parti, fylkesgrupper og enkeltrepresentantar på Stortinget, medlemer av Transportkomitéen, politisk leiing i Samferdselsdepartementet, ein del av aksjonærane i selskapet, og andre samarbeidspartar, m.a. regionråd og næringsorganisasjonar. Selskapet har vore representert på ulike konferansar og møte, både som deltakar og innleiar.</p> <p>Selskapet har vore medarrangør for tre vegkonferansar:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Den 29. mars i Tysvær i samarbeid m.a. med Haugaland Vekst IKS og Tysvær kommune. Tema E39 og E134. 		

	<ul style="list-style-type: none"> • Den 12. juni i Røyken i samarbeid med Røyken kommune og Røyken næringsråd. E134 med fokus på E18-E6. • Den 18. november i Kongsberg i samarbeid med Kongsbergregionen og Vegforum øst-vest. <p>Den 21. august arrangerte selskapet synfaring langs heile E134 med buss (Haukeliekspressen).</p> <p>Selskapet har i 2020 vedtektsfesta gjeldande praksis med bruk av valnemnd og har tilsett Pål Kårbø som ny dagleg leiar.</p>
Viktige planar/utsikter for dei komande åra	<p>Prioriterte arbeidsområde 2020-2022 er: Ny veg over fjellet (Seljestad-Vågsli). Vedtak Stortinget V21 og tidlegast mulig byggestart.</p> <p>Planlegging:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Sagrenda-Gvammen-Vågsli • E134-Bergen (arm til Bergen) KVU (konseptvalutgreiing) • RV36 (bystrategi) <p>NTP 2022-33:</p> <ul style="list-style-type: none"> • E134 Seljestad-Vågsli • E134 Lier - Frogner • Bakka-Solheim • RV13 Oddadalen <p>Styret for E134 Haukelivegen AS ynskjer E134 inn i den utvida portefølja til Nye Veier AS. Uavhengig av val av utbyggar er det behov for tilstrekkelig og føreseieleg finansiering.</p>
Mål med eigarskapen	Infrastrukturutbygging og standardheving av transportkorridoren E134 med sidegreiner som føremål. Utbygging og standardheving skal gje raskare, tryggare og meir pålitelege samband.
Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstenleg	<p>Sjølv om selskapet er organisert som eit aksjeselskap, er det naturleg å samanlikne det med t.d. interessefellesskapet I/S Fjordvegen rute 13. Vestland fylkeskommune er med i fleire slike interessefellesskap. E134 Haukelivegen AS er det einaste som er organisert som eit aksjeselskap, og som derfor vert vurdert i denne eigarskapsmeldinga.</p> <p>Fylkestinget har i PS 109/2020 teke stilling til korleis fylkeskommunen skal følgje opp arbeidet med store statlege samferdselsprosjekt. Av saksframleggget kjem det fram at det er fleire forhold som er viktige i fylkeskommunen sitt engasjement i slike prosjekt:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Arbeide opp mot sentrale styremakter for realisering av store statlege prosjekt som er prioriterte av fylkestinget. 2. Vere orientert om pågående planarbeid, og syte for at lokale og regionale interesser vert ivaretakne. 3. Utforming av bompengesøknader der dette er ein føresetnad for realisering av prosjekta. Ein sentral premiss for drøftinga er at fylkeskommunen har ei leiarrolle i utvikling av fylket. I dette ligg å leie interessehevdingasarbeidet i fylket, og dermed også å samordne og avvege interessene til ulike aktørar i fylket. <p>I saka vedtek fylkestinget å vidareføre eigarskapen i E134 Haukelivegen AS, ut frå at det er naturleg at fylkeskommunen sitt arbeid, jf. punkta i avsnittet over, vert ivaretakne gjennom selskapet.</p>

Tilråding	Vidareføre eigarskapen
-----------	------------------------

Ferde AS

Føremål	Stå for bompengefinansiering av utbyggingsprosjekt i fylka Vestland, Rogaland og Agder. Selskapet har oppgåver knytt til vedtekne innkrevjingsprosjekt. Selskapet skal ikkje vere ein pådrivarorganisasjon for nye vegprosjekt. Selskapet skal ikkje gje aksjeeigarane økonomisk utbytte.
Etablert	05.10.2016
Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel	<p>Aksjeposten sin pålydande verdi: 200 000 kr</p> <p>Andre eigarar er fylkeskommunane Rogaland og Agder.</p> <p>Dei tre fylkeskommunane har lik eigardel i selskapet.</p> <p>Selskapet sin innskotne aksjekapital er 600 000 kr, fordelt på 600 aksjar, kvar pålydande 1000 kr.</p>
Forretningskontor	Bergen kommune.
Rettslege rammer	Aksjelova, offentleglova, regelverket om offentlege anskaffingar, veglova og bompengeavtalen med Samferdselsdepartementet.
Rammer	Vedtekten, sist endra 23.04.20.
Samfunnsansvar og etikk	<p>Ferde sitt samfunnsansvar dreiar seg om å sørge for at så mykje som mogleg av bompengane selskapet krev inn går til å bygge ut infrastruktur. Selskapet sine verdiar er: open, påliteleg, etterretteleg og nyskapande.</p> <p>Ferde AS er sertifisert Miljøfyrtaårnverksemd. Selskapet har etablert rammeverk for utfordering av grøne obligasjonar. Rammeverket har fått høgaste score, mørk grøn, av CICERO.</p> <p>Selskapet har etiske retningsliner. I samband med utviklinga av selskapet sin innkjøpsstrategi, har selskapet utarbeidd ein forenkla Corporate Social Responsibility policy som støttar opp under krava i FN-initiativet Global Compact.</p>
Generalforsamling	<p>Fylkesordførarane utgjer generalforsamlinga.</p> <p>Det vart gjennomført ordinær generalforsamling i selskapet 23.04.20. Fylkesordføraren deltok for fylkeskommunen. Møtet vart gjennomført digitalt.</p> <p>Det har elles vore gjennomført ekstraordinære generalforsamlingar i selskapet 03.01.20 og 27.05.20. Fylkesordføraren har delteke på møta.</p>
Valnemnd	<p>Selskapet har valnemnd. Valnemnda er sett saman med ein representant frå kvar eigar slik:</p> <p>Inge Smith Dokken (Rogaland) Natalia Golis (VLFK) Bjørn Ropstad (Agder)</p>
Val av styre	Selskapet skal ha eit styre med seks medlemer og tre varamedlemer. Kvar av eigarane føresler to styremedlemer og ein varamedlem. Begge kjønn skal vere representerte med minst fire styremedlemer og to

	<p>varamedlemer. Styre- og varamedlemene vert valde med ei funksjonstid på to år, men slik at ulike styremedlemer er på val kvart år.</p> <p>Dei tilsette vel i tillegg to representantar til styret og to varamedlemer for desse.</p> <p>Generalforsamlinga vel styreleiar. Styret vel sjølv nestleiar.</p> <p>Vala vert førebudde av selskapet si valnemnd.</p>	
Styresamsetning	<p>Styremedlemer:</p> <p>Janne Johnsen (leiar) Nils Olav Olsbu (nestleiar) Lise Mari Haugen (VLFK) Anne Gine Hestetun (VLFK) Trond Nerdal Harald Fauskanger Andersen Britt Karin Børnes (tilsetterep.) Truls Pettersen (tilsetterep.)</p>	<p>Varamedlemer:</p> <p>Håkon Heinrich Schwlb Janne Nystøl Tom Georg Indrevik (VLFK) Veronic Therese Solås (tilsetterep.) Cecilie Anderssen Gaulen (tilsetterep.)</p>
Styregodtgjersle og løn til administrerande direktør	<p>Generalforsamlinga har vedteke følgjande styregodtgjersle for 2019:</p> <p>Styreleiar: 2 G (197 732 kr) Nestleiar: 1,5 G (148 299 kr) Styremedlem: 1 G (98 866 kr)</p> <p>Varamedlem: 0,1 G (9 866 kr) fast og 0,1 G per møte (satsane er ei vidareføring frå året før)</p> <p>Samla styregodtgjersle i 2019 er 898 948 kr.</p> <p>Løn til administrerande direktør i 2019: 1 560 246 kr. Anna godtgjersle: 82 660 kr.</p>	
Fylkeskommunalt lån	<p>Nei, men alle nye låneopptak i Ferde AS har sikkerheit i ein kommunal og/eller fylkeskommunal sjølvskyldnargaranti.</p>	
Revisor	<p>KPMG AS (ny revisor valt på ordinær generalforsamling i 2020. Deloitte AS har tidlegare vore revisor for selskapet).</p>	
Adresse	<p>Fjøsangerveien 68, 5068 Bergen</p>	
Telefon	<p>55 23 94 19 / 55 55 94 94</p>	

Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra (konsern):

(1000 kr)	2017	2018	2019
Sum driftsinntekter	76 384	2 435 564	3 582 211
Driftsresultat	6 945	2 160 528	3 267 002
Resultat etter skatt	3 562	12 738	13 890
Totalkapitalrentabilitet	6 %	30 %	18 %
Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld	15 %	15 %	13 %
Arbeidskapital i % av driftsinntekter	9 %	45 %	46 %
Eigenkapitalprosent:	-11 %	0 %	0 %

Økonomisk utvikling i tekst	<p>Driftsinntektene har auka som følgje av at selskapet innfusjonerte 21 bompengeselskap og eit driftsselskap på ulike tidspunkt i 2018, og følgjeleg vart det ikkje teke med inntekter for heile 2018 for dei ulike innfusjonerte selskapa. Vidare har dei statlege tilskota auka frå om lag 79 mill. kr i 2018 til 264 mill. kr i 2019. Dei auka tilskota er knytt til mellom anna Vossapakken og Hardangerbrua, og at det er innfridd 134 mill. kr i bompengegjeld på Listerpakken og Halsnøysambandet.</p> <p>Den store skilnaden mellom driftsresultat og årsresultat skuldast at innkrevingsretten for bompengar vert avskriven etter ein metode som medfører at selskapet nyttar sitt årsoverskot til avskriving på innkrevingsretten.</p> <p>Selskapet sin langsiktige gjeld har auka med 8,2 mrd. kr til 21,7 mrd. kr, der 6,5 mrd. kr av auken er knytt til Ryfast-prosjektet som vart innfusjonert i 2019. Alle låneopptak har sikkerheit i ein kommunal og/eller fylkeskommunal sjølvskuldnagaranti.</p> <p>Eigenkapitalen i selskapet har betra seg og er i 2019 på 8,7 mill. kr. På grunn av den høge gjelda til selskapet syner eigenkapitalprosenten 0. Selskapet har god lønsemid og arbeidskapital i % av driftsinntekter, og sjølvfinansieringa er på eit middels nivå.</p>
Skipingshistorikk og viktige hendingar	<p>Ferde AS er eit av fem regionale bompengeselskap i Noreg. Selskapet er etablert som ledd i den statleg initierte bompengereforma. Alle nye bompengeprosjekt i regionen skal leggast til Ferde AS.</p> <p>Selskapet skal administrere innkrevjing av bompengar i samsvar med samtykke frå Stortinget, jf. veglova § 27. Dette inkluderer forvalting av bompengemidlar. Sentrale arbeidsoppgåver vil vere innkrevjing og administrasjon av bompengemidlar, låneopptak og reforhandling av lånearvtalar.</p> <p>Ferde AS har eit datterselskap som yter inkassotjenester, Demand Norge AS.</p> <p>Historikk Ferde AS heitte tidlegare Sørvest Bompengeselskap AS (SB AS). Hausten 2017 kjøpte SB AS driftsselskapet BT Signaal AS, og bompengeverksemda i BT Signaal AS vart fusjonert inn i selskapet.</p> <p>I november 2017 inngjekk selskapet avtale med Samferdselsdepartementet om bompengeinnkrevjing. Avtalen fastset krav til selskapet si organisering, verksemid, rettar og plikter. Avtalen gjer det mogleg for selskapet å krevje inn bompengar i nye prosjekt og å kunne overta eksisterande prosjekt eller selskap i bomregion sørvest.</p> <p>Viktige hendingar i 2019 I 2019 fekk Ferde inn 3,5 milliardar kr i driftsinntekter (mot 2,4 milliardar kr i 2018). Inntektene skriv seg frå 249 mill. bompasseringar (mot 190 mill. i 2018). Driftskostnadane utgjer 8,5 % av inntektene (11 % i 2018), noko som gjev ein kostnad på 1,22 kr. per bompassering (1,41 kr i 2018). Auken i innkravde bompengar kjem i hovudsak frå oppstart og utviding av nye bompengeprosjekt i regionen. Kostnadsreduksjonen kjem frå målretta effektiviseringsarbeid.</p> <p>I løpet av 2019 har selskapet overtatt ansvaret for vegkantutstyret i regionen frå Statens vegvesen, og vore sentralt i arbeidet med å utvikle og legge til rette ny IKT-løysing for bompengeinnkrevjing.</p>

	<p>Selskapet sitt største bidrag til samfunnet vert skapt ved å oppnå betre finansieringsvilkår. Ferde har i heile 2019 arbeidd med å erstatte bankgjeld med kapitalmarknadslån for å spare finanskostnader.</p> <p>Selskapet tek del i det grøne skiftet, og har i 2019, som det første regionale bompengeselskapet, etablert rammeverk for utferding av grøne obligasjoner. Rammeverket har fått høgaste score, mørk grøn, av CICERO. Fleire av prosjekta Ferde finansierer omfattar investeringar som gjev positive miljøbidrag og kvalifiserer for finansiering ved grøne obligasjoner.</p> <p>I desember 2019 vart Ryfast AS, som det siste attverande av tidlegare bompengeselskap i regionen, fusjonert inn i Ferde AS.</p> <p>Prosjekta Listerpakken og Halsnøysambandet vart i 2019 omfatta av tilskuddsordninga til stenging av bomstasjonar, vedteken i Stortinget 21.06.19. Tilskota gjorde at innkrevingane kunne avsluttast høvesvis 27.08.19 og 05.09.19. I tillegg var det oppstart av prosjekta E18 Tvedstrand-Arendal i august og Nordhordlandspakken i desember.</p> <p>Viktige hendingar i 2020</p> <p>I byrjinga av 2020 vart aksjekapitalen og vedtekten endra, for å sikre dei tre eigarane lik eigardel og like rettar og plikter. Rogaland fylkeskommune har kjøpt 100 nye aksjar i selskapet, og kvar av eigarane har rett til å føreslå to styremedlemer og ein varamedlem kvar.</p> <p>Det vart valt nytt styre i selskapet på ekstraordinær generalforsamling 27.05.20.</p> <p>Kontrollutvala i Hordaland, Sogn og Fjordane og Rogaland fylkeskommunar har i 2019 gjennomført ein felles selskapskontroll av selskapet. Basert på denne har fylkestinget i Vestland, i PS 2/2020, bedt eigarane og selskapet om å gjennomføre ei rekkje tiltak. Som ledd i oppfølginga av selskapskontrollen har dei tre eigarane m.a. utarbeidd felles utkast til eigarstrategi. Utkastet vert lagt fram for politisk behandling i desember 2020.</p> <p>Selskapet har sjølv fått gjennomført ei uavhengig vurdering av selskapet, m.a. med bakgrunn i medieoppslag og den store merksemda rundt etableringa av Ferde og overgangen frå privat til offentleg selskap.</p>
Viktige planar/utsikter for dei komande åra	<p>Selskapet si strategiske målsetting er å vere teknologileiande og det mest effektive bompengeselskapet i Noreg. Ferde sitt samfunnsansvar dreiar seg om å sørge for at så mykje som mogleg av bompengane selskapet krev inn går til å bygge ut infrastruktur. Effektiv drift og ein profesjonell finansfunksjon er ein viktig del av dette.</p> <p>Frå og med 01.01.21 skal ikkje selskapet lenger kunne ha dispensasjon for å drive utferdarverksemrd (alle AutoPASS-avtalekundar med tilhøyrande kontantstraum). Heile kundeporteføljen med avtalekundar skal avhendast, noko som utgjer om lag 90 % av alle selskapet sine kundar og inntekter. I avhendingsprosessen legg selskapet vekt på å få best mogleg og rett pris for bilistane sine verdiar, tryggleik for Ferde sin framtidige kontantstraum frå utferdar og at dei tilsette skal verte tekne vare på. Statens vegvesen fastset rammeverk for marknadsbaserte utferdarar, og er ansvarleg for den nye nasjonale kjerneløysinga for bompengeinkrevjing.</p> <p>Selskapet har sett av ein likviditetsbuffer i tilfelle selskapet skal verte påverka av Covid-19 pandemien.</p>

	I statsbudsjettet for 2020 har Stortinget sett av 1,4 milliardar kroner i tilskot til reduserte bompengeretakstar utanfor byområda. I Ferde sin region gjeld dette for E18 Tvedstrand-Arendal og Rv. 13 Hardangerbrua.
Mål med eigarskapen	Ferde AS er eit fylkeskommunalt fellestiltak med finansiering av infrastrukturutbygging som føremål. Målet med selskapet og bompengereforma er å gi stordriftsfordelar samanlikna med tidlegare organisering, betre kontroll med- og ei meir brukarvenleg bompengeordning.
Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålsterleg	I samband med bompengereforma, St. Meld. 25 (2014-2015), er det uttalt at den fylkeskommunale eigarskapen må sjåast i samanheng med fylkeskommunen sin garanti for bompengeselskapa sine lån og den lokalpolitiske prosessen som del av grunnlaget for kvar einskilt bompengeprosess. I tilfelle der fylkeskommunen eller kommunar bidreg med garantiar, vil den fylkeskommunale eigarskapen også ivareta kommunanes interesser som garantistar. Målet med eigarskapen gjer seg framleis gjeldande og eigarskapen fell inn under føremålskategorien infrastruktur og kollektivtransport.
Tilråding	Vidareføre eigarskapen

HFK Bussanlegg AS

Føremål	Direkte eller indirekte eige bussanlegg i Hordaland for å legge til rette for konkurranseutsetting av kollektivtrafikken. Selskapet er av allmennytig karakter og skal ikkje dele ut utbytte. Selskapets eidedeler og dei ressursar som blir generert gjennom verksemda skal nyttast til selskapets formål. HFK Bussanlegg AS eig 100 % av aksjane i følgjande selskap: - HFK Bussanlegg Mannsverk AS - HFK Bussanlegg Fana AS - HFK Bussanlegg Lonevåg AS - HFK Bussanlegg Straume AS - HFK Bussanlegg Knarvik AS
Etablert	26.02.2009
Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel	Aksjekapitalen er 100 000 kr (100 aksjar à kr 1000). Fylkeskommunen eig 100 % av selskapet.
Forretningskontor	Agnes Mowinckels gate 5, 5008 Bergen.
Rettslege rammer	Aksjelova, offentleglova, regelverket om offentlege innkjøp
Rammer	Vedtekter
Samfunnsansvar og etikk	
Generalforsamling	Det vart gjennomført generalforsamling i selskapet 19.06.20. Fylkesordføraren representerte fylkeskommunen i møtet. I tillegg deltok Pål A. Kleive frå Vestland fylkeskommune.
Val av styre	Generalforsamlinga vel styret i selskapet etter framlegg frå eigar ved fylkesrådmannen, jf. RS sak 16/2020 til fylkestinget 09.06.20. Styret er samansett av fagpersonar frå administrasjonen i fylkeskommunen.

Styresamansetning	<p><u>Medlemer:</u> Nils Egil Vetlesand (leiar) Guro Klyve Pål Andre Kleive</p>		
Styregodtgjersle og løn til dagleg leiar	<p>Generalforsamlinga har vedteke at styremedlemer med tilsetjingsforhold i fylkeskommunen ikkje skal ha styregodtgjersle.</p> <p>I 2019 har selskapet utbetalat styregodtgjersle til éin styremedlem som ikkje var tilsett i Hordaland fylkeskommune.</p> <p>Dagleg leiar: Selskapet har ingen tilsette. Jostein Hausevik Fjærrestad er utlånt frå fylkeskommunen som dagleg leiar. Selskapet har ikkje hatt lønskostnader til dagleg leiar.</p>		
Fylkeskommunalt lån	Selskapet har fylkeskommunalt lån, som etter siste nedbetaling er på 223,1 mill. kr. Lånet skal attendebetalast med årlege avdrag som skal tilsvare heile lånetakars resultat fastsett ved siste årsoppgjer, gitt at dette er forsvarleg ut frå lånetakars drift. I 2019 er rentene på lånet utrekna til å vere 7,5 mill. kr.		
Revisor	Deloitte AS		
Adresse			
Telefon	46620557		
E-post	jostein.hausevik.fjerestad@vlfk.no		
Nettadresse			
Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:			
(1000 kr)	2017	2018	2019
Sum driftsinntekter	0	0	0
Driftsresultat	-245	-83	-255
Resultat etter skatt	9 185	-2 447	15 898
Totalkapitalrentabilitet	5 %	1 %	7 %
Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld	4 %	-1 %	7 %
Arbeidskapital i % av driftsinntekter	-	-	-
Eigenkapitalprosent	26 %	25 %	29 %
Økonomisk utvikling i tekst	<p>Selskapet har ikkje driftsinntekter, og det negative driftsresultatet på 255 468 kr viser såleis driftskostnadane. Vidare har selskapet motteke konsernbidrag på 23,5 mill. kr frå datterselskapa. Dette gjev eit resultat etter skatt på om lag 15,9 mill. kr og blir ført mot eigenkapitalen.</p> <p>Omløpsmidlane har auka som følgje av at konsernbidrag frå datterselskapa ikkje er blitt betalt ut enda. Selskapet har 246,5 mill. kr i gjeld, og har ein tilfredsstillande eigenkapitalprosent på 29.</p>		

Viktige hendingar	I 2020 er det inngått rettsforlik i erstatningssak mellom Osterøykroa AS/Vest Trade AS og HFK Bussanlegg Lonevåg AS. Erstatningskravet var knytt til ein diesellekkasje ved bussanlegget. I forliket har HFK Bussanlegg Lonevåg AS forplikta seg til å betale saksøkarane 425 000 kr. Samla verdi (kostpris) på datterselskapa er per 31.12.19 316 mill. kr. Datterselskapa har i 2019 hatt eit samla årsresultat på 25 mill. kr. Vidare har datterselskapa eigenkapital på til saman om lag 80 mill. kr.
Viktige planar/utsikter for dei komande åra	
Mål med eigarskapen	Direkte eller indirekte eige bussanlegg i Hordaland for å legge til rette for konkurranseutsetting av kollektivtrafikken.
Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstenleg?	Målet med eigarskapen gjer seg framleis gjeldande. Det har tidlegare vore vurdert å innfusjonere dei fem datterselskapa i HFK Bussanlegg AS, men styret i selskapet har førebels ikkje vurdert innfusjonering som føremålstenleg.
Tilråding	Vidareføre eigarskapen.

HFK Tomt Knarvik AS

Føremål	HFK Tomt Knarvik AS er eigar av tomtearealet gnr. 185, bnr. 86 og 249 i Alver kommune. Selskapet sitt føremål er å eige og utvikle eigedom, og utføre tilhøyrande oppgåver. Selskapet var tidligare ein del av HFK Bussanlegg Knarvik AS.
Etablert	17.03.2016
Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel	Aksjekapitalen er 197 738 kr (197 738 aksjar à kr 1). Fylkeskommunen eig 100 % av selskapet.
Forretningskontor	Agnes Mowinckels gate 5, 5008 Bergen
Rettslege rammer	Aksjelova, offentleglova og regelverket om offentlege innkjøp
Rammer	Vedtekter
Samfunnsansvar og etikk	
Generalforsamling	Det vart gjennomført generalforsamling i selskapet 19.06.20. Fylkesordføraren representerte fylkeskommunen i møtet. I tillegg var Pål Andre Kleive frå fylkeskommunen til stades på møtet.
Val av styre	Styret er samansett av fagpersonar frå administrasjonen i fylkeskommunen.
Styresamansetning	<u>Medlemer:</u> Nils Egil Vetlesand (leiar) Jostein Fjærstad Guro Klyve
Styregodtgjersle og løn til dagleg leiar	Generalforsamlinga har vedteke at styremedlemer med tilsetjingsforhold i fylkeskommunen, ikkje skal ha styregodtgjersle.

	Jostein Hausevik Fjærrestad er utlånt frå fylkeskommunen som dagleg leiar.
Fylkeskommunalt lån	
Revisor	Deloitte AS
Adresse	
Telefon	46620557
E-post	jostein.hausevik.fjerestad@vlfk.no
Nettadresse	

Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:

(1000 kr)	2017	2018	2019
Sum driftsinntekter	75	0	50
Driftsresultat	48	-36	27
Resultat etter skatt	37	-36	28
Totalkapitalrentabilitet	7 %	-5 %	4 %
Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld	-	-	-
Arbeidskapital i % av driftsinntekter	48 %	-	57 %
Eigenkapitalprosent	98 %	98 %	99 %

Økonomisk utvikling i tekst	Selskapet hadde 50 000 kr i driftsinntekter 2019 som er forvaltningshonorar. Det er ikkje noko drift i selskapet, og difor er det berre kostnadar til rekneskaps- og revisjonshonorar, og møtegodtgjersle. Selskapet får eit årsresultat på 27 938 kr som blir ført mot eigenkapitalen. Selskapet har særskilt god eigenkapitalprosent og arbeidskapital.
------------------------------------	---

Viktige hendingar	
--------------------------	--

Viktige planar/utsikter for dei komande åra	Styret i selskapet har i mai i år bedt dagleg leiar greie ut om tomta kan seljast. Etter drøftingar med fylkesdirektøren for mobilitet og kollektiv om fylkeskommunen sitt framtidige behov for tomta, er konklusjonen at tomta kan seljast, sidan ho ikkje lenger blir vurdert som aktuell for innfartsparkering.
--	--

Mål med eigarskapen	Eigarskapen er tilknytt føremålet infrastruktur og kollektivtransport.
----------------------------	--

Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstenleg?	Fylkeskommunen har ikkje lenger behov for tomta, då ho ikkje lenger vert vurdert som aktuell for innfartsparkering. Tomta kan difor seljast og selskapet avviklast, eventuelt kan selskapet seljast.
---	--

Tilråding	Starte ein prosess for avvikling av eigarskapen.
------------------	--

Skyttel AS

Føremål	Selskapets føremål skal vere verksemd relatert til systemløysingar, driftstenester og kundetenester innan betalingsformidling, innfording og rapportering innan transportsektoren. I tillegg skal selskapet kunne tilby tilleggstenester frå andre sektorar knytt til selskapet sine teknologiske løysingar.	
Etablert	18.12.1953 (Skyttel AS frå 2017).	
Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel	<p>Selskapet sin aksjekapital er 200 484 kr, fordelt på 3300 aksjar, kvar pålydande 60,75 kr.</p> <p>Andre eigarar er fylkeskommunane Rogaland og Agder. Dei tre fylkeskommunane har lik eigardel i selskapet.</p> <p>Vestland fylkeskommune sin aksjepost er verdt (pålydande verdi): 66 827 kr.</p>	
Forretningskontor	Bergen kommune	
Rettslege rammer	M.a. aksjelova og utstederforskrifta.	
Rammer	Vedtekten, sist endra 04.11.20	
Samfunnsansvar og etikk	Selskapet er miljøfyrtaårnsertifisert og har t.d. fokus på miljøetikk i alle innkjøp. Selskapet har retningsliner for verksemda som seier at alle medarbeidarane skal likestilla.	
Generalforsamling	<p>Fylkesordførarane utgjer generalforsamlinga, jf. selskapet sine vedtekter.</p> <p>Det vart gjennomført ordinær generalforsamling i selskapet 23.04.20 (digitalt). Det vart i tillegg gjennomført ekstraordinær generalforsamling den 28.01.20, den 23.04.20, den 29.05.20, den 10.06.20 og den 04.11.20 (dei to siste per e-post).</p> <p>Fylkesordføraren representerte fylkeskommunen i alle møta.</p>	
Valnemnd	<p>Selskapet har valnemnd. Valnemnda er sett saman med ein representant frå kvar eigar slik:</p> <p>Inge Smith Dokken (Rogaland) Natalia Golis (VLFK) Bjørn Ropstad (Agder)</p>	
Val av styre	<p>Selskapet skal ha eit styre med seks medlemer og tre varamedlemer (kvar av eigarane føresler to styremedlemer og ein varamedlem). Styre- og varamedlemane vert valde med ei funksjonstid på to år.</p> <p>Generalforsamlinga vel styreleiar. Styret vel sjølv nestleiar. Dagleg leiar vert tilsett av styret. Fylkesordførarane utgjer generalforsamlinga.</p> <p>Dei tilsette vel i tillegg to representantar til styret og to varamedlemer for desse.</p>	
Styresamansetning	<p>Styremedlemer:</p> <p>Dagfinn Fløystad (leiar, Agder) Ingrunn Fjærbu Roppestad (Agder) Anders Bjelland Eriksen (Rogaland) Siri Frafjord Landa (Rogaland) Trym Aafløy (VLFK)</p>	<p>Varamedlemer:</p> <p>Thorbjørn Tungeland (Agder) Andreas S. K. Tharaldsen (Rogaland) Jannicke Clarke (VLFK) Hege Larsen (tilsetterep.)</p>

	Cecilie B. Wilson Ramstad (VLFK) Gro Kristin Nakken (tilsetterep.)		
Styregodtgjersle og løn til administrerande direktør	<p>Vedteken godtgjersle for 2019 er:</p> <p>Styreleiar: 72 000 kr Nestleiar: 54 000 kr Styremedlem: 36 000 kr Varamedlem: 2 600 kr per møte Samla styregodtgjersle for 2019 er 227 500 kr.</p> <p>Løn til administrerande direktør i 2019: 1 470 372 kr. Anna godtgjersle: 9 782 kr.</p>		
Fylkeskommunalt lån	Nei.		
Revisor	Deloitte AS.		
Adresse	Postboks 6203 5893 Bergen.		
Telefon	55 30 00 00.		
Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:			
(1000 kr)	2017	2018	2019
Sum driftsinntekter	27 475	35 195	49 879
Driftsresultat	-3 281	2 284	6 055
Resultat etter skatt	-2 774	1 709	4 372
Totalkapitalrentabilitet	7 %	7 %	1 %
Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld	-	-	-
Arbeidskapital i % av driftsinntekter	0 %	10 %	13 %
Eigenkapitalprosent:	26 %	13 %	1 %
Økonomisk utvikling i tekst	<p>Driftsinntektene til selskapet har auka med om lag 14,7 mill. kr i høve 2018. Inntektsauken er i hovudsak knytt til ferjeverksemda. Kostnadane har auka noko mindre, og bidreg til eit styrka driftsresultat i høve 2018. Selskapet har vedteke å ikkje betale ut utbyte for 2019, grunna uvissa forårsaka av Covid-19 pandemien. Årsoverskotet på 4,4 mill. kr er avsett til annan eigenkapital.</p> <p>Kortsiktig gjeld har auka grunna mellom anna gjeld til ferjeselskap og forskot frå feriekundar på om lag 774,5 mill. kr. Desse midlane er bundne på bankkonto som følgjeleg gjer at bankinnskot også har auka. Auken i gjelda gjev ein reduksjon i eigenkapitalprosenten som ved utgangen av 2019 er på 1.</p> <p>Selskapet sin arbeidskapital er på eit middels nivå, medan lønsemda og eigenkapitalprosenten er svak.</p>		
Viktige hendingar	Historikk		

	<p>Skyttel AS har lang historie som utviklar og driftsoperatør av Intelligent Transport Systems (ITS).</p> <p>Bro- og Tunnelselskapet AS (B&T) vart stifta i 1953 for innkreving av bompengar for Puddefjordsbroen og Eidsvågtunnelen. I 1986 etablerte og drifa B&T verdas første bomring rundt Bergen og i 1999 utvikla B&T førstegenerasjons sentralsystem for automatisk bompengeinkreving. Som første og einaste aktør leverte selskapet i 2009 heile verdikjeda for bompengeinkreving - frå vegkantutstyr, sentralsystem, driftstenester, inkasso og rekneskapsføring. I 2012 endra selskapet namn til BT Signaal AS i 2012.</p> <p>Fylkeskommunane etablerte eigarskap i selskapet mot slutten av 2017¹⁵, i samband med etableringa av det regionale bompengeselskapet Ferde AS. Det er i all hovudsak den no kommersielle delen av verksemda til tidlegare BT Signaal AS som er vidareført i Skyttel AS. Resten av verksemda i det tidlegare selskapet er vidareført i bompengeselskapet Ferde AS.</p> <p>Om Skyttel AS</p> <p>Skyttel AS er eit teknologidrive selskap, som tilbyr ulike tenester og løysingar for transaksjonar til transportsektoren. Selskapet er konkurranseutsett og er avhengig av å vinne kontraktar i marknaden.</p> <p>Hovudaktivitetane til selskapet er utvikling, drift og administrasjon av løysingar, først og fremst knytt til innfordring av krav overfor private og firma innan samferdslesektoren.</p> <p>Selskapet har ansvar for drift av og systemleveranse for konseptet AutoPASS for ferje på vegner av Statens vegvesen. Selskapet har ansvar for drift av alle bompengeselskap i Noreg som enno ikkje er fusjonert inn i eit regionalt bompengeselskap. I tillegg tilbyr Skyttel løysingar for bompengeadministrasjon til ulike sektorar og storkundar med stort forbruk av bompengar.</p> <p>Viktige hendingar i 2019</p> <p>I 2019 har Ferde etablert to datterselskap; Skyttel Inkasso AS og SkyttelPASS AS. Førstnemnde starta opp i august 2019. Sistnemnde selskap er etablert med tanke på utferdarverksemde.</p> <p>Viktige hendingar så langt i 2020</p> <p>Kontrollutvala i Vestland og Rogaland fylkeskommunar har i 2019-2020 gjennomført ein felles selskapskontroll av selskapet. Basert på denne har fylkestinget i Vestland, i PS 95/2020, bedt eigarane og selskapet om å gjennomføre ei rekkje tiltak. Som ledd i oppfølginga av selskapskontrollen oppmodar fylkestinget i Vestland dei tre eigarane om å m.a. utarbeide felles eigarstrategi.</p> <p>For å på ny oppnå lik eigardel mellom eigarane etter regionreforma, teikna Rogaland fylkeskommune seg for 550 nye aksjar, kvar aksje pålydande 60,75 kr, på ekstraordinær generalforsamling 28.01.20. Rogaland fylkeskommune skaut også inn tilsvarande arbeidskapital (kjøpte aksjane til overkurs) som dei andre eigarane allereie er inne med. Vedtekten vart samstundes endra for å tilpasse seg dette, og i tillegg vedtok generalforsamlinga endringar i krav til styresamsetjing og utvida føremålet til selskapet for betre å vere tilpassa marknaden for</p>
--	--

¹⁵ Fylkeskommunane Aust-Agder, Vest-Agder, Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane. For Hordaland fylkeskommune var det tale om ei omorganisering.

	<p>bompengedrift. Vedtekten vart også endra på ekstraordinær generalforsamling 23.04.20, slik at kvart av fylka no vel éin representant til selskapet si valnemnd.</p> <p>Vedtaket gjort på generalforsamlinga 28.01.20 vart ikkje følgt opp overfor Brønnøysundregistrene i tide, og vart derfor ugyldig. Eigarane har reparert feilen ved å gjere nytt vedtak i ekstraordinær generalforsamling 04.11.20.</p>
Viktige planar/utsikter for dei komande åra	<p>Selskapet har kontrakt om drift og systemløsing for AutoPASS for ferje i fire år, med moglegheit for forlenging i ytterlegare tre år. Selskapet har også langsiktig kontrakt med Bastøfosen AS om åtte års drift og systemleveransen av AutoPASS innkrevjing på ferjesambandet Moss-Horten, og drift og systemløsing for Atlanterhavstunnelen AS.</p> <p>Konkuransesituasjonen i bransjen er ifølgje selskapet hard. Selskapet er einaste norske aktør som har søkt om å verte kommersiell utferdar og selskapet ser på dette som eit fortynn. Selskapet har utvikla ei eiga løsing for utferdarfunksjonen. Dei fleste av selskapet sine oppdragsgjevarar er offentlege eigrarar med statlege garantiar.</p> <p>Selskapet har positiv utvikling, men bortfall av drift av bompengeselskap i 2019 kan medføre nedgang i omsetning. Selskapet arbeider aktivt med nye forretningsområde som kan gje positiv utvikling for selskapet framover.</p>
Mål med eigarskapen	Selskapet er (indirekte) i tråd med fylkeskommunen sin føremålskategori infrastruktur og kollektivtransport.
Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstenleg	<p>Fylkeskommunen sin eigarskap i Skyttel AS er eit resultat av den statleg initierte bompengereforma. Det som i dag er Skyttel AS vart skilt ut i samband med etableringa av Ferde AS, fordi verksemda er kommersiell og derfor ikkje foreinleg med den verksemda bompengeselskapa skal drive. I samband med bompengereforma er det naturleg at fylkeskommunane har eigarskap i bompengeselskapet Ferde AS. Det er ikkje like sjølvsagt at fylkeskommunane skal eige det kommersielle selskapet Skyttel AS.</p> <p>Selskapet har vore og er framleis i endring. Gjennom eigarskapen er fylkeskommunen med på å legge grunnlaget for at det skal vere norske aktørar i utferdarmarknaden. Selskapet er vidare med på å utvikle teknologiske løysingar innan transportsektoren, noko som på sikt vil gje effektiviseringsvinst.</p>
Tilråding	Vidareføre eigarskapen.

Sunnhordland Lufthamn AS

Føremål	Selskapet sitt føremål er å planleggje, finansiere, opparbeide og drive lufthamna på Stord, og i samband med dette å delta i andre selskap med liknande verksemrd.
Etablert	16.06.1983
Aksjekapital/	Aksjekapitalen er på 2 000 000 kr, fordelt på 400 aksjar á kr 5000.
Fylkeskommunal eigardel	Fylkeskommunen eig 21 prosent av aksjane. Pålydande verdi på eigaposten er kr 420 000. Stord kommune eig dei resterande 79 prosentane av selskapet.
Forretningskontor	Stord kommune

Rettslege rammer	Aksjelova, offentleglova, regelverket om offentlege innkjøp		
Rammer	Vedtekter		
Samfunnsansvar og etiske retningslinjer	Etter krav frå Fylkesmannen vert det årleg teke miljøprøvar i vatna ved lufthamna. I 2020 får selskapet utarbeidd ein miljørapport og ny støyanalyse.		
Generalforsamling	Det vart gjennomført generalforsamling i selskapet 13.05.20 (digitalt). Fylkesordføraren representerte fylkeskommunen i møtet. Det var også eigarmøte i selskapet 31.03.20. Fylkesordføraren deltok.		
Val av styre	Styremedlemene vert valde for to år om gongen, medan varamedlemene vert valde for eitt år om gongen.		
Styresamansettning	<u>Styremedlem:</u> Dag Jarle Aksnes (leiar) Olav Akselsen Aslaug Grov Almås Emil Gadolin (VLFK) Aleksander Grubbe Skjelsvik (tilsette)	<u>Varamedlem:</u> Arnfinn Hammer Feng (VLFK) Aslaug Kindem Finn Are Maraas (tilsette)	
Styregodtgjersle og løn til dagleg leiar	Samla styregodtgjersle i 2019 er 178 860 kr. Løn til dagleg leiar i 2019: 1 114 278 kr. Pensjonsutgifter: 94 896 kr. Anna godtgjersle: 18 571 kr.		
Fylkeskommunalt lån	Eit fylkeskommunalt lån på 315 000 kr er nedbetalt i 2020. Selskapet har framleis eit fylkeskommunalt lån på 636 000. Selskapet har søkt om at lånet vert konvertert til aksjekapital. Fylkesutvalet hadde søknaden til behandling 28.05.20, men vedtok å utsette saka. Saka vert lagt fram på ny i desember. Selskapet fekk i 2019 lånetilsagn om 3 780 000 kr frå fylkeskommunen (og 14 220 000 frå Stord kommune). Lånet skal gå til bygging av nytt tårn, utviding av terminal og oppgradering av brøyteutstyr.		
Revisor	KPMG AS		
Adresse	Flyplassvegen 344, 5410 Sagvåg		
Telefon/faks	53 40 37 00		
E-post	Jan.Morten.Myklebust@stordlufthamn.no		
Nettadresse	http://www.stordlufthamn.no		
Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:			
(1000 kr)	2017	2018	2019
Sum driftsinntekter	28 944	30 010	29 615
Driftsresultat	-111	-98	-98
Resultat etter skatt	-288	-262	-216
Totalkapitalrentabilitet	-1 %	-1 %	-1 %

Sjølvfinansiering i % av langsiktig gjeld	27 %	34 %	42 %
Arbeidskapital i % av driftsinntekter	-9 %	-9 %	-10 %
Eigenkapitalprosent	11 %	9 %	11 %
Økonomisk utvikling i tekst	<p>Av driftsinntektene på 29,6 mill. kr utgjer 21,4 mill. kr statsstøtte og 8,2 mill. kr salsinntekt.</p> <p>Rekneskapen syner eit underskot på 215 678 kr, dette er om lag på nivå med 2018. Selskapet opplyser i at dei arbeider kontinuerleg med å auka sine inntekter samt å redusera sine kostnadar.</p> <p>Sjølv om selskapet har eit underskot i 2019, så har eigenkapitalprosenten betra seg i høve 2018 grunna redusert gjeld. Selskapet har god sjølvfinansiering, men svak lønsemد.</p>		
Viktige hendingar	<p>Selskapet har avtale med Samferdselsdepartementet om økonomisk kompensasjon til drift av lufthamna gjeldande for 2016-2020. For 2019 er statsstøtte om lag 21,4 mill. kr. Eit vilkår for støtta er at lufthamna har fast rutetrafikk, og støtta kan ikkje brukast til kjøp av flytenester.</p> <p>Flyselskapet Danish Air Transport (DAT) er operatør på Oslo ruta og flyg 14 rundturar per veke. DAT flyg ruta for eigen økonomisk risiko. Flyselskapet har hatt ein regularitet på 99,2 % og har vore punktleg på 89,3 % av flygingane sine. Oslo ruta hadde 38 863 passasjerar i 2019, noko som utgjer ei prosentvis auke på 4,74 % frå 2018. Totalt har flyplassen hatt 39 363 reisande i 2019.</p> <p>Stord lufthamn er også avlastingsflyplass for Bergen lufthamn, og vert ofte nytta til treningsflyging med fly og helikopter. Lufthamna vert også nytta av ambulansefly og redningshelikopter.</p> <p>Den 17.12.19, i sak PS 15/2019, vedtok fylkestinget å gje selskapet eit lån på 3,78 mill. kr til opprusting av kontrolltårnet, utviding av terminalbygget og nytt brøyteutstyr. Prosjektet er i 2020 finansiert med lån på til saman 18 mill. kr frå eigarane. Selskapet er i gang med planlegginga av prosjektet, og skal etter planen legge prosjektet ut på anbod hausten 2020. Byggestar er planlagt i januar 2021.</p> <p>I 2020 har Covid-19 pandemien påverka drifta av Sunnhordland lufthavn AS, og selskapet har gjennomført fleire kostnadsreduserande tiltak. Samtlege tilsette i lufthamnselskapet, med unntak av dagleg leiar, var permittere frå og med 31.03.20. DAT starta opp att med ruteflyging i august 2020, og slapp å betale startavgift, passasjer- og securityavgift dei første tre månadane etter oppstart.</p> <p>Stord kommune har gjort om eit lån til selskapet på 2,37 mill. kr til aksjekapital.</p>		
Viktige planar/utsikter for dei komande åra	<p>Selskapet har fått stadfesta frå Samferdselsdepartementet at sjølv om opphaldet i ruteflyginga vert lengre enn fire månader, så vil lufthamnselskapet få behalde sitt opphavlege driftstilskot for 2020.</p> <p>Frå 2021 vert tilskot til ikkje-statlege flyplassar med kommersielle ruter lagt inn i rammetilskotet til fylkeskommunane. Sunnhordland lufthavn AS har motteke om lag 22 mill. kr til drift av flyplassen i 2020 etter avtale med staten, og har søkt om ein ny fem-årig avtale med Vestland fylkeskommune lik avtalen selskapet har med Samferdselsdepartementet. Den</p>		

	<p>29.09.20 vedtok fylkestinget, i sak PS 102/2020, å inngå avtale om tilskot til drifta av lufthamna frå 01.01.21 til 31.03.24.</p> <p>Ein del av maskin- og bilparken er av eldre dato og må etter kvart skiftast ut.</p>
Mål med eigarskapen	<p>Målet med eigarskapen er å leggje til rette for flytrafikk til og frå Sunnhordland gjennom å vere medeigar i lufthamna. Flytilbodet bidreg igjen til ei positiv næringsutvikling i Sunnhordland.</p>
Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstenleg	<p>Flytrafikken til og frå lufthamna vert driven kommersielt og inngår såleis ikkje i dei såkalla FOT-rutene.</p> <p>Dersom det ikkje lenger let seg gjere å drifte den kommersielle ruta, vil lufthamna kome i ein vanskeleg økonomisk situasjon, som kan medføre at eigarane må bidra med kapital. Ei lufthamn vil også ha behov for midlar i samband med vedlikehald og opprusting. Frå Sunnhordland lufthavn AS si side vil det vere ei føremon om fylkeskommunen framleis er med som eigar, såframt fylkeskommunen er i ein posisjon til å yte slike bidrag også i framtida.</p> <p>Som nemnt over, har fylkestinget vedteke å inngå ein avtale med selskapet om å yte tilskot til drift av lufthamna fram til 31.03.24. Denne avtalen vert inngått uavhengig av at fylkeskommunen er medeigar i lufthamna.</p> <p>Frå 01.04.24 overtek fylkeskommunane ansvaret for FOT-rutene, og i god tid før det må VLKF ha lyst ut konkurransen om FOT-rutene på kortbanenettet i fylket. I den samanhengen bør det gjerast ei totalvurdering av ressursbruken til kortbanenettet.</p> <p>Det kan medføre interessekonflikt å sitje med ansvaret for kjøp av flyruter samstundes som ein er aksjonær i eit selskap som eig ein av lufthammene som kan vere aktuell for slike ruter. Fylkeskommunen bør difor vurdere å avvikle eigarskapen før fylkeskommunen overtek ansvaret for FOT-rutene på kortbanenettet frå 01.04.24.</p> <p>Fylkesrådmannen kjem tilbake til dette i eigarskapsmeldinga 2021.</p>
Tilråding	Vidareføre eigarskapen.

6.8 Opplæring

Bergen Vitensenter AS (Vilvite)

Føremål	Utvikle og drive populærvitskapleg opplevings- og læringssenter med utgangspunkt i teknologi, naturvitenskap, matematikk og humaniora spesielt retta mot barn og unge, samt anna verksemd som naturleg fell saman med dette, mellom anna å delta i samarbeid med andre selskap og føretak med liknande verksemd. Føremålet er ikkje å gje økonomisk utbytte til eigarane.
Etablert	01.09.2005
Aksjekapital/	Selskapet sin aksjekapital er 2 368 000 kr.
Fylkeskommunal eigardel	Fylkeskommunen eig 450 aksjar i selskapet, som svarar til 19 % av eigardelane. Aksjeposten sin pålydande verdi er 449 920 kr. Andre eigarar er m.a. Bergen kommune (29,6 %), UiB (19 %) og HVL (19 %).

Forretningskontor	Thormølensgate 51, 5006 Bergen		
Rettslege rammer	Aksjelova		
Rammer	Vedtekter. Sist endra på generalforsamling i 2019.		
Samfunnsansvar	ViLVite fører Vitenrekneskap - ein rekneskap over utveksling av verdiar mellom ViLVite som verksemd og samfunnet. Det går fram av rekneskapen at ViLVite yter eit netto bidrag til samfunnet. Selskapet er Miljøfyrtaarn-sertifisert.		
Generalforsamling	<p>Det vart gjennomført ordinær generalforsamling i selskapet 17.06.20 (digitalt). Signe Rauboti deltok for fylkeskommunen med fullmakt.</p> <p>I tillegg vart det gjennomført ekstraordinære generalforsamlingar i selskapet den 20.11.19 og den 22.04.20 (digitalt).</p>		
Valkomite	<u>Valt i forkant av ordinær generalforsamling 2020:</u> Marit Warncke Anne Marit Blokhus Ragnhild Stolt-Nielsen		
Val av styre	Styret skal ha frå 5 til 9 medlemer. I tillegg skal ein styremedlem med personleg vara veljast av og frå dei tilsette. Selskapet har valkomité og har vedteke instruks for denne. Generalforsamlinga vel styremedlemer og styreleiar for ein periode på to år om gongen. Maks 3-5 styremedlemer skal vere på val samstundes.		
Styresamansetjing	<u>Styremedlemer:</u> Roald Onarheim (leiar) Atle Kvamme Helga Flesche Kleiven Synnøve Solbakken Kjellrun Hiis Hauge Silje Skjelsvik Sven Erik Thulin Benedicte Aasen Wolff (tilsett)	<u>Varamedlemer:</u> Varamedlemer i numerisk rekkefølgje: 1. John Andre Kongsvik 2. Oded Ben-Horin Fast vara for tilsetterepresentant: Nils Petter Hauan	
Styregodtgjersle og løn til dagleg leiar	<p>Styreleiar: 3000 kr per møte. Styremedlem: 1000 kr per møte. Samla styregodtgjersle for 2019 er 58 000 kr (uendra satsar frå året før).</p> <p>Løn til dagleg leiar i 2019: 1 267 188 kr. Pensjonskostnad: 88 703 kr. Anna godtgjersle: 173 190. Av dagleg leiar si faste løn er 13 % resultatavhengig.</p>		
Fylkeskommunalt lån	Nei		
Revisor	Deloitte AS		
Adresse	Thormølensgate 51, Bergen		
Telefon/faks	Dagleg leiar Lars Leegaard Marøy: 97 10 75 31		
E-post	Dagleg leiar Lars Leegaard Marøy: lilm@vilvite.no		
Nettadresse	https://www.vilvite.no/		
Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:			
(1000 kr)	2017	2018	2019

Sum driftsinntekter	41 941	46 193	47 313
Driftsresultat	- 5 729	70 240	239
Resultat etter skatt *	- 5 194	338	329
Totalkapitalrentabilitet	-17 %	2 %	2 %
Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld	-11 %	-	-
Arbeidskapital i % av driftsinntekter	50 %	26 %	20 %
Eigenkapitalprosent	43 %	63 %	51 %
Økonomisk utvikling i tekst	<p>Sals- og sponsorinntektene er blitt noko redusert i høve 2018, men det har vore ein auke i tilskot og bidrag som gjer at driftsinntektene samla har auka mot fjoråret. Av driftsinntekter på om lag 47,3 mill. kr utgjorde om lag 7 mill. kr sponsorinntekter og 23,5 mill. kr tilskot og bidrag. Selskapet har partnarskapsavtale med fylkeskommunen (3 mill. kr i tilskot per år for 2018-2020). Som skuleeigar kjøper også fylkeskommunen tenester frå selskapet.</p> <p>Selskapet har svak totalkapitalrentabilitet, men har svært bra arbeidskapital i prosent av driftsinntekter og tilfredsstillende eigenkapitalprosent.</p>		
Viktige hendingar	<p>I 2019 hadde senteret 114 735 besökande. Besøkstalet er på nivå med 2018. Ein tredjedel av gjestene var skulebesøk. Resten er fritidsbesøkande og arrangementsgjester. Barn og ungdom utgjer 66 % av besøket.</p> <p>Vedtekten vart endra på ekstraordinær generalforsamling i 2019. Selskapet har m.a. innført ei ny ordning med valkomité, gjort ei mindre endring i føremålsføresegna for å gje selskapet større fridom knytt til fagområde, fjerna ei setning om at styret kan bestemme at selskapet ikkje skal ha dagleg leiar, vedtektsfesta dagens ordning med tilsettrepresentant i styret, fjerna ei setning om oppnemningsrett for Equinor (som ei følgje av oppretttinga av valkomité), endra frå personlege varamedlemer til to i rekkefølgje, utdjupa lista over saker generalforsamlinga som eit minimum skal behandle og vedtektesfesta at maksimalt 3-5 styremedlemer skal vere på val samstundes. I same møte vedtok generalforsamlinga instruks for valkomiteen.</p>		
Viktige planar/utsikter for dei komande åra	<p>Styret har vedteke følgjande strategiske føringer som skal gjelde frå og med 2020:</p> <p>«1. Alltid noe nytt på VilVite. Øke takten på fornyelsen av utstilling og aktiviteter og oppnå høyere grad av aktualitet.</p> <p>2. Stedet for STEAM. Fornye vårt tilbud slik at VilVite er det stedet å gå til for inspirasjon, kunnskap og nettverk knyttet til realfagene, for skoler og barnehager, bedrifter og akademia, familier og ungdom. Vi møter folk der de er, på og utenfor senteret.</p> <p>3. En del av løsningen på klimakrisen. Vesentlig redusere VilVites klima- og miljøavtrykk, og inspirere andre aktører i regionen til å gjøre det samme.»</p> <p>Som ei følgje av Covid 19-pandemien, har senteret halde stengt frå 13.03.20-14.04.20. Stenginga medførte mellombelse permitteringar og bortfall av billettinntekter, butikksal og aktivitetsinntekter i perioden. Dette er venta å redusere dei samla inntektene i 2020.</p>		

	I 2009 vedtok styret at aksjekapitalen bør aukast til 5 mill. kr. Auka er ikke realisert, men vedtaket står framleis ved lag.
Mål med eigarskapen	Fylkeskommunen sitt mål med eigarskapen er av samfunnsmessig karakter, og knytt til fylkeskommunen sitt ansvar for vidaregående opplæring. I tillegg til den direkte nytta fylkeskommunen har av selskapet, ved at skulane kan nytte senteret i undervisninga, har fylkeskommunen interesse i senteret ut frå rekrutteringsbehov til matematikk og naturfag i vidaregående opplæring.
Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstenleg	Fylkeskommunen sitt mål med eigarskapen er framleis aktuelt, og selskapet er ein viktig partner for fylkeskommunen. Som ein av fire større aksjeeigarar i selskapet, kan fylkeskommunen påverke den vidare selskapsutviklinga.
Tilråding	Vidareføre eigarskapen.

Campus Førde Verftet AS

Føremål	Vere eit utdannings-, forsknings- og innovasjonssenter for offentlege og private verksemder. Det overordna målet er å bidra til å styrke utdanningsinstitusjonane med omsyn til rekruttering, forsking og innovasjon i privat og offentleg sektor. Selskapet skal også legge til rette for auka samarbeid mellom privat næringsliv, utdanningsinstitusjonane og anna offentleg verksemd. Selskapet skal ikkje ha til føremål å gje økonomisk utbytte til eigarane, og selskapet sine midlar skal berre nyttast i selskapet si verksemd og for vidareutvikling av verksemda (det vert ikkje utbetalt utbytte til aksjonærar). Ved avvikling av selskapet skal egedelane i selskapet gå til utdannings- og opplæringsformål i regionen. Avviklingsstyret avgjer kva føremål egedelane kan nyttast til, i tråd med vedtekten.
Etablert	11.12.13 (selskapet vart først etablert som Energilab Sogn og Fjordane AS av SFE og skifta namn til Campus Førde Verftet AS i 2019, då dei nye eigarane overtok selskapet).
Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel	Aksjekapitalen er 100 000 kr, fordelt på 1000 aksjar, kvar pålydande kr 100. Vestland fylkeskommune eig 450 aksjar i selskapet, noko som utgjer 45 % av aksjane. Andre eigarar er Høgskulen på Vestlandet (45 %) og Sunnfjord kommune (10 %).
Forretningskontor	Øyrane 12, 6800 Førde
Rettslege rammer	Aksjelova, offentleglova, regelverket om offentlege anskaffingar
Rammer	Vedtekene og aksjonæravtale
Etiske retningslinjer	
Føretaksmøte	Det vart gjennomført generalforsamling i selskapet 26.06.20. Fylkesordføraren deltok som eigarrepresentant for fylkeskommunen.
Val av styre	Styret skal ha 5 - 7 medlemer. Høgskulen på Vestlandet og Vestland fylkeskommune oppnemner kvar inntil tre medlemer med varamedlemer, og Førde kommune oppnemner ein medlem med varamedlem.

Styresamansetting	Medlemer (2019-2020): Geir Anton Johansen (leiar) Jan Heggheim (nestleiar) (VLFK) Jakob Andre Sandal (VLFK) Randi Skår Sølvi Irene Søgnen	Varamedlemer (2019-2020): Jens Kristian Fosse Rolf Årdal (VLFK) Karianne Alette Torvanger (VLFK) Anne-Grethe Naustdal Sunnfjord kommune utnemner	
Styregodtgjersle og løn til dagleg leiar	Det er ikkje utbetalt styregodtgjersle for 2019. Dagleg leiar er innleidd via Fagskulen. I 2019 har dette kosta 262 110 kr.		
Fylkeskommunalt lån			
Revisor	PwC AS		
Adresse	C/o Vest Rekneskap AS, Postboks 377, 6802 FØRDE		
Telefon/faks			
E-post			
Nettadresse			
Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:			
(1000 kr)	2017	2018	2019
Sum driftsinntekter	225	225	425
Driftsresultat	214	207	19
Resultat etter skatt	170	170	22
Totalkapitalrentabilitet	24 %	32 %	2 %
Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld	203 %	255 %	42 %
Arbeidskapital i % av driftsinntekter	249 %	316 %	168 %
Eigenkapitalprosent	79 %	80 %	35 %
Økonomisk utvikling i tekst	<p>Selskapet blei først etablert som Energilab Sogn og Fjordane AS, og skifta eigarar og namn til Campus Førde Verftet i 2019. Rekneskapsåra 2017 og 2018 representerer såleis tala frå Energilab Sogn og Fjordane AS.</p> <p>Hausten 2019 er nytta til planlegging av etableringa i nye areal med nye funksjonar i 2020. Økonomisk aktivitet er forventa å auke framover.</p> <p>Resultat etter skatt i 2019 syner eit overskot på 21 705 kr og vert tilført eigenkapitalen. Eigenkapitalprosenten er likevel svekka grunna høgare kortsiktig gjeld. Auken skuldast mellom anna at tilskot som ikkje vert nytta i løpet av året vert ført opp som kortsiktig gjeld i balansen.</p> <p>Selskapet har fått løyvd prosjektstøtte frå Sogn og Fjordane fylkeskommune med 3,9 mill. kr og investeringsstøtte med 15 mill. kr. I tillegg vil Høgskulen på Vestlandet og Sunnfjord kommune yte høvesvis 5,5 mill. kr og 2 mill. kr i investeringsmidlar.</p>		

	Selskapet har ein svak totalkapitalrentabilitet medan sjølvfinansieringa og arbeidskapitalen i % av langsiktig gjeld er god.
Viktige hendingar	<p>Campus Førde verftet AS vart etablert i 2019 som eit laboratoriesamarbeid mellom fylkeskommunen, ved Fagskulen i Sogn og Fjordane, og Høgskulen på Vestlandet.</p> <p>Føremålet med samarbeidet er å bygge avanserte laboratorium som skal nyttast til utdanning, forsking, utviklings- og innovasjonsarbeid for skular og næringsliv. Samarbeidet skal utvikle dei to utdanningsinstitusjonane si regionale rolle, og baserer seg på følgjande felles hovudinnsatsområde:</p> <ul style="list-style-type: none"> a) Laboratorium og infrastruktur. b) Rekrutterings- og utdanningsstrategiar. c) Kurs- og opplæringsaktivitetar. d) Innovasjon, forsking og utvikling.
Viktige planar/utsikter for dei komande åra	<p>Det blir opning hausten 2020 med tilgang til laboratoriefunksjonar, arbeidsplassar og undervisningslokale. Grunnlaget er lagt for å kunne utvikle fellesprosjekt med verksemder og styrke regional samhandling for å kunne realisere dei overordna måla.</p> <p>Generalforsamlinga har vedteke å auke talet på styremedlemer frå fem til sju. Dette er innanfor selskapet sine vedtekter. Høgskulen på Vestlandet og Vestland fylkeskommune skal rekruttere ein styremedlem kvar frå næringslivet.</p>
Mål med eigarskapen	<p>Opplæring, innovasjon og samfunnsutvikling. Fylkeskommunen sine overordna og langsiktige målsettingar for prosjektet er:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Auka rekruttering av studentar til høgare utdanning innan tekniske fag. • Auka rekruttering av studentar for etter- og vidareutdanning. • Støtte innovasjon, FoU og verdiskaping der bedriftene er lokalisert. • Styrke samanhengen i utdanningsløpet mellom vgs., fagskule og høgskule. • Tilbodet skal vere til nytte for heile fylket.
Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstersteg	Dette er eit nyoppstarta selskap Sogn og Fjordane fylkeskommune var ein sterkt pådrivar for å få etablert.
Tilråding	Vidareføre eigarskapen.

Opplæringsfartøy AS

Føremål	Selskapet sitt føremål er å eige og drive fiskefartøy på ideell basis etter aksjelova § 2-2 (2), hovudsakleg ved å stille fartøyet til disposisjon for Måløy vgs. til bruk i opplæring.
Etablert	05.03.2002
Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel	<p>Aksjekapitalen er 784 000 kr fordelt på 784 aksjar kvar lydande på 1 000 kr.</p> <p>Fylkeskommunen sin eigarprosent er 76,5. Aksjane sin pålydande verdi er 600 000 kr.</p> <p>Andre eigarar er m.a. Ervik Havfiske AS, Carisma Fish AS, Fjord1 AS, Nordea Bank Norge ASA og Fiskebas AS.</p>
Forretningskontor	Kinn kommune

Rettslege rammer	Aksjelova
Rammer	Vedtekten av 05.03.02, sist endra 17.11.16.
Samfunnsansvar og etiske retningslinjer	Ikkje omtalt i årsmeldinga.
Generalforsamling	<p>Det vart gjennomført generalforsamling i selskapet 25.06.20 (fysisk/digitalt). Bjørn Lyngdal representerte fylkeskommunen etter fullmakt.</p> <p>Det er planlagt ekstraordinær generalforsamling 18.11.20 for å gjennomføre nytt val av styre, jf. under. Karianne Torvanger stiller for fylkeskommunen.</p>
Val av styre	Selskapet sitt styre skal ha fire medlemer. To av styremedlemene skal veljast av personar som er foreslegne frå fylkeskommunen, éin styremedlem veljast blant personar som er foreslegne av og valde blant dei tilsette ved maritime og marine utdanningsprogram ved Måløy vgs., og éin styremedlem skal veljast av personar som er foreslegne av Sogn og Fjordane Fiskarlag.
Styresamansetning	<p>Ottar J. Aare (leiar, tidlegare føreslege av fylkeskommunen) Medlem (etter forslag frå fylkeskommunen) Geir Mange Røys (Sogn og Fjordane Fiskarlag) Eivind Kåre Birknes (Måløy vgs.)</p> <p>Selskapet har ikkje vore merksam på at Vestland fylkeskommune den 03.03.20 innstilte to nye kandidatar til styret i selskapet. Det vert difor gjennomført ekstraordinær generalforsamling 18.11.20.</p>
Styregodtgjersle og løn til dagleg leiar	<p>Satsane for godtgjersle til styreleiar og styremedlemer vert vidareførte, og skal følgje tilsvarande satsar i fylkeskommunen.</p> <p>Samla styregodtgjersle for 2019 er 37 425 kr.</p> <p>I 2019 vart det utbetalt 100 000 kr i løn til dagleg leiar. Dagleg leiar er leigd inn frå fylkeskommunen.</p>
Fylkeskommunalt lån/garanti	<p>Fylkestinget i Sogn og Fjordane vedtok i sak 37/10 å gje selskapet eit rente- og avdragsfritt lån på 1 mill. kr. Lånet vart utbetalt i juni 2010. Fylkestinget lenga avtalen i 2016 og i 2018.</p> <p>I møte 08.10.19, sak 47/19, utvida fylkestinget det rente- og avdragsfrie ansvarlege lånet frå 1 mill. kr til 3 mill. kr.</p> <p>Opplæringsfartøy AS måtte i november 2019 gjennom ei femårsklassing/hovudklassing, som vart vesentleg dyrare enn tidlegare føresett. I møte 10.12.19, sak 52/19, utvida fylkestinget i Sogn og Fjordane difor det rente- og avdragsfrie lånet til 5 mill. kr. Låneavtalen for det samla lånet på 5 mill. kr gjeld fram til 31.12.2021. Ved eit evt. sal av fartøyet før denne tid, vil lånet krevjast tilbakebetalt.</p>
Revisor	Ernst & Young AS
Adresse	Gate 1 106, 6700 Måløy
E-post	ottar@nordvest-fjordservice.no
Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:	

(1000 kr)	2017	2018	2019
Sum driftsinntekter	2 571	3 101	3 167
Driftsresultat	- 185	- 253	-2 015
Resultat etter skatt	-176	-244	-2 004
Totalkapitalrentabilitet	-5 %	-7 %	-37 %
Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld	15 %	10 %	-25 %
Arbeidskapital i % av driftsinntekter	10 %	21 %	72 %
Eigenkapitalprosent:	21 %	12 %	-26 %
Økonomisk utvikling i tekst	<p>Rekneskapen for 2019 syner eit negativt resultat på om lag 2 mill. kr. Dette skuldast i hovudsak at opplæringsfartøyet Skulebas i 2019 har vore gjennom ei femårsklassing (hovudklassing).</p> <p>For å gje selskapet naudsynt likviditet til å gjennomføre klassinga utvida fylkeskommunen det rente- og avdragsfrie ansvarlege lånet til opplæringsfartøy AS fra 1 mill. kr til 5 mill. kr i løpet av 2019.</p> <p>Som ein konsekvens av det negative resultatet, er eigenkapitalen ved utgangen av året negativ med om lag 1,9 mill. kr og bokført eigenkapital utgjer -26 % av totalkapitalen. Selskapet forventar høgare omsetnad og lågare kostnader framover, og meiner føresetnadane for vidare drift er til stades. Arbeidskapitalen i prosent av driftsinntekter er styrka i høve 2018 og ligg no på 72 % som er svært bra.</p>		
Viktige hendingar	<p>Opplæringsfartøyet Skulebas, eigd av Opplæringsfartøy AS, er over 40 år, og ved ny «klassing» i 2019 gjekk det med store økonomiske investeringar. Likevel sit ein med eit gammalt skip som ikkje i tilstrekkeleg grad speglar notidas krav og moglegheiter.</p> <p>Sogn og Fjordane fylkeskommune har over fleire år vurdert behovet for nytt opplæringsfartøy, sjá m.a. FT-sak 45/12. I sak 55/18 vedtok fylkestinget i Sogn og Fjordane at fylkeskommunen skal investere 100 mill. kr i nytt opplæringsfartøy. Fylkeskommunen skal eige fartøyet og vere ansvarleg for drifta. Dei auka driftsutgiftene vert finansiert ved årlege tildelingar frå fondet «MAREKO» og inntekter frå Havbruksfondet.</p> <p>Fylkeskommunen liste ut konkurranse om kjøp av nytt fartøy i oktober 2019, men konkurransen vart avlyst fordi innkomne tilbod i monaleg grad avveik frå kostnadsestimatet. Det blei oppretta ei ny styringsgruppe august 2020 som har som mandat å gjennomgå kravspesifikasjonane og anskaffe eit tenleg opplæringsfartøy innanfor kostnadsramma.</p>		
Viktige planar/utsikter for dei komande åra	<p>Covid-19 pandemien har påverka framtidig resultat med vel 400 000 kr mindre i brutto inntekter frå torskefiske i Lofoten i 2020, samanlikna med året før. Uavhengig av dette er det knytt noko meir usikkerheit m.o.t. nytt skuleskip enn det som låg føre i 2019.</p> <p>Det er venta lågare kostnadar framover, etter den grundige klassinga i 2019.</p> <p>Fylkeskommunen skal lyse ut ny konkurranse om bygging av nytt eller ombygging av eit eksisterande fartøy. Det blir lagt fram sak for fylkestinget</p>		

	om ulike utlysingsmøglegheiter parallelt med handsaminga av denne eigarskapsmeldinga. Det er lagt til grunn at kontrahering, planlegging og bygging kan ta inntil 2 år, men framdrifta er avhengig av tilboda og kapasiteten i marknaden.
Mål med eigarskapen	Opplæring: Å disponere eit opplæringsfartøy er viktig for å kunne tilby den opplæringa Måløy vidaregåande skule tilbyr. Båten fyller ein viktig funksjon for fleire av gruppene ved skulen, mellom anna matfag, motormekanikar, fiske og fangst. Båten er i bruk både ute til sjøs, og som klasserom når den ligg ved land. Lokalt næringsliv har rekruttert fleire av sine tilsette frå skulen.
Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstøy?	Fram til fylkeskommunen får bygd eige opplæringsfartøy, er eigarskap i Opplæringsfartøy AS naudsynt.
Tilråding	Vidareføre eigarskapen

Vitensenteret i Sogn og Fjordane AS (ViteMeir)

Føremål	Etablere og drive Vitensenteret i Sogn og Fjordane. Senteret skal vere eit populærvtiskeleg opplevings- og læringssenter innanfor naturvitenskap, matematikk og teknologi (NMT-faga) der dei besökande lærer ved å eksperimentere sjølve. Målgruppa er barnehagar, skular og private. Verksemda har ikkje mål om økonomisk vinning for eigarane, og skal ikkje betale ut utbytte. Ved overskot i rekneskapsåret vert overskotet ført til selskapet sin eigenkapital. Ved ei eventuell oppløysing, skal attverande midlar gå til Musea i Sogn og Fjordane.
Etablert	08.02.18
Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel	Aksjekapitalen er 3 060 000 kr, fordelt på 306 aksjar, kvar pålydande 10 000 kr. Fylkeskommunen eig 33,3 % av aksjane i selskapet. Aksjane sin pålydande verdi er 1 020 000 kr. Andre eigarar er Sogndal kommune (18,3 %), Kaupanger Næringsforening (9,8 %), Stiftinga Vestlandsforskning (7,5 %), Sogn Næring AS (6,5 %), kommunane Luster, Vik, Lærdal, Kinn og Førde, HVL og NITO.
Forretningskontor	Sogndal kommune.
Rettslege rammer	Aksjelova.
Rammer	Vedtekter, sist endra 30.09.20.
Samfunnsansvar	Vitensenteret i Sogn og Fjordane AS ønskjer å bidra til å stimulere til gode idear for framtidas samfunn og vil difor ha berekraftig utvikling som ein overordna profil.
Generalforsamling	Det vart gjennomført generalforsamling i selskapet den 25.06.20 (digitalt). Natalia Antonia Golis representerte fylkeskommunen på generalforsamlinga. I tillegg har det vore gjennomført ekstraordinær generalforsamling i selskapet 23.12.19 og 30.09.20 (begge forenkla og med skriftleg gjennomføring).
Valnemnd	Generalforsamlinga vel for to år om gongen tre medlemer til ei valnemnd. Eigarane skal vere representerte i valnemnda. Generalforsamlinga vel leiar av valnemnda.

	<u>Medlemer:</u> Arnstein Menes (leiar) Trude Brosvik Trine Lerum Hjellhaug		
Val av styre	Verksemda sitt styre skal ha fem til sju medlemer. Leiar, nestleiar og inntil fem styremedlemer. I tillegg skal det veljast to varamedlemer i numerisk rekkefølge, med møterett. Alle medlemane vert valde for to år om gongen. Styreleiar vert valt for eitt år. Vala vert førebudde av selskapet si valnemnd, som også skal innstille til styreleiar- og nestleiarvervet.		
Styresamansetning	<u>Styremedlemer:</u> Tor Arne Ness (leiar) Bjørg Kristin Selvik (nestleiar) Anders-Johan Almås Alexander Fosse Andersen (VLFK) Ingvar Torsvik Myrvollen Roy Egil Stadheim Mari Husabø	<u>Varamedlemer i rekkefølge:</u> 1. Senea Sabanovic (VLFK) 2. Anders Bjærke	
Styregodtgjersle og løn til dagleg leiar	<p>På generalforsamlinga i 2020 vart det vedteke at satsane skal regulerast i samsvar med årslønsveksten i fylkeskommunane/KS-området.</p> <p>Samla styregodtgjersle for 2019 er 41 504 kr.</p> <p>Løn til dagleg leiar i 2019: 626 424 kr. Pensjonskostnader: 32 994. Anna godtgjersle: 4 392 kr.</p>		
Fylkeskommunalt lån	Nei.		
Revisor	Deloitte AS		
Adresse	Skarpeteigvegen 1, 6854 Kaupanger (postadresse)		
E-post	Styreleiar og konstituert dagleg leiar: tan@vitemeir.no . Administrasjon: jan@vidsyn.as		
Nettadresse	https://www.vitemeir.no/		
Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:			
(1000 kr)	2017	2018	2019
Sum driftsinntekter		60	435
Driftsresultat		-393	-620
Resultat etter skatt		-370	-559
Totalkapitalrentabilitet		-13 %	-13 %
Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld		-	-
Arbeidskapital i % av driftsinntekter		4374 %	475 %
Eigenkapitalprosent:		93 %	37 %

Økonomiske utvikling i tekst	Selskapet har eit underskot på 558 584 kr, noko som var forventa av selskapet. Selskapet har i 2018 og 2019 motteke til saman om lag 8,3 mill. kr i tilskot og gåver. Tilskot som ein ikkje nyttar i løpet av året, vert ført opp som gjeld i balansen. Ved utgangen av 2019 utgjer dette om lag 3,5 mill. kr, og representerer om lag heile gjelda i balansen. Dette er hovudårsaken til reduksjonen i eigenkapitalprosenten frå 2018 til 2019.
Viktige hendingar	<p>Vitensenteret skal halde til på Kaupanger, i eit lokale senteret skal leige frå fylkeskommunen og dele med Sogndal vidaregåande skule, linje for transport og logistikk. Byggeprosjektet starta opp i 2020, og planlagt opning av senteret er hausten 2021.</p> <p>Hydro Aluminium Årdal, Høyanger Metallverk og fleire andre lokale bedrifter har signert samarbeidsavtalar med Vitensenteret for perioden 2019-2022. Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane har tildelt 2 mill. kr i gåvemidlar til prosjektet. Sogn og Fjordane fylkeskommune løyvde i 2019 2 mill. kr til delfinansiering av program for installasjonar ved senteret. SIL Fotball har nyleg gjeve bidrag til utvikling av ein fotballradar-installasjon på senteret.</p> <p>Selskapet endra vedtekten på generalforsamlinga i 2020, og har m.a. innført valnemnd og endra frå personlege til varamedlemer i rekkefølge.</p> <p>Styreleiar er for ein periode konstituert som dagleg leiar i selskapet.</p>
Viktige planar/utsikter for dei komande åra	<p><u>Finansiering av drifta</u> Selskapet er sikra tilskot og gåver for finansiering av verksemda i 2020, og har søkt om å bli regionalt vitensenter frå 2021.</p> <p>I februar tilrådde Forskningsrådet at Vitensenteret i Sogn og Fjordane skulle bli regionalt vitensenter frå 01.01.21:</p> <p><i>« Basert på en helhetsvurdering opp mot kriteriene og med spesiell vekt på den geografiske beliggenheten, den meget sterke lokale forankringen, solid økonomi og svært gode planer for pedagogisk opplegg, anbefaler Forskningsrådet at ViteMeir blir et regionalt vitensenter.»</i></p> <p>Til grunn for tilrådinga ligg ein føresetnad om at Kunnskapsdepartementet bidreg med finansiering.</p> <p>Vitensenteret er ikkje med i regjeringa sitt forslag til statsbudsjett for 2021. Senteret arbeider for å kome med i endeleg statsbudsjett. Om det ikkje kjem friske midlar i dette budsjettet, må selskapet i tilfelle jobbe mot revidert nasjonalbudsjett i 2021.</p> <p>Staten sin føresetnad for å finansiere inntil 35 % av driftskostnadane er at fylkeskommune/kommune bidreg med minimum 20 %. Selskapet er i dialog med administrasjonen i fylkeskommunen om dette. I tillegg skal senteret finansierast av næringsliv og billettinntekter, og her er arbeidet i rute så langt.</p> <p><u>Investering utstilling:</u> Det er estimert eit behov for midlar til interaktive installasjonar og utvikling av læreprogram før opning på 21 mill. kr. Så langt har selskapet fått inn 12 mill. kr som er eit godt utgangspunkt, og har søknader inne til fleire stiftingar og Vestland fylkeskommune for å løyse resterande behov.</p> <p>Dersom Vitensenteret ikkje skulle bli starta opp, må fylkeskommunen skaffe andre leigetakrar til halvparten av bygget.</p>

	Senteret har avslutta arbeidet med ein masterplan for utstillingar ved senteret. Senteret skal i det vidare utvikle konkrete installasjonar saman med sponsorar, fagfolk og utstillingsarkitektar.
Mål med eigarskapen	Opplæring og samfunnsutvikling. Målet er å sikre etablering og drift av eit regionalt vitensenter. Senteret skal gje auka merksemd til naturvitenskaplege fag, og eit utvida fagleg tilbod for mellom anna born og unge i Sogn og Fjordane. Vitensenteret kan bidra til å styrke kompetanse og interesse for naturvitenskaplege fag for framtidige elevar i den vidaregåande skulen i Sogn og Fjordane.
Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstøyning	Fylkeskommunen sitt mål med eigarskapen er framleis aktuelt, og selskapet vil vere ein viktig samarbeidspartner for fylkeskommunen, særleg innanfor fagområdet opplæring. Som største aksjeeigar i selskapet, ligg det til rette for at fylkeskommunen kan ha stor innverknad over utviklinga av selskapet.
Tilråding	Vidareføre eigarskapen.

6.9 Fylkesomfattande kulturselskap

Carte Blanche AS

Føremål	Carte Blanche AS skal utvikle og formidle samtidsdans og anna liknande verksemrd. Som nasjonalt kompani for samtidsdans skal selskapet produsere og presentere førestillingar av høgste kvalitet laga av norske og internasjonale, anerkjente og nye koreografer innan samtidsdans. Selskapet har eit nasjonalt og regionalt ansvar for å formidle samtidsdans til eit mangfaldig publikum og å bidra til å utvikle kunnskapen om norsk samtidsdans internasjonalt gjennom å arbeide for internasjonal deltaking og anerkjenning.
Etablert	15.02.1990
Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel	Aksjekapital er 100 000 kr (100 aksjar a kr 1 000) Fylkeskommunen eig 15 % av aksjane i selskapet (verdt 15 000 kr). Andre eigarar er staten (70 %) og Bergen kommune (15 %).
Forretningskontor	Nøstegaten 119, 5011 Bergen
Rettslege rammer	Aksjelova, offentleglova og regelverket om offentlege anskaffingar
Rammer	Vedtekter
Samfunnsansvar og etikk	Carte Blanche arbeider for å avgrense verksemrd som ureinar det ytre miljøet og prøver å bruke miljøvenlege produkt så langt det er mogleg. Selskapet har etiske retningslinjer, retningslinjer for samfunnsansvar (med utgangspunkt i FNs bærekraftsmål) og leiarlønserklæring for teatersjef og direktør.
Generalforsamling	Det vart gjennomført generalforsamling i selskapet den 02.06.20 (høve for både fysisk og digital deltaking). Stian Jean Opedal Davies møtte som eigarrepresentant for fylkeskommunen med fullmakt. Per Morten Ekerhovd, fylkesdirektør for kultur, idrett og inkludering, og Ronny Skaar, seksjonssjef for kunst- og kulturutvikling, deltok også i møtet.
Val av styre	Generalforsamlinga vel styret etter forslag frå eigarane. I 2012 vart ansvaret for å føreslå representantar for staten overlate til

	fylkeskommunen. Fylkeskommunen føreslår derfor til saman fem styremedlemer, inkludert styreleiar. Fylkeskommunen peiker også ut varamedlemer. Bergen kommune føreslår ein styremedlem med vara. Per i dag er styremedlemen utpeikt av Bergen kommune nestleiar i styret.		
Styresamsetning	Styremedlemer: Laila Dåvøy (leiar) Ole Hope (nestleiar) (Bergen kommune) Svein Kollbein Halleraker (VLFK) Anne-Grete Strøm-Erichsen (staten) Per Harald Nilsson (staten) Suzanne Bjørneboe (staten) Guro Rimeslåtten (tilsetterep.)		Varamedlemer: Astrid Knutsen Hårstad (Bergen kommune) Kine Bratli Dale (VLFK) For medlemmar oppnemnt på vegner av staten: 1. Elisabeth Toft Eriksen 2. Chiku Ali 3. Marthe Hammer Observatør: Gunnar Innvær
Styregodtgjersle og løn til dagleg leiar	I 2018 hadde selskapet følgjande satsar for styregodtgjersle: Styreleiar: 72 222 kr Nestleiar: 36 964 kr Medlem: 3 753 kr per møte Samla styregodtgjersle i 2018 var kr 237 401. Generalforsamlinga har vedteke å auke satsane med 0,8 % for 2019 (etter forslag frå Vestland fylkeskommune). Dagleg leiar si løn i 2019: Løn: 806 067 kr, anna godtgjersle: 8 965 kr pensjonskostnader: 12 467 kr. Dagleg leiar opptener også to månaders venteløn for kvart tilsettjingsår.		
Fylkeskommunalt lån			
Revisor	Pricewaterhousecoopers AS		
Adresse	Nøstegaten 119, 5011 Bergen		
Telefon	55 30 86 80		
E-post	tone.tjemsland@ncb.no		
Nettadresse	https://carteblanche.no/		
Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:			
(1000 kr)	2017	2018	2019
Sum driftsinntekter	40 065	41 259	41 673
Driftsresultat	357	-686	-229
Resultat etter skatt	476	-528	79
Totalkapitalrentabilitet	2 %	-2 %	0 %
Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld	22 %	6 %	13 %
Arbeidskapital i % av driftsinntekter	30 %	31 %	32 %
Eigenkapitalprosent	41 %	38 %	36 %

Økonomisk utvikling i tekst	<p>Av driftsinntektene på om lag 41,7 mill. kr utgjer offentlege tilskot om lag 39,8 mill. kr. I 2019 ga Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune om lag 5,9 mill. kr i tilskot kvar. Staten ved Kulturdepartementet gav 27,7 mill. kr.</p> <p>I 2019 blei det gjennomført investeringar og oppgradering av teknisk utstyr i tråd med selskapet sin prioriterte tekniske investeringsplan. Selskapet endar opp med eit overskot på 78 801 kr grunna høge renteinntekter. Overskotet overførast til fond for framtidig vedlikehald og investeringar.</p> <p>Langsiktig gjeld består av avsetjingar på om lag 9 mill. kr som gjeld ei etterlønsordning som skal gje dansarane ein overgang til eit anna yrkesforløp når dansekarrieren er over etter fylte 35 år. Støtte til overgangsordning for dansarar er inkludert i dei faste tilskota som er nemnt over. Lönsemada til selskapet er svak medan sjølvfinansieringa er på eit middels nivå. Arbeidskapital i % av driftsinntekter og eigenkapitalprosent er tilfredsstillande.</p>
Viktige hendingar	<p>2019: Styret har utarbeidd leiarlönserklæring som gjeld løn og anna godtgjersle til teatersjef og direktør. Godtgjersla til leiinga skal vere konkurransedyktig, men ikkje lønsleiane samanlikna med tilsvarande selskap. Godtgjersleordninga i selskapet bygger på staten sine retningslinjer for løn og anna godtgjersle i føretak og selskap med statleg eigardel (2015).</p> <p>Selskapet har også utarbeidd strategiplan for perioden 2019 - 2022.</p> <p>Inklusiv samproduksjonar med Mirte Bogaert, Nicola Gunn og BIT Teatergarasjen hadde kompaniet 92 førestillingar og publikumsarrangement i løpet av året. I tillegg har kompaniet gjennomført skuleførestillingar og internasjonale gjestespel.</p> <p>Totalt 10 140 publikummarar besøkte kompaniet sine førestillingar og publikumsarrangement i løpet av året. Inkludert samproduksjonar var samla publikumsbesøk 10 845.</p> <p>2020: Den pågående Covid-19 pandemien har hatt store konsekvensar for selskapet i 2020, med fleire kanselleringar. Selskapet har gjort det det kan for å tilpasse seg situasjonen.</p>
Viktige planar/utsikter for dei komande åra	<p>Det er planlagt tre nye produksjonar i 2020; to produksjonar med utanlandske koreografer og éin produksjon i samarbeid med Borealisfestivalen, koreografert av ein av kompaniet sine eigne dansarar.</p> <p>Carte Blanche arbeider kontinuerleg med å styrke det norske nettverket og utvikle tettare samarbeid med norske spelestadar gjennom langsiktige samarbeidsavtalar. I tillegg vert det arbeidd med å utvide repertoaret med mindre og meir fleksible produksjonar som kan visast på meir utradisjonelle spelestader, der kompaniet kan møte eit anna publikum. Selskapet arbeider også med prosjektidear for formidling over internett.</p> <p>Dei tre eigarane har sidan 2015 arbeidd for å tilrettelegge Sentralbadet som scenekunsthus for Carte Blanche og BIT Teatergarasjen. Staten har løyvd 230 mill. kr til prosjektet i 2017. Hordaland fylkeskommune har samla løyvd 105 mill. kr (5 mill. kr per år i 21 år), og Bergen kommune har vedteke å fullfinansiere investeringa på 615 mill. kr (med frådrag av staten si løyving og med fylkeskommunen sitt tilskot som føresetnad).</p>

	<p>Bergen kommune utgreier organisasjonsforma AS som framtidig driftsmodell for Sentralbadet Scenekunsthus, med Bergen kommune, Carte Blanche og BIT Teatergarasjen som eigarar. Selskapet vurderer også Vestland fylkeskommune som aktuell eigar av eit slikt AS.</p> <p>I 2012 fekk Hordaland fylkeskommune ansvaret for å oppnemne staten sine representantar i styret. Styret meiner at denne endringa ikkje er i tråd med staten sin eigarskapspolitikk, og har føreslege overfor generalforsamlinga at ordninga vert reversert. Generalforsamlinga legg opp til at selskapet skal opprette valnemnd før neste ordinære generalforsamling. Dette medfører at vedtekten må endrast.</p>
Mål med eigarskapen	Delta i kulturselskap, saman med til dømes kommunar, for å vere med på å styre selskapa i ønskja retning, i samsvar med fylkeskommunen sin kulturpolitikk.
Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstenleg	Fylkeskommunal eigarskap er i tråd med føremålskategoriene fylkesomfattande kulturselskap.
Tilråding	Vidareføre eigarskapen

Den Nationale Scene AS (DNS)

Føremål	Den Nationale Scene (DNS) skal skape samfunnsrelevant, engasjerande og vesentleg teater av høg kunstnarleg kvalitet til eit breitt publikum. I tråd med mandatet som nasjonalteater, skal DNS presentera eit mangfoldig program. Bidra til kunstnarleg utvikling, ivareta kulturarven og ha eit utbreitt samarbeid med andre aktørar.
Etablert	29.06.1962
Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel	<p>Aksjekapitalen er på kr 102 000 delt på 102 aksjar á kr 1000 kvar.</p> <p>Vestland fylkeskommune eig 16,67 % av aksjane (17 B-aksjar) og aksjeposten sin pålydande verdi er 17 000 kr. Andre aksjonærar er staten (66,67 % eigardel) og Bergen kommune (16,67 % eigardel).</p>
Forretningskontor	Bergen kommune
Rettslege rammer	Aksjelova
Rammer	Vedtekter
Samfunnsansvar og etikk	DNS er opptekne av teaterets betyding for inkludering, likestilling, dannning og demokratisk deltaking. Leiarlønserklæring vedteke 24.04.20.
Generalforsamling	<p>Det vart gjennomført generalforsamling den 25.05.20 (digital deltaking).</p> <p>Stian Jean Opdal Davies representerte Vestland fylkeskommune i generalforsamlinga, med fullmakt. I tillegg møtte fylkesdirektør for kultur, idrett og inkludering, Per Morten Ekerhovd.</p>
Val av styre	<p>Styret skal bestå av sju medlemer. Fem medlemer med to upersonlege varamedlemer i prioritert rekjkjefølgje, vert valde av A-aksjonären i generalforsamling.</p> <p>To medlemer med personleg varamedlemer - ikkje meir enn fire - vert valde av og blant selskapets faste tilsette og heilårsengasjerte</p>

	<p>personale. Av desse skal éin medlem veljast av og blant det kunstnarlege personalet, og éin av og blant personalet elles.</p> <p>Styreleiar skal veljast blant dei styremedlemer som er valde av A-aksjonæren.</p>		
Styresamansetning	<u>Styremedlemer:</u> Katrine Trovik (leiar) Dag Rune Olsen (nestleiar) Roy-Eddie Lie Anders Bjørnson Kjersti Berge Kristoffer Sagmo Aalberg (tilsette - kunstnerisk personale) Arne Kambestad (øvrige tilsette)		<u>Varamedlemer:</u> Magnus Thomassen Eira Vilde Martinsen Garrido <u>Vara kunstnerisk tilsette:</u> Kjersti Elvik Ragnhild Gudbrandsen <u>Vara øvrige tilsette:</u> Frode Prestegård Ole Friile
Styregodtgjersle og løn til dagleg leiar	Styreleiar: kr 117 000 per år. Nestleiar: kr 67 000 per år. Styremedlem: kr 51 900 per år. Varamedlem: kr 5 200 per møte. Samla styregodtgjersle i 2019: kr 491 000. Løn til dagleg leiar i 2019: kr 1 175 154, tilskot til buutgifter: kr 132 000, naturalytingar: kr 1 498.		
Fylkeskommunalt lån	Nei		
Revisor	EY		
Adresse	Engen 1, 5011 Bergen/ Postboks 78 Sentrum, 5803 Bergen		
Telefon/faks	55 54 97 00		
E-post	dns@dns.no		
Nettstad	www.dns.no		
Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:			
(1000 kr)	2017	2018	2019
Sum driftsinntekter	148 635	163 478	184 966
Driftsresultat	2 115	4 450	2 299
Resultat etter skatt	2 393	4 776	2 702
Totalkapitalrentabilitet	3 %	6 %	3 %
Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld	430 %	6 054 %	-
Arbeidskapital i % av driftsinntekter	11 %	11 %	8 %
Eigenkapitalprosent	54 %	55 %	57 %
Økonomisk utvikling i tekst	Av selskapet sine driftsinntekter på om lag 185 mill. kr, utgjer om lag 125 mill. kr statstilskot og om lag 25,4 mill. kr er andre tilskot og gåver. Av		

	<p>andre tilskot og gåver utgjer 24 mill. kr tilskot frå Kulturdepartementet til rehabilitering av tak og fasadar.</p> <p>Stortinget har vedteke eit investeringstilskot på 101 mill. kr til rehabilitering av tak og fasader ved Den Nationale Scene. Per 31.12.19 er det overført 27,2 mill. kr og prosjektet har ei bokført fordring mot Kulturdepartementet på om lag 5,8 mill. kr.</p> <p>I 2019 har det vore ein regelendring i NRS-berekning av offentleg tenestepensjon som har resultert i ein gevinst på 4,1 mill. kr for selskapet. Gevisten er tilført eigenkapitalen.</p> <p>Øyremerka tilskot og gåver er inntektsført tilsvarende bruk av midlane, og tilskot og gåver som ikkje er brukt er balanseført som forskotsbetalt inntekt under kortsiktig gjeld. Av den samla gjelda på om lag 40 mill. kr utgjer tilskot og gåver om lag 5,5 mil. kr. Selskapet har svak lønsemdu medan arbeidskapital i % av driftsinntekter er på eit middels nivå. Eigenkapitalprosenten på 57 er tilfredsstillande.</p>
Viktige hendingar	<p>I 2019 produserte DNS 27 ulike førestillingar. I tillegg kjem gjestespel, turnéar og formidlingsaktivitetar. Totalt tal publikummarar er 170 115, eit rekordhøgt tal. Den store auken kjem i hovudsak frå populære barneførestillingar og større turnèverksemd. Førestillingane har fått gjennomgående god respons frå publikum og presse.</p> <p>Viktige satsingar i 2019 har vore å lage nyskapande og storslagne barneførestillingar, lage nye teaterstykke med forankring i Bergen si historie og generelt fremje ny dramatikk. Repertoaret 2019 presenterte 8 urpremierar og 3 norgespremierar. Blant desse kan førestillingane "Skipet de Zee Ploeg", "Peer Gynt DUB" og "Sørsiden" nemnast. Den største satsinga i DNS si historie på ei familieførestilling var "Wendy Peter Pan", som hadde over 22 000 publikummarar.</p> <p>Det vart i mai 2019 oppnemnd nytt styre for DNS for perioden 2019-2023. Katrine Trovik overtok etter Siren Sundland som styreleiar.</p>
Viktige planar/utsikter for dei komande åra	<p>DNS arbeidar kontinuerleg for å senke tersklane for å oppsøke teateret og gjere teateropplevingar tilgjengeleg for folk flest. I tråd med dei overordna nasjonale måla for kulturpolitikken, skal det rettast særleg merksemd mot å inkludere samfunnsgrupper som er underrepresenterte i kulturlivet.</p> <p>Agnete Haaland har vore teatersjef i to åremålsperiodar ved DNS og 2019 var hennar siste år. Stefan Larsson er tilsett som teatersjef for perioden 2020-2024.</p> <p>Det vert arbeidd med vedlikehald av hovudbygningen på Engen 1. Huset ber preg av vedlikehaldsetterslep og plassmangel, og har vore ei utfordring for utviklinga av teaterdrifta. Arbeidet er venta slutført i 2020.</p> <p>DNS har engasjert seg sterkt i debatten om den kulturpolitiske regionreforma. Regjeringa har no skrinlagt framleggjett om å flytte sentrale delar av kulturpolitikken frå stat til fylkesnivå.</p>
Mål med eigarskapen	Delta i kulturselskap, saman med til dømes kommunar, for å vere med på å styre selskapa i ønskja retning, i samsvar med fylkeskommunen sin kulturpolitikk.
Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstøytenleg?	Eigarskapen er i tråd med føremålskategorien fylkesomfattande kulturselskap.
Tilråding	Vidareføre eigarskapen

Det Vestnorske Teateret AS

Føremål	Det Vestnorske Teateret er eit aksjeselskap som har til føremål å driva profesjonell og allsidig teaterverksemd i Vestland. Teateret skal ha eit særleg ansvar for å skapa framsyningar for barn og unge. Teateret skal først og fremst spela på nynorsk og dialekt. Teateret skal arbeida for å få fram ny dramatikk.	
Etablert	25.11.1985	
Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel	<p>Aksjekapitalen er på kr. 100.000 kr delt på 400 aksjar på 250 kr kvar og utskrivne på namn.</p> <p>Fylkeskommunen eig 240 lutar/aksjer (60 % eigardel)</p> <p>Andre eigarar er Vestlandske teatersenter (80 lutar), Folkeakademiet Hordaland (20 lutar), Hordaland ungdomslag (20 lutar), Hordaland mållag (20 lutar) og Voksenopplæringsforbundet (20 lutar)</p>	
Forretningskontor	Bergen kommune	
Rettslege rammer	Aksjelova	
Rammer	Vedtekten, sist endra 25.04.2019	
Samfunnsansvar og etikk		
Generalforsamling	Stian Jean Opedal Davies deltok som eigarrepresentant (med fullmakt) på generalforsamlinga i selskapet 16.06.20. Seksjonssjef for kunst og kulturutvikling, Ronny Bjørnar Skaar, var også til stades.	
Valnemnd	<p>Selskapet skal ha ein valnemnd med fire medlemer, der to vert oppnemnd av Vestland Fylkeskommune, ein vert oppnemnd av dei øvrige luteigarar og ein medlem vert oppnemnd av dei tilsette. Vestland Fylkeskommune oppnemner leiaren. Funksjonstida for medlemene er tre år.</p> <p>Valnemnda er samansett slik:</p> <ul style="list-style-type: none"> Aleksander Øren Heen (leiar, VLFK) Silja Ekeland Bjørkly (VLFK) Ingvild Kivijärvi Hals (andre eigarar) Evy Fischer (tilsetterep) 	
Val av styre	<p>Selskapet har eit styre på seks medlemer med varamedlemer valde for fire år om gongen. Maksimal funksjonstid for styremedlem er åtte år.</p> <p>Generalforsamlinga nemner opp:</p> <ul style="list-style-type: none"> - 4 styremedlemer, inklusiv leiar- og to varamedlemer, etter framlegg frå Vestland Fylkeskommune. - 1 styremedlem med varamedlem som representant for dei andre eigarane. - 1 styremedlem med varamedlem som representant for dei fast tilsette ved Det Vestnorske Teateret. 	
Styresamansetning	<p>Styremedlem:</p> <ul style="list-style-type: none"> Pål W. Lorentzen (leiar) Ragnhild Stolt-Nielsen (VLFK) Rasmus Laupsa Rasmussen (VLFK) Gunn Åmdal Mongstad (VLFK) 	<p>Varamedlem:</p> <ul style="list-style-type: none"> Mona Høgli (VLFK) Einar Jacobsen (VLFK) Torgeir Toppe (Andre eigarar) Evy Fischer (tilsette)

	Vivian Midtsveen (andre eigarar) Solfrid Glesnes (tilsette)		
Styregodtgjersle og løn til dagleg leiar	<p>Generalforsamlinga har vedteke følgjande satsar for godtgjersle (vidareføring av satsane vedtekne i 2016):</p> <p>Styreleiar: 52 000 kr årleg og 1200 kr per møte Nestleiar: 26 000 kr årleg og 1200 kr per møte Styremedlem: 1200 kr per møte I tillegg får medlemene dekt reisegodtgjersle og betalt per time for tapt arbeidsforteneste.</p> <p>Samla styregodtgjersle for 2019: 108 000 kr.</p> <p>Dagleg leiar/teatersjef: Løn: kr 950 343, Pensjonsutgifter: kr 12 811, anna godtgjersle: 5 480</p>		
Fylkeskommunalt lån	Nei, men fylkeskommunen garanterer med sjølvskuldnerausjon for lån til nybygg, jf. fylkestingssak PS 44/2020. Det maksimale garantibeløpet, 77 mill. kr, vert redusert i takt med nedbetaling av lånet. Garantien gjeld fra vedtakstidspunktet og ut 2042.		
Revisor	Forum revisjon AS		
Adresse	Teatergaten 35, 5010 Bergen		
Telefon/faks	55 22 20 20		
E-post	Direktør Atle Marøen: atle@detvestnorsketeateret.no		
Nettadresse	www.detvestnorsketeateret.no		
Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:			
(1000 kr)	2017	2018	2019
Sum driftsinntekter	21 623	30 337	33 554
Driftsresultat	863	2 879	-465
Resultat etter skatt	922	2 933	-360
Totalkapitalrentabilitet	7 %	15 %	-1 %
Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld	26 %	45 %	4 %
Arbeidskapital i % av driftsinntekter	2 %	13 %	18 %
Eigenkapitalprosent	27 %	30 %	23 %
Økonomisk utvikling i tekst	<p>Totale tilskot i 2019 er 24,9 mill. kr. Av dette har Hordaland fylkeskommune gjeve tilskot på 7,8 mill. kr.</p> <p>Det Vestnorske Teateret har fått auka løyingar dei seinare åra for å finansiere flyttinga til sentrum og nybygget. Styret har vedteke å trekke dei auka tildelingane til Logenprosjektet ut av resultatrekneskapen og balanseføre midlane som langsiglig gjeld.</p>		

	<p>Av driftsinntektene på 33,6 mill. kr utgjer om lag 20,9 mill. kr tilskot i 2019. Av dette er 7,6 mill. kr frå Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune og om lag 13,3 mill. kr i tilskot frå Kulturdepartementet.</p> <p>Selskapet har eit negativt årsresultat på 359 932 kr. Selskapet har svak lønsemd og sjølvfinansiering, medan arbeidskapital i % av driftsinntekter og eigenkapitalprosenten er tilfredsstillande.</p>
Viktige hendingar	<p>I oktober 2019 endra selskapet namn frå Hordaland teater AS til Det Vestnorske Teateret AS. Namnet signaliserer at teateret står i ein vestnorsk kulturtradisjon, som ikkje berre er geografisk, men og kulturelt grunnfesta i lynne, språk og dramatisk natur.</p> <p>Selskapet har hatt god publikumsutvikling i 2019 med til saman 43 867 publikumsbesøkande. Teateret har auka repertoaret sitt, har innleia fleire samarbeid og reist ut i regionen. Selskapet har lukkast med å gje produksjonane lengre levetid og har utvida kontaktfilata med samfunnet ved å treffe publikum heime på Logen, i naust, bedehus, kulturhus, kyrkjer, barnehagar og klasserom. Omlegging frå eit teater som hovudsakeleg spelte for barn og unge og på turné, til ei fast scene, har vore krevjande.</p> <p>Teateret har hatt seks produksjonar i 2019, der fire var eigne: <i>Heim del 2</i> med 10 vestlandsforfattarar, <i>Svar på brev frå Helga</i> av Bergsveinn Birgisson, <i>Morgon og kveld</i> av Jon Fosse og <i>Gubben og Katten får julebesøk</i> av Sven Nordqvist.</p> <p>Tre samproduksjonar med andre teater: <i>Raskolnikov</i> (Brot og straff) saman med Det Norske Teatret, <i>2010 - Lollywood</i> med Statsteatret og <i>Min venn fascisten</i> med Teater Ibsen.</p> <p><i>Babettes Gjestebod</i> av Karen Blixen har vore på turné i Sogn og Fjordane og Hordaland. Det same har <i>Oppdrag Motto</i> av og med Linda Eide. <i>Morgon og kveld</i> med Stig Amdam og <i>Gubben og Katten får julebesøk</i> med Oda Alisøy og Lykke Kristine Moen har vore på turné i Hordaland. Samproduksjonen <i>Engelen frå Kobane</i> har turnert i regi av Sogn og Fjordane Teater (no Teater Vestland)</p>
Viktige planar/utsikter for dei komande åra	<p>Den pågåande Covid-19-pandemien har hatt store konsekvensar for teateret i 2020, med fleire kanselleringar. Teateret har gjort det dei kan for å tilpasse seg situasjonen, og tilsette har vore permittere i ein periode.</p> <p>Selskapet har vore gjennom ein lang prosess med å få godkjent ei utviding av bygget på Øvre Ole Bulls Plass slik at det kan bli eit tenleg teaterhus. Endeleg innflytting i verkstad og prøvesal er sett til våren 2023.</p> <p>Frå og med 2. halvår 2018 har teateret teke over drifta av barane. Drifta byr på utfordringar økonomisk, og selskapet vil løpende vurdere korleis ein skal få denne delen av verksemda til å gå i balanse.</p>
Mål med eigarskapen	Delta i kulturselskap, saman med til dømes kommunar, for å vere med på å styre selskapa i ønskja retning, i samsvar med fylkeskommunen sin kulturpolitikk. Fylkeskommunen har interesse av at nynorsk vert nytta som teaterspråk.
Er vidareføring av fylkeskommunal	Eigarskapen er i tråd med føremålskategorien fylkesomfattande kulturselskap.

eigarskap føremålstenleg?	
Tilråding	Vidareføre eigarskapen

Moster Amfi og kyrkjehistorisk senter AS

Føremål	Selskapet sitt hovedføremål er legge til rette for formidling av kyrkjelege og kulturelle verdiar, m.a. ideell verksemd knytt til: <ul style="list-style-type: none"> - Bygningar og anlegg - Kyrkjehistorie, pedagogikk/forskinsformidling - Kulturformidling/scenekunst - Moster Amfi som reisemål 	
Etablert	08.03.2002	
Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel	Aksjekapitalen er på kr 100 000 Fylkeskommunen eig 50% av aksjane. Bømlo kommune eig resten av aksjane.	
Forretningskontor	Bømlo kommune	
Rettslege rammer	Aksjelova, offentleglova, regelverket om offentleg innkjøp	
Rammer	Vedtekter/statuttar	
Samfunnsansvar og etikk	Selskapet sine verdiar er: I tida, synleg, folkeleg og rotfesta.	
Generalforsamling	Fylkesordførar Jon Askeland møtte som eigarrepresentant for fylkeskommunen på generalforsamlinga 22.04.20 (gjennomført digitalt). I etterkant av generalforsamlinga vart det gjennomført eigarmøte med tema: Moster Amfi mot 2030.	
Val av styre		
Styresamansetning	Styremedlemer: Solfrid Sønstabø Stavland Gro Jensen Gjerde Arild Steinsland Frode Urangsæter Sigbjørn Framnes (VLFK)	Varamedlemer: Grethe Sivertsen Aksel Lygre Heidi Nimoson Jarle Jacobsen (VLFK)
Styregodtgjersle og løn til dagleg leiar	Følgjande satsar vart vedtekte på generalforsamlinga i 2020: Styremedlem: 15 000 kr per år Varamedlem: 1500 kr per møte Løn til dagleg leiar i 2019: 581 855 kr. Anna godtgjersle: 4392 kr	
Fylkeskommunalt lån	Nei	
Revisor	KPMG AS	
Adresse	Tora Mostrastongs veg 2, 5440 Mosterhamn	
Telefon/faks	53 42 66 20	
E-post	post@mosteramfi.no	
Nettadresse	www.mosteramfi.no	

Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:			
(1000 kr)	2017	2018	2019
Sum driftsinntekter	3 101	3 172	3 510
Driftsresultat	-432	-259	-88
Resultat etter skatt	-486	-310	-155
Totalkapitalrentabilitet	-6 %	-4 %	-2 %
Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld	-7 %	-2 %	3 %
Arbeidskapital i % av driftsinntekter	-21 %	-23 %	-11 %
Eigenkapitalprosent	31 %	32 %	28 %
Økonomisk utvikling i tekst	<p>Selskapet har motteke om lag 2 mill. kr i driftstilskot. 1,040 mill. kr er frå Hordaland fylkeskommune og 947 000 kr er frå Bømlo kommune. Desse tilskota skal dekkje selskapet sine årlege driftskostnader.</p> <p>Det vart gjennomført reinskning av fjellveggen i 2019 der selskapet tok konsulent- og prosjektkostnadane medan Bømlo kommune og Hordaland fylkeskommune dekkja kostnaden for sjølve reinskninga.</p> <p>Selskapet får eit underskot på 155 226 som blir ført mot eigenkapitalen.</p> <p>Lånet til selskapet vart auka med 750 000 kr i 2019 grunna kostnader knytt til mellom anna fjellreinskninga og vedlikehald. Lønsemda saman med sjølvfinansieringa og arbeidskapital i % av driftsinntektene er svak i selskapet, men eigenkapitalprosenten er tilfredsstillande.</p>		
Viktige hendingar	<p>Moster Amfi er eit kyrkjhistorisk senter som formidlar religionshistoria på Moster. Senteret har søkelys på kristninga av Noreg og kristenrett som vart fastsett på Moster, og korleis brytingstida mellom norrøn og kristen tru sette sitt preg på menneske og kvardagen. Moster Amfi formidlar også kunnskap om bergverksdrifta på Bømlo, utstillinga Steinriket Bømlo, teater, musikalar, kunst og musikk, og har bygningar og anlegg til bruk for selskap og møteverksemd.</p> <p>2019 har vore eit spennande og travelt år for selskapet med omvisingar, utstillingar, intimkonserter, amfitimen, geologiseminar, opplevingsdagar, selskapsarrangement, møte og bedriftsbesøk. Programmet har vore variert, og retta mot ulike målgrupper. Bømlo Teater hadde framsyning av sogespelet «I slik ei natt». Totalt er det registret 8138 besøkande i 2019.</p> <p>I 2019 vart Moster Amfi geoparkportal for Geopark Sunnhordland med offisiell opning 20.september, og i oktober tilsette selskapet to kulturmedarbeidarar i prosjektstilling i (40 % kvar).</p> <p>Anlegget ber preg av at det er frå 1995, og etter fleire meldingar om usikkert fjell i løpet av 2018, er det gjennomført reinskning av fjellveggen i amfiet.</p>		
Viktige planar/utsikter for dei komande åra	Selskapet arbeider vidare med planane for ei riksmarkering av 1000 års jubileet for Kristenretten på Moster i 2024, og ser fram til eit tett og		

	<p>konstruktivt samarbeid med Moster 2024 AS - eit eige selskap som skal ta seg av gjennomføringa av jubileet.</p> <p>Moster Amfi vil fram mot 2024 planlegge mange arrangement som er retta mot born og unge med tema som kan knyttast opp mot 2024. Moster Amfi ønsker framleis å vera ein arena der born og unge kan få uttrykke seg kunstnerisk og vil halde fram med, og vidareutvikle dei mange samarbeida selskapet allereie har.</p> <p>Selskapet vil halda fram arbeidet for å ruste senteret mot riksjubileet og har prioritert oppgradering og modernisering av eksisterande anlegg i første omgang. Selskapet vil jobbe vidare med å skaffe offentleg finansiering.</p> <p>For selskapet er det viktig å tenke i eit 10-års perspektiv fram mot 2030. Korleis skal Moster Amfi og områda rundt framstå som opplevelingscenter og arena i 2030 og kva kan Moster Amfi og områda rundt tilby for heile regionen som ikkje er her frå før?</p> <p>Selskapet er representert i klynga for Geopark Sunnhordland og ser eit stort utviklingspotensial framover. Selskapet jobbar for at parken skal få verdsarv-status.</p>
Mål med eigarskapen	Delta i kulturselskap, saman med til dømes kommunar, for å vere med på å styre selskapet i ønskja retning, i samsvar med fylkeskommunen sin kulturpolitikk. Fylkeskommunen sitt føremål med eigarskapen er å bidra til å ta vare på dei historiske bygningane og aktivitetene i Moster Amfi ut frå eit kulturhistorisk perspektiv. Moster Amfi sitt kulturpolitiske arbeid er å formidle tidleg kyrkjehistorie i Noreg, legge til rette for kulturaktivitetar og arbeide mot å vere eit attraktivt regionalt, nasjonalt og internasjonalt reisemål.
Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstenleg?	Fylkeskommunen sitt mål med eigarskapen er framleis aktuelt.
Tilråding	Vidareføre eigarskapen

Moster 2024 AS

Føremål	Selskapet si verksemd er å planlegge og fullføre eit riksjubileum for å markere at det i 2024 er 1000 år sidan Kristenretten vart vedteken på Mostratinget. Temaet for jubileet skal vere verdiar i lovverk og samfunn, og barn og unge skal prioriterast særleg ved markeringa. Selskapet har ikkje profitt som føremål, og eventuelt overskot skal nyttast i tråd med selskapet si verksemd.
Etablert	19.10.20
Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel	Aksjekapitalen i selskapet er 200 000 kr og er delt på 2 aksjar à 100 000 kr. Vestland fylkeskommune og Bømlo kommune eig éi aksje kvar.
Forretningskontor	Bømlo kommune
Rettslege rammer	
Rammer	Vedtekene av 19.10.20

Samfunnsansvar og etikk			
Generalforsamling			
Valkomité	<p>Selskapet skal ha ein valkomité samansett av tre medlemer. Valkomiteen sine medlemer, inklusiv valkomiteen sin leiar, vert valde av generalforsamlinga for to år om gongen. I tillegg til å innstille styremedlemer, skal valkomiteen gje innstilling om styregodtgjersle. Generalforsamlinga fastset godtgjersle for medlemene av valkomiteen. Generalforsamlinga skal vedta ein eigen instruks for valkomiteen.</p> <p>Vestland fylkeskommune har peikt ut Jarle Jacobsen som medlem og Svein Halleraker som varamedlem av valkomiteen.</p>		
Val av styre	<p>Selskapet skal ha eit styre på 3 til 7 medlemer etter generalforsamlinga si avgjerd. Styret vert valt etter innstilling frå valkomiteen. Selskapet skal ha eit breitt samansett styre, som i tillegg til representantar frå eigarane skal ha styremedlemer med kompetanse frå kultur og næringsliv.</p>		
Styresamansettning	<p><u>Medlemer (interimstyre fram til gjennomføring av generalforsamling):</u> Bjørn Håvard Bjørklund (leiar) Vanja Espeland Per Morten Ekerhovd</p>		
Styregodtgjersle og løn til dagleg leiar			
Fylkeskommunalt lån			
Revisor	Deloitte AS		
Adresse	Moster 2024 AS, Tora Mostrastongs veg 2, 5440 Mosterhamn		
Telefon	90 90 23 26		
E-post	post@moster2024.no		
Nettadresse			
Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:			
(1000 kr)	2017	2018	2019
Sum driftsinntekter			
Driftsresultat			
Resultat etter skatt			
Totalkapitalrentabilitet			
Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld			
Arbeidskapital i % av driftsinntekter			
Eigenkapitalprosent			

Økonomisk utvikling i tekst	
Viktige hendingar	<p>Fylkestinget gjorde vedtak om oppretting av selskapet den 03.03.20, PS 7/2020. Fylkestinget gjorde seinare, den 29.09.20, PS 103/2020, nytt vedtak om oppretting, på bakgrunn av oppdaterte stiftingsdokument, inkludert vedtekter, instruks for valkomité og aksjonæravtale.</p> <p>Selskapet vart etablert 19.10.20.</p>
Viktige planar/utsikter for dei komande åra	<p>Selskapet si verksemid er å planlegge og fullføre eit riksjubileum for å markere at det i 2024 er 1000 år sidan Kristenretten vart vedteken på Mostratinget. Temaet for jubileet skal vere verdiar i lovverk og samfunn, og barn og unge skal prioriterast særleg ved markeringa.</p> <p>Eigarane skal gje årlege løyvingar til selskapet. Det er lagt til grunn ei opptrapping fram mot 2024 med årlege avklaringar i kommune og fylkeskommune. Samla basiskostnad for perioden 2019-2024 er estimert til omlag 9 mill. kr. Basiskostnad vil seie prosjektleiing, planlegging og administrasjon, med gradvis opptrapping av aktivitetene. Tiltakskostnadane, estimert til 11 mill. kr for same periode, er knytt til innhald; markeringar, arrangement, jubileumsfest, bøker og læremiddel. Ei eventuell utbygging av anlegget/ei utstilling i Moster Amfi, er ikkje teke med i tiltaksbudsjettet.</p> <p>Det er lagt opp til ei kostnadsdeling der Vestland fylkeskommune og Bømlo kommune bidreg med fem mill. kr kvar, vidare at staten bidreg med 10 mill. kr.</p> <p>Fylkestinget i Hordaland fylkeskommune har tidlegare gjort vedtak om eit eingongstilskot på 3,15 mill. kr, sjå PS 58/2019, frå avsette fondsmidlar. Den 03.03.20, PS 7/2020, vedtok Vestland fylkesting at det vil kome tilbake til bruken av dei resterande midlane etter dette eingongstilskotet.</p>
Mål med eigarskapen	Delta i kulturselskap, saman med til dømes kommunar, for å vere med på å styre selskapa i ønskja retning, i samsvar med fylkeskommunen sin kulturpolitikk.
Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstenleg?	<p>Hovudargumenta for å opprette eit eige AS med ideelt føremål om å planlegge og gjennomføre jubileet har vore handtering av risiko - særleg knytt til økonomi, styring, avvikling, og erfaringar frå andre relevante jubileum og markeringar.</p> <p>Aksjeselskapet skal avviklast etter at alle arrangement er gjennomført og rapportar leverte.</p>
Tilråding	Vidareføre eigarskapen.

Norsk Fjordhestsenter AS

Føremål	<p>Norsk Fjordhestsenter AS har til føremål å fremje fjordhesten som nasjonal rase ved å gjennomføre nasjonale mål og strategiar innan avl og bruk for fjordhesten. Selskapet skal arbeide aktivt for å få finansiert oppgåver knytt til dette målet, slik at senteret kan framstå med det største og beste kompetansemiljøet for fjordhest, og ha eit moderne, nasjonalt ride- og køyreportsanlegg.</p> <p>Norsk Fjordhestsenter AS skal vere samlingspunktet for fjordhestfolket.</p>
Etablert	21.10.1989.

Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel	Selskapet sin totale aksjekapital er på 4 100 000 og er fordelt på to aksjeklassar slik: A-aksjar (med stemmerett): 20 aksjar à 5000 kroner, totalt 100 000 kroner. B-aksjar (utan stemmerett): 800 aksjar à 5000 kroner, totalt 4 000 000 kroner. Fylkeskommunen sin eigardel: A-aksjar: 30 % av aksjane. Pålydande verdi: 30 000 kroner. B-aksjar: 33 % av aksjane. Pålydande verdi: 1 330 000 kroner. Aksjane kan overdragast med samtykke frå styret, men slik at Stad kommune og fylkeskommunen alltid har like mange A-aksjar kvar.	
Forretningskontor	Stad kommune	
Rettslege rammer	Aksjelova	
Rammer	Vedtekter, sist endra 02.07.20.	
Samfunnsansvar og etikk	Arbeidstid og løn er rettferdig fordelt mellom kjønna, og personalpolitikken er kjønnsnøytral på alle område. Selskapet forureinar i liten grad det ytre miljø.	
Generalforsamling	Det vart gjennomført generalforsamling for selskapet 02.07.20 (fysisk). Fylkesordførar Jon Askeland representerte Vestland fylkeskommune på generalforsamlinga.	
Val av styre	Styret skal ha tre til fem styremedlemer. Kvar aksjeeigar innstiller ein medlem (med varamedlem), med to års funksjonstid. Eventuelt fleire medlemmar må veljast samrøystes av generalforsamlinga.	
Styresamansetning	Styremedlemer: Eli Førde Aarskog (leiar) Janne Seilen (nestleiar) Jørgen Langeland Hanne Fjerdingby Olsen Vidar Heggheim	Varomedlemer: Lars Svein Drabløs Arne Presthus Sigurd Reksnes Nils Ivar Dolvik
Styregodtgjersle og løn til dagleg leiar	Styreleiar: 25 000 kr per år. Styremedlemer: 2 000 kr per møte. Samla styregodtgjersle i 2019: 58 000 kr. Løn dagleg leiar i 2019: 589 716 kr. Anna godtgjersle: 6 289 kr.	
Fylkeskommunalt lån	Nei.	
Revisor	Hovden & Vatne Statsautoriserte Revisorar AS.	
Adresse	6770 Nordfjordeid.	
Telefon/faks	57 86 48 00 / 57 86 48 01	
E-post	post@norsk-fjordhestsenter.no	
Nettstad	www.norsk-fjordhestsenter.no	

Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:			
(1000 kr)	2017	2018	2019
Sum driftsinntekter	5 632	5 206	5 585
Driftsresultat	42	25	114
Resultat etter skatt	-37	-39	43
Totalkapitalrentabilitet	1 %	1 %	2 %
Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld	15 %	17 %	27 %
Arbeidskapital i % av driftsinntekter	2 %	1 %	-1 %
Eigenkapitalprosent:	62 %	65 %	65 %
Økonomisk utvikling i tekst	<p>Av driftsinntektene på 5,6 mill. kr, så utgjer 2,9 mill. kr tilskot der 2,5 mill. kr er tilskot for bevaringsarbeid for dei nasjonale hesterasane frå Landbruks- og matdepartementet. Resten av driftsinntektene er eigeninntekter knytt til mellom anna oppstalling og utleige til Fjordane folkehøgskule, som har si undervisning på kompetansesenteret. Rekneskapen syner eit overskot på 42 802 kr som blir ført mot eigenkapitalen.</p> <p>Vedlikehald av senteret har vore på eit minimum over fleire år som gjer at anlegget er nedslite. Styret har arbeidd med ein ny strategi der dei utfordrar eigarane på å få til fornying av senteret, og dei førebelse estimerte kostnadene for vedlikehald, oppgradert inngangsparti med kontor, kantine, garderober og resepsjon, opprusting av inntunet, nye hytter og bobiloppstilling og opprusting av uteområdet, er 17 mill. kr.</p> <p>Eigenkapitalprosenten er tilfredsstillande og på nivå med fjaråret. Totalkapitalrentabiliteten er svak, medan sjølvfinansieringa til selskapet er god.</p>		
Viktige hendingar	<p>Selskapet er lærebedrift og auka hausten 2019 opp frå ein til to lærlingar. Det er oppretta ei ny stilling som aktivitetsansvarleg ved senteret og Marita Melheim vart tilsett frå oktober 2019.</p> <p>Norsk Fjordhestsenter har sekretariatfunksjon for Fjord Horse International og fører rekneskapen. I tillegg til reine sekretariatoppgåver har Norsk Fjordhestsenter leia arbeidsgruppe for å utvikle internasjonalt register for fjordhest. Som ein del av dette arbeidet vart det arrangert ein internasjonal konferanse for fjordhestorganisasjonar i Brussel i juni 2019.</p> <p>Fjordhestsenteret har m.a. vore ein av arrangørane for Hingsteutstillinga på Nordfjordeid i mai 2019, arrangert samling for fjordhestdommarar, vore sekretariat for Fokus Unghest og samarbeidd med dei nasjonale hestesentera.</p> <p>Norsk Fjordhestsenter er godkjent avlsstasjon og har våren 2020 hatt to hingstar tilgjengeleg for semin.</p> <p>Selskapet endra sine vedtekter på generalforsamlinga i 2020. I vedtekten er namn på eigarane oppdatert etter kommune- og</p>		

	<p>fylkessamanslåinga og det kjem tydelegare fram i føremålsparagrafen at selskapet også har idrettsføremål.</p> <p>Som følgje av Covid-19-pandemien har aktiviteten våren 2020 vore på eit minimum. Selskapet er opptekne av å ta vare på hestar og tilsette på ein god måte og sikre at selskapet får løyst sine oppgåver. Med god kostnadskontroll vil selskapet tilpasse aktivets- og kostnadsnivået til dei eigeninntektene dei får.</p>
Viktige planar/utsikter for dei komande åra	<p>Det er ei stor utfordring for selskapet at anlegget er nedslite. Styret har arbeidd med ny strategi som skal sikre ei framtid der senteret er noko meir for lokalsamfunn og fjordhestfolket, som også inneberer eit omfattande vedlikehaldsarbeid av anlegget. Som ledd i dette har selskapet fått utarbeidd status og kalkyle for vedlikehald og utbetringar.</p> <p>Senteret har sidan hausten 2019 arbeidd med forprosjekt for heile arealet, og kostnaden med aktuelle tiltak er venta å bli 52 mill. kr. Forprosjektet var ferdig våren 2020 og vart lagt fram for eigarane på generalforsamlinga. Selskapet jobbar no vidare med finansieringsmodell for vedlikehaldsarbeidet.</p>
Mål med eigarskapen	<p>Delta i kulturselskap, saman med til dømes kommunar, for å vere med på å styre selskapet i ønskja retning, i samsvar med fylkeskommunen sin kulturpolitikk. Bakgrunnen for eigarskapen er at eigedommen Haugen i 1989 vart overdregen til Eid kommune, Sogn og Fjordane fylkeskommune og Noregs Fjordhestlag.</p>
Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstøyleg	<p>Sogn og Fjordane fylkeskommune har tidlegare forsøkt å selje aksjane i selskapet utan hell. Alt ved handsaming av Eigarmelding 2008 gjorde fylkestinget i Sogn og Fjordane vedtak om at ein «skulle vurdere å gå i forhandlingar med Eid kommune og Norsk Fjordhestlag om moglegheit for sal/avvikling av eigarskapen. Dei to andre aksjonærane var først positive til å kjøpe aksjane. Fylkeskommunen fekk likevel ikkje selt aksjane, og fylkestinget vedtok i sak 46/12 å vidareføre eigarskapen inntil vidare.</p> <p>Under handsaming av Eigarmelding 2014, sak 33/14, vedtok fylkestinget i Sogn og Fjordane å starte ein prosess for avvikling av eigarskapen. Det viste seg at ingen av dei andre aksjonærane var interesserte i å kjøpe fylkeskommunen sine aksjar i selskapet. Sidan vedtekten ikkje opnar for å dele ut utbyte, er det vanskeleg å tenkje seg andre kjøparar enn dei to medeigarane. Forbodet i vedtekten mot utbyteutdeling kan dessutan få vesentleg innverknad på verdsetjinga av fylkeskommunen sin aksjepost.</p> <p>Under handsaming av Eigarmelding 2018, sak 38/18, vedtok fylkestinget i Sogn og Fjordane å vidareføre eigarskapen i selskapet.</p> <p>Selskapet har no utarbeidd ein ny strategi, og vil utfordre eigarane til å bidra økonomisk til fornying av senteret.</p> <p>Fjordhesten er ein særmerkt hesterase med sterk kulturhistorisk tilknyting til Vestlandet. Det kan derfor argumenterast for at Vestland fylkeskommune har eit ansvar for å forvalte denne historia og medverke til skjøtsel av rasen. Fjordhesten er ein av tre norske hesterasar, og gjennom eigarskapen til Norsk Fjordhestsenter kan Vestland fylkeskommune bidra til å halde bestanden oppe, og på sikt auke talet fjordhestar i Noreg.</p>
Tilråding	Vidareføre eigarskapen.

Teater Vestland AS (tidlegare Sogn og Fjordane Teater LL)

Føremål	Føremålet med selskapet er å drive teaterverksemد i Vestland fylke. Teateret kan også spele i andre fylke som ledd i utvekslingsprogram med andre teater. Teateret skal nyte nynorsk målform eller nynorske målføre. Teateret går inn som ein naturleg del av fylket sitt samla kulturtild. Det skal søkje å fremje amatørteaterarbeidet i fylket.	
Etablert	13.11.1979	
Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel	Aksjekapitalen er 100 000 kr fordelt på 10 aksjar à 10 000 kr. Vestland fylkeskommune eig 80 % av aksjane og aksjeposten sin pålydande verdi er 80 000 kr. Sunnfjord kommune eig dei resterande 20 % av aksjane.	
Forretningskontor	Sunnfjord kommune.	
Rettslege rammer	Aksjelova.	
Rammer	Vedtekten av 13.11.1979, sist revidert 21. juni 2016. Strategiplan, vedteke i 2014.	
Samfunnsansvar og etikk	Teateret har som mål å ikkje ureine det ytre miljøet og har i 2019 delteke i Norsk Teater og Orkesterforeining sitt arbeid for å etablere eit «grønt veikart for kultur», ei satsing på å utvikle metodar for å gjere kunst og kulturinstitusjonar meir miljøbevisste. Strategiplanen omtalar personalpolitikk, miljø, verdigrunnnlag o.l.	
Generalforsamling	Det vart gjennomført generalforsamling i selskapet 11.06.2020 (både fysisk og digital deltaking). Stian Jean Opedal Davis representerte Vestland fylkeskommune på generalforsamlinga, med fullmakt. I tillegg møtte fylkesdirektør Per Morten Ekerhovd og seksjonssjef for kunst- og kulturutvikling, Ronny Bjørnar Skaar.	
Val av styre	Styret skal ha fem medlemer. Av desse skal tre veljast etter framlegg frå fylkeskommunen, ein frå Sunnfjord kommune og ein frå dei faste tilsette. For styremedlemer valde etter forslag frå fylkeskommunen og Teater Vestland, skal det veljast varamedlemer i rekjkjefølgje. Styremedlemer frå kommunen har personleg varamedlem. I tillegg til ein styremedlem, skal det veljast tre varamedlemer i rekjkjefølgje frå dei tilsette. Første vara møter fast med talerett. Styre- og varamedlemene si funksjonstid er fire år med unntak for representanten for dei tilsette som vert vald for to år. Generalforsamlinga vel styreleiar og nestleiar. Styreleiar skal veljast frå ein av representantane foreslegne av fylkeskommunen.	
Styresamansetning	<p><u>Styremedlemer:</u> Rasmus Mo (leiar, VLFK) Jenny Følling (nestleiar) Senea Sabanovic (VLFK) Kristine Lie (VLFK) Krystian Myska (repr. for dei tilsette)</p>	<p><u>Varamedlemer i rekjkjefølgje:</u> <u>Frå VLFK:</u> 1) Hanne Bergliot Oftedal</p>

		2) Lise May Sæle 3) Bjørn Harald Haugsvær <u>Frå Sunnfjord kommune:</u> Åsmund Berthelsen <u>Frå Teater Vestland:</u> 1) Idun Losnegård 2) Karoline Solbakken 3) Lene Grande	
Styregodtgjersle og løn til dagleg leiar	<p>Styreleiar: 50 000 kr per år. Honoraret skal indeksregulerast med lønsindeksen per 01.05. kvart år. Styreleiar har same møtegodtgjersle som gjeld for fylkeskommunen sine hovudutval.</p> <p>Andre styremedlemer: same satsar som gjeld for fylkeskommunen sine hovudutval. Tapt arbeidsforteneste kan erstattast etter fylkeskommunen sine satsar.</p> <p>Grunna stor arbeidsbelastning med prosjektet Nynorskhuset legg generalforsamlinga den 11.06.20 samråystes til grunn at det skal oppretta eiga sak i styret om kompensasjon til styreleiar for dette arbeidet.</p> <p>Samla styregodtgjersle i 2019: kr 144 385.</p> <p>Løn til dagleg leiar i 2019: 876 529 kr. Anna godtgjersle: 43 088 kr.</p>		
Fylkeskommunalt lån	Nei.		
Revisor	PricewaterhouseCoopers AS.		
Adresse	Pb. 324, 6802 Førde.		
Telefon/faks	90 99 06 00.		
E-post	post@teatervestland.no		
Nettstad	www.teatervestland.no		
Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:			
(1000 kr)	2017	2018	2019
Sum driftsinntekter	28 692	29 298	30 121
Driftsresultat	329	-272	-612
Resultat etter skatt	279	-318	-657
Totalkapitalrentabilitet	4 %	-3%	-6 %
Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld	67 %	-	-
Arbeidskapital i % av driftsinntekter	-7 %	-11 %	-18 %
Eigenkapitalprosent:	47 %	47 %	33 %
Økonomisk utvikling i tekst	Av driftsinntektene på om lag 30,1 mill. kr utgjer 28,4 mill. kr driftstilskot. Det er om lag 6,4 mill. kr i tilskot frå Sogn og Fjordane fylkeskommune,		

	<p>19,9 mill. kr fra staten og 2,1 mill. kr fra Førde kommune. Eigne inntekter frå billett- og programsal utgjer om lag 1,7 mill. kr.</p> <p>Selskapet har eit underskot på 657 186 kr som er knytt til kostnader for å realisere Nynorskhuset og lønskostnader knytt til forestillinga Jostedalsrypa. Teateret valde å nytte opptent eigenkapital for å gjennomføre viktige prosjekt, og hadde planlagt med eit underskot på 215 000 kr.</p> <p>Sjølv med eit underskot i 2019 ligg eigenkapitalprosenten på eit tilfredsstillande nivå med 33. Lønsemda i selskapet er blitt svakare i høve 2018. Selskapet si gjeld til kredittinstitusjonar består av kassekreditt sidan likviditeten svingar mykje i løpet av året.</p>
Viktige hendingar	<p>Teateråret 2019 har vore prega av stor aktivitet med ni eigenproduksjonar, gjestespel, samproduksjonar, lab-prosjekt og eventyrstunder for dei minste. Eigenproduksjonane har gitt gode besøkstal.</p> <p>Hovudsatsinga i fjor var den nyskrivne familiemusikalen «Jostedalsrypa», som vart ein stor suksess. Av andre produksjonar kan nemnast «Alt det lyse og alt det mørke», «Translyria», «Engelen frå Kobane» og «Kinnaspelet».</p> <p>I fjor samarbeidde teateret med Riksteateret og Haugesund Teater, og fekk gjennom samarbeidet med Riksteateret om «Georgs Magiske Medisin» av Roald Dahl, styrka satsinga på eit yngre publikum.</p> <p>Kyrkja har blitt ein naturleg spelelass for teateret, og framsyninga «Maria Magdalena - Jesu virke» og den andre monologien i Håvard Rem sin triologi «Messias» vart framført der.</p> <p>I 2019 fekk teateret to nominasjonar til Heddaprisen.</p> <p>Det er gjort fleire investeringar i 2019, bl.a. i nytt lydutstyr til turne og ny bil til vare- og persontransport.</p> <p>I løpet av 2019 besøkte teateret alle kommunane i Sogn og Fjordane, i alt 95 ulike spelestader, 198 kunstnariske framsyningar og 21 formidlingsarrangement. Totalt hadde teateret 18 745 tilskodarar i 2019.</p>
Viktige planar/utsikter for dei komande åra	<p>Frå årsskiftet 2020 skifta Sogn og Fjordane Teater namn til Teater Vestland AS og får nytt, utvida turnè-område som vil kome heile Vestland til gode.</p> <p>Cecilie Grydeland Lundsholt vart hausten 2019 tilsett som ny teatersjef for neste åremålsperiode, 2021-2024.</p> <p>Satsinga på nye lokale i Nynorskhuset i Førde er den mest sentrale oppgåva for å sikre fornying og utvikling. Det vert lagt ned mykje tid og ressursar i arbeidet med å realisere Nynorskhuset i samarbeid med NRK Vestland og avis Firda. Teateret leiger per no lokale i Førdehuset og har planar om å flytte inn i nye lokale i Nynorskhuset i 2022.</p>
Mål med eigarskapen	<p>Delta i kulturselskap, saman med til dømes kommunar, for å vere med på å styre selskapet i ønskja retning, i samsvar med fylkeskommunen sin kulturpolitikk. Fylkeskommunen ønskjer å stimulera til kulturelt og kunstnarleg mangfold, og å understøtte initiativ og verksemder innan kulturbaserte næringer.</p>

Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstjenleg?	Eigarskapen er i tråd med føremålskategoriene fylkesomfattande kulturselskap.
Tilråding	Vidareføre eigarskapen.

Vestnorsk filmsenter AS

Føremål	Selskapet sitt føremål er å bidra til fagleg og kunstnarisk utvikling av vestnorsk kortfilmproduksjon. Dette inneber at Vestnorsk filmsenter skal kanalisere økonomisk, filmfagleg og organisatorisk støtte til profesjonelle kortfilmprosjekt innan fiksjons-, dokumentar- og animasjonsfilm. Vidare skal senteret innvilge midlar til prosjektutvikling og gi konsulentbistand til manusskriving. Det er ingen føresetnad at søkjær av tilskotsmidlar er busett på Vestlandet. Gjennom tiltak skal selskapet bidra til at kulturpolitiske målsettingar innan film vert innfridde, og at bransjen som heilskap vert stimulert til kunstnarisk og fagleg utvikling via bransjeutviklingstilskot.	
Etablert	10.11.1994	
Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel	<p>Aksjekapitalen i selskapet er kr 100 000 delt på 50 aksjar á kr 2000 kvar.</p> <p>Vestland fylkeskommune eig 50 % av aksjane og aksjeposten sin pålydande verdi er 50 000 kr. Bergen kommune eig dei resterande 50 % av aksjane.</p>	
Forretningskontor	Bergen kommune	
Rettslege rammer	Aksjelova	
Rammer	Vedtekter, sist endra på generalforsamling 28.05.20.	
Samfunnsansvar og etikk	<p>Gjennom å støtte, utvikle og arrangere kompetansehevande tiltak for filmbransjen, skal Vestnorsk filmsenter bidra til å bygge ein bransje som er synleg, berekraftig og i vekst, internasjonalt orientert og attraktiv å samarbeide med.</p> <p>Vestnorsk filmsenter er oppteken av kjønnsbalanse.</p>	
Generalforsamling	<p>Det vart gjennomført generalforsamling i selskapet 28.05.2020.</p> <p>Seksjonssjef på seksjon for kunst- og kulturutvikling, Ronny Bjørnar Skaar, representerte Vestland fylkeskommune i generalforsamlinga, med fullmakt.</p>	
Val av styre	<p>Styret skal ha inntil seks medlemer. Vestland fylkeskommune og Bergen kommune innstiller ein medlem kvar. Norsk Filmforbund og Produsentforeininga innstiller ein medlem kvar. Eigarane av Vestnorsk filmsenter kan i tillegg innstille ytterlegare, inntil to medlemar i fellesskap. Det kan oppnemnast varamedlemar for de respektive representantane. Dagleg leiar har fast sete i styret med tale- og forslagsrett. Styret vert leia av ein representant utpeika av Vestland fylkeskommune og Bergen kommune annankvar periode</p>	
Styresamsetning	<p><u>Styremedlemer:</u> Lars Leegaard Marøy - Bergen kommune (leiar) Kine Bratli Dale - VLFK Ingrid Opdal - Møre og Romsdal</p>	<p><u>Personlege varamedlem:</u> Christer Lilleskare Olsen</p>

	fylkeskommune Trude Refsahl - Virke produsentforeningens representant Thomas Angell Endresen - filmforbundets representant	Irene Årsnes	
Styregodtgjersle og løn til dagleg leiar	<p>Styreleiar: kr. 50 000 per år. Styremedlemer: kr. 18 000 per år.</p> <p>Samla styregodtgjersle i 2019: kr 140 000.</p> <p>Styremedlemene sitt honorar vert vidareført frå 2019. Styrehonoraret har ikkje endra seg sidan 2012. Generalforsamlinga har bede administrasjonen om å vurdere justering av satsane.</p> <p>Ytingar til dagleg leiar i 2019: Kr. 734 502.</p>		
Fylkeskommunalt lån	Nei.		
Revisor	BDO AS		
Adresse	Georgernes Verft 12, 5011 Bergen		
Telefon	92 28 36 96		
E-post	post@vestnorskfilm.no		
Nettstad	www.vestnorskfilm.no		
Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:			
(1000 kr)	2017	2018	2019
Sum driftsinntekter	20 321	20 604	22 003
Driftsresultat	-141	-247	-219
Resultat etter skatt	-22	-144	-94
Totalkapitalrentabilitet	0 %	-1 %	-1 %
Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld	-	-	-
Arbeidskapital i % av driftsinntekter	5 %	-23 %	2 %
Eigenkapitalprosent	7 %	5 %	4 %
Økonomisk utvikling i tekst	<p>Selskapet sine driftsinntekter på om lag 22 mill. kr består av diverse tilskot frå Kulturdepartementet, Bergen kommune, Hordaland-, Sogn og Fjordane-, og Møre og Romsdal fylkeskommunar. I 2019 har dei motteke om lag 1,8 mill. kr frå Hordaland fylkeskommune og 400 000 kr frå Sogn og Fjordane fylkeskommune i diverse tilskot. I tillegg har Vestnorsk Filmsenter motteke prosjektmidlar på 1,4 mill. kr frå Hordaland fylkeskommune i 2019, der 420 000 kr er disponert per 31.12.19.</p> <p>Vestnorsk Filmsenter AS fekk i 2019 191 søknader om støtte på til saman om lag 35,5 mill. kr, og delte ut om lag 13,5 mill. kr i tilskot til 75 prosjekt. Rekneskapen for 2019 syner eit underskot på 93 865 kr som blir ført mot eigenkapitalen.</p>		

	Lønsemda og eigenkapitalprosenten til selskapet ligg om lag på same nivå som 2018. Arbeidskapital i % av driftsinntekter har betra seg i høve fjoråret, men er framleis svak.
Viktige hendingar	<p>Drifta av Vestnorsk filmsenter var i 2019 finansiert av Hordaland fylkeskommune, Sogn og Fjordane fylkeskommune, Møre og Romsdal fylkeskommune og Bergen kommune.</p> <p>Året 2019 har vore eit år med høg aktivitet, og totalt 19 filmar og seriar hadde premiere. Av desse var 7 kortfilmar, 9 dokumentarfilmar, 1 co-produksjon, 1 dokumentarserie og 1 spelefilm. Mange av filmane har fått stor merksemd og ein som framleis går på kino (ut 2020) er «Astrup - Flammen over Jølster». Produksjonsselskapet Handmade films in Norwegian Woods hadde i tillegg til nemnde film også premiere på «Tunnelen», ein katastrofefilm som har blitt svært godt motteke.</p> <p>Vestnorsk filmsenter hadde i 2019 mellom anna 4,3 millionar TV-sjårarar og kinopublikummarar, delteke på 95 festivalar verda over og fått 75 av sine prosjekt støtta.</p> <p>Kulturdepartementet løvvde i 2019 11 462 000 kr til selskapet til utvikling og produksjon av kort- og dokumentarfilm, kompetansehevande og bransjefremjande tiltak, interaktive produksjonar for barn og unge, utvikling kinofilm (manusutvikling) og tiltak for barn og unge.</p>
Viktige planar/utsikter for dei komande åra	Vestnorsk filmsenter er 25 år i 2020 og har mål om å framleis vera ein berebjelke for filmsatsing i vest.
Mål med eigarskapen	Delta i kulturselskap, saman med til dømes kommunar, for å vere med på å styre selskapa i ønskja retning, i samsvar med fylkeskommunen sin kulturpolitikk. Fylkeskommunen ønskjer å stimulere til kulturelt og kunstnarleg mangfald, og å understøtte initiativ og verksemder innan kulturbaserte næringer.
Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstøytenleg?	Eigarskapen er i tråd med føremålskategoriene fylkesomfattande kulturselskap.
Tilråding	Vidareføre eigarskapen.

7. Interkommunale samarbeid

7.1 Ulike former for interkommunalt samarbeid

Interkommunale samarbeid kan vere alt frå eit forum for erfaringsutveksling, til overføring av ansvar/utføring av oppgåver til eit anna rettssubjekt – til dømes ein anna kommune eller eit selskap. Fylkeskommunen deltek i dag i fleire samarbeid innanfor ulike område.

7.2 Samarbeid etter kontrakt (*formlaust samarbeid*)

Slike samarbeid er ikkje heimla i kommunelova. Dei baserer seg på kontraktar som regulerer samarbeidshøvet mellom kommunane. Denne forma for samarbeid vert også kalla *formlaust samarbeid*. Sidan organisasjonsforma er tufta på kontraktar, vil rammene for organiseringa ligge i kva som gyldig kan avtalast mellom kommunar.

7.3 Vertskommunesamarbeid etter kommunelova

Kommunelova 1992 § 28-1 a gav heimel for å legge oppgåver som kommunane har ansvar for, til eit såkalla vertskommunesamarbeid. Samarbeidsforma er vidareført i kommunelova 2018 kapittel 20.¹⁶

¹⁶ Som tredde i kraft f.o.m. det konstituerande møtet i det enkelte kommunestyret og fylkestinget ved oppstart av valperioden 2019-2023.

Vertskommunesamarbeidet har to variantar:

- administrativt vertskommunesamarbeid (§ 20-2)
- vertskommunesamarbeid med felles folkevald nemnd (§ 20-3)

Der kommunen vurderer at eit samarbeidsområde er av prinsipiell betydning, skal modellen med felles folkevald nemnd nyttast. Denne nemnda har då ansvar for at oppgåvene blir løyst innanfor ramma av delegeringa frå deltakarkommunane. Tilsvarande kan den administrative modellen nyttast på område der det blir vurdert at området ikkje er av prinsipiell tyding.

Eit vertskommunesamarbeid er forankra i ein skriftleg samarbeidsavtale som må vedtakast av kommunestyret eller fylkestinget sjølv.

7.4 Interkommunale politiske råd og kommunale oppgåvefellesskap (tidlegare interkommunale samarbeid)

I den nye kommunelova er føresegna i den gamle kommunelova § 27 om interkommunale samarbeid erstatta av to nye samarbeidsformer:

- interkommunalt politisk råd etter kap. 18
- kommunalt oppgåvefellesskap etter kap. 19.¹⁷

Ifølgje kommunelova § 31-2 må alle samarbeid etter koml. § 27 vere omdanna til ein av dei nye ordningane seinast innan fire år etter at kap. 18 og 19 i koml. 2018 trer i kraft.

Den største skilnaden er at for dei nye samarbeidsordningane må deltakarane uttrykkeleg ta stilling til om samarbeidet skal vere eit eige rettssubjekt eller ikkje.

7.5 Samarbeid fylkeskommunen deltek i

Nasjonal Digital Læringsarena (NDLA)

Føremål	NDLA starta som eit prosjektsamarbeid mellom 18 fylkeskommunar i 2007 (Oslo deltok ikkje). I 2009 fatta alle 18 fylkesting likelydande vedtak om å etablere prosjektet som eit interfylkeskommunalt samarbeid (IS), jf. tidlegare kommunelov § 27. Nasjonal Digital Læringsarena - gratis læremiddel for elevar i vidaregåande skule - er eit fellesinitiativ frå fylkeskommunane som har som føremål å etablere fritt tilgjengelege læremiddel for alle faga i den vidaregåande opplæringa.
Etablert	2007.
Deltakarar	Fylkeskommunane
Rammer	Samarbeidsavtale og vedtekter frå 01.07.2009, sist endra i 01.04.18. Den nye kommunelova stiller krav om at det innan fire år etter at lova tredde i kraft skal alle interkommunale samarbeid, som var organisert etter kommunelovas § 27, vera omdanna til eit oppgåvefellesskap, i tråd med ny kommunelov § 19-1. For NDLA- samarbeidet inneberer dette at deltakarane i samarbeidet, ved fylkestinget, må slutte seg til ein felles avtale for oppgåvefellesskapet og nye vedtekter. NDLA tek sikte på at samarbeidsavtale og nye vedtekter

¹⁷ Kap. 18 og 19 tredde i kraft f.o.m. det konstituerande møtet i det enkelte kommunestyret og fylkestinget ved oppstart av valperioden 2019-2023.

	skal behandlast i fylkestinga hausten 2020 og tre i kraft frå 01.01.21. I skrivande stund er ikkje saka handsama i fylkestinget.	
Representasjon i representantskap	Som interfylkeskommunalt samarbeid har NDLA eit representantskap med eigarrepresentasjon, ein frå kvar av eigarane.	
Val av styre	NDLA har eit styre med 3 - 7 medlemer. Styret skal sjå til at drifta av NDLA er i samsvar med formålet for samarbeidet, vedtekten, årsbudsjettet for selskapet og andre vedtak og retningslinjer fastsett av representantskapet eller styret sjølv. Vestland fylkeskommune er kontorkommune for samarbeidet.	
Valkomite	Nila Ellingsen Høiskar (Nordland fylkeskommune), Even Eriksen (Innlandet fylkeskommune) og Arne Thomassen (Agder fylkeskommune).	
Styresamansetning	Styremedlemer: John Arve Eide (leiar) Vibeke Wingerei Gisle Hannemyr Lin Marie Holvik Hanne-Bisbet Løite/Johannes Nag frå 01.11.19	Varamedlemer: Erik Brekken
Innskotsplikt	Inntektsgrunnlaget er basert på bidrag per elev frå alle deltagarane.	
Uttreden	Skjer gjennom fylkestingsvedtak. Fristar og føresegner følgjer av kommunelova.	
Nettstad	www.ndla.no	
Rettslege rammer	Kommunelov, offentleglova, m.m.	

Vestlandsrådet¹⁸

Føremål	Vestlandsrådet er eit politisk samarbeidsråd for fylkeskommunane på Vestlandet, organisert som interkommunalt politisk råd etter kommunelova kapittel 18. Dei tre fylkeskommunane på Vestlandet skal gjennom Vestlandsrådet: <ul style="list-style-type: none">• styrke landsdelen, både nasjonalt og internasjonalt• koordinere den politiske innsatsen til beste for landsdelen innanfor definerte satsingsområde og utvikle effektive tenester på tvers av fylkesgrensene• fremje andre politiske saker av felles interesse• aktivt påverke rammevilkår for landsdelen og medlemsfylka• skape samhandlingsarenaer på Vestlandet• ta initiativ til samarbeidsprosjekt på tvers av fylkesgrensene
Etablert	2003.
Deltakarar	Fylkeskommunane Møre og Romsdal, Vestland og Rogaland.
Rettslege rammer	Kommunelova kapittel 18.
Rammer	Samarbeidsavtale, vedtekter og politisk plattform.
Representasjon	Fylkeskommunen har følgjande faste medlemmer i Vestlandsrådet:

¹⁸ Samarbeidet vert omdanna til interkommunalt politisk råd etter kommunelova 2018 kapittel 18 den 01.01.20.

	<p>Jon Askeland, Natalia Golis, Anne Gine Hestetun, Trude Brosvik, Silja Ekeland Bjørkly og Terje Søviknes.</p> <p>Vestlandsrådet møtast som hovudregel minst tre gonger i året. Leiarvervet går på omgang for eitt år av gangen mellom fylkesordførarane. Vestland fylkeskommune har leiarskapen i Vestlandsrådet i 2020.</p> <p>I tillegg til rådet er det skipa eit eige arbeidsutval (AU) med dei tre fylkesordførarane.</p>
Administrasjon	<p>Fylkessdirektøren i den fylkeskommunen som til ei kvar tid har leiarvervet:</p> <ul style="list-style-type: none"> • har innstillingsrett til rådet • har ansvaret for sekretærfunksjonen • koordinerer det administrative og saksførebuande arbeidet • koordinerer i samarbeid med dei andre fylkeskommunane arbeidet med prosjekt som er sett i gang av Vestlandsrådet • har arkivansvar
Innskotsplikt	<p>Finansiering av rådet sin aktivitet skal fordelast slik jf. selskapsavtalen § 8:</p> <p>Dei tre fylkeskommunane yter ein like stor sum kvar til drifta av rådet. For 2020 er summen per fylkeskommune 600 000 kr.</p> <p>Eigne driftsutgifter til deltaking i rådet vert dekka av kvar einskild fylkeskommune.</p> <p>Leiarskapet i rådet vert dekka av den fylkeskommunen som har leiarskapen det året.</p> <p>Rådet skal ha eit eige budsjett til dekking av andre typar driftsutgifter til rådet av felles interesse for dei deltagande fylkeskommunane. Rådet skal sjølv gjere framlegg om dette. Kvar av fylkeskommunane skal dekke 1/3 av desse utgiftene. Budsjettet vert handsama på første møtet i året.</p> <p>Utgifter til einskildprosjekt vert fordelt ut frå kvar fylkeskommune sine interesser og deltaking.</p> <p>Rekneskapen vert ført og revidert av den fylkeskommunen som har leiarskapen/sekretariatet.</p>
Uttreden	Fylkestinget i eitt av dei deltagande fylka kan vedta at denne fylkeskommunen skal gå ut av samarbeidet i rådet med 1 - eitt - års oppseiingsfrist før neste fylkestingsval.
Kontakt for Vestland	I administrasjonen: Thorbjørn Aarethun og Endre Høgalmen. Sjå elles informasjonen om representasjon over.
Nettstad	www.vestlandsraadet.no

Kommunearkivordninga i Vestland kommunalt oppgåvefellesskap

Føremål	Føremålet til samarbeidet er å leggje tilhøva til rette for at arkiva til deltarane vert handtert, tekne vare på og formidla i samsvar med arkivlova sine føremål og føresegner. Samarbeidet kan yte depottenester for deltarane sine papirbaserte og elektroniske arkiv, og dessutan tilby deltarane ordnings- og digitaliseringstenester, og andre nærliggande tenester. Samarbeidet skal sørge for at arkiva til deltarane vert gjort tilgjengelege for offentleg bruk, forsking og andre administrative og kulturelle føremål.
----------------	--

Etablert	Prøveordning frå 1987. Endeleg etablert i 1991. Organisert som interkommunalt samarbeid etter kommunelova § 27 frå og med 2019, og omdanna til kommunalt oppgåvefellesskap etter kommunelova kap. 19 seinare same år.
Deltakarar	<p>Fylkeskommunen og kommunane i Nordfjord, Sunnfjord og Sogn. Deltakarane har lik eigardel i samarbeidet og delt ansvar for samarbeidet sine plikter.</p> <p>Vestland fylkeskommune vedtok å slutte seg til Kommunearkivordninga i Vestland kommunalt oppgåvefellesskap (Kommunearkivordninga) den 17.12.20 med verknad frå 01.01.20, sjå FT-PS 22/2019¹⁹</p> <p>Fylkestinget bad samstundes om ei seinare sak om framtidig organisering og samarbeid mellom dei kommunale arkivinstitusjonane i Vestland fylke. Arbeidet med denne saka har vorte forsinka, og det er førebels lagt fram ei referatsak med informasjon om status i dette arbeidet den 09.06.20, sjå FT-RS 15/2020.</p>
Rammer	<p>Kommunearkivordninga er eit kommunalt oppgåvefellesskap regulert av føresegndene i kommunelova kap. 19 og vedtekten til oppgåvefellesskapet.</p> <p>Oppgåvefellesskapet skal ha mynde til å treffen avgjerder som gjeld drift og organisering av verksemda.</p> <p>Oppgåvefellesskapet kan ikkje pådra deltarane plikter eller fatte avgjerder som etter kommunelova ligg til deltarakommunane sjølv. Kommunearkivordninga skal ikkje ha mynde til å ta opp lån eller stille sikkerheit for andre sine forpliktingar.</p>
Forretningskontor	Sogndal kommune.
Representantskap	Kvar deltarar er representert i oppgåvefellesskapet sitt øvste styringsorgan, representantskapet.
Forvaltning og administrasjon	Representantskapet har valt eit underliggende styre som tek seg av drift og organisering. Styret har tilsett fylkesarkivar Arnt Ola Fidjestøl som dagleg leiar for oppgåvefellesskapet.
Finansiering	<p>Kommunearkivordninga skal finansierast gjennom bidrag frå deltarane. Deltakarane betalar eit årleg økonomisk tilskot til drifta i samsvar med vedteke budsjett. For deltarakommunane vert dette tilskotet rekna ut på grunnlag av i) ein fast grunnsum og ii) eit beløp rekna ut i frå folketalet til deltarakommunane per 1. juli året før budsjettåret.</p> <p>Vestland fylkeskommune sitt årlege økonomiske bidrag for basistjenester, papirdepot og elektronisk depot skal etter vedtekten bestå av eit fast årleg tilskot. I praksis består fylkeskommunen sitt bidrag av ein økonomisk del og ein praktisk del.</p> <p>Fylkestinget har, i FT-PS 22/2019, bedt prosjektleiar (no fylkesrådmannen) om å gå i dialog med styret i Kommunearkivordninga om VLFK sitt økonomiske bidrag i samband med årsbudsjett 2021.</p>
Uttreden	Den enkelte fylkeskommune/kommune kan med eitt års skriftleg varsel seie opp sitt deltararforhold og krevje seg utløyst frå det.

¹⁹ Representantskapet i Kommunearkivordninga vedtok den 06.11.19 endra deltararsamsetjing og omdanning av samarbeidet til kommunalt oppgåvefellesskap etter kommunelova 2018 kapittel 19. Fylkestinget i Vestland godkjende endringane 17.12.19, samstundes som fylkeskommunen slutta seg til oppgåvefellesskapet. Tilsvarande sak vart handsama i dei andre deltarane sine kommunestyre før årsskiftet.

Nettstad	www.fylkesarkivet.no/
Adresse	Askedalen 2, 6863 Leikanger.
Telefon	57 63 80 00.
E-post	arnt.ola.fidjestol@vlfk.no eller post@vlfk.no

8. Samvirkeføretak

Hovudføremålet med eit samvirkeføretak er å fremje medlemene sine økonomiske interesser. Sentralt i dette ligg at ein som medlem gjennom samarbeid får oppfylt dei økonomiske interessene sine, anten som tilsett, leverandør eller kunde hos samvirkeføretaket. Medlemene sine behov for samarbeid er viktigare enn at føretaket går med mest mogleg overskot. Hovudformålet om å fremje medlemene sine økonomiske interesser vert tolka vidt.

Samvirkeføretak kan stiftast av både fysiske og juridiske personar. Eit samvirkeføretak må til kvar tid ha minimum to medlemmar/eigararar. I samvirkeføretak skal alle eigarane behandlast likt og ha same innverknad. Hovudregelen er derfor at alle medlemene har ei stemme på årsmøtet.

Medlemene har ikkje ansvar for gjelda til samvirkeføretaket utover eit eventuelt partsinnskot.

Det er ikkje krav om partsinnskot (beløpet medlemene betalar når dei blir medlemar i samvirkeføretaket). Samvirkeføretak må likevel ha ein forsvarleg eigenkapital til ei kvar tid. Eigenkapitalkravet må vurderast opp mot omfanget av verksemda. Det kan derfor i praksis bety at samvirkeføretaket må ha partsinnskot.

I eit samvirkeføretak vert ein del av overskotet utbetalt til medlemene basert på medlemene si samhandling med føretaket. Eksempel på samhandling vil kunne vere kjøp frå, sal til eller arbeid for samvirkeføretaket.

Årsmøtet er det øvste organet i samvirkeføretaket. Medlemene har møte- og stemmerett. Alle samvirkeføretak skal halde årsmøte årleg. Årsmøtet vel styret. Styret skal bestå av minst tre personar, og møtast ved behov. Styret er ansvarleg for drifta og organiseringa av føretaket. Det er styret som tilset dagleg leiar.

8.1 Samvirkeføretak

Kommunearkivinstitusjonenes digitale ressurssenter SA (KDRS)

Føremål	Kommunearkivinstitusjonenes digitale ressurssenter SA (KDRS) er eigd av medlemene som er kommunearkivinstitusjonar frå heile landet. KDRS skal tilby tenester og kompetanse til sine medlemer og aktivt bidra til å utvikle og effektivisere langtidslagring av digitale arkiv innanfor kommunal og fylkeskommunal sektor. Føretaket skal fremje medlemene sine økonomiske interesser gjennom deira deltaking i verksemda. Føretaket kan også selje digitale arkiv-tenester, utover basistenestene, til medlemene og andre.
Etablert	19.05.2010.
Medlemer	KDRS har 17 medlemer og dekker totalt 81 % av kommunane i landet frå og med 2020. Medlemene skal vere arkivinstitusjonar. Medlemene heftar ikkje for føretaket sine forpliktingar.
Forretningskontor	Trondheim kommune.

Rettslege rammer	Samvirkelova m.m.	
Rammer	Vedtekten, sist endra 06.06.19.	
Administrasjon	Føretaket skal ha dagleg leiar, tilsett av styret.	
Valkomité	Føretaket skal ha ein valkomité med tre medlemer, som innstiller medlemer til styret. Valkomiteen vert valt på årsmøtet for to år om gongen. Årsmøtet vel også leiar av valkomiteen, og fastset instruks for valkomiteen.	
Styreval	Føretaket skal ha eit styre med fire medlemer og to varamedlemer, valt for ein periode på to år.	
Styresamansetning	<u>Styremedlemer:</u> Stig Roald Amundsen (leiar) Atle Frydenlund (nestleiar) Steffen Stordalen Ellen Jensen	<u>Varamedlemer:</u> Odd Lasse Worum Sigrid Ina Simonsen
Styregodtgjersle og løn til dagleg leiar		
Finansiering	<p>Medlemene skal ved stiftingstidspunktet betale eit andelsinnskot på til saman 500 000 kr. Summen av andelsinnskota utgjer føretaket sin andelskapital, som inngår i føretaket sin eigenkapital.</p> <p>Kvar medlem skal betale ein årlig medlemskontingent. Storleiken vert fastsett av årsmøtet, basert på prinsipp om kostnadsdekning. I 2020 er medlemskontingensten om lag 320 000 kr.</p> <p>Føretaket sel digitale arkiv-tjenester, utover basistjenestene, til medlemer og andre.</p>	
Fylkeskommunalt lån		
Revisor	KPMG AS	
Adresse	Maskinistgata 1, 7042 Trondheim	
Telefon	73 10 31 60	
E-post	post@kdrs.no	
Nettstad	www.kdrs.no	
Opplysing og oppsæring	<p>Utmelding må skje skriftleg. Utmeldingsfristen er 12 månader frå komande 01.01. Ved utmelding har medlemen ikkje krav på å få attendebetalt eit eventuelt andelsinnskot.</p> <p>Ved opplysing har medlemer rett på å få utbetalt sine andelsinnskot, dersom det er midlar att i føretaket etter at det har dekka forpliktingane sine. Attverande midlar etter dette går til medlemer på opplysingstidspunktet, og skal fordelast ut frå deira omsetning med føretaket dei siste fem åra.</p>	
Mål med medlemskapen	Som medlem å kunne nyte godt av KDRS sine tjenester og kompetanse innan digitale arkiv.	

Er fylkeskommunalt medlemskap framleis føremålsterlegen?	Fylkeskommunen, ved dokumentssenteret, har eige medlemskap i samvirkeføretaket. I tillegg har fylkeskommunen indirekte medlemskap i KDRS gjennom deltagingen i Kommunearkivordninga i Vestland kommunalt oppgåvefellesskap (kommunearkivordninga) (dette medlemskapet er førebels registrert på fylkeskommunen ved fylkesarkivet, men vert betalt av Kommunearkivordninga). Dersom det er tilstrekkeleg for fylkeskommunen å ha medlemskap i KDRS gjennom deltagingen i Kommunearkivordninga, kan fylkeskommunen vurdere å seie opp sitt eige medlemskap. Dette er førebels usikkert. Fylkesrådmannen kjem attende til dette i eigarskapsmeldinga 2021.
Tilråding	Vidareføre medlemskapen.

Opplæringskontoret for offentleg sektor i Sogn og Fjordane SA (OKOS SA)

Føremål	Føretaket skal vere eit organ for samarbeid mellom medlemene (læreverksemder), som i fellesskap tek på seg opplæringsansvar for lærlingar, lærekandidatar, praksisbrevkandidatar og kandidatar for fagbrev på jobb, jf. opplæringslova § 4-3. Føretaket fremjar medlemene sine økonomiske interesser gjennom deira deltagning i verksemda, men har ikkje erverv til hovudføremål. Hovudføremålet er å yte gode tenester til eller for medlemsverksemndene, og å sikre høg kvalitet på fagopplæringa.	
Etablert	Skipa 23.10.2019 (vidareføring av tidlegare verksemd).	
Medlemer	I samband med handsaming av eigarskapsmeldinga 2019, vedtok Vestland fylkesting å vidareføre HFK og SFFK sine medlemskap i samvirkeføretak. Fylkeskommunen søkte derfor om overføring av SFFK sitt medlemskap i OKOS SA til seg. Søknaden vart behandla og godkjent av styret i samvirkeføretaket 28.01.20. Andre medlemer er Askvoll kommune, Fjaler kommune, Høyanger kommune, Sunnfjord kommune, Vik kommune og Bremanger kommune. Medlemane har ikkje betalt inn innskot ved skipinga. Verksemda skal finansierast ved årleg medlemskontingent og ved ein prosentvis del av lærlingtilskotet knytt til kvar lærekontrakt.	
Forretningskontor	Sunnfjord kommune	
Rettslege rammer	Lov om samvirkeføretak og opplæringslova	
Rammer	Vedtekten av 23.10.2019	
Administrasjon	Årsmøtet er føretaket sitt øvste organ. Kvar medlem har ei røyst. Føretaket vert leia av eit styre på fem medlemer, og tre varamedlemer. Medlemene vert valde for to år om gongen. Føretaket skal ha dagleg leiar.	
Styresamansetning	Anne Kristin Førde (leiar) Arvid Stenehjem (VLFK) Solveig Masdal Haugsvær Frode Merkesvik Bodil Gjerde (fag forbundet)	Varamedlemar i nummerert rekkefølge: 1. Tova Kjempenæs 2. Ole Jacob Nedrebø Varamedlem for fag forbundet sin

		styremedlem: Sigrun Bøe Perez
Styregodtgjersle og løn til dagleg leiar	I vedteke budsjett for samvirkeføretaket er det lagt opp til samla styregodtgjersle for 2020 på 35 000 kr.	
Finansiering	Verksemda skal finansierast med offentlege tilskot til læreverksemder. Medlemene betalar ein årleg medlemskontingent.	
Fylkeskommunalt lån	Nei	
Revisor	Firda revisjon og rådgivning AS	
Adresse	Firdavegen 6, 6800 Førde	
Telefon		
E-post	hans-borge.lillehaug@okosweb.no	
Nettstad	https://okosweb.no/	
Opplysing og oppseiing	<p>Opplysing av føretaket må vedtakast med 4/5 fleirtal på årsmøtet. Samvirket må uansett opplysts dersom det er mindre enn to medlemmar att i samvirket.</p> <p>Oppseiing av medlemskapen skal skje skriftleg og med tre månaders varsel. Gjeldande kontraktar skal då overførast til den einskilde læreverksemda, som pliktar å gjennomføre læreperioden i tråd med kontrakta og i tråd med aktuelle lover og reglar.</p>	
Mål med medlemskapen	Kommunale/fylkeskommunale fellestiltak. Målet er auka kvalitet i fagopplæringa og stordriftsfordeler gjennom samarbeid.	
Er fylkeskommunalt medlemskap framleis føremålstenleg?	<p>Fylkeskommunen følger opp 19 av sine lærekontraktar gjennom OKOS. Av desse er 15 i dataelektronikarfaget. Vestland fylkeskommune har ein stor IKT-seksjon som har god røynsle med å lage opplæringsplanar innan IKT, arrangere faglege samlingar og følge opp lærlingar. Med bakgrunn i dette vil det kunne vere meir føremålstenleg for fylkeskommunen å følge opp lærlingane i dataelektronikarfaget sjølv. Ved å trekke ut lærlingane frå OKOS vil fylkeskommunen nytte seg av den faglege spisskompetanse som er i IKT-seksjonen, i tillegg til å nytte og utvikle intern kompetanse innan opplæring av lærlingar.</p> <p>Elles har fylkeskommunen to lærlingar innan hestefaget og to lærlingar i kontor- og administrasjonsfaget. Dei to tidlegare fylkeskommunane har god røynsle i både utarbeiding av læreplanar og oppfølging av lærlingar i dess faga.</p> <p>Ved å følge opp alle lærlingar i fylkeskommunen, vil ein betre kunne ta utbytte av erfaring, men og samarbeide om korleis ein legg opp opplæringa.</p> <p>Konsekvensen for opplæringskontoret av at fylkeskommunen eventuelt melder seg ut vil vere ein reduksjon i aktive kontraktar på omlag 20 %. Sidan opplæringskontoret primært er drifta gjennom tilskot for aktive lærekontraktar kan ein rekne med at det vil vere eit markant fall i inntekter for opplæringskontoret.</p> <p>Fordelane med å følge opp alle lærekontraktane våre sjølv, må likevel vege tyngre enn den økonomiske ulempa det vil medføre for OKOS SA dersom fylkeskommunen melder seg ut.</p>	

	Fylkeskommunen bør ut frå dette melde seg ut av OKOS SA.
Tilråding	Utmelding.

Biblioteksentralen SA

Føremål	Biblioteksentralen skal vere eit serviceorgan for alle typar offentlege bibliotek. Biblioteksentralen har til oppgåve å være hovudleverandør av produkt og tenester til bibliotek og liknande institusjonar. I tillegg kan Biblioteksentralen delta i/etablere virksomhet med det formål å betjene det totale bok-, informasjons- og kunnskapsmarkedet.	
Etablert	04.02.1952	
Medlemer	<p>Medlemene er 353 kommunar (87 % av andelskapitalen), 10 fylkeskommunar (11 % av andelskapitalen), KS (2 % av andelskapitalen) og Norsk Bibliotekforening (0,3 % av andelskapitalen).</p> <p>Medlemene sitt ansvar er avgrensa til andelskapitalen.</p>	
Forretningskontor	Oslo kommune	
Rettslege rammer	Samvirkelova m.m.	
Rammer	Vedtekten av 04.02.1952, sist endra 21.04.16.	
Årsmøte, styre og administrasjon	<p>Biblioteksentralen sine organ er årsmøtet og styret. Årsmøtet er føretaket sitt øvste organ. Kvar medlem har éi røyst på årsmøtet.</p> <p>Biblioteksentralen vert leia av styret og ein administrerande direktør.</p>	
Styresamsetjing	<u>Styremedlem:</u> Lars Peder Brekk (leiar) Trine Skei Grande (nestleiar) Gunn Berit Gjerde Birgithe Schumann-Olsen Leon Bang-Hetlevik Elin Broen (tilsetterep.) Claus A. Johannessen (tilsetterep.)	<u>Varamedlem:</u> 1. Jonni Helge Solsvik 2. Mette Gjerdrum <u>Varamedlemer tilsette:</u> 1. Line Silesand 2. Bente Simensen
Finansiering	<p>Driftskapitalen kjem frå at medlemene betalar inn andeler á 300 kr etter følgjande reglar:</p> <ul style="list-style-type: none"> a) Kommunane minst 1 andel for kvar 1200 innbyggere, men minst 1 andel. b) Fylkeskommunane minst 30 andeler per fylkeskommune. c) Norsk Bibliotekforening minst 1 andel. KS minst 1 andel. d) Universitet og høgskular minst 1 andel. <p>Ved eventuell utmelding vert andelsinnskotet utbetalt.</p>	
Fylkeskommunalt lån		
Revisor	BDO AS	
Adresse	Alf Bjerckes vei 20, 0582 Oslo	
Telefon	22 08 34 00	
E-post		

Nettstad	https://www.bibsent.no/
Oppløysing og oppseiing	<p>Utmelding kan skje med tre månaders skriftleg varsel til styret. Tilbakebetaling av andelsinnskot skjer tre månader etter neste rekneskapsoppgjør. Dersom selskapet sine midlar er mindre enn samla andelskapital, vert det den utmelde medlemen har til gode nedskrive.</p> <p>Oppløysing krev 4/5 av medlemene sine stemmer. Ved oppløysing skal føretaket sine midlar først brukast til å dekke føretaket si gjeld til kreditorar. Deretter har medlemene rett til å få utbetalt andelsinnskot og inneståande på medlemskapitalkonti.</p>
Mål med medlemskapen	I tråd med fylkeskommunen si rolle på kulturfeltet deltek ein i samverkeføretaket for å støtte utviklinga av bibliotek som ein viktig kulturell formidlingsarena og møteplass.
Er fylkeskommunalt medlemskap framleis føremålsterlegen?	Målet med medlemskapet gjer seg framleis gjeldande.
Tilråding	Vidareføre medlemskapet

Sinjarheim SA

Føremål	Føretaket sitt føremål er å ta vare på bygningane på garden Sinjarheim i Aurland kommune og det omkringliggjande kulturlandskapet, på ein måte som ivaretak antikvariske omsyn, og å delta i tiltak som fremjar tradisjonell bruk av Sinjarheim. Føretaket vil delta i informasjons- og tilretteleggingstiltak for å møte ulike brukgrupper sine behov i området, og samarbeide med andre aktørar med tilsvarende oppgåver i Aurlandsdalen. Dette for mellom anna å unngå eventuelle konfliktar og å unngå unødvendig slitasje. Føretaket har ikkje erverv til føremål, og eventuelle driftsoverskot skal avsettast til utviklings- og vedlikehaldsoppgåver på eigedomen.
Etablert	Sinjarheim SA vart stifta i 2018. Samvirkeføretaket er ei vidareføring og formalisering av samarbeidet som starta kring tiltaket Sinjarheimfondet den 25.07.03, mellom eigaren av Sinjarheim (gbnr. 21/1), Sogn jord- og hagebrukskule og Fortidsminneforeningen (no Fortidsminneforeninga Sogn og Fjordane).
Deltakarar	Fylkeskommunen, ved Sogn jord- og hagebrukskule, grunneigar og Fortidsminneforeninga Sogn og Fjordane.
Rammer	<p>Vedtekten og samvirkelova.</p> <p>Føretaket er ein sjølveigande, frittståande juridisk person med upersonleg og avgrensa ansvar for gjeld. Låneopptak eller tilsvarende finansieringstiltak, til finansiering av drift eller tiltak av føretaket, kan berre skje etter samtykke frå årsmøtet, eller etter retningsliner frå årsmøtet.</p>
Forretningskontor	Aurland kommune.
Årsmøte, styre og administrasjon	<p>Årsmøtet er føretaket sitt øvste organ. Kvart medlem har ei røyst.</p> <p>Føretaket vert leia av eit styre på tre medlemmer, og to varamedlemmer. Styremedlemmene skal, med etterhald som nemnd nedanfor, vere medlemmer i føretaket. Varamedlemmene treng derimot ikkje å vere medlemmar av føretaket. Styremedlemmene og varamedlemmer vert valde for to år.</p>

	Føretaket skal ikkje ha tilsett dagleg leiar, men styreleiar skal ha funksjonen som dagleg leiar, jf. samvirkelova § 65, og har signaturrett.	
Styresamansetjing	<p><u>Medlemer:</u> Inge Olai Sønnerheim (leiar) Trude Knutzen Knagenhjelm (nestleiar) Even Hov</p>	<p><u>Varamedlemer:</u> Jon Edvard Bjarnessen Ryttervold Tamnes Sigrid Sønnerheim Tønnessen</p>
Finansiering	<p>Det skal ikkje betalast andelsinnskot ved innmelding i føretaket. Føretaket har ikkje kontingent ved skipinga.</p> <p>Om rekneskapet viser overskot, skal dette setjast av i driftsfondet. Kostnaden med å stifte SA-et skal dekkast av føretaket.</p>	
Oppløysing	<p>Det kan gjerast vedtak om oppløysing av føretaket med 2/3 fleirtal i eit ordinært årsmøte, etter at det er komme tilsvarande framlegg på førré årsmøte. Minst halvparten av deltakarane må vere representerte på sistnemnde møte. Møter ikkje så mange, kan framlegget vedtakast på nytt medlemsmøte med vanleg fleirtal rekna ut frå møtande deltakarar.</p> <p>Ved oppløysing skal aktiva i samvirkeforetaket setjast i eit fond til fremme og ta vare på bygningane på garden Sinjarheim og det kringliggjande kulturlandskap.</p>	
Adresse	Kvålsvegen 12, 5745 Aurland	
Mål med medlemskapen	Medlemskapen skal sikre at fjellgarden Sinjarheim også i framtida vert ein viktig undervisningsarena for elevane ved Sogn jord- og hagebruksskule. På Sinjarheim får elevane kjennskap til tradisjonell stølsdrift og ysting, men også geologi, natur- og kulturhistorie.	
Er fylkeskommunalt medlemskap framleis føremålstenleg?	Målet med medlemskapet gjer seg framleis gjeldande.	
Tilråding	Vidareføre medlemskapet	

9. Gjensidige selskap

Kommunal Landspensjonskasse (KLP)

Føremål	Selskapet sitt føremål er å ivareta medlemmane sine behov for tenestepensjonsordningar. Selskapet kan også, enten sjølv eller gjennom deltaking i andre selskap, tilby andre pensjons- og forsikringsprodukt, og kan delta i eller drive ei kvar verksemd som naturlig heng saman med forsikringsverksemd, og ei kvar anna verksemd som er lov for livforsikringsselskap, her også administrasjon og forvaltning av pensjonskassar.
Etablert	1949
Eigar	<p>Ingen eigrarar i tradisjonell forstand, men alle som etablerer avtale om offentleg tenestepensjon i KLP skyt inn eit eigenkapitalinnskot.</p> <p>Vestland fylkeskommune sin del av oppsamla eigenkapitaltilskot er kr 140 928 884 per 26.10.20.</p> <p>KLP-konsernet sin totale eigenkapital er 37,339 mrd. kr per 31.12.19.</p>

Rammer	Vedtekter, sist endra 11.05.16. Allmennaksjelova, forsikringslova, forsikringsverksemndlova, finansføretakslova.
Generalforsamling	Selskapet er inndelt i valkrinsar. Fylkeskommunane utgjer, saman med kommunane i fylket, kvar sin valkrins. Den enkelte valkrins vel eit tal utsendingar til generalforsamlinga avhengig av samla premievolum i selskapet sine fellesordningar, jf. vedtekten § 3-3. Det skal haldast ordinær generalforsamling innan utgangen av juni kvart år.
Forretningskontor	Oslo
Adresse	Pb 400 Sentrum, 0191 Oslo
Telefon	55 54 85 00
Nettside	www.klp.no
Fylkeskommunal medlemskap	<p>Fylkeskommunen har tenestepensjon i KLP. Som medlem i KLP pliktar fylkeskommunen å betale eigenkapitaltilskot i den grad det er naudsynt for å gje KLP tilfredsstillande soliditet. I Sogn og Fjordane fylkeskommune sin rekneskap for 2019 står eigenkapitalinnskot i KLP oppført med ein verdi på 33,5 mill. kr, og for Hordaland fylkeskommune 98,6 mill. kr.</p> <p>Innbetalt eigenkapitalinnskot for 2019 var totalt 132,1 mill. kr. I 2020 har Vestland fylkeskommune hittil hatt eit eigenkapitalinnskot på 8,8 mill. kr.</p> <p>Fylkeskommunen har i 2020 gjennomført konkurranse for ny pensjonsavtale for dei tilsette, med unntak av dei pedagogisk tilsette. Fylkestinget vedtok i PS 115/2020 å tildele kontrakten for tenestepensjon til Storebrand. Fylkeskommunen mottok 15.10.20 klage på tildelinga frå den andre tilbydaren i konkurransen, KLP.</p> <p>I skrivande stund har fylkeskommunen ikkje inngått kontrakt med Storebrand.</p> <p>Ved ei eventuell utmelding frå KLP er det fylkeskommunen sin del av selskapet sitt oppsamla eigenkapitalinnskot som vert utbetalt, noko som utgjer om lag 140,9 mill. kr per 26.10.20.</p>

10. Plan for eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon for valperioden

Kontrollutvalet har bede Deloitte AS gjennomføre vurderingar og utarbeide planar for perioden 2020-2024. Fylkestinget vedtek planane på møtet i desember.

Vedtekne planar vert tekne med i eigarskapsmeldinga så snart dei føreligg.

Vedlegg:

Mal for rapport frå eigarrepresentant

Alle fylkeskommunale eigarrepresentantar skal levere ein skriftleg rapport frå generalforsamlinga/representantskapsmøtet. Rapporten skal sendast til fylkesrådmannen, og vil bli nytta ved utarbeiding av eigarmeldinga i 2021. Rapporteringsfristen er 31.07.21.

1. Namn på selskapet:	
2. Kven møtte på generalforsamling/representantskapsmøte på vegner av fylkeskommunen:	
3. Oppgje dersom følgjande har skjedd i selskapet i inneverande rekneskapsperiode: a) val av nye styremedlemmer b) val av ny fylkeskommunal eigarutsending c) vedtektena er endra d) selskapet sitt føremål er endra e) revisor har gjeve revisjonsmelding med avvik f) kapitalutviding g) kapitalnedsetting h) konkurs/styrt avvikling i) andre relevante hendingar for eigarskapen til fylkeskommunen	
4. Dersom aktuelt: oppgje relevante hendingar for eigarskapen til fylkeskommunen som er planlagde for neste rekneskapsperiode:	
5. Har selskapet etiske retningslinjer? Gje i så fall ei kort skildring av kva retningslinjene omfattar, og kvar ein finn dei.	
6. Følgjande skal leggast ved rapporten: a) Innkalling til generalforsamling m/saksliste og sakspapir b) Protokoll frå generalforsamling dersom den er motteken før rapporteringsfristen	

Dato/stad:

Namn på den som har skrive rapporten